

Årsrapport 2015

Fylkesmannen i Rogaland

Innhold

I - Fylkesmannens beretning	Side 3
II - Introduksjon til embetets hovedtall	Side 5
III - Årets aktiviteter og resultater	Side 10
IV - Styling og kontroll i embetet	Side 25
V - Vurdering av framtidssikter	Side 27

I - Fylkesmannens beretning

Fylkesmannens beretning

God oppvekst, reform, sysselsetjing og inkludering

Fire overordna mål skal nemnast innleiingsvis:

- Sikra forsterka innsats for å gi alle barn i fylket ein god oppvekst
- Leggja til rette for gode prosessar i samband med kommunereforma
- Gjera vårt til at fleire er i meningsfylt arbeid
- Styrka samarbeidet med kommunar og friviljug sektor for å inkludera alle i fylket vårt

I Rogaland var det 1. januar 2016 470 175 innbyggjarar, 3 873 fleire enn året før. Veksten var prosentvis størst i Forsand, Finnøy og Gjesdal. I absolutte tal auka Sandnes mest og deretter Stavanger. Seks kommunar hadde nedgang i folketallet i fjor.

Næringsliv, arbeid og natur

Rogaland har over mange år hatt høg sysselsetjing. Det gjekk 8 793 ledige ved utgangen av 2014, ein auke på 79 prosent frå året før.

Rogaland er oljefylket nummer 1. Over 30 prosent av arbeidsstyrken har direkte eller indirekte vore tilsett i olje- eller gassrelatert verksemd. Folk i Rogaland har såleis hatt stor merksemd på oljepris, aktivitet og konkurranse om oppdrag. No raknar dette. Dramatisk låg oljepris skaper svære negative endringar. Dette får følgjer ikkje berre for sysselsetjinga, men også for bustadbygginga og oppvekstmiljøet. Mange tenkjer heldigvis kreativt og prøver ut nye idear, både innan fornybar energi og andre felt, og medverkar såleis til eit breiare spekter av arbeidsplassar. Mange nyttar høvet til å supplera utdanninga si.

Rogaland er også matfylke nummer 1. Landbruket i Rogaland er offensivt og stort, men sårbart. Også i 2015 har vi opplevd press på den beste matjorda i landet vårt. Sentralisering av mjølkeproduksjonen og auka krav til kapitalinnsats, får følgjer både for rekrutteringa til landbruket og for busetjinga i delar av fylket. Rogaland er også eit betydeleg havbruksfylke.

Rogaland har verdfulle natur- og kulturlandskap. Jærstrendene landskapsvernområde er eitt av fleire dømme på korleis naturvern på lang sikt gir identitet og tilhøyre – og i samarbeid med lokale instansar fremjar naturglede og folkehelse.

Med fjordar og fjell er gode ferjer, trygge vegar og fastlandssamband viktig for å binda fylket betre saman. Arbeidet med Ryfast er i rute, dei planavklaringane som skal til for å halda framdrifta på Rogfast, er på plass. Den etterlengta bymiljøavtalen er vedteken og vert no fylgt opp.

Nokre ord om spesielle aktivitetar i 2014

God oppvekst i Rogaland

15 av kommunane våre er no inne i Sjumilssteget. Så langt har 11 kommunar analysert eiga verksemd i høve FN's barnekonvensjon. Vi har på plass prosjektleiar i halv stilling frå 1. august. Ei styringsgruppe, og ei arbeidsgruppe med representantar frå alle avdelingane, fylgjer med på korleis heile embetet vert involvert i God oppvekst.

Kommunereforma

Kommunane hadde frist til 1. mars 2015 med å melda inn status i kommunereforma. Dei aller fleste var i gang med drøftingar på tvers av eksisterande grenser der tema var korleis tenester, lokaldemokrati og regional utvikling vert handtert no og skal løysast i framtida. Ein kommune melde ikkje frå innan fristen. Det innebar ekstra besøk frå vår side. Tre kommunar i Ryfylke valde første løp for å danna ny kommune. Det fekk dei ikkje til. Ein av desse kommunane hadde folkerøysting i samband med valet. Fleiralet røysta nei til ny kommune.

Eit meiningsfylt arbeid.

Vi har i denne krevjande tida styrka samarbeidet med NAV. Vi har hatt fleire møte for å vera mest mogleg oppdatert overfor kommunane. Vi har også samarbeidd med NAV om praksisplassar til arbeidsledige. Pr. 1. januar 2015 har vi tre ungdommar som kjem til å få ei linje på CVen sin fordi dei har praksisplass hos oss.

Inkludering

Då det byrja å koma ekstra mange flyktningar og asylsøkjjarar i haust, tok vi initiativ til eit tettare samarbeid med UDI, IMDI og Bufetat. Desse etatane, og også Husbanken, har delteke på møte med oss både fysisk og på link. Vi har hatt konferansar og telefonmøte med kommunane og veit at busetjing og inkludering vert ei viktig sak inn i 2016. Fleire kommunar har eit utmerka samarbeid med friviljug sektor om dette arbeidet.

Ulike samarbeidsfora

Vi har hatt to statsetatsmøte med stort frammøte i 2015. Elles har eg deltatt i mellom anna i referansegruppa for Rogfast i lag med fylkesordføraren, ordførarar i involverte kommunar og Statens vegvesen og referansegruppa for nytt sjukehus med fylkesordførar, ordførarar, Helse Stavanger og Stavanger Universitetssjukehus. Eg er observatør i styringsgruppa for Bypakke Nord-Jæren.

Fylkesmannen er med i komiteen som i lag med andre beredskaps- og samfunnstryggleiksaktorar arrangerer Nasjonal Samfunnstryggleikskonferanse.

Eg nemner óg at det er faste kontaktmøte mellom fylkesordførar, fylkesrådmann og embetsleiinga hos oss.

Vi har også hatt todagars-møte med FM sine leiargrupper i Hordaland og Sogn og Fjordane.

Situasjonen i embetet

Det er eit privilegium å leia eit embete med så mykje fagkompetanse og så mange dyktige og engasjerte folk som legg ned ein stor innsats for å sikra at rettstryggleik for einskildmenneske og nasjonale interesser på viktige politikkområde vert ivaretekne.

Vi hadde ein tøff start ved inngangen til 2015, vi var pålagde eit eingongskutt på 5 millionar kroner. Stillings-og innkjøpsstopp, ein gedigen dugnadsinnsats frå alle i embetet, gjorde at vi enda i pluss på slutten av året.

Eg meiner embetet samla kunne gjort ein endå betre jobb om vi hadde hatt noko meir midlar til rådvelde. Lat meg nemna to døme:

- Det er ikkje samsvar mellom dei oppgåvene vi er sette til å løysa på helse, sosial og barnevern og dei midlane vi har til disposisjon. Vi har klart å henta inn noko av restansane på rettighetsklager og tilsyn, men skulle gjerne gjort meir i dette folkerike fylket for å sikra likeverdig behandling.
- Rogaland er eit fylke med mykje industri og stor aktivitet på samferdselsprosjekt med pionerstatus. Det er stor innsats for meir rein energi. På miljøavdelinga er 1/3 av bemanninga låst i sjølvfinansierende prosjekt. Dette gir særlege utfordringar med sakshandsamingstida på mudre- og dumpesaker og akvakultur. Vi skulle gjerne hatt meir ressursar til dette.

Eg viser elles til grundig rapportering under dei ulike kapitla elles i rapporten. Eg er, som de skjønar, eigentleg stolt over å vera fylkesmann i Rogaland.

Stavanger 29. februar 2016

Magnhild Meltveit Kleppa(sign)

II - Introduksjon til embetets hovedtall

Samfunnsoppdraget

Fylkesmannen i Rogaland har følgjande visjon: Vi tar vare på Rogaland. Med visjonen som overbygning har vi utvikla overordna styringsdokument Slik tar vi vare på Rogaland, som mellom anna inneheld mål og strategiar for verksemda.

Her er oppdraget og Fylkesmannen sin plass i forvatningssystemet skildra slik, mellom anna med utgangspunkt i fylkesmannsinstruksen: Fylkesmannen er Regjeringa og Stortinget sin representant i fylket og skal medverke til å gjennomføre statleg politikk lokalt og regionalt, på ein rettsleg korrekt, heilskapleg og samordna måte. Fylkesmannen har ein særleg viktig funksjon i grenseflata mellom statleg sektorpolitikk og kommunalt sjølvstyre, og mellom kommunane og innbyggjarane. Fylkesmannen skal også medverke til å styrkje legitimiteten til det lokale folkestyret.

Fylkesmannen representerer dei fleste departementa og fleire direktorat, har sentrale tilsyns- og kontrolloppgåver retta både mot kommunar, verksemdar og private. Fylkesmannen skal vidare samordne statleg verksemd i fylket.

Fylkesmannen oppsummerer sine roller og funksjonar slik:

- gjennom rettleiing, dialog og tilsyn med kommunane og fylkeskommunen, medverke til å setje nasjonal politikk ut i livet
- medverke til regional samordning av statlege oppgåver retta mot kommunane
- sikre rettstryggleik gjennom klagebehandling og tilsyn med kommunar og institusjonar
- medverke til fornying og utvikling
- virke til gagn og beste for fylket, ta initiativ, og halde sentrale styresmakter orienterte om viktige spørsmål i fylket

Ut frå desse ulike rollene og funksjonane har vi formulert fem overordna mål som er førande for verksemda i embetet og dei ulike avdelingane.

Vi nemner i denne samanheng også verdiane verksemda og aktivitenane våre byggjer på:

- kompetent og truverdig
- heilskapleg og lojal
- open og tydeleg

Om embetet

Fylkesmannsembetet er lokalisert sentralt i fylkeshovudstaden Stavanger, Statens hus, Lagårdsveien 44. Vi flytta inn i hausten 2010 og er leigebyuar saman med fleire andre statsetatar.

Sidan hausten 2013 har Magnhild Meltveit Kleppa vore fylkesmann og Harald Thune, som var konstituert fylkesmann medan førre fylkesmann, Tora Aasland var statsråd, gjekk tilbake til opphavleg stilling; assisterande fylkesmann.

Embetet har om lag 200 tilsette (inkludert både peronar i permisjon og vikar for desse), fordelt på 161 årsverk. Desse årsverka blir utførde av meir enn dobbelt så mange kvinner som menn. I leiargruppa er det ved årsskiftet flest kvinner. Tar vi med nestleiarane, er det ein mannleg leiar meir enn det er kvinner. Embetet er framleis organisert i seks avdelingar; administrasjonsavdelinga, utdanningsavdelinga, helse-, sosial- og barnevernsavdelinga, landbruksavdelinga, miljøvernnavdelinga og samfunns, kommunal- og beredskapsavdelinga. Den sistnemnde avdelinga har fått tilført verjemålsoppgåvene i ei eiga eining. Embetet har éin stabfunksjon, kommunikasjonssjefen, som er direkte knytt til embetsleiinga. Avdelingane, med unntak av miljøvernnavdelinga, er organiserte i lagsstruktur med ein leiar og ein nestleiar. Helse-, sosial- og barnevernsavdelinga har to nestleiarar (ass. direktør), medan miljøvernnavdelinga er organisert i to seksjonar, med ein leiar for kvar av desse. Etter innlemming av verjemålseininga, er det ikkje gjort vesentlege endringar i organisasjonsstrukturen.

Det er etablert fleire avdelingsovergripande strukturar som skal sikre god intern og ekstern samordning og medverke til heilskapleg formidling og oppgåveløysing. Vi nemner planlaget (kommunal og regional planlegging, tilsynslaget (samordning av kommunalt tilsyn) og prosjektet Sjumilssteget for god oppvekst i Rogaland. Vi nemner i tillegg klimaskogprosjektet som vart etablert i 2015.

~~Avdelingsledarane møter einbudsberinga i leiarmøtet kvar måndag. Strategi, samordning, nettskapsteking og gjensidig orientering er hovudinnhaldet i leiarmøta. Siste måndag i månaden blir leiarmøtet utvida med nestleiarane i avdelingane. Nestleiarane dannar dessutan ei eiga gruppe som særleg har som oppgåve å arbeide for samordning av interne administrative rutinar og retningsliner. Avdelingane har egne nettredaktørar som til saman dannar embetet sin nettredaksjon, leia av kommunikasjonssjefen.~~

Planarbeid: plangruppe på tvers i embetet med saksbehandlarar innan landbruk, beredskap og miljø. Helse og utdanning knytt til med fagkontaktar innan folkehelse og utdanning. Miljø har koordineringsansvar og gjer over 80 prosent av sakshandsamainga. Godt samarbeid mellom landbruk og miljø om planarbeidet. Framleis forbettringspotensiale i samarbeidet med dei andre avdelingane, særleg innan folkehelse, universell utforming og beredskap. KMD sitt motsegnsprosjekt, inkl. samordningsprosjektet, har gitt interne effektar som bidrar i rett lei til god intern samordning og nivellering av motsegnsnivå.

Mål og strategiar

Vi viser til teksten ovanfor under samfunnsoppdraget. Med utgangspunkt i oppdrag, visjon og roller, legg vi følgjande strategiske mål til grunn for verksemda:

1. Fylkesmannen skal medverke til at regjeringa sine mål og vedtak blir følgde opp og vere eit aktivt bindeledd mellom stat, kommune og innbyggjarar og arbeide for god samordning i fylket
2. Fylkesmannen skal medverke til god rettstryggleik og utøve tilsyns- og kontrollfunksjonar til beste for samfunn og innbyggjarar
3. Fylkesmannen skal vere ein aktiv støttespelar i fornyings- og utviklingsverksemd i fylket
4. Fylkesmannen skal vere open, tilgjengeleg og løysingsorientert
5. Fylkesmannen skal vere ein attraktiv arbeidsplass der kompetanse, effektivitet, utvikling og eit godt arbeidsfellesskap er prioritert

Avdelingane utarbeider egne årlege målsetjingar ut frå desse overordna måla, og dernest verksemdsplanar som byggjer opp under desse målsetjingane.

Samarbeid med andre

Fylkesmannen har fleire samarbeidsfora og arenaer - både formelle og meir uformelle/ad hoc. Statsetatane i fylket eller i regionen som også dekkjer Rogaland møtest to gonger årleg. Det same gjeld fylkesberedskapsrådet som ikkje berre omfattar statsetatar med beredskapsansvar, men også frivillige organisasjonar og fylkeskommunen. I 2014 starta vi opp eit samarbeid mellom leiargruppene i dei tre sørlegaste vestlandsfylka. Vi legg opp til fellessamling ein gong per år. I 2015 møttest vi i Balestrand i Sogn og Fjordane. Våren 2016 blir møtet lagt til Rogaland. Ut over dette er det etablert samarbeid mellom fagavdelingane i vest eller sør-vest.

Kontakt og samarbeid med andre embete sine leiarar og tilsette innan miljøvern, er også eit viktig bidrag til oppdatering, kvalitetssikring og nivellering. Me legg stor vekt på å bygge god kontakt mellom både leiarar og fagfolk med same ansvarsområde i andre embete.

Me vil også særleg nemne det gode samarbeidet me har med Vest- og Aust-Agder om oppfølging av verneområdestyret og verneområdeforvaltarane.

På barnehage- og utdanningsområdet har embetet gjennom mange år hatt avtalefesta samarbeid med dei andre embeta i sørvest, Agder-fylka, Hordaland og Sogn og Fjordane (på eksamensfeltet er også Møre og Romsdal framleis med i sørvest). Avtalen blir justert med jamne mellomrom, og i 2015 hadde vi samarbeid i desse nettverka:

- Faste nettverk på barnehageområdet: Tilsyn/klagebehandling, kvalitet og kompetanse, finansiering av private barnehagar.
- Faste nettverk på skoleområdet: GSI, elevvurdering, spesialpedagogisk hjelp/spesialundervisning, kapittel 9A
- Introduksjonslova

Embeta deler på ansvar for å samle nettverka til fysiske møte, vanlegvis ein gong årleg. Elles brukar medlemmene i nettverka kvarandre til kontakt om saker, oppdrag, lovavklaringa m.m. I tillegg til nettverka møtest direktorane i sørvest ved alle «stormøta» med Udir, og i ei eiga samling årleg.

På landbruksområdet samarbeider vi med andre fylkesmenn gjennom ulike faglege nettverk og samlingar.

På veriemålsområdet er det ein del kontakt mellom sakabehandlarane i region sørvest. Det vart ikkje arrangert

samling i 2015.

Vidare deltar Fylkesmannen i Rogaland i pilotprosjektet for samordning av statlege motsegner og i nettverket for storbyregionane.

Innan planområdet har vi i lang tid vore med i kytsonenettverket og er no med i regionnettverket for miljøsaker i planarbeid i lag med Agder, Hordaland, Sogn- og Fjordane.

Gjennom tilsynssamarbeid og politiet sitt mijøforum, har Fylkesmannen kontakt med Arbeidstilsynet. Vi melder også gjensidig til kvarandre urovekkjande forhold som vert oppdaga ved tilsyn hos verksemder som gjeld den andre sitt ansvarsområde.

Vi har tett kontakt og godt samarbeid med SNO, Kystverket, dei kommunale IUA-a, NVE, politiet og ikkje minst dei større interkommunale selskapa innan hamn, avløp, avfall og vassforsyning.

Vi samarbeider godt med fylkeskommunen. Samarbeidet gjeld særleg regional- og kommunal planlegging og gjennom "indre partnerskap" for regional utvikling, der også Innovasjon Noreg er med.

På landbruksområdet har Fylkesmannen dessutan utstrekt samarbeid med mange regionale aktørar, m.a. med dei fagpolitiske og økonomiske organisasjonane i landbruket, ulike matmiljø knytt til FoU og forskingsmiljø elles.

Fylkesmannen samarbeider med fylkeskommunen i alle regionalplanprosessar. Rogaland Fylkeskommune er særleg aktiv på dette feltet. Me vil særleg nemne det gode samarbeidet med fylkeskommunen vår om regionalplanen for vassressursane.

Fylkesmannen og fylkeskommunen samarbeider om å arrangere kurs innan plan- og bygningslova. I 2015 deltok me tungt i kursprogrammet fylkeskommunen hadde om regional og kommunal planstrategi.

Vidare har vi møte kvar veke med regionalplanavdelinga for å gå gjennom innkomne plansaker frå kommunane og drøfte samarbeidsbehov. Me deltar aktivt i fylkeskommunen sitt planforum, fast ein gong i månaden.

Embetsleiinga har faste møte med både politisk og administrativ leiing i fylkeskommunen, minst 3-4 gongar i året.

Fylkesmannen sitt forhold til kommunane tilseier og gjer det heilt nødvendig å samarbeide tett med kommunane. Dette skjer på fleire felt, og fyrst og fremst i samband med det kommunale planarbeidet. Plangruppa vår har tett dialog og kommunikasjon med kommunane sine planadministrasjonar, både gjennom råd, rettleiing og drøftingar. Til dømes så blir dei aller fleste motsegner løyste gjennom slik dialog, på lågast mogleg nivå. Metoden er løysingsorienterte møte i forkant av mekling.

Fylkesmannen sine planmedarbeidarar deltar i prosjektgrupper og nettverk for alle store samferdselsprosjekt. Dette er svært tidkrevjande og utfordrande, og me må til ei viss grad avslå ein del møteinvitasjonar for å verne sakshandsamingstida. Vi er også med, ved fylkesmannen sjølv, supplert med repr. frå plangruppa, som observatør i styret for bymiljøpakkearbeidet under leiing av Vegvesenet og i samarbeidet med storbykommunane og fylkeskommunen om bymiljøavtalane.

Vi vil også særleg nemne at miljøvernavdelinga i 2015 har lagt stor vekt på samarbeid med NAV for å skaffe unge, nyutdanna med høg relevant naturfaglig utdanning arbeidspraksis. Dette har så langt resultert i to praksisplassar hos oss, ein i SVR Aust-Agder og også fleire andre unge som har fått tips hos oss om ordninga når dei har vore til intervju hos oss og har skaffa seg praksisplass nærare der dei bur. Arbeidsløysesituasjonen i Rogaland krev at me alle gjer ein ekstra innsats på dette feltet.

Kap 525/Økonomi

	Samlet bevilgning	Budsjettavvik (kr)	Budsjettavvik (%)	Driftsutgifter	Lønnsandel av driftsutgifter	Husleie	Husleie(% av driftsutgifter)
FMRO	98032000	768741	0,78	97263259	82,01	15839334	16,29

Regnskapstall sortert på poster

	052501	052521	Post 01 (untatt 052501)	Post 20-29 (untatt 052521)	Post 30-39	Post 40-49	Post 60-69	Post 70-79	Post 80-89
FMRO	98636213	10171738	31108675	99514262	737637	0	141858411	18155543	2930312

Administrativ kostnadsdekning

Årsrapport 2015 Fylkesmannen i Rogaland - Innhold:

	Totalt	% av lønn (andre kap enn 525.01)
FMRO	7763085	0

Sykefravær

	Totalt(%)	Kvinner(%)	Menn(%)	Egenmeldt(%)	Legemeldt(%)
FMRO	4,6	6	2,3	1,1	3,5

Ansatte

	Antall årsverk totalt	Antall kvinner	Antall menn	Antall årsverk midlertidige ansatte
FMRO	161	129	73	12

Aldersfordeling

	Gjennomsnitt	Under 20	20-29	30-39	40-49	50-59	Over 60
FMRO	44,29	1	25	36	48	52	37

Lønn per 31.12

	Lønnsutgifter per årsverk(alle kapitler)	Gjennomsnitt per årsverk Kvinner	Gjennomsnitt per Årsverk Menn
FMRO	540255	511562	583952

Stillingskoder

	Stillingskode	Stillingsbetegnelse	Gjennomsnittslønn per stillingskode	Gjennomsnittslønn per stillingskode Kvinner	Gjennomsnittslønn per stillingskode Menn
FMRO	1072	Arkivleder	510100	510100	0
FMRO	1059	Underdirektør	0	0	0
FMRO	1211	Seksjonssjef	0	0	0
FMRO	1060	Avdelingsdirektør	771820	773366	769500
FMRO	1061	Assisterende direktør	687745	686775	688300
FMRO	1062	Direktør	0	0	0
FMRO	1538	Fagdirektør	640700	652000	629400
FMRO	1063	Førstesekretær	0	0	0
FMRO	1065	Konsulent	386250	381810	408450
FMRO	1408	Førstekonsulent	436447	435931	444700
FMRO	1363	Seniorkonsulent	0	0	0
FMRO	1068	Fullmektig	0	0	0
FMRO	1069	Førstefullmektig	0	0	0
FMRO	1070	Sekretær	375400	375400	0
FMRO	1409	Sekretær	0	0	0
FMRO	1433	Seniorsekretær	370500	370500	0
FMRO	1071	Kontorleder	0	0	0
FMRO	1411	Avdelingsingeniør	0	0	0
FMRO	1084	Avdelingsingeniør	0	0	0
FMRO	1275	Ingeniør	0	0	0
FMRO	1085	Avdelingsingeniør	0	0	0
FMRO	1083	Ingeniør	0	0	0
FMRO	1087	Overingeniør	529800	529800	529800
FMRO	1181	Senioringeniør	569244	568350	569960
FMRO	1088	Sjefingeniør	0	0	0
FMRO	1434	Rådgiver	499412	500283	497460
FMRO	1364	Seniorrådgiver	563927	559430	569495
FMRO	1113	Prosjektleder	537966	537966	0
FMRO	1117	Fagarbeider	0	0	0
FMRO	1203	Fagarbeider m/fagbrev	0	0	0
FMRO	1362	Lærling	95130	221666	95130
FMRO	0129	Assisterende fylkesmann	1062700	0	1062700
FMRO	0431	Fagkonsulent	0	0	0
FMRO	0382	Fylkesagronom	0	0	0
FMRO	0434	Fylkesskogmester	0	0	0
FMRO	0822	Fylkessykepleier	0	0	0
FMRO	1261	Fylkesjordsjef	0	0	0
FMRO	0435	Fylkesskogsjef	580850	0	580850
FMRO	0774	Ass. fylkeslaga	901200	878300	912650

Årsrapport 2015 Fylkesmannen i Rogaland - Innhold:

FMRO	0779	Fylkeslege	1084700	0	1084700
FMRO	1057	Informasjonssjef	711800	0	711800
FMRO	1184	Kokk	0	0	0
FMRO	1127	Husholdsleder	0	0	0
FMRO	1129	Renholdsbetjent	0	0	0
FMRO	1130	Renholder	0	0	0
FMRO	1132	Renholdsleder	0	0	0

Turnover

	Turnover(%)
FMRO	6,95

Andel administrasjon av totalt antall årsverk

	Økonomi(%)	Lønn(%)	Innkjøp(%)	IKT(%)	Personal(%)	Arkiv(%)	Resepsjon(%)	Sentralbord(%)
FMRO	2,75	0,58	0,6	2,99	1,59	4,43	0,8	0

Medarbeiderundersøkelsen(hvert annet år), score på følgende spørsmål

	I vårt embete stimuleres det til læring og samarbeid på tvers av avdelingene	I vårt embete utvikler vi oss faglig ved gjensidig kontakt med andre embeter
FMRO	0	0

III - Årets aktiviteter og resultater

Overordna analyse av aktivitetar og resultat

Rogaland har dei siste åra hatt ein vekst og positiv utvikling som er forholdsvis unik landet sett under eitt. Berre Oslo-området har hatt tilsvarande vekst. Veksten har skapt press på utbyggingsareal, høge bustadprisar og press på lønningar, også hos Fylkesmannen. Olje- og gassnæringa er hovudårsak til denne veksten. Omstilling i petroleumsindustrien og låg oljepris, som slo inn for fullt i 2015, har derfor ramma vårt fylke i større grad enn andre. Frå å ligge heilt på botn når det gjeld arbeidsløyse, gjekk Rogaland til topps ved årsskiftet, med nesten 5 prosent. Mange av dei ledige er utanlandsk arbeidskraft. Kva dette betyr på sikt er usikkert, men alt no merkar vi mindre trafikk, reduserte bustadprisar og fleire interessante søkjarar til ledige stillingar i offentleg forvaltning. Det er også fleire bustader på marknaden. Arbeidsløysa vil også gje redusert skatteinngang til kommunane.

Etter oppmoding frå NAV-Rogaland og Rogaland fylkeskommune har Fylkesmannen bede alle statsetatar å ta inn fleire lærlingar og å opprette fleire praksisplassar i 2015. Fylkesmannen har i dag ein lærling, men vil auke til to ved neste høve, og har for tida oppretta tre praksisplassar. Vi er innstilte på å ta inn fleire ledige med relevant kompetanse.

Fylkesmannen er pressa på kapasitet, og det er på fleire område manglande balanse mellom oppgåver og ressursar. Vi løyser likevel dei fleste oppgåvene tilfredsstillande og er generelt sett godt nøgd med arbeidet som er utført i 2015. Likevel har vi også i 2015 avvik på nokre fagområde. Mest tydeleg er dette når det gjeld tilsyn i helse- og omsorgssektoren.

I 2015 var budsjettet vårt dessutan prega av kutt på 5 millionar som følgje av tapt erstatningssak/husleigesak. Vi er likevel godt nøgde med at vi kom ut med eit mindreforbruk på kap 0525. Dette skuldast først og fremst overføring av mindreforbruk frå 2014, strenge tiltak første halvår, mellom anna tilsetjings- og innkjøpsstopp, og uføresette refusjonar, mellom anna som følgje av meir sjukefråvær enn året før.

Fylkesmannen har ikkje gjort endringar i organisasjonsstrukturen i 2015. Det vil seie at vi framleis har fem fagavdelingar og ei administrasjonsavdeling. Vi meiner embetet er optimalt organisert ut frå interne og regionale føresetnader. To av avdelingane er store (over 40 tilsette) og med berre to i avdelingsleiinga, kan leiarspennet bli i største laget. Helse-, sosial- og barnevernsavdelinga har derfor no to assisterande avdelingsdirektørar.

Fylkesmannen fordeler budsjettmidlane til avdelingane stort sett i samsvar med opphavleg fordeling frå departementa, slik ressursfordelingsmodellen legg opp til. Innafor denne ramma har avdelingane stor fridom til å forvalte budsjettet sitt. Modellen set likevel begrensingar for omfordelinga mellom sektorområde, og gjer at oppgaveløysinga og resultata ikkje er like gode over alt. Vi har ved fleire høve peikt på at kriteria for ressursfordelingsmodellen ikkje fangar opp særskilde utfordringar i det einskilde fylket/embetet. For Rogaland sitt vedkomande har dette gått ut over miljøvernområdet, der den store aktiviteten både når det gjeld verksemdar som treng utsleppsløyve og tilsyn, og den store planaktiviteten i kommunar og fylkeskommune, ikkje blir fanga opp. Det same gjeld helse- og omsorgstilsyn, der heller ikkje arbeidsmengde og til dømes tilsynsobjekt blir dekkja av dei kriterium som ligg til grunn. Rogaland er på fleire område eit av dei største fylka, medan Fylkesmannen i ressursfordelingssamanheng blir oppfatta som eit gjennomsnittsfylke. Vi håper dette blir fanga opp ved føreståande gjennomgang av ressursfordelingsmodellen. Årlege kutt i løyvingane gjer ikkje situasjonen betre. Eit årleg kutt på 0,5-0,7 prosent fører til minst ein stilling i minus kvart år. Smartare løysingar, digitalisering og fjerning av tidstjuvar kan aldri kompensere fullt ut for bortfall av saksbehandlarkapasitet så lenge oppgåvene er dei same, eller veks. Embetet prioriterer enkeltsaksbehandling og tilsyn, eller lovpålagde oppgåver. Dette går først og fremst ut over rettleiing og kompetanseheving i kommunane. Det er likevel uråd og lite fornuftig å redusere rettleiingsverksemda meir, eller i verste fall fjerne denne. I neste omgang vil det i så fall berre skape fleire enkeltsaker, dårlegare tenester og større press på tilsynsaktiviteten. Med andre ord ein vond sirkel. Dessutan etterspør kommunane meir rettleiing og meir og tidlegare deltaking og dialog. God dialog med kommunane er såleis ein høgt prioritert strategi i all kommuneretta verksemd hos Fylkesmannen.

I 2015 var verksemda prega av nokre særskilde satsingar og uføresette hendingar. Alle avdelingane er involverte i satsinga for barn og unge - *Sjumilssteget for god oppvekst i Rogaland*. Asylsituasjonen prega også store deler av embetet, særleg i samband med etablering av akuttmottak og busetjing i kommunane. Ekstremveret Synne fekk også større følgjer for delar av fylket og Fylkesmannen sin aktivitet enn vi har opplevd på svært lenge. Dette har gått ut over andre oppgåver - særleg innafor samfunnstryggleik og beredskap.

Kommunereforma har også påført embetet ekstra arbeid, sjølv om dette arbeidet rett nok i stor grad er finansiert med prosjektmidlar.

Kommunal planlegging

Vi har i 2015 gitt uttale med motsegn til totalt 68 planar, herav 9 kommuneplanar, 3 kommunedelplanar og 56 reguleringsplanar. Motsegner er jamnt fordelt innan ansvarsområdet vårt; omsyn til barn og unge, strandsone, landskap/friluftsløv/naturmangfald, landbruk, ATP og samfunnsikkerheit. Totaltalet på planar på høyring er over 500. Andel med motsegn er i overkant av 10 prosent.

Dei aller fleste motsegner frå Fylkesmannen vart løyste gjennom drøfting på lågt nivå mellom sakshandsamarar/administrativ leiing. Dette gjev og ein svært god læringseffekt både for både Fylkesmannen og kommunane. Oversikt over mengde og type motsegner ligg i vedlegg til rapporten. Gledeleg er det og at talet på dispensasjonsvedtak etter plan- og bygningslova, som Fylkesmannen har funne grunn til å klage på, har gått ned frå 50 i 2014 til rundt 30.

Gjennom plangruppe i embetet (om lag 9 årsverk i 2015), medverkar embetet til å ivareta viktige regionale og nasjonale omsyn innan samfunnsutvikling generelt, og spesielt innafor samfunnstryggleik, jordvern, naturmangfald, grøntstruktur, universell utforming, folkehelse, friluftsliv, by- og tettstadsutvikling, infrastrukturutvikling, omsyn til barn og unge og klimaomsyn. 2 årsverk innan plan er finansiert av særmidlar gjennom storby- og motsegnprosjekt frå KMD. Samordningsprosjektet har gitt lovande og gode resultat så langt, og storbyprosjektet er ein heilt avgjerande grunn til at Fylkesmannen i Rogaland no også gjev uttale til tettstad- og byutviklingsplanar. Tidlegare var dette prioritert ned, gjennom samarbeid om arbeidsdeling med Rogaland fylkeskommune.

Det er tett og god kontakt med kommunane og fylkeskommunen sine planadministrasjonar. Gjennom blant anna samordningsprosjektet for statlege motsegner og gjennom planforum, arbeider vi òg for å oppretthalde og forbetre dialogen med dei andre statlege motsegnsinstitusjonane. Tilbakemelding frå kommunane, blant anna på kommunebesøksrunde hittil 2016, tyder på at at dette fungerer etter intensjonane. Vi prioriterer å gje svar innan frist på alle planhøyringar. Det gjer at vi må prioritere noko ned deltaking i større planprosessar, t.d. i regi av vegvesenet.

Manglande planleggingskompetanse og kapasitet

Mellom anna stor arbeidsbelastning, førte i 2015 til stor utskifting av personell blant miljøvernavdelinga sine planmedarbeidarar. Det har kravd særleg stor innsats, inkludert mykje overtid, for å halde saksbunka nede. Det har gått ut over tverrfagleg involvering internt i planarbeidet. Stillingsstopp i embetet på grunn av husleigesaka, forverra situasjonen og bidrog til at erstatning av personell drog ut. Det er vanskeleg for både Fylkesmannen og kommunane å få tak i kvalifisert personell innan arealplanlegging. Vegvesenet og fylkeskommunen opplever også dette. Dette kan ha blitt forverra på grunn av krise i oljebransjen. Mange aktuelle kandidatar til offentleg sektor kom tidlegare som følgje med folk som hadde fått nye jobbar i "olja".

Tidstjuvar i planarbeidet

Vår organisering av planarbeidet har mellom anna som målsetjing å ta ut samla effekt av plankapasitet og plankompetanse i embetet. Det står noko att før vi ta tatt ut heile effektiviteten internt, men det er heilt på det reine at vi ville ikkje ha greidd å behandle samla planmengde utan den etablerte fordelinga og totalansvaret som vert lagt på plansakshandsamarane i landbruksavdelinga og miljøvernavdelinga.

Den viktigaste årsaka til at planarbeid i Rogaland til tider går seint, er manglande kapasitet og kompetanse hos dei som lagar og skal vedta planane; dvs. kommunane og til dels fylkeskommune, vegvesenet og Jernbaneverket.

Gjennom drøfting og formell mekling har vi eit eit system for å løyse motsegnssaker, som virkar. Berre éi motsegnsak vart sendt til Oslo frå vår hand i 2015. Og dei aller fleste konflikhtar vert løyste gjennom dialog, trass i store reelle interessekonflikhtar innan arealbruk i Rogaland.

Ein viktig tidstjuv som me også prøver å bidra til å fjerne, er "omvegen" via eigen kommunedelplan for einskilde samferdselsprosjekt. Generelt sett meiner vi at ved å samordne og integrere betre KVU, KU og reguleringsplanarbeid med god medverkad og fleire alternativ, kan ein spare tid og få betre planprosessar. Det er behov for pilotprosjekt på dette. Kanskje det nye statlege vegselskapet kan bidra til det.

Landbruk

Matsikkerheit

Generelt sett var situasjonen i Rogaland god i 2015, kva gjeld produksjon av landbruksprodukt av god og trygg

kvalitet. Sett tilbake vil nok 2015 bli omtalt som året med spesielt fokus på dyre- og plantehelse, og konsekvensar for bøndene når det skjer maktendringar i verdikjeda.

Rogaland er eit *kompakt* matfylke, spesielt på Jæren der det er korte avstandar mellom gardsbruka og mange logistikkaktivitetar mellom dei. MRSA, fotråte og andre sjukdomar vil truleg bli meir daglegdagse i tida som kjem, men næringane må bli flinkare på det forebyggjande. Import av utanlandske bærplanter og frukttrær finn vi er meir truande enn motiverande. Likeeins import av utanlandske humlebol.

2015 var året tomatgartnarane i fylket for alvor fekk merke kjedemakta. Situasjonen skapte store frustrasjonar hos dei det gjeld, men er også ein alvorleg tankevekkjar for heile jordbruket. Fylkesmannen i Rogaland har vore tett på situasjonen gjennom eige oppdrag frå departementet. Kva og kven blir dei neste? Tilgang eller ikkje tilgang til butikkhyllene gjennom kjedene si styring av kva for produsentar dei vil ta varer frå, vil vere avgjerande for om det i framtida vil vere produksjon av mat i heile landet/heile fylket.

Rogaland har også ein stor del av kyllingproduksjonen i Noreg. Narasinsaka, auka konsesjonsgrense og auka konkurranse – er kan hende dei tre viktigaste drivarane for både strukturutvikling og marknadstilpassing. I Rogaland er det for tida fleire tomme kyllinghus.

Landbruk over heile landet

Landbruk over heile Rogaland er eit overordna mål for oss. Spesielt gjeld dette for mjølkeproduksjonen. Målet er å halde minst 35 prosent av den samla mjølkeproduksjonen utanom sentrale Jæren. Nosituasjonen er ikkje så verst, men det blir bygd for få nye kufjøs i distrikta, noko som kan indikere ei for defensiv haldning mellom mjølkeprodusentane i distrikta. Dette arbeider vi aktivt med å snu – og vil prega ressursbruken vår i 2016 og fleire år framover.

Auka verdiskaping

Om 2015 har endra tempo og retninga i den strukturutviklingstrenden vi har hatt over mange år, får vi koma tilbake til om nokre år. Vår analysar er likevel den at strukturendringane innan dei tradisjonelle landbruksproduksjonane held fram, men i eit noko lågare tempo. Når det gjeld landbruksbasert næringsutvikling i høve til nye næringar, trur vi bestemt at 2015 for fleire vil bli eit merkeår – året då dei for alvor tok til å vurdere kva garden sitt ressursgrunnlag skal nyttast til. Landbruket i Rogaland har stort potensial i å utnytte dei samla ressursane endå betre. Det ligg mange nye moglegheiter i landbruket vårt.

Vi har eit haustingsskogbruk i Rogaland som ikkje er berekraftig over tid. For tidleg hogst og for låg forynging er hovudutfordringane. Vi har i realiteten ei nedbygging av skogressursane i fylket. Vidare blir det investert for lite i skogsvegar. Den største flaskehalsen for gjennomføring av nasjonal skogpolitikk er manglande kompetanse og ressursar i kommunane.

Berekraftig landbruk

Situasjonen for landbruket sitt kulturlandskap i Rogaland er bra. Rett nok er vi merksame på at auka sentralisering av mjølkeproduksjon i fylket kan gi ein meir ekstensiv beitebruk, med påfølgjande attgroing. Men det store biletet viser at vi ikkje er der nå.

Pressfylket Rogaland har over mange år bygd ned mykje god jordbruksjord, spesielt i sentrale strom, der Jæren har stått for 2/3 av den totale årlege nedbygginga. Årleg omdisponering dei siste 10 åra i Rogaland har i snitt vore 1275 dekar dyrka jord. Vi får håpe at nye nasjonale jordvernmål, kombinert med fortsatt stor planaktivitet og dialog/oppfølging av kommunane, vil få ned omdisponeringa i fylket.

Forureining og miljømessig berekraft i det heile, er av dei aller største utfordringane for jordbruket i Rogaland. Målretta bruk av SMIL- og RMP-ordningane er svært viktige i dette arbeidet. Landbruket over heile fylket er også viktig for å unngå ytterligere konsentrasjonar av mykje jordbruk og husdyrhald på meir avgrensa område. Tilstrekkeleg lagerkapasitet for husdyrgjødsel er endå ei utfordring for fleire bønder. God kapasitet er viktig for å kunne bruke gjødsla optimalt. Vi har frå og med 2016 etablert ei investeringsordning (Innovasjon Norge Rogaland) for gjødsellager.

Elles er det også viktig i Rogaland å ta med skogressursane i miljø- og klimaarbeidet. Potensialet i vår skognæring er stort for å få til auke av både verdiskaping og klimaeffekt.

Ressurbruk

Totalt 26,65 årsverk. Av dette er 4 årsverk eksternt finansiert.

Framtidsutsikter

Regionreforma kan få følger for Fylkesmannen sine oppgaver på landbruksområdet. Meir open prosess om dette er ønskjeleg.

Klima, naturforvaltning og forureining

Generelt om personell og ressursbruk i miljøvernavdelinga

Miljøvernavdelinga har ansvar for miljøvernsektoren og har for tida 28 medarbeidarar inkludert leiar og to seksjonsleiarar. 8,5 årsverk er finansiert av gebyr og særmidlar. Desse fordeler seg grovt sett slik:

- 2,2 årsverk generelle planmidlar, midlar frå KMD til storbyprosjekt, opplæring av kommunane i plan- og bygningslova og pilotprosjekt for samordning av statlege motsegner til kommunale planar
- 2,0 årsverk er finansiert av gebyrinntekter etter tilsyn og konsesjonar (forureiningslova)
- 4,3 årsverk finansierte med fagmidlar frå Miljødirektoratet (natureksjonen)

Avdelinga hadde relativt stor turnover i 2015. Blant planmedarbeidarane har vi erstatta 4 av 5 personar, inkludert prosjektleiarar for storby og samordning av statlege motsegner. Lågt lønsnivå, arbeidspress og konfliktnivå i sakene er ein del av forklaringa på kvifor så mange av våre folk har søkt permisjon eller slutta i 2015. Det er god søknad til utlyste stillingar, så vi vil få tak i gode nye folk, men situasjonen er krevjande med tanke på opplæring og kapasitet.

Avdelinga

Avdelinga har eit "innteningskrav" som er ganske jamnt fordelt på omlag 250 000 per hovud. Desse midlane kjem ikkje inn utan at vi gjer den jobben inntektene er knytte til. Dette låser kapasitet og gjer at vi ikkje kan vri innsats i den grad vi gjerne ville, mot område der den trengst; t.d. naturinformasjon, dialogmøte med kommunar og utbyggjarar, kurs for industri og kommunar, saksbehandlingstid og juridisk kvalitetssikring av vedtak.

Som kjent er det stor aktivitet på plansida, i industrien, i byggebransje og ikkje minst i landbruket. Dette er grunnar til at konfliktnivå og press på areal er svært stort i Rogaland. Det skaper fleire søknader for oss, fleire planar å uttale oss om - og også kvassare miljøkonfliktar. Det er også generelt sett eit høgt tal på klager i fylket vårt. Som tidlegare nemnt gjev ikkje dagens ressursfordelingsmodell god kompensasjon for Rogaland sine utfordringar, mellom anna fordi vi har få nasjonalparkar (sjå ovenfor). Vi peikar på at denne skeivheita har berre auka no når forvaltning av større verneområde er finansiert på nytt gjennom lokal forvaltningsreform.

Redusering av klimautslepp og klimatilpassingstiltak

Innan klimautslepp har Fylkesmannen få verkemiddel, men vi prøver aktivt å bruke dei vi har. Vi gjev uttalar i plansaker for å bidra til meir klimavenleg samfunnsutvikling, vi set krav til utslepp. Miljøvern er også ein viktig del av pilotprosjekt klimaskog.

I sistnemnde og i uttalar til utbygging av rein energi, har vi ei viktig rolle i å få til mest mogleg effekt med minst mogleg tap av naturmangfald. Her har Fylkesmannen ei utfordrande samordningsrolle. Føringar frå sentralt hald om t.d. berre å satse på gran i klimaskogprosjektet og at NVE/OED i liten grad følgjer opp regionale planar (vindkraft m.m.), gjer det ekstra utfordrande.

Når det gjeld klimatilpassingstiltak i kommunane, er det avgjerande viktig av NVE prioriterer kartlegging av ras og flaumfare i våre område. Vidare er det svært viktig å få auka fokus på dei utfordringane klimaendringane vil gje på truga og sårbar natur. T.d. jærstrendene og leveområde for villrein.

Naturforvaltning

Rogaland har stort press på naturområda og naturverdiane på grunn av særleg intensiv bruk frå landbruk, skogbruk, industri, friluftsliv, akvakultur, fiske og sjøverts ferdsel, vind og vasskraft, og spreidde hytte- og bustadområde. I større område som Jæren er det ikkje intakte naturområde, men berre naturrestar i intensive kulturlandskap. Naturverdiane i kulturlandskapa er derimot betydelege, særleg knytt til det som er att av vassdrag og våtmark. Det er konfliktfyllt og krevjande å ivareta naturverdiar i slike intensivt brukte områder, både for Fylkesmannen og kommunane. Vi har jamnt over god kontakt med kommunane i naturforvaltningsarbeidet. Relativt mange kommunar i Rogaland har overtatt forvaltningsansvaret for mindre verneområder, og for SVR fungerer ny ordning med verneområdestyre godt, sjølv om det er nokså

ressurskrevjande samla sett.

I 2015 har det vore utfordrande å få tilstrekkelige ressursar til ferdigstilling av forvaltningsplanarbeid for mindre verneområder. Vi har og eit stort etterslep i forhold til å kvalitetsikre og oppdatere eldre naturinformasjonsdata.

Forureining

Våren 2015 hadde me eit krafttak med overtid og ekstra ressursar for å få ned sakshandsamingstida på søknader om utsleppsøyve etter forureiningslova. Det lukkast og vi har fått avslutta mange saker som hadde trekt ut i tid. Men framleis har vi store problem med å halde nede sakshandsamingstida på akvakultursaker. Her er det og ein tidsfrist som vi ikkje greier å halde i alle saker. I siste del av 2015 sette me inn ekstra ressursar på avfallsplanar i hamn og på mudre- og dumpesaker. Dette har gitt god effekt, men grunna budjettsituasjonen kan ikkje denne forsterkinga gå lenger enn fram til påske 2016, utan styrking av budsjettet. Det er særleg grunna dei mange store samferdselsprosjekta som genererer mykje steinmasse og fører til mange søknader om utfyllign i sjø og vassdrag, at vi har ei ekstra utfordring på dette feltet no.

Barnehage og utdanning

Kort vurdering av situasjonen på barnehage- og utdanningsfeltet i Rogaland

Kommunane i Rogaland oppfyller retten til barnehageplass. Meir enn halvdel av barnehagane er private, og det har vore krevjande for mange kommunar å sikre økonomisk likeverdig behandling i samsvar med regelverket. Med endra forskrift reknar vi med at dette blir vesentleg enklare. Vi har prioritert å informere om nye reglar, og vi meiner å registrere at talet på klager går noko ned. Samstundes er ein kommune utfordra av PBL, som brukar KPMG til «gransking» av kommunen.

Kvalitet i barnehagen er avhengig av kompetansen til dei tilsette. Mangel på barnehagelærarar har i mange år vore den største utfordringa på barnehagefeltet her i fylket, og det har vore sett i verk ei rekkje tiltak for å betre på situasjonen, m.a. GLØD-partnerskapen med kommunane. No ser vi endeleg teikn til betring: Førebels BASIL-tal viser at andelen årsverk med barnehagelærar er auka frå 31,9 % til 32,6 % frå 2014 til 2015. Andelen årsverk på dispensasjon frå utdanningskravet for styrarar og pedagogisk leiarar har gått ned frå 17 % i 2013 til 9% 2015. Men dette inneber at vi framleis manglar 297 årsverk med barnehagelærar i Rogaland – og det med ein «pednorm» alle meiner bør hevast. Vi nemner også at godt samarbeid om ulike rekrutteringstiltak har medverka til gode søkjartal til barnehagelærarutdanningane i fylket dette året. Så er også kompetansen til dei andre tilsette i barnehagen viktig, og andelen årsverk med fagbrev som barne- og ungdomsarbeidar er auka frå 13,3 % i 2014 til 15,3 % i 2015. I 2014 var 37 % av årsverka assistentar, i 2015 var dette redusert til 34,7 %. Det er ikkje råd å registrere i BASIL kva utdanning assistentar, tospråklege assistentar og personalet elles har. Det er behov for slik informasjon både i kommunane og hos Fylkesmannen for å få eit klarare bilde av kompetansebehova i sektoren.

Elles viser tilsyn at det framleis er ei utfordring å sikre rettane til barn med særlege behov.

I grunnskolen er dei viktigaste indikatorane knytte til læringsmiljø og læringsresultat om lag som snittet for landet når vi ser fylket under eitt og over noko tid. Men variasjonane er sjølvstøtt store når vi ser kommunane kvar for seg, og konkrete indikatorar blir tatt opp med kvar kommune i ein besøksrunde til alle kommunane no i løpet av januar og februar. Heile leiargruppa i embetet deltar, og vi møter politisk og administrativ toppleing i kommunen. Solid kompetanse på kommunenivået er ein viktig variabel, og vi er urolege for høg turn-over her, halvdel av kommunane i fylket har tilsett ny skolefagleg ansvarleg i løpet av dei siste par åra. Så kan sjølvstøtt slik utskifting vere ei positiv kraft. Utfordringa i mange kommunar er at det skortar på forvaltningskompetansen og på evne til å sikre implementering av god praksis og regelverksetterleving. Men vi har også solide skoleeigarkommunar, dette året var t.d. Haugesund nominert til skoleeigarprisen, og andre kommunar har fått prisen tidlegare.

Gjennomføringa i vidaregåande opplæring har i Rogaland samla sett vore så vidt betre enn snittet for landet, men også her er det store variasjonar når vi ser på gjennomføringa etter kva kommune elevane kjem frå. Dette er også tatt opp i kommunebesøka våre både i denne «runden» og ved besøka for to år sidan. Elles har fleire tilsyn med fylkeskommunen dei siste ti åra avdekt til dels store manglar når det gjeld rettstryggleiken for elevar med særlege behov, og vi er også urolege for tilbodet til elevar med rett til særskilt språkopplæring. Her har vi ikkje hatt rom for tilsyn enno.

Rogaland har gjennom mange år vore det beste lærlingfylket i landet, men med dei store endringane i næringsliv og arbeidsmarknad den siste tida, har også dette fylket fått store utfordringar med å skaffe nok læreplassar. Hausten 2015 fekk 76 % av søkjarane læreplass her, Oslo toppa statistikken med 83 %. No i februar kjem det likevel positive signal, NHO Rogaland har lagt fram ei undersøking som viser at sju av ti bedrifter melder om behov for fagarbeidarar dei neste fem åra

På vaksenopplæringsfeltet er det som elles i landet, store utfordringar. Om lag 96 % av dei som får grunnskoleopplæring for vaksne her i fylket, er vaksne med innvandrarakgrunn. Samstundes viser både PIAAC og den siste rapporten frå OECD at landet vårt har mange som treng og har rett til vaksenopplæring, og at vi her til lands, trass i gode føresetnader, ikkje greier å utnytte befolkninga sin kompetanse godt nok. Fylkesmannen har no i samarbeid med kommunane og VOFO tatt initiativ til re-etablering av eit vaksenopplæringsråd med brei deltaking, første møtet i rådet er 17. mars.

Om samla måloppnåing og avvik

Utdanningsavdelinga har ansvar for Fylkesmannen sine oppgåver knytte til barnehage, grunnopplæring, vaksenopplæring og introduksjonslov. Avdelinga er den minste i embetet med 19 tilsette i 17,4 årsverk. Ein medarbeidar hadde utvida foreldrepermisjon det meste av 2015. Avdelinga har både juridisk og økonomisk kompetanse i tillegg til barnehagefagleg og skolefagleg kompetanse. Avdelinga har også tenlege verktoy for å planleggje og gjennomføre oppdraget forsvarleg, m.a. eigen verksemdsplan med systematisk risikovurdering, ressursplan og intern organiseringsplan.

Vi meiner vi har løyst oppgåvene våre med forsvarleg kvalitet også dette året, men vi må melde eitt avvik: Vi har ikkje makta å følgje opp skolar med høge mobbetal som planlagt, jf. oppdrag knytt til Læringsmiljøprosjektet. På bakgrunn av erfaringar i første pulje i dette prosjektet valde vi no å følgje deltakarkommunen frå Rogaland tett gjennom heile prosessen. Så har vi tidlegare samla kommune- og skoleleiinga ved desse skolane til heildagssamlingar med informasjon om regelverket, innlegg om forskning og god praksis m.m. frå Læringsmiljøsentret, og deling av erfaringar mtp å redusere krenking/mobbing. Etter den siste samlinga ved årsskiftet i fjor, fekk vi tilbakemeldingar om at det er behov for større grad av «skreddarsaum» overfor desse kommunane, og det var planen å leggje til rette for det dette året. Så måtte vi gjennomføre to krevjande hendingsbaserte tilsyn, og det vart ikkje rom for å gjennomføre det vi hadde planlagt. I haust vart det i tillegg naudsynt å allokere ressursar til oppfølging av flyktningssituasjonen, så då fekk vi heller ikkje rom for å følgje opp dette. To av kommunane med slike skolar har vi no foreslått til neste runde i Læringsmiljøprosjektet, og i løpet av våren vil resten av desse kommunane få tilbod om «individuell» rettleiing.

Fylkesmannen sitt ansvar for samordning på tilsynsområdet er viktig, og vi meiner at arbeidet etter kvart gir resultat. Utvikling av metodar for læringstilsyn/spreiingstilsyn har vore særleg tenleg. På utdanningsområdet blir no felles nasjonalt tilsyn gjennomført med kurs og eigenvurdering før tilsynet kjem, og nabokommunar kan delta gjennom heile tilsynet for å «sope for eiga dør». Vi må sjølvsagt ha mange ulike metodar i tilsynsverktøykassen, men det står att å utvikle meir felles terminologi for det «kvassaste» møtet med kommunane og fylkeskommunane. Her etterlyser vi betre samarbeid på nasjonalt nivå.

Fleire alvorlege saker knytte til barn og unge med behov for samordna tenester har vore omtalte i media den siste tida. Vi meiner framleis det er behov for å vurdere ansvar og regelverk på opplæringsområdet for barn og unge i barnevern- og helseinstitusjonar, jf. det vi heldt fram i årsrapporten i fjor.

Klager knytte til §§ 9a-1 og 9a-3 om elevane sitt skolemiljø er blant dei meste utfordrande Fylkesmannen har til behandling. Slike saker gjeld forhold som har særst stor innverknad både på enkeltelevar, foreldra, lærarane, klasse miljøet og i ein del tilfelle heile lokalsamfunn. Alle slike saker er øvst på prioriteringslista vår, og vi legg vinn på at saksbehandlingstida skal vere kortast mogleg. Vi er oppmoda om å fatte endelege vedtak, gjerne med forslag til tiltak, slik at sakene kan løysast og elevane få oppfylt retten sin. Vi opplever svært ulik kompetanse hos lærerar, rektorar og kommuneleddet i slike saker. Det gjeld både tiltak som er sette i verk på skolane, enkeltvedtak og forvaltning i sakene, og kor godt sakene er opplyste for klageinstansen. Sidan reglane knytte til vedtak og klageordning på dette området er under vurdering, finn vi det rett å peike på at same kva som blir avgjort her, vil det vere stort behov for kompetansebygging, samordna tiltak og samhandling mellom dei ulike instansane for å sikre retten til elevane. Det er også viktig å leggje til rette for at samla saksbehandlingstid av omsyn til eleven blir så kort som det på nokon måte er råd.

Også dette året har kommunane tatt opp utfordringar knytte til nærskoleretten etter § 8-1 i opplæringslova fordi dei ønskjer større rom for å utnytte ledig skolekapasitet enn det opplæringslova gir høve til i dag. Det er behov for å utvide og klargjere det handlingsrommet kommunane har til å gi forskrifter etter første ledd, andre punktum, og vi meiner dette kan gjerast utan at nærskoleretten blir vesentleg svekka.

Som nemnt i fjor, har Fylkesmannen dårlegare utgangspunkt for å løyse oppdraget vårt knytt til vidaregåande opplæring enn for grunnskolen fordi vi manglar informasjon frå overordna styresmakter om vesentlege satsingar og tiltak retta mot vidaregåande opplæring. Vi vil enno ein gong peike på at det er nødvendig å sjå heile

utdanningsløpet i sammenheng for å auke gjennomføringa i vidaregåande opplæring. Dette er også viktig med tanke på det såkalla

«0-24-samarbeidet».

Om tidstjuvar

For nokre av tilskotsordningane på vårt område, t.d. tilskot til leirskole og tilskot til barn og unge som søker om opphald i Noreg, blir no tilskotsbrev sende ut elektronisk frå ePhorte. Dette sparar tid, papir og porto, og breva kjem direkte til postmottaka i kommunane. Men ePhorte kan leggjast betre til rette – enno må eit og eit brev sendast om gongen.

Vi har tatt i bruk Tilskotsportalen for å sende tilskot elektronisk til Contempus. Vi ser at utbetalingane går raskare enn ved manuell behandling, og vi avlastar økonomi for arbeid. Tilskota kjem opp som faktura i Contempus, og utbetalingane skjer då utan papirutskrifter som før måtte sendast mellom avdelingar. Alle bilaga blir lagra i Contempus og ikkje på papir som før, noko som kravde tid til lagring i permar.

Elles vil vi halde fram at det er viktig å ramme inn nye tilskotsordningar slik at forvaltninga blir mest mogleg effektiv. Tilskot til svømming i barnehagen vil t.d. etter det vi kan sjå, innebere mykje arbeid til oppfølging og kontroll.

Så vi viser til undersøking i embetet om tidstjuvar og notat om oppfølginga, der det m.a. er prioritert å medverke til effektiv møtetid. Utdanningsavdelinga har alt for lenge sidan rasjonalisert intern møteverksemd, dette er fastsett i den interne organisasjonsplanen vår. Elles brukar vi alle dei interne styringsverktøya i avdelinga for å hindre tidstjuveri mest mogleg, m.a. ved å gjere individuelle avtalar for å behalde erfarne medarbeidarar så lenge som råd. Vi legg også vinn på å sikre eit trygt og triveleg arbeidsmiljø, og både medarbeidarundersøkinga og medarbeidarsamtalane viser at arbeidsmiljøet er godt.

Sjumilssteget for god oppvekst i Rogaland

I 2015 har Fylkesmannen i Rogaland hatt hovudfokus på tverrfagleg samarbeid og tidleg innsats gjennom Sjumilssteget for god oppvekst i Rogaland. Barnekonvensjonen skal vere kjent og forande for alt arbeid retta mot barn og unge i kommunane, fylkeskommunen og fylkesmannsambetet. Sjumilssteget for god oppvekst i Rogaland er organisert som eit prosjekt rekna frå 1. januar 2015 og ut 2017.

Ei styringsgruppe på leiarnivå sikrar forankring til satsinga, og ei arbeidsgruppe med tilsette frå dei ulike avdelingane sikrar deltaking frå heile embetet. Prosjektet er leia av ein prosjektleiar i 50 % stilling som skal sikre framdrift i prosjektet både internt og eksternt, og det er utvikla ein prosjektplan der mål, tiltak, samarbeidsrutinar m.m. er fastsette. Vidare er vi i gang med å lage ein felles verksemdsplan i embetet for å synleggjere både arbeidet mot barn og unge og aktuelt tverrfagleg samarbeid.

I alt er 15 av 26 kommunar no med i satsinga, og målet er at alle kommunane i fylket blir med. Deltakarkommunane har oppnemnd ein koordinator som kontaktperson i kommunen, og koordinatorane har vore samla fire gonger dette året med kommunekartlegginga som hovudemne. Alle kommunane har gjennomført ei kartlegging over tenester knytte til barn og unge, tverrfagleg samarbeid og tidleg innsats. Ein forskar har analysert kartleggingane med rapport til kvar kommune. Materialet blir brukt vidare som utgangspunkt for kvalitetsforbetring i kommunane og som verktøy for å få eit endå betre bilete av det vi får til og det vi må arbeide meir med i kommunane i Rogaland. Elles har vi i koordinatorssamlingane til no tatt opp ulike emne for å styrkje medvitet om art. 3 og 12 i Barnekonvensjonen.

I juni gjennomførte vi oppvekstkonsferansen «Jakta på den gode oppveksten». Målet var å peike på kva ein god oppvekst betyr for kvart einskilt barn, og at både kvalitet i kommunale tenester, i tverrfagleg samarbeid og i tidleg innsats er viktig. Konferansen hadde 180 deltakarar.

Elles er Fylkesmannen medarrangør i fleire konferansar der vi har barnekonvensjonen med som tema. Auka fokus og konkretisering av artiklane i fleire samanhengar skal gjere kommunane betre i stand til bruke artiklane konkret i arbeidet med å planleggje og kvalitetssikre tenester til barn og unge. Det er tydeleg at medvitet om fokus på barn og unge i er styrkt på fleire område, både internt og eksternt. Det må likevel arbeidast kontinuerlig for enno betre samordning og samarbeid, og Barnekonvensjonen må i sterkare grad forankrast i alt arbeid til beste for barn og unge i Rogaland. Det konkrete arbeidet med Sjumilssteget internt i embetet kjem fram av rapporteringa frå kvar avdeling.

Barnehage og grunnopplæring

Tilsyn og rettleiing er hovudoppgåver på barnehage- og opplæringsområdet, og Fylkesmannen meiner at tydeleg vekt på rettleiing og læring i tilsynsarbeidet gir effekt. Det er likevel konstatert lovbrøt og gitt varsel om pålegg ved mest alle tilsyn i 2015. Sjølv om kommunane lærer mykje gjennom tilsyna, står det altså att å sjå at dette gir betre regelverksetterleving. Vi ser at det i mange kommunar er krevjande å spreie ny kunnskap, og det er også nokre gonger ei utfordring å få kommunen til å forstå kva som må til for å rette lovstridige forhold. Solid kompetanse på kommunenivået er ein kritisk variabel her. Den barnehagefaglege kompetansen varierer mykje frå kommune til kommune, nokre har ikkje slik kompetanse i kommuneleddet i det heile. Over halvdelan av kommunane i fylket har tilsett ny skolefagleg ansvarleg i løpet av dei siste par åra, nokre utan tidlegare erfaring frå tilsvarande stilling. Vi inviterte alle nye til ein «Bli kjend med Fylkesmannen»-dag hausten 2014, og vi inviterer til ny samling denne våren. Vi er i tillegg sjølvsagt særleg medvitne om informasjon og rettleiing til desse kommunane.

Vi nemner også dette året tilsynet med Rogaland fylkeskommune knytt til elevar som har rett til omfattande spesialundervisning. Tilsynet vart opna våren 2014, det vart gitt i alt sju pålegg, to vart påklaga og så stadfesta av Udir. Fylkeskommunen bad om rettleiing og har fått det, men det har vist seg å vere krevjande å rette lovbrota. Det er i samråd med oss søkt om utsett frist for retting to gonger, sist til 1. mars 2016. Dersom det no ikkje blir dokumentert at lovbrota er retta, må Fylkesmannen be Utdanningsdirektoratet om råd og hjelp.

Mange av dei som får klagen behandla hos Fylkesmannen som endeleg klageinstans, får medhald, og resultatet av Fylkesmannen sitt arbeid her blir altså at mange får retten sin oppfylt. Men medan Rogaland er eit «klagefylke» på mange felt, t.d. byggesaker, er talet på klager på våre område lågt. Dette kunne vore eit teikn på god regelverksetterleving, men tilsyna viser som nemnt noko anna, og vi ser også at informasjon om klagerett og klageinstans ofte er mangelfull. Vi er såleis urolege for situasjonen både når det gjeld retten til eit trygt skolemiljø, retten til spesialpedagogisk hjelp/spesialundervisning og retten til særskild språkopplæring – altså rettar for dei som treng mest hjelp. Fylkesmannen får berre sjeldan klager som gjeld vidaregåande opplæring. Elles nemner vi at vi før første gong fekk mange klager knytte til det fysiske skolemiljøet, men mest alle klagene gjaldt den same skolen. Dette var svært arbeidskrevjande saker, vi samarbeidde med helseavdelinga vår og med Arbeidstilsynet, og vi var på befaring på skolen. På befaringa stilte kommunen med representantar frå oppvekst, helse og eigedom, Fylkesmannen med representantar frå utdanningsavdelinga og helseavdelinga. Klagarane deltok som observatørar på befaringa med representantar frå FAU, og Arbeidstilsynet var også med.

Både tilsyn og klagebehandling er viktige tiltak for å medverke til god kvalitet i barnehage, grunnopplæring og vaksenopplæring. Men også ulike støttetiltak må til for at kommunane og fylkeskommunane skal løyse oppgåvene sine på forsvarleg vis. I Rogaland har kompetansesituasjonen i barnehagane vore særleg vanskeleg, men no ser vi som nemnt ovanfor, endeleg teikn på ei viss betring: talet på dispensasjonar frå utdanningskravet går ned, og søkjartala til barnehagelæruddanningane i fylket blir betre. Det er vårt syn at gjeldande pedagognorm er for defensiv, og vi reknar med at fylket framleis vil ha ein viss folkevekst sjølv om prognosane er nedskrivne. Behovet for barnehagelærarar vil derfor framleis vere ei utfordring i Rogaland. Vi har arbeidd offensivt for å styrkje kompetansebygging i barnehagane og auke rekruttering til utdanningane gjennom GLØD-partnarskap med kommunane, og vi har i fellesskap finansiert ei prosjektstilling for to år til å leie arbeidet. Partnarskapen vart avslutta 1. august 2015, og vi seier oss leie for at det ikkje vart råd å få støtte frå sentralt hald til vidareføring av GLØD. Så må også arbeidet med å styrkje kompetansen til dei andre tilsette i barnehagane haldast oppe – det krevst jamt arbeid for å auke andelen med fagbrev. Det er framleis vår vurdering at kvalitetsmidla er svært viktige for å ivareta pådrivarrolla og initiere utviklingstiltak i barnehagesektoren. Det er vårt syn at statleg satsing på barnehageområdet er altfor svak, både når det gjeld rekruttering og kompetanseutvikling. Vi kan ikkje sjå at det er råd å nå nasjonale mål for barnehagen med den kompetansesituasjonen vi har i dag.

For grunnopplæringa er kompetansesituasjonen mindre krevjande. Men nasjonale tal viser at det er også svært viktig å arbeide for betre rekruttering til læraryrket. Samarbeidet i GNIST har vore godt og offensivt her i fylket. Vi starta etter initiativ frå Fylkesmannen med eigen prosjektleiing to år før resten av landet, og då statleg finansiering vart sluttført, avtalte Fylkesmannen saman med partnerane å vidareføre partnarskapen med ein prosjektleiing i 50% stilling ut 2015. Det var ikkje råd å få kommunane med på slik finansiering vidare.

Det er uråd å måle nokon direkte effekt av innsatsen vår i GLØD og GNIST, men søkjartala til lærarutdanningane har auka, og BASIL viser som nemnt, ein positiv tendens.

Det er sett i verk ulike støttetiltak retta mot grunnopplæringa dei siste åra, m.a. Vurdering for læring og Ungdomssteg i utvikling, begge med god effekt. Det ser ut til at kollektive strategiar i kompetanseutviklinga gir godt resultat og god implementering, og det er såleis viktig å innrette vidare arbeid etter det. Vi vil tru at det også kan gagne at Fylkesmannen har ei større rolle i slikt arbeid, og vi set pris på meir tydelege oppgåver både når det gjeld rettleiarkorpset, læringsmiljøprosjektet og satsinga Kompetanse for mangfald. Men slikt arbeid krev ein annan kompetanse i avdelinga enn oppgåvene knytte til tilsyn og klagebehandling, og det er nødvendig å «rigge» avdelinga både med ressursar og kompetanse for å kunne løyse utviklingsoppgåver på tenleg vis.

Vi tar også med her at vi tidleg hausten 2015 etablerte ei eiga side for flyktningar og asylsøklarar på nettsidene våre. Her informerer vi om kva rettar asylsøklarar har til opplæring, kva plikter kommunane har, og vi har lenkjer til relevante rettleiarar. Informasjonen har vi også omsett til engelsk, og vi delte denne med alle embeta. Elles var flyktningssituasjonen hovudtema på Fylkesmannen og KS sitt årlege møte med alle ordførarar og rådmenn, og her vart det også poengtert kva rettar som gjeld for barn og unge. I tillegg skreiv vi eit lesarinnlegg i Stavanger Aftenblad om å gi asylsøklarane og flykningane opplæring snarast råd. Det er poengtert frå mange hald at barnehage og skole er dei viktigaste tryggleiksfaktorane for barn som har hatt traumatiske opplevingar, anten dei er komne hit med familien sin eller dei er komne som einslege mindreårige, og vi prøver å formidle dette i alle samanhengar der det er aktuelt. Vi tar med at vi sjølvsagt har deltatt i alle faste telefonmøte med kommunane og med statlege styresmakter om asyl- og flyktningssituasjonen.

Vaksenopplæring

Utdanningsavdelinga tar seg av oppgåver knytte til vaksenopplæring både etter opplæringslova og introduksjonslova. Etter vårt syn er det behov for eit krafttak på dette feltet, og vi ser fram til stortingsmeldinga om livslang læring og utanforskap som skal leggjast fram før påske. Vi har dei siste åra hatt samarbeid med kommunane gjennom ulike nettverk, nokre regioninndelte og nokre for heile fylket, men det har ikkje vore så god struktur og heilskap i samarbeidet som ønskjeleg. Fylkesmannen har no i samarbeid med kommunane og VOFO tatt initiativ til reetablering av eit vaksenopplæringsråd med brei deltaking, både kommunane, fylkeskommunen, VOFO, NHO og LO, UiS og HSH og NAV har svart ja til å vere med, og første møtet i rådet er 17. mars 2016.

Vi informerer jamleg om regelverket på dette feltet, både i nettverka, i ulike møte og samlingar og på nettsidene våre. Vi har også samarbeidd med VOFO og fylkeskommunen om ein årleg konferanse/fagdag, men dette året måtte fagdagen avlysast på grunn av dårleg påmelding.

Elles er det gjennomført tilsyn som planlagt og behandla klagesaker etter introduksjonslova, men arbeidet her er framleis noko prega av at ansvar og oppgåver ikkje er heilt tydeleggjort mellom departement og direktorat. Det har vore ei viss betring, men det er ein føresetnad for godt og effektivt arbeid at lovfortolkingsansvaret og styringslinja er klar. Etter Fylkesmannen si erfaring er det stort behov for både informasjon, rettleiing og tilsyn på dette feltet, men det er ikkje stilt rimelege ressursar til rådvelde for Fylkesmannen. Vi har likevel gjennomført tilsyn som planlagt i 2015, og vi har tatt på oss å pilotere nasjonalt tilsyn no i vår.

Vi nemner også at flyktningssituasjonen vil innebere auka utfordringar på vaksenopplæringsfeltet, i første omgang knytte til introduksjonsordninga, og etter kvart til rettar etter opplæringslova. Alle erfaring viser at gode ordningar for opplæring gir betre inkludering, så her er det viktig at det blir satsa både på informasjon og rammevilkår.

Kommunestrukturarbeidet

Embetet har og vil i prosjektperioden 2014-2016 arbeide med kommunestruktur, legge til rette for godt lokalt forankra prosessar i Rogaland og tilby støtte til kommunar som ynskjer det. Me har i 2015 betra dialogen med kommunane og vidareutvikle nyttige arenaer og møteplassar for kommunar og Fylkesmannen. Det er lagt vekt på å formidla informasjon om arbeidet og status i kommunane, der nettsida vår har vore viktig, jamfør <https://www.fylkesmannen.no/Rogaland/Kommunal-styring/Kommunereforma/>

Vidare er det etablert kommunebilete for kvar einskilt kommune som er eit viktig verktøy for den interne informasjonsdelinga og samordninga i embetet.

Kommuneøkonomi - modernisering

Embetet legg vekt på informasjon og rettleiing i arbeidet på økonomifeltet. Det er etablert faste møteplassar med kommunar og ein samarbeider med regionale aktørar, som KS og NKK lokalt.

Det er utarbeidd ein rapport om kommuneøkonomien i fylket basert på rekneskapstal frå KOSTRA.

Embetet går kvart år gjennom kommunale budsjett/økonomiplanar og rekneskap med sikte på m.a. å avklara om det er kommunar som skal inn (evt. ut) av ROBEK. I Rogaland er det to kommunar som er i ROBEK. Hjelmeland kommune blei meld inn i 2015 på grunnlag av at vedtatt inndekningsplan ikkje er følgd, medan Haugesund kommune framleis er i ROBEK på grunn av økonomisk ubalanse.

Skjønnsmidlar har ein viktig funksjon i det å kunne stimulera til og gjere kommunar i Rogaland betre i stand til å igangsetje innovasjonstiltak og -prosjekt.

Kommunelov, forvaltningslov og offentlegsløva

I 2015 arrangerte me eit kurs for kommunane om konstituering av kommunestyre og val av faste utval m.v. Her var bl.a. kjønnsamansetting eit tema.

Det har vidare vore auke i talet på klagesaker om manglande dokumentinnsyn i 2015, samanlikna med tidlegare år.

Klagesaker – bygg

Embetet har prioritert arbeidet med byggesaksklager etter plan- og bygningslova. Denne prioriteringa inneber at vi held 12-vekers kravet som er sett for denne type saker. Det er vidare arrangert byggesakskonferanse for kommunane i fylket, for å styrkje kompetansen i kommunane og betre dialogen. Vi har også hatt møte med einstilte kommunar etter behov.

Asylsituasjonen

I samband med handteringa av straumen av asylsøklarar har Fylkesmannen hatt eit samordningsansvar for handteringa av denne situasjonen i fylket generelt, og spesielt i samband med å finne aktuelle lokale for nye akuttmottak.

Den auka tilstrøyminga av asylsøklarar førte til mykje ekstra arbeid. Internt i embetet har vi etablert ei tverrfagleg gruppe under leiing av fylkesmannen. Samfunns-, beredskaps- og kommunalavdelinga har samordna dette arbeidet. Presset på dei ulike avdelingane og fagområda har variert. I starten av perioden var det stort trykk på arbeidet med å skaffe ekstra akuttinnkvartering, og Fylkesmannen var saman med Sivilforsvaret, politiet og Stavanger kommune aktiv i samband med opprettinga av eit av Noregs største akuttmottak på Forus i Stavanger. Etter kvart som fokuset flytta seg frå å opprette nye mottak til rettleiing overfor kommunane, blei fagområda innan helse, skule, barnevern, plan- og bygningslova og verjemål meir involvert.

I tillegg til telefonmøte med aktørane på sentralt nivå kvar veke frå september til januar, har Fylkesmannen hatt fire telefonmøte med kommunane og regionkontora til UDI, Bufetat og IMDi. Vi har også delteke i ei interkommunal samordningsgruppe for kommunane på Nord-Jæren. Til saman har Fylkesmannen i Rogaland brukt rundt 55 vekeverk på dette arbeidet.

Samfunnstryggleik

Arbeidet med samfunnstryggleik var viktig også i 2015. Etablering av arenaer for kommunane si erfaringsdeling og læring av tilsyn, og det å halde fram arbeidet vårt med gode tilrettelagte øvingar, har vore sentralt. I 2015 har vi lagt vekt på å vere tilgjengelege og gje kommunane rettleiing innafor fagområda våre. Det er gjennomført øvingar i samarbeid med kommunar og andre samarbeidsaktørar. Det har blitt arbeidd med HelseROS for Rogaland i 2015, medan revisjon av bl.a. FylkesROS og revisjon av eigen kriseplan og øving i 2015, har det vore naudsynt å nedprioritera, på bakgrunn av flyktningssituasjonen. Det er gjennomført tilsyn med fem kommunar.

Verjemål

Arbeidet med oppretting av verjemål, rekruttering og rettleiing av verjer og representantar har vore viktig i 2015. Saksmengda er stor og det har vore visse utfordringar knytt til sakbehandlingsverktøyet ARVE. Ein har arbeidd målretta med å prioritere saker og for å redusere saksbehandlingstida. Det har blitt arbeidd med kvalitetsutvikling, etablert rutinar og me har klart å innfri måla som er sette for verjemålsområdet.

I 2015 blei det i Rogaland opna fleire avdelingar og eitt omsorgssenter for einslege, mindreårige asylsøklarar (EMA), og i tillegg kom det óg mange EMA-ar til ordinære mottak. Dette har sjølvstakt kravt mange nye representantar, som har fått opplæring og rettleiing. Gjennom lokale aviser, tv og radio - og kommunane og Fylkesmannen sine nettsider, har vi greidd å rekruttere nok representantar til desse barna og verjer til dei mindreårige som blir busette. Vi har vore nøydde til å flytte personar frå arbeid med andre saksfelt over på dette

feltet for å kunne halde tidsfristane for saksbehandling, ettersom oppnemning av representantar for EMA-ar er eit prioritert område.

Familiesaker

Det har vore ein auke talet på skilsmisселøyve i Rogaland i 2015. Me erfarer at det nå er fleire krevjande ekteskapsaker knytt til utanlandske statsborgarar. Me har i 2015 lagt vekt på og oppdatert nettsidene våre på dette feltet.

Tru- og livssynssamfunn

Det er fleire personar med utanlandsk opphav som søker om få registrert trussamfunn. Vi legg også her vekt på informasjon og rettleiing. Oppdatering av nettsider og møte har vore nokre av tiltaka.

Retts hjelp

Det er behandla nærare 1 000 saker om fritt rettsråd i 2015.

Samordning

Samordning av tilsyn

Fylkesmannen sitt ansvar for samordning på tilsynsområdet er viktig, og vi meiner at arbeidet vårt etter kvart gir resultat. Utvikling av metodar for læringstilsyn/spreiingstilsyn har vore særleg tenleg innafor fleire fagområde.

Fylkesmannen har etablert ei intern samordningsgruppe, med ein koordinator. Tilsynskoordinator utviklar saman med representantar for fagavdellingane arbeidet med samordning av tilsyn internt og eksternt. Det er gjennomført samordningsmøte med Mattilsynet, Kartverket, Arbeidstilsynet og Statsarkivet - og med kontrollutvalssekretariata i fylket. Tilsynsaktiviteten blir samordna i tid, og vi lagar tilsynskalender som viser den samla tilsynsaktiviteten overfor kommunane så langt det metodisk lar seg gjere.

Det står att å utvikle meir felles terminologi og gode nasjonale arenaer for utvikling av god og lærande tilsynsmetodikk for kommunane.

Fylkesmannen i Rogaland si rolle i samhandlingsreforma

Det har hos Fylkesmannen i Rogaland vore organisert som eit regionalt prosjekt. Hovudvekt har lege på deltaking på møteplassar i kommunane og helseføretaka. Prosjektleiar slutta tidleg i 2015, og dei tre embeta i region vest vart difor samde om ei fordeling av oppgåvene som prosjektleiar hadda teke hand om. Fylkeslegen i Rogaland har delteke i det nasjonale nettverket for samhandlingsreforma.

Temaet øyeblikkeleg hjelp døgnplassar – organisering, fagleg forsvarlege løysingar og interkommunalt samarbeid har vore diskutert ved fleire høve. Fylkesmannen har vore tett på kommunar som har starta opp slike tilbod gjennom rettleiing. Dialog med kommunane og helseføretaka syner at tilbodet om akutt døgnplass i kommunane framleis kan nyttast meir.

I samhandling innan rus og psykisk helse-feltet har Fylkesmannen hatt ei sentral rolle i implementeringa av retningslinja for pasientar med både rus og psykiske lidningar (ROP-lidningar). Det er etablert eit tett og formelt samarbeid mellom Fylkesmannen, aktuelle kompetansesenter, kommunar og helseføretak i implementeringsarbeidet.

Fleire kommunar rapporterer om store utfordringar i behandling av og tilbod til personer med samtidig rus og psykiske lidning, kombinert med valdeleg åtferd.

Sosiale tenester i NAV

Talet på klagesaker etter lov om sosiale tenester i NAV viser framleis ein sterk auke i 2015. Truleg avspeglar

dette trekk i næringsutvikling og økonomi i området vårt, med mellom anna kraftig auke i arbeidsløyse og meir anstrengt kommuneøkonomi.

NAV-kontora har store utfordringar i å ta hand om det kraftig aukande talet på arbeidsledige. Ein ser alt i mange kommunar ein tydeleg auke i talet på nye mottakarar og langtidsmottakarar av sosial stønad. Det er særleg verd å merke seg auken i talet på unge og einslege forsørgjarar som tek imot stønad.

Fylkesmannen er uro for at NAV som fylgje av dette reduserer tilgjenge til sakk. Vi fryktar at personar med samansette problem i særleg grad kan bli skadelidande.

Auken i talet på saker utfordrar sakshandsamingstida på området.

Fylkesmannen merker seg at fleire NAV-kontor ikkje har god nok sakshandsaming. Sakene er dårleg opplyste når dei kjem til Fylkesmannen, og det er eit kontinuerleg behov for opplæring på området.

Det har vore utfordrande i 2015 at det er utydeleg frå Arbeids- og velferdsdirektoratet si side korleis opplæringstiltak opp mot kommunane skal finansierast.

Fylkesmannen observerer at mange kommunar framleis har lite fokus på kvalifiseringsprogrammet, og tilsyn viser at kommunar framleis ikkje fyller brukarane sin rett til kvalifiseringsprogram. Dette blir tatt opp i dialog med kommunane.

Utfordringar i det bustadsosiale arbeidet var óg i 2015 å skaffe rimelege bustadar til ei differensiert gruppe vanskelegstilte på bustadmarknaden. I tillegg har mange kommunar framleis eit arbeid å gjere for å forankre det bustadsosiale arbeidet i kommunen.

Dei statlege aktørane på det bustadsosiale feltet samarbeider i tråd med strategien «Bolig for velferd» og gjennom det regionale samordningsutvalget for bustad for velferd. Særlege satsingar er frå midlertidig til varig bustad, gode oppvekstvilkår for barn og unge, busetjing av flyktningar og vanskelege overgangar.

Fylkesmannen og NAV Rogaland samarbeider med Universitetet i Stavanger og NAV-kontora i Karmøy og Haugesund om å finne gode modellar for å hindre at unge fell ut arbeidslivet og blir uføretrygda (Praksis og kunnskapsutvikling i NAV-kontora). Prosjektet skal levere ein sluttrapport med tilrådingar før sommaren 2016.

Samarbeid mellom Fylkesmannen og NAV i fylket om behov for kompetanse ved NAV-kontora har vore sentralt i 2015.

Folkehelse

Fylkesmannen har ein samarbeidsavtale med fylkeskommunen om folkehelsearbeidet i fylket for å sikre at folkehelsearbeidet vert fremja i regionen, og at kommunane får råd, rettleiing og auka kompetanse.

I møte med administrativ og politisk leiing vert folkehelse løfta fram som eit satsingsområde. Fylkesmannen følgjer opp det landsomfattande tilsynet med folkehelselova og kommunane sitt oversiktsarbeid i sjølvmeldingstilsyn i 24 kommunar i 2015. Tilsynet viser at berre 5 av 24 kommunar har kome godt i gang med det løpande oversiktsarbeidet og har eit system for dette. I dei resterande kommunane er det naudsynt å få på plass rutinar, organisering og forankring av oversiktsarbeidet, i tråd med folkehelselova.

Fylkesmannen har hatt, og har, eit tidkrevjande oppfølgingsarbeid framføre seg for å hjelpa kommunane i dette arbeidet.

Metodeutvikling tilsyn

Fylkesmannen i Rogaland fekk i 2015 stimuleringsmidlar frå Helsetilsynet til å stykje involvering av pasientar, pårørande og brukarar ved tilsyn. Måla er mellom anna at brukarane skal oppleve ein meir tilgjengeleg tilsynsmyndigheit. I tilsynsaktivitetane våre skal vi betre faktagrunnlaget for vurdering og normering, og brukarar, pårørande og pasientar skal oppleve større medverknad i planlagt og hendingsbasert tilsyn. Metodeutvikling, pasienttryggleik og haldningsendring i eigen organisasjon er også sentralt.

Fylkesmannen har ei viktig rolle i å sikra rettstryggleiken for brukarar av helse og velferdstenester.

I 2015 har vi framleis satsinga på å sikre kvalitet og logistikk i dei hendingsbaserte tilsynssakene, og vi har også for dette året makta å bygge ned restansar. Samtidig har dette arbeidet ein pris. Det er framleis krevjande å halde forsvarleg tid for sakshandsaming, og innafor viktige saksfelt som helse- og omsorgstenestelova kap. 9A og pasient- og brukarrettighetslova kap. 4A har vi også opplevd ein vesentleg auke i saker. Dei siste tre månadene av året engasjerte vi ein ekstra person til bare å arbeide med helse- og omsorgstenestelova kap. 9. Likevel hadde vi ved utgangen av 2015 ein relativt stor restanse på området. Vi maktar ikkje å oppfylle kravet om å handsame 90 % av sakene innanfor tre månader.

Vi gjennomførte landsomfattande tilsyn med samhandling mellom helseforetak og kommunar, og i Rogaland blei tilsynet gjennomført ved Stavanger universitetssjukehus, Helse Stavanger HF, Stavanger kommune og Sandnes kommune. Resultatet av dei tre tilsyna viser at samhandlinga fungerer fint og at avtalar som er inngåtte mellom partane i hovudsak blir følgde.

Vidare har vi gjennomført tilsyn med fire fastlegars utskrivning av vanedannande legemiddel. Bakgrunnen for tilsyna var at kommuneleinga meldte uro for fastlegane sin praksis. Fylkesmannen trekte tilfeldig ut fire av fastlegane i kommunen og gjennomførte tilsyn hos kvar av desse. Hos tre av legane blei det påvist alvorlege avvik, som blir følgd opp av Fylkesmannen i 2016.

Vi har saman med FMHO og FMSF gjennomført ei kartlegging av habiliterings- og rehabiliteringstilbodet i regionen. Tilbakemeldingane viser at det er:

- Skilnader i kva tilbod pasientar med ulike diagnoser får.
- Om kommunane har bestemt kva funksjon koordinerande eining skal ha. I seks av kommunane i Rogaland er dette ikkje klart.
- Om eksterne samarbeidspartnarar kjenner til og samarbeider med koordinerande eining.
- Om kommunane har oversikt over behovet for habiliterings- og rehabiliteringstenester og som følgje av dette; behovet for kapaistet og kompetanse i tenestene.

Åtte av kommunane har ikkje tilgang på tilstrekkeleg kompetanse til å tilby naudsynt habilitering/ rehabilitering. 10 kommunar svarte at dei ikkje har tilstrekkeleg kapasitet til å gje eit tilpassa rehabiliteringsforløp.

Helse og oppgåveløysing

Fylkesmannen ynskjer å framheve eit auka sprik mellom oppgåver og økonomisle rammer. Det er i fleire år rapportert at ressursane embetet har til å handsame rettighetsklager ikkje strekk til. På petroleumsområdet har vi tidlegare år fått dekt kostnader til godkjenning av petroleumslegar. Dette er eit arbeid det ikkje lenger er kompensert for, trass ei rekkje oppmodingar om at dette er naudsynt.

Fylkesmannen har dei siste åra fått overført stadig fleire tilskotsordningar på helseområdet utan at dette i same grad er kompensert for i stillingar eller administrativ kostnadsdekking.

Dette utfordrar balansen mellom tilskotsforvaltning, råd/retteing, kompetansetiltak og sentrale satsingar samt sakshandsaming i ei frå før pressa avdeling.

Barnevern

Fylkesmannen i Rogaland har opplevd ein auke i talet på klager, og i 2015 har vi handsama totalt 92 tilsynssaker. I fylgje Nestor har vi påpeikt lovbrøt i 39 av sakene. Av sakene med lovbrøt er fem retta mot Bufetat, to mot private institusjonar og 32 mot kommunal barnevernteneste.

Utviklingstrekk/utfordringar: Vi har byrja å få inn saker som er retta mot Bufetat og har opna tilsyn i fleire av desse. Dette gjer det mogleg for oss å sjå på heilskapen, og derfor vurderer me tilsynet mot Bufetat som ei viktig endring. Sakene gjeld i stor grad Bufetat si bistandsplikt. Vi har eit samarbeid med FMHO og FMSF i normeringa av desse tilsynssakene.

Rogaland har den raskast aukande barnebefolkninga i landet og eit aktivt barnevern. Fylkesmannen ser av tilsynssakene at barneverntenesta i kommunane er under press og har utfordrande saker. Styrking av det kommunale barnevernet har vore viktig for å auke kapasiteten, men vi ser at talet på saker har auka og at det

framleis ikkje er god nok kapasitet i kommunalt barnevern. Det er også eit aukande behov for tverrfagleg kompetanse og samarbeid. Styring av barneverntenesta er utfordrande og særskilt viktig. Vi har saman med Sandnes kommune starta eit nettverk for barnevernleiarar for å styrke leiarrolla.

Vi handsamar ofte saker der det er forvaltningsmessige utfordringar, som teiepliktføresegn, partsrettar og innsyn, som er generelle utfordringar for kommunane.

Barnevernet vert ofte utfordra i møte med foreldre fordi samarbeidet kan bli konfliktfylt. Mange saker frå foreldre, og i nokre tilfelle frå fosterforeldre, handlar om oppleving av å ha blitt dårlig handsama. Våre funn viser manglar i sakshandsaminga i einskilte saker.

Eit aukande tal saker er i skiljet mellom barnevernlov og barnelov, der det er djupe foreldrekonfliktar som ligg i botnen. Barneverntenesta handsamar fleire slike saker og dei har auka kompetanse på området, men sakene er krevjande. Å få ein god relasjon med familien blir ofte ei utfordring fordi partane opplever at barnevernet tar parti med den eine parten.

I 2015 har vi samarbeidd med Forandringsfabrikken og Barnevernproffene om utvikling av tilsyn med barneverntenesta i kommunane.

Vår vurdering er at vi i hovudsak har oppfylt oppdraget for 2015 innanfor barnevernsområdet. Samtidig har vi ynskje om å gjere meir på området, særleg når det gjeld å bidra til kompetanseheving. Vi ser at det for barneverntenesta er behov for auka kompetanse når det gjeld god forvaltningsskikk og bruk av forvaltningslova. Gjennomgåande viser tilsyna våre at barneverntenestene strever med å sikre forsvarleg og effektiv dokumentasjon, og vi skulle gjerne gjort meir på dette området.

Arbeidet med tidstjuvar

Internt arbeid med eigne tidstjuvar er basert på spørjeundersøking i embetet i 2014. Med emne som utgangspunkt retta vi søkjelyset i 2015 på følgjande "tidstjuvar":

- møteverksemd og avvikling av møte
- konferansar - profesjonalisering av arrangement
- ePhorte - effektiv og smart bruk
- overlapping av kompetanse
- dobbeltbehandling - saksfordeling og samordning
- raskare tekniske innretningar
- vidareopplæring i bruk av elektronisk saksebehandlarverktøy
- personleg arbeidsplanlegging
- turnover - behalde erfarne medarbeidarar

Alle avdelingane i embetet har fått oppgåver å arbeide med. Arbeidet er ikkje avslutta. Arbeidet med tidstjuvar er i røynda ein kontinuerleg prosess, og nye dukkar opp undervegs. Arbeidet med dei ovenfor nemnde tidstjuvane blir evaluert våren 2016.

Digitalisering

Digitalisering er eit satsingsområde for Regjeringa, og fylkesmannsembeta har tatt i bruk ei rekkje digitaliserte løysingar, mellom anna elektroniske skjema som ligg på embeta sin nettportal.

Fylkesmannen i Rogaland har ikkje gjort noko på eiga hand i 2015, når det gjeld slike løysingar.

Vi vil påpeike at for vår del vil den viktigaste digitale satsinga vere knytt til etablering av elektronisk dokumentutveksling mellom Fylkesmannen og kommunane. Det kan ikkje det einskilte embetet få til på eiga hand, mellom anna må dei elektroniske fellesløysingane for embeta utviklast. Det er heilt nødvendig med ei samordning mellom staten og kommunane. Denne samordninga må skje sentralt, noko vi til no har sett lite til. Skal embeta lukkast i å få til elektronisk samhandling med kommunane, treng vi eit sentralt styringsgrep frå til dømes KMD. Håper vi kan sjå resultat i 2016.

Dårleg og/eller manglande elektronisk dokumentutveksling mellom Fylkesmannen og kommunane er ein vesentleg tidstjuv, både for oss og kommunane.

Årsrapport 2015 Fylkesmannen i Rogaland - Innhold:

Arbeids- og sosialdepartementet	kr 1 751 590,04	kr 1 630 168,62
Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet	kr 4 841 040,43	kr 1 412 972,10
Helse- og omsorgsdepartementet	kr 13 082 648,38	kr 5 440 799,09
Justis- og beredskapsdepartementet	kr 5 548 895,24	kr 10 980 098,46
Kommunal- og moderniseringsdepartementet	kr 40 274 746,59	kr 2 012 646,84
Kunnskapsdepartementet	kr 7 820 110,95	kr 17 755 182,46
Landbruks- og matdepartementet	kr 13 452 754,07	kr 0,00
Klima- og miljødepartementet	kr 10 294 458,48	kr 3 291 159,57
Andre	kr 196 630,92	kr 0,00
Sum:	kr 97 262 875,00	kr 42 523 027,00

IV - Styring og kontroll i embetet

Fylkesmannen i Rogaland har dei siste åra hatt stor merksemd på utvikling av styring og interne styringsdokument, og har bygd opp eit system og hierarki i den interne styringa.

Heile verksemda vår er basert på styringssignal i årleg budsjettprp., tildelingsbrev frå KMD, embetsoppdrag og særloøyvingar frå andre budsjettkapittel enn 0525. Vi legg sjølvsagt til grunn sentrale styringsregelverk som reglement for økonomistyring, lov og forskrift om offentlege innkjøp, personalreglement og andre lover og avtalar for personalhandtering. Vi nemner vidare at instruks for fylkesmennene og leiingsplattforma i staten ligg til grunn for leiinga av embetet.

I 2015, i samband med revisjon av vår eigen personalplan, har vi hatt særskilt merksemd retta mot leiarplakaten i staten. Plakaten er konkretisert, og leiarane i embetet har fått spesifisert ansvaret sitt, oppgåvene sine og tiltak som gjeld både fagleg-, strategisk- og personalretta leiing. Det vil føre for langt å referere alle desse føringane her.

Vi ser fram til samordning, forenkling og forkorting av styringsdokument og embetsoppdrag frå 2016.

Fylkesmannen i Rogaland si styring er basert på eit slikt hierarki av styringsdokument og styringsarenaer:

1. Embetsstyringsdokument, med visjon, verdiar og overordna mål og strategiar
2. Rettleiar for mål-, resultat-, og risikostyring – som er styrande for avdelingane sitt arbeid med mål og vurdering av resultat, og gir retningslinjer for korleis ein skal gjere risikovurderingar.
3. Internt økonomireglement
4. Langtidsbudsjett (4 år)
5. Årlege budsjett/budsjetttrammer til avdelingane
6. Måldokument frå avdelingane
7. VP i avdelingane
8. Delegeringsreglement
9. Ymse interne retningslinjer og regelverk
10. Leiarmøte kvar måndag
11. Kvartalsvise oppfølgingssamtalar med avdelingane

Vår visjon er «*Vi tar var på Rogaland*» med verdiane: *Kompetent og truverdig, heilskapleg og lojal, open og tydeleg.*

Erfaringar frå rekneskapen i 2014, førte til at embetet sette i gang eit arbeid for å finne fram til tiltak for betre økonomistyring. Vi skulle særleg sjå på betre totalstyring med framandkapitla. Arbeidet førte til at ein for 2016 fekk ein ny budsjettmodell som i større grad inkluderer framandkapitla, og vi har óg vedteke å tilsette ein «controller», som først og fremst skal arbeide med styring og internkontroll, frikopla frå økonomidrifta.

Embetet har ved utgangen av 2015 om lag 190 tilsette, både deltid og heiltid. Vi merkar framleis eit lønspress i embetet, og så mange tilsette vi har no vil det ikkje vere mogleg å ha på sikt, gitt den tildelinga vi får. Vi reknar med at det blir nødvendig å redusere bemanninga, noko som sjølvsagt vil gå ut over oppgaveløysinga.

Konkurransen om godt kvalifisert arbeidskraft har vore stor dei siste åra, og søkjarlista til våre utlyste stiillingar, har vore kort. Vi har likevel til no ikkje hatt problem med å rekruttere godt kvalifiserte tilsette og med stor arbeidsløyse i distriktet, trur vi ikkje det vil vere eit problem i framtida heller.

Risikostyring

Fylkesmannen har utarbeidd rettleiar for riskostyring i embetet. Denne blir brukt av alle avdelingar når dei risikoanalyserer måldokument og verksemdsplan. Rettleiaren er under revisjon og vil frå 2016 bli døypt om til retningslinjer. Risikovurderingane avslører at dei tydelegaste risikofaktorane våre er: Oppretthalde stabil

bemanning, god og relevant kompetanse og stabile og føreseielege (helst aukande) økonomiske rammer.

Informasjonssikkerheit

Embetet har etablert eit fungerande informasjonssikkerhetsutval som møtest jamleg for å ivareta informasjonsvernet i embetet. I 2015 skulle informasjonssikkerhetspolicyen reviderast, men på grunn av innføring av Risk Manager er dette utsett til 2016.

Indre og ytre miljø

Embetet blei resertifisert i 2015 som miljøfyrtårnverksemd.

Likestilling og diskriminering

Embetet har ikkje hatt saker knytt til påstandar om diskriminering i 2015.

Embetet har ein klar overvekt av kvinnelege tilsette, men på leiarsida har vi ein jamnare fordeling. Som oversikta i kap. II syner, har vi ein forskjell i løn mellom kvinner og menn. Vi har likevel ikkje sett behovet for særlege tiltak, men dei lokale lønsforhandlingane skal vere ein reiskap for utjamning. Det var ikkje slike forhandlingar i 2015.

Medbestemmelse

Fylkesmannen har tilpassingsavtale til Hovudavtalen og reviderte i 2015 personalplanen. I tillegg til revisjon av sjølve planen, har vi lagt også andre styringsdokument i denne. Planen omhandlar mellom anna: Leiarprinsipp, medarbeidarskap, medarbeidarvurdering, lønspolitikk, kompetanseutvikling, livsfasepolitikk, etiske retningslinjer, arbeidsmiljø, IA-handlingsplan, varslingsrutinar og retningslinjer for handtering av personalkonfliktar.

Embetsleiinga har fire faste samarbeidsmøte med hovudsamanslutningane per år, og minimum tre møte i arbeidsmiljøutvalet.

HMS/internkontroll

Embetet har eit HMS-system/internkontrollsystem som treng revisjon, også sett i samanheng med innføring av Risk Manager. Dette blir gjort i 2016.

Eit sær viktig element i internkontrollen er ein årleg internkontrollrunde, eit godt fungerande verneapparat og aktivt arbeidsmiljøutval.

V - Vurdering av framtidsutsikter

Rogaland ser no konsekvensane av omstillingane i petroleumsnæringa, som slo inn for fullt i 2015. Arbeidsløysa er ved årsskiftet nær 5 prosent, og med framleis låg oljepris, er det lite som tyder på at toppen er nådd. Nærare 50 000 med adresse i Rogaland har hatt sitt virke i petroleumsretta verksemd. Så sjølv om konsekvensane er størst for dei som mistar jobben, så påverkar redusert sysselsetjing også andre viktige delar av samfunnet. Viktig kompetanse forsvinn frå regionen, NAV og sosialtenestene i kommunane blir ytterlegare pressa, samtundes som skatteinngangen blir redusert. Den store folktetalsveksten i regionen dei siste to åra har blitt redusert. Dette vil venteleg halde fram, og vil igjen føre til at presset på utbyggingsareal blir mindre. Det same gjeld presset på løn og konkurransen om kompetent arbeidskraft. Arbeidsløysa her til no gitt størst negative utslag for unge utan utdanning. For desse er det særleg vanskeleg å få ny jobb i dagens arbeidsmarknad.

Det positive er at Rogaland har vist evne til omstilling før og at både næringslivet og innbyggjarane har betydeleg innovasjonskraft. Reduksjon i petroleumsnæringa kan også føre til at interessa for, og aktiviteten i, primærnæringane tek seg opp.

Det er likevel viktig at denne regionen får særskild merksemd når det gjeld tiltak i tida framover. Det blir også viktig å følgje den økonomiske utviklinga i kommunesektoren, også sett i samanheng med kommunestrukturarbeidet.

Vi har til no ikkje merka nedgang i aktiviteten når det gjeld planarbeid i kommunane og i fylkeskommunen. Dette er positivt og Fylkesmannen støttar opp om planarbeidet, men det krev også at Fylkesmannen er i stand til å følgje opp planforslaga med dialog og innspel med viktige nasjonale og regionale interesser. Store, både pågåande og planlagde, samferdsleprosjekt i regionen medverkar sterkt her. Desse tiltaka vil gje fleire arbeidsplassar, men skaper gjerne konflikter, særleg når det gjeld bruk av areal. Fylkesmannen har mellom anna som oppgåve å sikre at jordvernomsyn, biologisk mangfald, forureining/massedisponering blir godt nok iveretekne, og at alle desse omsyna blir samordna med andre viktige omsyn, både nasjonale, regionale og lokale.

Vi vil i denne samanheng nemne at prosjektet for samordning av statlege motsegner, har vore svært nyttig for å gje innspel til planar innan tidsfrist, få presis bruk av motsegn og fagleg råd og grunngrønting og forankring av alle statsetatar sine sektorvise motsegner.

Prosjektet, som i realiteten inneber ei styrking av planarbeidet vårt, bør vidareførast, slik at vi er betre i stand til å støtte kommunane og fylkeskommunen i å realisere nasjonal bypolitikk i Rogaland.

Vi vil her i tillegg peike spesielt på framtidsutsikter for ivaretaking av biologisk mangfald og oppretthalding av økosystemtenester. Omlegging til NiN er krevjande og det må leggjast stor vekt på å få rask framdrift i kartlegging og implementering av nytt system. Me treng nye ressursar til å ivareta og omarbeide gamle naturdata til nytt system og ny bruk. Dette er eit sær viktig bidrag til effektive planprosessar for store infrastrukturprosjekt og mindre private eller offentlege utbyggingsforslag. Slik kartlegging er også viktig for særlovsbehandling i arealrelaterte lovverk slik som forureiningslov, jordlov og skoglov.

Vidare er det viktig for ivaretaking av biologisk mangfald at oppgjødsing av naturområde til gjødsla beite vert gjort søknadspliktig. Me etterlyser revisjon av gjødselvereforskrifta og ei avklaring av kva som er grensene for vanleg landbruksdrift ved sterkt forureina vassførekomstar med tanke på krav om løyve til utslepp.

For Fylkesmannen blir utfordringa først og fremst å kunne ivareta alle oppgåvene like godt, og å kunne prioritere mellom tunge og viktige gjeremål og tiltak. Risikovurderingane viser at dei viktigaste faktorane for å utføre samfunnsoppdraget er stabil bemanning, og nok kompetanse og stabil, og aller helst større, løyvingar. Fylkesmannen i Rogaland maktar heller ikkje i 2015 å løyse oppdraget fullt. Arlege kutt i budsjettet forverrar situasjonen, effektivisering vil ikkje kunne vege opp. Dessutan aukar behovet for annan finansiering, til dømes gjennom gebyrordningar. Vi viser her mellom anna til finansiering av forureiningstilsyn.

Det er ein flaskehals og tidstjuv for vidareutvikling av næringslivet og infrastruktur i Rogaland at vi ikkje har løyvingar som gjer at me kan handsame og følgje opp verksemdene og store utbyggjarar med forureinande prosjekt på ein måte som ikkje skaper ekstra tidsbruk. Gebyrsystemet bør utviklast som parallell til byggesak i kommunane slik at det dekkar både arbeid med løyver og tilsyn fullt ut. Dette er også i tråd med prinsippet om at forureinar skal betale. Alternativt må KMD/Miljødirektoratet styrkje grunnløyvinga til Fylkesmannen Rogaland.

Berekraftig storbyutvikling og samordning statlege motsegner

Fylkesmannen i dei fire storbyområda har fått ei midlertidig prosjektstyrking for å bidra til berekraftig og

samordna storbyplanlegging/utvikling. Dette har hatt uvurderleg stor betydning for prioritering av uttalar og medverknad i planar for by- og tettstadsutvikling hos Fylkesmannen i Rogaland. Før overlot me til fylkeskommunen å uttale seg i desse sakene; det førte over tid til at me mangla kompetanse på desse felte og at forhold innan beredskap, grønstruktur, klimatilpassing, bynært landbruk, gå- og sykkelstrategi, kollektivutvikling, universell utforming og omsyn til barn og unge ikkje vart gitt tilstrekkeleg tilbakemelding på frå regionalt nivå til kommunane. Me har no tatt ei ansvarleg og god rolle på dette feltet, også gjennom kurstilbod til kommunane og gjennom fylkesmannen personleg (med tett oppfølging av byprosjektleiaren vår) si deltaking som observatør i bymiljøavtalearbeidet i regia av vegvesenet.

Utfordringar framover grunna flyktningstraumen

Mottak av flyktningar og asylsøkjjarar gav Fylkesmannen betydeleg ekstraarbeid hausten 2015, og denne situasjonen vil krevje merksemd og tiltak både på kort og lang sikt. Nokre avdelingar hos Fylkesmannen må bruke meir ressursar enn no, t.d. til oppgåver knytte til busetjing, til opplæring for barn, unge og vaksne og til inkluderingsarbeid meir generelt.

Spesielt verjemål og rettshjelp kan, dersom tilstrøyminga av flyktningar held fram i 2016, få utfordringar med å handsame sakene vi vil få inn. Planlagte oppgåver med tilsyn og øvingar innafør samfunnsikkerheit og beredskap vil også bli prioritert ned om tilstrøyminga av flyktningar blir som sist haust.

Vi planlegg ein konferanse for kommunane i 2016, der busetting av mindreårige og meir om helsetilbodet til flyktningar (i samarbeid med Transkulturelt senter ved SUS), vil bli særskilde tema.

Samarbeidet med regionkontora til IMDI, Husbanken, UDI og Bufetat vil bli vidareutvikla i 2016.

Andre omstillingskrav, strukturprosjekt og tiltak vil også påverke Fylkesmannen sitt arbeid framover. Kommunereforma gir konkrete oppgåver i 2016, men reforma vil sjølv sagt også kunne påverke oppgåveløysinga vår i mange år framover, avhengig av kor store endringane blir. Dersom fleire kommunar i fylket slår seg saman, vil dette m.a. krevje nye planverk i dei nye kommunane, med alt det inneber av omfattande prosessar og prioriteringar. Dette vil truleg innebere behov for informasjon og rettleiing frå Fylkesmannen.

Elles vil arbeidsmarknadssituasjonen i fylket kunne påverke oppgåveløysinga vår på mange område, t.d. når det gjeld oppdrag knytte til kommuneøkonomi, til helse- og sosialtenester og til barnehage og opplæring.

Særskilt når det gjeld utdanning vil behandling i Stortinget denne våren om tilsyn med barnehagar og oppfølging av Djupedal-utvalet si utgreiing om skulemiljø, kunne få konkrete følgjer for oppdrag og bemanning. Elles vil vedtak om ny lærarutdanning kunne gi følgjer for skulen som etter kvart også påverkar oppgåveløysinga vår. Vi er særleg urolege for kompetansen på det spesialpedagogiske feltet og situasjonen for barn og unge med særlege behov, og etterlyser oppfølging av departementet si ekspertgruppe sitt arbeid her.

Fylkesmannen har i dialog med kommunane i fylket hatt merksemd på behov for tilstrekkeleg antall busetjingsplassar for å oppnå rask busetjing av flyktningar. Det har i 2015 vore faste møter mellom fylkesmannen og IMDI. Busetjing og integrering av flyktningar var og tema i Fylkesmannen og KS sitt årlege møte med rådmenn og ordførarar. Dei statlege etatane (IMDI, Bufetat, Husbanken, Fylkesmannen) laga og program til ein busetjings og integreringskonferanse som finn stad i januar 2016.

Fylkesmannen og Husbanken har i møte med kommunar som er ein del av samarbeidet om bustad for velferd og hatt merksemd på busetjing og integrering av flyktningar.

Kommunane i Rogaland har i stor grad kome i møte anmodningane frå IMDI om busetjing.

Tilbakemeldinga frå kommunane er at det er mest diskusjon kring busetjing av einslege mindreårige, særleg gruppa 15-18 år. Kommunane etterspør rettleiing i gode buformer og oppfølging.

I samband med handteringa av straumen av asylsøklarar har Fylkesmannen hatt eit samordningsansvar for handteringa av denne situasjonen i fylket generelt og spesielt i samband med å finne aktuelle lokalar for nye akuttmottak. Vi har i samarbeid med UDI vest, sivilforsvaret, politiet og Stavanger kommune delteke i arbeidet med å peike ut og bygge opp eit akuttmottak med plass til 1000 asylsøklarar på Forus.

Det er gjennomført 4 telefonmøte med kommunane i fylket der også regionkontora til UDI, IMDI og Bufetat også deltok. I tillegg har vi delteke i samordningsgruppa til kommunane på Nord-Jæren.

47.3 Introduksjonsordning for nyankomne innvandrere (introduksjonsloven)

Klagebehandling

Fylkesmannen har i 2015 behandla 9 klager frå 6 kommunar, mot 8 klager frå 6 kommunar i 2014. I seks saker vart det ikkje gitt medhald, ei sak fekk delvis medhald, i ei vart vedtaket oppheva og ei sak vart avvist. Saksforholda gjeld i hovudsak introduksjonslova §§ 2, 3, 5 og 7. Alle klagesakene vart behandla på mindre enn to

månader. Vi har ved fleire høve hatt kontakt med IMDi juridisk og med departementet når det har vore naudsynt for å få avklart rett lovforståing i klagesaker og tilsyn.

Rettleiing

Vi mottar spørsmål frå kommunar kvar veke med ønskje om informasjon og rettleiing. I april 2015 arrangerte Fylkesmannen regelverksamling om introduksjonslova for alle kommunane i fylket. Fylkesmannen er også fast deltakar og har innlegg om introduksjonslova når Fagleg forum for kommunalt flyktningarbeid (FFKF) i Rogaland har fylkesmøte ein gong i året. Etter vår vurdering er det markant behov i sektoren for rettleiing og tilsyn framover, og vi reknar med at det vil kome fleire klager.

Vi meiner måloppnåinga vår på dette resultatområdet er god.

47.4 Opplæring i norsk og samfunnskunnskap for voksne innvandrere og norskopplæring for asylsøkerere

Tildelinga for 2015 var delt i tre delar i samsvar med føringane for midla:

- Etterutdanningskurs 14.10.2015
- Lokale etterutdanningstiltak 2015
- Kurs i munnleg vurdering 2015

Ved gjennomføring av dei ulike kursa valde vi å rette nokre kurs særleg mot norsklærarar etter læreplan for norsk og samfunnskunnskap, nokre mot grunnskolelærarar for vaksne etter Kunnskapsløftet, og nokre var felles kurs for begge lærargruppene.

Etterutdanningskurset var eit felleskurs for begge lærargruppene og vart gjennomført i Haugesund med 172 deltakarar. Av desse var 117 norsklærarar, 40 var grunnskolelærarar og 15 var leiarar og andre. Det var såleis litt færre deltakarar enn i 2014, noko som mellom anna skuldast at eit av dei store vaksenopplæringssentra ikkje deltok. Tema i dette kurset var: "Vurdering for læring i praksis" og "Korleis jobbe med digital dugleik og digital dømekraft?" Evalueringa av kurset viser at deltakarane er godt nøgde med tema på kurset. Kurstema vart gjennomført i parallelle sesjonar slik at dei to lærargruppene kunne velje det som passa dei best.

Dei lokale etterutdanningstiltaka vart gjennomførte av dei ulike vaksenopplæringseiningane etter avtale med og tildeling av midlar frå Fylkesmannen. På kursa var følgjande tema tatt opp: Munnleg opplæring og samarbeidslæring, Lesing i alle fag, Frå B1 til B2 med rask progresjon og Omsorgstrøytleik og grenser for profesjonsutøving. Det deltok i alt 191 lærarar på dei ulike kursa.

Kurs i munnleg vurdering vart gjennomført for andre året i samband med innføring av digitale prøver, og skulle etter tildelinga rettast inn mot nivå B1 og B2. Vaksenopplæringseiningane i Stavanger, Karmøy og Haugesund hadde i alt 8 heile eller halve kursdagar for norsklærarar med i alt 167 deltakarar. Tilbakemelding tyder på at både kursa og gjennomføringa av dei nye digitale prøvene har gått greitt.

I Rogaland har vi i 2015 hatt i alt 530 lærarar på kurs, og 358 av desse deltok på kurs som vart gjennomførte av vaksenopplæringa i kommunane. Vi ser det som særst viktig at lærarane får tilbod om kurs som dei opplever relevante for kvardagen sin, og Fylkesmannen meiner derfor det er viktig med eit godt samarbeid med vaksenopplæringseiningane og Vox. Samarbeidet i Rogaland er godt, og dette har ført til at lærarane både prioriterer å delta i kursa, og at dei stort sett er fornøgde med dei kurstema vi har tatt opp.

Arbeidet med dette området er omfattande og inneber både planlegging, gjennomføring og evaluering av kurs til dei to lærargruppene. I tillegg må vi halde kontroll med at dei tildelte midla vert brukte til rett føremål. Vi har brukt 15 arbeidsdagar til dette arbeidsområdet i 2015, mot 33 arbeidsdagar i 2014. Reduksjonen skuldast både godt samarbeid og at vaksenopplæringseiningane i 2015 sjølve har gjennomført fleire av kursa etter avtale med Fylkesmannen.

Vi meiner at resultatoppnåinga på dette området er både effektiv og god.

47.5 Tilsyn med kommunenes gjennomføring av introduksjonsloven

Om tilsyn, tilsynsobjekt og tilsynstema

Oppdraget for 2015 inneber, som for 2014, at Fylkesmannen skal føre tilsyn med om kommunane tilbyr heilårleg og fulltids introduksjonsprogram. Tilsynstemaet er fastsett sentralt, og tilsynsobjekta er valde etter ei risikovurdering. Tilsynet med Hjelmeland og Randaberg kommune vart gjennomført mellom oktober og desember, og førebels tilsynsrapportar er sende ut til kommunane no i februar 2016. Det er gitt varsel om pålegg i begge tilsyna.

Tilsyn med Gjesdal og Sola kommune i 2014 vart på grunn av den store endringa av fulltidskravet etter introduksjonslova § 4, forseinka. På grunn av dette gav vi kommunane frist til januar 2016 for å rette lovbrota som vart avdekte i tilsynet. Pr dato ser det ut til at avslutting av desse tilsyna ikkje kan gjerast før etter innhenting av meir dokumentasjon og ev rettleiing.

Våren 2016 skal vi føre pilottilsyn med kommunane Eigersund og Sandnes. Tilsynstemaet er om deltakarar i introduksjonsprogram har ein individuell plan i samsvar med introduksjonslova § 6 og § 19 første ledd.

Vi meiner måloppnåinga vår på dette resultatområdet er god.

Resultatområde 48 Fremme likestilling og motvirke diskriminering

Barnehage og utdanning

Det felles nasjonale tilsynet i grunnopplæringa som starta i 2014, er retta mot elevane sitt utbytte av opplæringa. Felles del av tilsynet gjeld alle elevane, men det som er kalla forvaltningsdelen i tilsynet undersøker om elevar med ulike behov, t.d. spesialundervisning, særskilt språkopplæring, teiknspråk- og punktskriftopplæring, får det dei har rett på. På denne måten blir også forhold som kan ha med diskriminering å gjere, omfatta av tilsynet. Det blir også gjennomført samtalar med elevar og/eller brukt spørjeskjema, og både jenter og gutar er med i utvalet.

Vi har god tilgang til statistikk om læringsmiljø og læringsresultat til gutar og jenter i grunnopplæringa. Denne statistikken brukar vi m.a. som ein viktig del av risikovurderinga vår for å velgje ut skoleeigarar som skal få tilsyn. Vi brukar også slik informasjon i førebuinga til besøk i alle kommunane i fylket i samband med kommunereforma no i januar og februar. Her deltar heiloe leiargruppa til fylkesmannen, og vi møter toppleiinga politisk og administrativt i kvar kommune.

Også gjennom klagebehandling på desse områda medverkar vi til at rettstryggleiken til grupper som treng ekstra oppfølging for å vere deltakarar i samfunnet, blir ivarett.

Det same gjeld for oppgåvene våre knytte til introduksjonslova. Tilsyn etter introduksjonslova medverkar til at deltakarane får opplæring i verdiar og haldningar som gjeld alle former for diskriminering.

BLD sin definisjon i handlingsplanen *Likestilling 2014, Mål 2* Likestilling for framtida, er såleis indirekte tema i tilsynsarbeidet vårt og i klagebehandlinga vår.

På barnehageområdet fekk Fylkesmannen i 2014 tildelt kr 3 807 000 i kompetansemidlar, og 205 000 var øyremerkte midlar over kap 231 post 21 for å arbeide med oppfølging av Likestilling 2014- regjeringa sin handlingsplan for likestilling mellom kjønna. 24 barnehagar starta opp med prosjektet "Leikeressurs i barnehagen", og fleire av barnehagane har rapportert at dei held fram med prosjektet sjølv om Fylkesmannen ikkje tildeler midlar. Fylkesmannen har avslutta prosjektet, sendt ut ei spørjeundersøking og utarbeidd ein enkel rapport.

Fylkesmannen har i 2015 samarbeidd med ein mastergradsstudent frå UiS som har sett på tiltaket «Leikeressurs i barnehagen» og kva dette kan bety for gutane sine val vidare i livet. Fylkesmannen har i møte med studenten gitt informasjon om prosjektet og midlar til ein studietur der han intervjuar andre barnehagar som har gutar som leikeressurs i barnehagane. Resultata vil bli brukte vidare på samling med nettverka på barnehageområdet.

Samarbeidet i GLØD-partnarskapen som vart starta i 2013, heldt fram ut juli 2015. Målet med GLØD er å sikre god kompetanse i barnehagen, og fleire menn i barnehagen var eit av delmåla i strategi-og handlingsplanen. Jennie Furulund frå Lillehammer kommune deltok på eit partnarskapmøte i april 2015 der ho orienterte om ein ny modell for elevar i vidaregåande opplæring, "Prøv eit yrke i 40 timar!"

Informasjonsmøte for kommunane 24 juni 2015 om kommunelova sine reglar om konstituering av nytt kommunestyre, val av formannskap og faste utval m.m.

Fylkesmannen inviterte til informasjonsmøte for kommunane 24 juni 2015 om kommunelova sine reglar om

konstituering av nytt kommunestyre, val av formannskap og faste utval m.m. **Det blei særleg lagt vekt på reglane om kjønnskvolering.** Det var 34 deltakare frå 20 kommunar med på møtet.

Ressursrapportering

Resultatområde	Kapittel 0525	Fagdep.
41 Tilsyn og klagebehandling etter barnevernloven	kr 2 572 595,85	kr 634 503,13
42 Familierett	kr 1 176 429,36	kr 0,00
43.1 Tilsyn med kommunale krisesentertiltak	kr 0,00	kr 0,00
43.9 Andre krisetiltak	kr 0,00	kr 0,00
44 Tilsyn med familievernkantor	kr 0,00	kr 0,00
45 Barnevern	kr 153 692,16	kr 778 468,97
47 Integrering av innvandrere	kr 689 174,66	kr 0,00
47.5 Tilsyn med introduksjonsloven	kr 249 148,40	kr 0,00
Andre oppgaver under BLD	kr 0,00	kr 0,00
Sum:	kr 4 841 040,00	kr 1 412 972,00

Helse- og omsorgsdepartementet

Resultatområde 76 Samhandling, kvalitet og helseberdskap

Sjå punkta under

76.1 Samarbeid mellom kommune- og spesialisthelsetjenesten

Arbeidet med samhandlingsreforma hos Fylkesmannen i Rogaland har vore organisert som eit regionalt prosjekt, der dei tre embeta i vest ved fylkeslegane har vore styringsgruppe.

Prosjektet starta ved tilsetting av koordinator for samhandlingsreforma frå 1.januar 2012. Viser til prosjektmandat og prosjektbeskriving for detaljert omtale av prosjektet sin innretting og målsetningar. Prosjektet er avsluttet i 2015, og det forelegg en sluttrapport av 23.12.15 "Samhandlingsreforma og vegen vidare".

Prosjektet dekker 3 fylker med til saman 85 kommunar, 4 helseføretak, 2 universitet, 3 høgskular og ei rad private ideelle aktørar. I tillegg kjem ulike samarbeidsprosjekt, brukarorganisasjonar og tilsette sine organisasjonar. Koordinator har kontorstad i Bergen, men har ved ein rekke anledningar vore til stades ved ulike møter og arrangement i alle tre fylka. I samråd med styringsgruppa har oppgåvene vorte innretta noko ulikt i dei tre fylka. Hovudvekt i har vore på deltaking på felles arrangement for kommunane og helseføretaka, samtalar med prosjektleiingar for interkommunale samarbeid knytt til samhandlingsreforma, samtalar med einskildkommunar og undervisning.

I tillegg til det regionale fokuset deltek koordinator/prosjektleiingar og i nasjonalt nettverk for samhandlingsreforma på jamlege møter (8 gonger år). Som ein del av engasjementet i det nasjonale nettverket bidreg koordinator i rapporteringa til departementet frå nettverket. Det utarbeidast rapport kvar veke med samanstilling av dei viktigaste nyhende frå massemedia og frå aktørane i reforma i dei tre Vestlandsfylka.

Jamlege møter i dei fylkesvise arbeidsgruppene, styringsgruppa, og jamvel eit fellesmøte med alle gruppene har vore viktige arenaer for diskusjon av framdrift i reforma, men og for organisering av arbeid i regionen, konkrete oppgaver og som kopling til det nasjonale nivået.

Dei tre Vestlandsfylka samsvarar med utbreiinga til det regionale helseforetaket. KS Vest og RHFet har inngått intensjonsavtale knytt til samhandlingsreforma. Fylkesmannen er invitert inn i dette samarbeidet. FL Hordaland (kontaktfylkeslege for RHF) og koordinator deltek på desse møta. Direktør for KS-Vest, og direktør for RHF representerer dei to aktørane i møtet. Det har vore arrangert to møter i dette samarbeidet i 2014. Jamfør avtalen mellom KS og RHF er eit av møta utvida til å omfatte sjukehusdirektørar, samhandlingssjefar, fylkes-/fylkesstyreleiarar frå KS og dei tre fylkeslegane. Alle føretaksområda har organisert konferansar knytt til samhandling i 2014. For Helse Stavanger og Helse Fonna har desse møta vore lagt opp som del av regelmessige toppleiarsamlingar.

I sluttrapport av 23.12.15 blir det gitt følgjande oppsummering:

Fylkesmennene ser at helseforetaka og mange kommunar har fått til å omsetje intensjonar i samhandlingsreforma til praktisk handling når det gjeld koordinering av kommunale tenester og samhandling med spesialisthelsetenesta. På den andre sida er det og fleire som har eit stykke att, både med tanke på samhandling og samordning, og med naudsynt breidde i tenestetilbodet. Fleire kommunar peiker på mangel på ressursar og fagfolk som viktige årsaker til manglar i tilbodet.

Det siste året har Regjeringa lagt fram fleire nye stortingsmeldingar, mellom anna folkehelsemeldinga, primærhelsemeldinga, legemiddelmeldinga og nasjonal helse- og sjukehusplan. For å bidra til å realisere ideen om pasientens helseteneste skal brukarmedverknaden styrkast og tenestene koordinerast betre. Når samhandlingsreforma no går ut av innføringsperioden og over i ei driftsfase, blir måla ført vidare i dei nye meldingane.

Samhandlingsreforma skulle vere ei retningsreform med kommunane som sentrale aktørar. Meir vekt på tidleg innsats og tiltak som på sikt kunne redusere behovet for spesialisthelsetenester. Nokre endringar er det mogleg å sjå alt no. Samarbeidet mellom dei to nivåa har blitt betre og er i eit godt

spor. Effekten av større vekt på folkehelse i samfunnsplanlegginga og andre folkehelseiltak og mindre forbruk av spesialisthelsetenester vil det ta mange år før vi ser. Fleire av styringsgrepa krev større omstilling, kulturendring og til dels lang verketid. Innsatsen i dei fire første åra av reforma har gitt oss viktige erfaringar og lagt grunnlag for samhandling, samarbeid og endringar som er nødvendige for å oppretthalde velferdssamfunnet, skape ei berekraftig samfunnsutvikling og møte dei demografiske endringane vi står framfor.

76.2 Kvalitetsforbedring i helse og omsorgstjenesten

Begge Utviklingssentra for sykehjem og heimetenesten i fylket har vore ansvarleg for læringsnettverk for legemiddelgjennomgang. FM har delteke på avslutningsmøte i nettverket i nordfylket. Kommunene rapporterer om stor nytte ved å delta. Bjørgene USHT vil fortsette med et læringsnettverk for legemiddelgjennomgang på grunn av særskilt bestilling frå Karmøy. I sør vil det ikke bli arrangert flere læringsnettverk for legemiddelgjennomgang i år, men de vil delta på en pilot med ernæring.

76.3 Felles digitalt nødnett

Nødnettet har blitt rulla ut i Rogaland. Det har vore nokre utfordringar knytt til AMK Helse Fonna, Haugesund, men desse ble løyst i et samarbeid mellom Helseforetaket og Direktoratet for nødkommunikasjon. Ellers er nødnettet teken i bruk

76.4 Helseberedskap og smittevern

Utfordringar var knytt til flyktningesituasjonen høsten 2015. Det blei avholdt faste telefonmøter med kommunane, helseforetaka, direktorata og andre statlege aktørar. Nokre kommuner opplevde utfordringar med oppbemanning av helsepersonell ved etablering av akuttmottak. FM har bistått med råd til kommunane, og kontakt mot Helsedirektoratet. FM har også rådgitt Tannhelse Rogaland KF om myndighetskrav og ytelse av tannhelsetjenester.

Ut over dette har vi hatt kontakt og gitt råd til kommuneoverlegene og behandling av utbrudd av smittsomme sykdommer.

Fylkeslegen har deltatt i faste møter med den kollektive redningsledelsen og vore kobla inn i samband med søk og redningsaksjonar.

Det blei arrangert ein smittevernkonferanse i samarbeid med FHI og HDir.

FMRO representerer fra 2015 Fylkesmennene i Pandemi- og epidemikomiteen.

Ellers hadde vi ein del aktivitet knytt til MRSA – utbrudd i landbruket: Vi samarbeida med Mattilsynet og rådgitt kommunar, smittevernlegar og landbruksmyndigheiter. Rogaland er eit svært husdyrtett fylke med store utfordringer/smittepress mellom husdyrbestander og befolkningar. Bønder opplever utfordringer når det gjeld mulighet for MRSA-testing etter utanlandsreise og ved mogeleg smitte frå husdyrbestand.

76.5 Personell og kompetanse

Personell i HO tenesta: Ein del kommunar slit med å rekruttere kompetent personell. Det er særleg sjukeplaiere som er ei utfordring, og da særleg i små stillingar. Like viktig som rekrutteringsutfordringane, er dei økonomiske utfordringane. Mange kommunar rapporterer at dei må nedbemanne i tenestene. Fleie fokuserer difor på kvardagsrehabilitering som ein måte å løyse utfordringane på. Utsegna finn me førebels i liten grad igjen i tilgjengeleg statistikk. Kostratal frå 2013-2014 viser ei auke i årsverk på 2,3 samla i fylket. Dette er 1% meir enn i landet forøvrig. 6 av 26 kommunar har redusert antall årsverk i omsorgstenesta frå 2013 - 14. Dei grunnjev endringa med omorganiseringar. Det har vore ei jevn auke i andel med helsefagutdanning og fylket ligg her samla sett 2% over landsgjennomsnitt. Utsegna og dei særskilde økonomiske utfordringane som særleg vestlandet og Stavangerregionen har pga stor arbeidsløyse, gjer grunn til å følgje med på utviklinga.

Rehabilitering: Fylkesmannen i Rogaland har saman med dei andre fylkesmennene i region vest gjennomført ei kartlegging av rehabiliteringstilbodet i kommunane. 8 av 26 kommunar rapporterer at dei ikkje kan gje god nok rehabilitering til dei som treng det, fordi dei manglar tilgang på kompetent personell. Ergoterapeut, men og fysioterapeut blir nemnd, Fleire manglar kommunepsykolog (8) og 3 kommunar rapporterer at dei manglar logoped Syns- og hørselspedagog manglar i 9 kommunar. 10 av 26 kommunar rapporterer at dei ikkje har tilstrekkeleg kapasitet til å gje eit individuelt tilpassa habiliterings- rehabiliteringsforløp.

Universitet i Stavanger har prøvd å gje tilbod om desentralisert sjukepleiarutdanning. Det var lita interesse for dette og ordninga er no avvikla. Det kan nok mellom anna skuldast relativt korte avstandar i fylket.

Fylkesmannen i Rogaland gjennomførte i fjor fleie tiltak for å spreie informasjon om nytt kompetanse og innovasjonstilskot. Tilskotet vart presentert på alle tilgjengelege arenaer; konferanse, leiarnettverk, for studentar, nettverk for velferdsteknologi. 23 av 26 kommunar har søkt om tilskot til kompetansetiltak.

Det har vore stor interesse for ny leiarutdanning ved BI. Fleire kommunar har uttrykt ønskje om å sende sine leiarar på utdanninga.

FM-ro har gitt tilkot til USHT Bjørgene for at dei saman med Haugesund kommune kunne gjennomføre eit miniprojekt retta mot utenlandske sjukepleiar i sjukeheim. Erfaringa er at sjølv om dei har autorisasjon, så er det vanskelg å halde på dei. Kan ein gjennom veiledning auke deira kompetanse og betre integreringa?. Det er skreve ei eiga rapport frå prosjektet og det kan være grunn til å fokusere særskilt på problematikken. Rapporten syner at veiledninga var sær viktig mao mtp å forstå av norsk regelverk,

76.6 Rettssikkerhetsarbeid

Lov om pasient- og brukarrettar kapittel 4A

Fylkesmannen i Rogaland fekk i 2015 inn totalt 240 vedtak om bruk av tvang etter lov om pasient- og brukarrettar kapittel 4A. Dette er ei vesentleg auking frå 2015, kor vi fekk inn 206 vedtak.

Embetet har i følgje Nestor behandla 233 vedtak i 2015. Saksbehandlingstida er 0,4 månader for 1. gjennomgang av innkomne vedtak og 4 månadar for 2. gjennomgang (etterkontroll) av vedtak.

Vi har svært lite resursar på embetet (0,95 årsverk) til å ivareta våre oppgåver på saksfeltet. Gjennomgang/saksbehandling av vedtak blir prioriter framføre andre oppgåver. Vi har per i dag ikkje resursar til å sørge for tilstrekkelig opplæring og tilsyn på området. Det er framleis grunn til å tro at en del tiltak ikkje blir rapportert. Ein del verksemdar sender framleis ikkje inn vedtak. Manglande kapasitet gjer at vi ikkje kan følgje dette opp.

- 27. -28.01 Erfaringssamling for Fylkesmennene, Helsedirektoratet

Vi har hatt følgende eigeninitierte kurs/opplæringsaktivitet:

- 16.09. Konferanse om tvang "Helsehjelp når ein treng det, men ikkje skjønar det sjølv", Fylkesmannen i samarbeid med KS, SESAM, SuS, Stavanger USHT og Bjørgene USHT

Helse- og omsorgstenestelova kap 9

-

I hele 2015 vert det registrert inn om lag 230 vedtak med heimel i helse- og omsorgstenestelova kap 9, og Fylkesmannen overprøvde til saman 171 av desse. Det har vore ei stor auke i antalet sakar samanlikna med tidlegare år. På grunn av ressursituasjonen på dette feltet, makta vi berre å handsama 31% innan tre månadarsfristen. Dei 2 siste månadene i 2015 fekk vi inn ein ekstraressurs som førte til at sakshandsaminga gjekk raskare siste del av året.

Det blei registrert ca 8500 einskildmeldingar om skadeavverging heimla i § 9-5 tredje ledd bokstav a. Her skil Rogaland seg ut, sidan vi i mange år har hatt ein praksis med også å registrera tvang i omsorgstiltak som det ikkje er vedtak på. Over 90% av einskildmeldingane er skrivne i form av protokollar, sidan det er eit opphald mellom to vedtaksperiodar.

I 2015 gjennomførte Fylkesmannen 12 stadlege tilsyn ovafor kommunar / einskildpersonar der det var eit kap 9-vedtak. Den private part får alltid tilbod om ein samtale når vi har slike tilsyn, men det er i dei færreste sakar slikt tilbod vert nytta. Eitt overprøvd kap 9-vedtak blei klaga inn til Fylkesnemnda for sosiale sakar og barnevern, og her fekk Fylkesmannen medhald. Eitt vedtak blei klaga inn til Fylkesnemnda av tenestemottakaren sjølv, men dette blei trekt før det blei handsama i nemnda.

På grunn av ressursituasjonen har vi ikkje gjennomført kap 9-kurs i kommunane i 2015. Vi har heller ikkje hatt kurs ovafor kommunane i samband med det nye rundskrivet som kom i 2015. Telefonkontakt med kommunane gjev signal om at det er eit stort behov for opplæring. Funn i stadlege tilsyn stadfester dette.

Fylkesmannen har vore med på to landssamlinger for embeta i regi av Helsedirektoratet og Helsetilsynet med fokus på kap 9.

Resultatområde 77 Andre oppdrag

Sjå punkta under.

Prioritering har i 2015 vore i samsvar med oppdraget.

77.1 Fritak for forvaltningsmessig taushetsplikt

Sjå også rapp pkt 45.2.

Fylkesmannen gjev ein fellesrapport for alle sakane om fritak for teiepliktplikt. Det sorterast ikkje mellom kva departement sakane sorterer under.

Fylkesmannen behandla totalt 53 saker om fritak frå forvaltningsmessig teieplikt i 2015.

Mange av sakene har kome inn same veke som saka skal opp for retten, ofte same dag som fritaket er nødvendig. Dette skuldast som oftast at søker ikkje er merksam på at det er behov for fritak for teieplikt i saka, eller at det er gløymt å søkje om fritak. Vidare er det stadig mange søkjarar som er svært usikre på kva som skal stå i ein søknad om fritak for teieplikt. Hovuddelen av Fylkesmannens assistanse på dette saksfeltet består av saksbehandling og rettleiing til advokatar eller vanlege personar over telefon om lovene og søknadsprosessen.

Fritak for forvaltningsmessig taushetsplikt

Embeter	Antall saker	Gjennomsnittelig saksbehandlingstid
FMRO	53	7
Sum	53	

77.2 Særfradrag

Særfradrag for utgifter til behandling utenfor den offentlige helsetjenesten. Antall saker og gjennomsnittlig saksbehandlingstid.

Embeter	Antall saker	Gjennomsnittelig saksbehandlingstid
FMRO	0	0
Sum	0	

77.3 Førerkortsaker

Fylkesmannen i Rogaland har motteke 1567 søknader om dispensasjon i 2014 (av totalt 2910 henvendelser innen førerkortfeltet). I saksgongen er det 5522 inkomne brev og 5353 utgåande brev. Gjennomsnittlig saksbehandlingstid er ca. 3 veker.

Vedtak om oppfylte helsekrav 263 (2014: 226)

Vedtak om vanleg dispensasjon 1235 (2014: 837)

Vedtak om avslag på søknad om dispensasjon 292 (2014: 333)

Oppmoding om inndraging av førarkort 946 (2014: 473)

Andre aktivitetar:

Rettleiing av helseforetak, helsepersonell og søkarar på telefon.

Det er ei stor utfordring for avdelinga at frist for anna ordning for førerkort stadig endrar seg og at vi får melding om dette seint. Det gjer at langsiktig planlegging for utnyttig av personellressursar på helse og omsorgsområdet er krevjanda.

Førerkort. Antall saker og gjennomsnittlig saksbehandlingstid

Embeter	Antall saker	Gjennomsnittelig saksbehandlingstid
FMRO	2910	3
Sum	2910	

77.4 Pasientjournaler

Fylkesmannen har i 2015 gitt rettleiing til verksemder som har hatt spørsmål om avhending av journalarkiv etter opphør. Fylkesmannen har teke i mot 3 journalarkiv til arkivering.

Dei tre journalarkiva som me tok i mot i 2015 har ført til ein del ekstraarbeid med innsyn/kopi av pasientjournalar.

Pasientjournaler. Antall saker.

Embeter	Antall
FMRO	3
Sum	3

77.5 Petroleum - Rogaland

Helsedirektoratet har i brev av 02.10.2013 bede Fylkesmannen i Rogaland om å utarbeide ein særskilt årlig rapport til Helsedirektoratet innan 15. februar. Rapporten følgjer malen som Helsedirektoratet har godkjent. Vi viser derfor til rapporten som er sendt til Helsedirektoratet.

Resultatområde 83 Folkehelsearbeid

se under

83.1 Folkehelsearbeid generelt

Samarbeid med fylkeskommunen

Samarbeidsavtalen med fylkeskommunen held fram og samarbeidet utviklar seg positivt med ei klarare forståing av våre ulike rollar og oppgåver i folkehelsearbeidet.

I våre halvårlege «direktørmøter» vert implementeringsstrategiar for folkehelsearbeidet drøfta og tiltak koordinert. Det vert og samarbeida om utgiving av fylkeskommunens nyheitsblad som kjem ut fire gonger i året og distribuert til alle kommunane og andre partnarar i folkehelsearbeidet. Fylkesmannen bidrar med artiklar om nasjonal politikk og prioriterte satsingar frå sentrale myndigheiter.

Fylkesmannen har og deltatt aktivt i fylkeskommunen sitt arbeid med å arrangere nettverkssamlingar for deira partnerskap for folkehelsearbeid i fylket. Det vart halde fire regionale samlingar og ein fellessamling. I dei regionale samlingane som me har delteke på har me mellom anna informert om folkehelselova og krav til oversiktsarbeid.

Systematisk folkehelsearbeid, -kunnskapsgrunnlaget og planarbeidet

Også i 2015 har det vært eit stort fokus på kommunane sitt planarbeid. Me ga uttale til 10 kommuneplanar. Folkehelse tema vart vurdert i planane. Fortsatt er kvaliteten på planane svært varierende når det gjeld folkehelse tema. Folkehelse blir som regel nemnd, men skjeldan i ein systematisk, kunnskapsbasert og tverrfagleg samanheng. Det faglege innhaldet i folkehelsearbeidet vert i for liten grad spegla i planane. Folkehelse omtalast meir i ei folkeleg tyding av ordet og gjerne knytt til allmenne aktivitetstiltak. Ei berekraftig samfunnsutvikling føreset at folkehelseutfordringane er kjende og at dei blir møtt med kunnskapsbaserte og langsiktige tiltak noko som planleggjarane dessverre i liten grad vektlegg i kommuneplanarbeidet. Kommuneplanen vert i for liten grad nytta som arena for samordning av tverrfaglege tiltak og underliggjande planar. Dermed vert det og vanskeleg å få til samordna innsats på tvers av sektorar som kan bidra til å styrka helsa hos innbyggjarane.

Det systematiske, kunnskapsbaserte og langsiktige folkehelsearbeidet manglar framleis naudsynt forståing og forankring hos dei som arbeidar med plan og utvikling i kommunen.

Det er ei stor utfordring for folkehelsearbeidet at kommunalt planarbeid, generelt, først og fremst har si merksemd på areal- og transportlegging. Etter vår erfaring er det slik at kommuneplanen sin samfunnsdel er lågt prioritert og vert oppfatta som mindre forpliktande og viktig. Ei større vekt på, og høgare prioritering av kommuneplanen sin samfunnsdel må til for å kunne fremje det systematiske og langsiktige folkehelsearbeid. Derfor bør også sentrale myndigheiter (Helsedirektoratet, Miljødirektoratet og ev. andre som har føringar til planarbeidet) vera endå klarare og koordinerte i sine forventningar til embeta, kommunane og fylkeskommunane sitt arbeid med kommuneplanens samfunnsdel.

Eigenmeldingstilsyn 2015 synte at dei fleste kommunane i fylket ikkje var komne i gong med det løypande oversiktsarbeidet. Dermed manglar dei den grunnleggande føresetnaden for det systematiske folkehelsearbeidet. Folkehelseiltaka i kommunane vert i for liten grad knytt til kunnskap om faktorar som påverkar helsa positivt og negativt.

I forbindelse med sjølvmeldingstilsynet arrangerte vi fire halv-dags fellessamlingar; oppstartsmøte og oppsummeringsmøte i både nord- og sør-fylket. Kommunane var til stade med rådmannen eller annan frå leiargruppa. I samlingane vart det satt av god tid til grundig gjennomgang av myndigheitskrava til kommunane sitt løypande oversiktsarbeid; - forankring til leiing og plan, oversiktsdokument og samanheng til kommunal planlegging etter plan- og bygingslova m.v.

Eit uttalt målsetting for tilsynet er at alle kommunane i fylket innan 1. april skal ha eit organisert løypande oversiktsarbeid og at dette er knytt opp til arbeidet som skal gjerast med planstrategien

Anna

Skulane si elevdeltaking i **Fri-programmet** er dessverre redusert. Per 31.12 er berre 44% av ungdomskuleelevane påmeldt. I nettverkssamlingar for kommunane sine folkehelsemedarbeidarar og på avdelinga sin nettstad vert det jamleg informert om FRI og samstundes vert dei oppmoda til å få programmet inn som eit tiltak i kommunane sine overordna planar for å styrke folkehelsa. Det vert og jamleg informert om programmet i fylkeskommunen sine kvartalsvise nyheitsbrev for folkehelsearbeid. Utdanningsavdelinga vår har også informert aktivt om programmet i deira møte med skuleleiarar og skuleeigarar i fylket.

Alkoholova

I 2015 mottok Fylkesmannen 4 klagesaker etter alkoholoven og 2 av desse blei ferdigbehandla. Vidare har vi behandla eit krav om dekning av sakskostnader i klagesak etter alkoholova. Vi merkar eit generelt behov for rettleiing om alkoholova frå kommunar og næringa.

Vi har også behandla 2 søknader om utviding av skjenkeareal for eksisterande skjenkeløyve for befallsmesse.

Arbeidet med alkoholovsnettverket for folkehelse, kriminalitetsforebygging og ansvarleg alkoholhandtering har vore eit viktig kompetansehevande tiltak i 2015. I nettverket har vi ei styringsgruppe og ei ressursgruppe som diskuterar relevante tema og planlegg ei årleg nettverkskonferanse. I november 2015 arrangert vi ei nettverkskonferanse for skjenkenæringa, politiet og kommunane med over 130 deltakarar, om lag halvparten frå skjenkenæringa. Årets hovedtema knytta seg til korleis ein kan unngå overskjenking. Slik vi vurderar det har møtene og nettverkskonferansen bidratt til økt rolleforståing og kunnskap om alkoholoven hos aktørane.

83.2 Barn og unge: forebygging, oppfølging og behandling

Fylkesmannen har oversikt over kommunane i fylket som i tråd med regjeringa si særlege satsing har tilsett psykolog i kommunen. Informasjon om ordninga er gitt i møte med kommunane og i konferanse der det vart orientert om tilskot kommunane kan søkje på. Det er etablert eit nettverk av kommunepsykologar i regi av NAPHA, kor fylkesmannen og er koplå på.

Det vart i 2015 betalt ut vel 11 000 000 til kommunane via tilskotsordninga til vaksne med langvarige og samansette behov for tenester og barn og unge med samansette behov for hjelp. Tiltaka til barn og unge hadde tverrfagleg samarbeid om utsette barn og unge som føremål.

Resultatområde 84 Kommunale helse- og omsorgstjenester

SE rapportering på områdene under

84.1 Allmenhelsetjenesten

Allmenhelsetjenesta har vore tema i møte med fleire kommunar. Aktuelle lover og forskrifter har vore tema i møte med kommunane.

Vi har gjennomført besøk i kommunar som har etablert KAD-senger. Kommunale- øyeblikkelig hjelp senger er nå etablert i dei fleste kommunane i Rogaland (jfr. lovkravet om å vere i sving fra 2016). Nokre kommunar strever med å organisere ordninga og få denne i gang, dette gjeld særleg små kommunar.

Ingen kommunar har hatt behov for å søke mellombels dispensasjon frå fastlegeordninga.

Fylkesmannen har organisert eigne nettverk for kommuneoverlegar og for fengselshelsetjenesta. Nettverket for kommuneoverleger er nå arrangert av avdeling for miljørettet helsevern I Brann og redning, og Fylkesmannen medvirker inn i nettverket.

Vidare har FM hatt ei særskilt satsing i Eigersund kommune for å få redusert forskrivning av vanedannende medisiner. I dette inngår forskrivningstilsyn mot fastleger i kommunen.

FM har gjennom smittevernkonferansen i 2014 arbeidet for å forebygge antibiotikaresistens.

Av særlege utfordringer for kommunane, kan det nevnt at perifere kommunar slit med rekruttering av helsepersonell, og da særleg legar. Det har og vore utfordringar med rekruttering av turnuslegar etter nytt søknadssystem, eksempelvis til Suldal kommune.

Vidare ser vi at samspillet mellom fastlegar og den øvrige kommunehelsetjenesten kan bli betre.

84.2 Helsetjenesten til innsatte i fengsel

Fylkesmannen har i samarbeid med tilsett i fengselshelsetjenesta og tannhelsetjenesta gjennomført nettverk for fengselshelsetjenesta. Tema var kronisk suicidale i fengsel, inkomstsamtale, lækjemiddelhandtering, nedtrapping av B-preparat og tannhelsetjenester. Helsepersonell frå alle Rogalands fengslar deltok i nettverket.

Det er gjennomførte samarbeidsmøte mellom Helse Vest, Kriminalomsorgen og Fylkesmannen. Ein har i fellesskap arrangert «En annleis fagdag: rus- og psykisk helse - levevanar og samanhengar». Tema for fagdagen var tannhelse, kosthald, fysisk aktivitet og somatiske helseproblem.

Tilsette i fengselshelsetjenesta blir invitert til andre fagsamlingar på lik linje med øvrig helsetjeneste.

Nedtrapping av vanedannande medikament i fengsel har vore fokus i nettverket dei to siste åra. Helsetjenesta meiner dei forhold seg til retningslinja, men understrekar at den ikkje er tilpassa forholda i fengsel og byr på fleire utfordringar i forhold til sal og byta av vanedannande medikament blant dei innsette. Det har vore dialog mellom fylkeslegen og to av fengsla i fylket om individuell vurdering og gode regimer for nedtrapping.

Eitt fengsel har tannlegekontor og tannlege tilgjengeleg i fengslet si helseavdeling. Det ser ut som om ei slik ordning gir betre utnytting av knappe ressursar til ei pasientgruppe som har omfattande behov for tannhelsetjenester.

Det blir rapportert om vanskar med å få innsette framstilt for helsetjenester utanfor fengsel. Fengselshelsetjenesta er uroleg for at dette kan føra til at innsette ikkje får nødvendig helsehjelp frå spesialisthelsetjenesta.

Det er gjennomført tilsyn med fengselshelsetjenesta i to av fengsla i fylket i 2015, og dei to andre vil få tilsyn i 2016.

84.3 Helse- og omsorgstjenester i et flerkulturelt samfunn

Før flyktningsstrømmen tok FM opp i møte med helseleiarane i fylket om det var særskilde utfordringar i høve til dette området. Ingen rapporterte om slike utfordringar

FM har gitt innovasjonstilskot til ein kommune, Randaberg, som har satt i gang eit prosjekt " Samhandling og kvalitetssikring for en bedret migrasjonshelse og omsorgstjeneste" Prosjektet er ikkje avslutta.

Me har også gitt tilskot til USHT Fonna, som saman med Haugesund kommune, har hatt eit lite prosjekt for å veildede sjukeplaiarar som jobber i sjukeheim. Føremålet er å halde på deira arbeidskraft. Sjå 76.5 Personell og kompetanse

I samband med flyktningsstraumen hausten 2015 har fylkesmannen gitt råd og rettleing til kommunane om naudsynt vaksining, smitterisiko, oppfølging av traumer/psykososial oppfølging og særlege sjukdomstilstandar. Rettleiinga er gitt i telefon/telefonmøter med kommunane og i besøk i einskilte kommunar.

Det har vore særleg utfordrande for kommunar med akuttmottak og dimensjonera tenestene sidan det ofte har vore lite informasjon om tidlegare sjukdom og vanskar ved ankomst til mottaka.

84.4 Forebyggende helsetjenester

Frisklivs- og meistringsarbeid i kommunane

I fylket har nå 13 kommunar etablert frisklivssentral. Dette er ei auke på fire sentralar frå 2014. Fleire kommunar held framleis på med å utvida helsetenestene til og å gjelda eit frisklivstilbod. Etter vår kjennskap er det ingen konkrete planar om etablering av frisklivssentral i dei kommunane som manglar slikt tilbod idag.

I fylket vårt har vi eit aktivt nettverk for frisklivssentralane. Det vert arrangert regelmessige samlingar med ulike faglege tema og erfaringsutveksling. Samlingane er opne for alle kommunane og så nær som alle deltek. Fylkesmannen fylgjer med på nettverksarbeidet, men har dessverre ikkje kunna prioritera deltaking. Vi samarbeidar med Rogaland fylkeskommune om økonomisk støtte til nettverket og i tildelinga av tilskotsmidlar.

Fylkesmannen har etablert samarbeid med regional utviklingssentral; -frisklivssentralen i Stavanger kommune. Vi har lagt til rette for samarbeid med fylkesmennene i Hordaland og Sogn og Fjordane og med det bidratt til at utviklingssentralen har fått etablert kontakt med relevant samarbeidsparter i regionen.

Fylkesmannen fremjer etablering av frisklivssentralar gjennom informasjon på vår heimeside og med artiklar i fylkeskommunen sitt nyhetsbrev for folkehelse som kjem ut fire gonger i året. Også i regionale møter med helseleiarar vert dette fremja.

84.5 Tannhelse

Fylkesmannen har etablert eit fast samarbeid med Rogaland fylkeskommune ved fylkestannlegen, samt Rogaland og Haugaland tannlegeforening.

Fokus har i 2015 vore

Klager og tilsyn mot tannleger

- Saker behandla av tannlegeforeninga si klagenemnd.
- Saker behandla av Fylkesmannen i Rogaland

Kommunereformen og utredning av regionalt folkevalgt nivå

Tannlegevakt og akutthjelp

Tannhelsetenester til utsette pasientgrupper, herunder pasienter i fengselshelsetjenesta

FM har saman med dei to andre embeta i regionen gjennomført ei kartlegging av habilitering og rehabiliteringstilbodet i regionen. Tilbakemeldingane viser at det er :

*skilnader i kva tilbod pasientar med ulike diagnoser får,

*Om kommunane har bestemt kva funksjon koordinerende eining skal ha, I 6 av kommunane i Rogaland er dette ikkje klårt.

*Om eksterne samarbeidspartnere kjenner til og samarbeider med koordinerende eining

* Om kommunane har oversikt over behovet for habiliterings-og rehabiliteringstenester og som følgje av dette, behovet for kapasitet og kompetanse i tenestene

8 av kommunane har ikkje tilgang på tilstrekkeleg kompetanse til å tilby naudsynt habilitering/ rehabilitering. 10 kommunane svara at dei ikkje har tilstrekkeleg kapasitet til å gje eit tilpassa rehabiliteringsforløp

84.7 Omsorg 2020

Målsettingane i Omsorg 2020 har vore tema ved ulike aktivitetar som konferansar, møte med tenestane, deltaking i nettverkssamlingar og nettoppslag.

Fm-ro har eit utstrakt samarbeid med utviklingssentrene for sjukeheimar og heimetenester både i Fonna og i Stavanger. Me har og jevnlig kontakt med KS, nokre av utdanningsinstitusjonane og spesialisthelsetenesta i arbeidet med Omsorg 2020.

Saman med USHT i Stavanger arrangerer me ei årleg konferanse der sentrale føringar og gode utviklingsprosjekt vart presentert. Det er stor interesse for konferansen. Me har og tatt initiativ til ei konferanse om tvang i helsetenesta (PRL kap 4A). Også denne konferansen var det stor interesse for. I 2015 har me starta eit samarbeid med Pårørendesenteret og UIS og me vil i 2016 arrangere ei eiga pårørendekonferanse.

Leiarar i HO tenesta i nordfylket har et eige nettverk der FM-ro er invitert inn. Nytt frå FM er fast program og sentrale tema i Omsorg 2020 herunder velferdsteknologi har vorte løfta fram. Leiarane i sør har ikkje tilsvarende nettverk, og der har me arrangert ei eiga samling der mellom anna nytt kompetanse og innovasjonstilskot var tema.

Saman med USHT Rogaland har me invitert til kontaktmøte med nokre av kommunane. Tankar og tiltak om korleis ein kan møte utfordringane i omsorgstenesta har vore tema. Tema som har vorte løfta fram har mellom anna vore kvar dagsrehabilitering, rehabilitering/ habilitering generelt, demens, kompetanse og organisering av tenesten.

Svært mange omorganiserer tenestene og det er et stort fokus på endring frå "passive" til "aktive" tenester. Det er grunn til å følgje med på dei konsekvensane dette har for dei sjukaste pasientane. Gjennom klagesaker ser me at presset på tenestene har vorte mykje større dei siste åra og mange kommunar kan kun gje eit minimum av tenester.

Sjølv om mange kommunar slit med å ivareta dei lovpålagte oppgåvene, er det stor interesse for, og stort trykk på utvikling av tenestene. Det pågår ei rekkje små og store forbettringsprosjekt. Mange kommunar har og etablert systematisk samarbeid med frivillige

Det har vore stor aktivitet i fylket når det gjeld velferdsteknologi. Kommunane har kome svært ulikt når det gjeld implementering av velferdsteknologiske løysingar. FM-ro har gitt tilskot til USHT Rogaland til drift av eit velferdsteknologinettverk for kommunane i sørfylket. Det har vore stor interesse for nettverksmøta og FM har og delteke. I nordfylket har kommunane på Haugalandet danna eit nettverk i regi av Haugaland Vekst. Etter vår vurdering er slike nettverk ei føresetnad for ein god og kostnadseffektiv implementering av velferdsteknologi. FM har og deltatt på fleier møter i regi av Norwegian Smart Care Cluster

Fylkesmannen har handsama søknader om innovasjonsprosjekt i tråd med føringane for kommunalt kompetanse og innovasjonsprosjekt. Søknadene er sett i samheng med søknader om skjønnsmidler. Fleire av prosjekta, og henvendingane som med har fått, handlar nok meir om kvalitetsarbeide og forventa fagutvikling enn om innovasjon. Mange kommunar har ikkje kompetanse eller ressursar til å sette i verk innovative prosjekt og me har forsøkt å stimulere kommunane til å se ut over eiga kommunegrense. Me har i nokre høve forsøkt å rettleie kommunane slik at prosjekta kan verte omarbeidd til å bli innovasjonsprosjekt. Fleier av prosjekta manglar plan

for evaluering. Det er ei utfordring å få til god evaluering fordi kommunane manglar ressursar og kompetanse til å gjere dette sjølv. Utdanningsinstitusjonane har heller ikke høve til å ta på seg slikt arbeid.

Rusrådgevar hos FM og rådgevar med ansvar for Omsorg 2020 har samarbeidd tett og me har tatt initiativ til eit nettverk med aktuelle kompetansemiljø der tema ha vore eldre og rus. Dette er ei aukande problemstilling og møta har vist at det er behov for i større grad å samahandle også når det gjeld kompetansemiljø

FM oppretta i 2014 ei nettverksgruppe for å kartlegge behov til barn og unge med ME. Arbeidet med dette har pågått i 2015. ME foreninga lokalt har fått tilskot til å arrangere ei stor konferanse med ein del for helsepersonell og ein del for publikum. Konferansen ble arrangert saman med Helse Stavanger og det var stor interesse med deltakare frå heile landet. Det har vore relativt mykje merksemd overfor denne pasintgruppa. Uklåre diagnostiske kriterier fører til store tilleggslidinger for fleier av desse pasientane.

Demensplan 2015

Planen har vært fulgt opp gjennom møter, konferanser og nettoppslag. Det er gitt tilskot til alle som har søkt om tilskot til ABC opplæring frå kommunalt kompetanse og innovasjonstilskot. Det er stor interesse for å starte opp nye grupper i sørfylket. Det har gått noe mer trått i nordfylket. For å stimuere arbeidet har me økt tilskotssummen til samtlege deltakere i år. FM har informert om tilskot til dagaktivitetsplassar. Fleire kommunar har starta opp med førebyggjande heilmebesøk. Mange har erfart at mange eldre over 80 år er svært friske og aktive og at det er eit fåtall som har behov for tenester.

Investeringsstilskot til sjukeheimar og omsorgsbustader

FM har hatt et tett samarbeid med Husbanken i forbindelse med nybygg. Det er gitt tilskot til 69 nye boligar, 262 nye plasser der 17 av desse er kommunale ØH plassar. Desse plassene er fordelt på 4 prosjekt. Fylkesmannens kommentarar til prosjekta er basert på skjønn og kommunane står fritt til å se bort fra våre kommentarar. Dette er ei utfordring og det er ønskelig at det vert utarbeidd kriterier for utøvinga av skjønn. Ved eit høve ført FM sine kommentarar til at tilskot ikkje vart gitt.

Samarbeid med utviklingssentra.

Fm har deltatt i fag- og samarbeidsmøter med sentra og i regionale møter. Me har teke aktiv del i evalueringa av sentra. FM vurderer sentra som særskilt viktige for å nå måla i Omsorg 2020. Dei ressursene som sentra disponerar, både når det gjeld personell og økonomi er små og det ville vore teneleg om desse vart styrka.

84.8 Psykisk helse og rus

Fylkesmannen sitt arbeid med å koordinera rettleiings-, kvalitets- og kompetanseutviklingstiltak med dei nasjonale og regionale kompetansemiljøa, bruker- og pårørandeorganisasjonane og spesialisthelsetenesta på rus og psykisk helsefeltet er forankra i Fylkesmannen si kompetansegruppe.

Mandatet til kompetansegruppa er mellom anna å støtta arbeidet med regional kompetanseplan samt bidra til implementering av rettleiarar og faglege retningslinjer. Gruppa møtest fire gonger årleg og består av representantar frå Fylkesmannen i Rogaland og Hordaland, Helse Fonna, Helse Stavanger, Helse vest, KORFOR, KoRus Vest Stavanger, NAPHA, Universitetet i Stavanger, Høgskolen Stord Haugesund, RIO, Mental Helse og sju kommunar som skal representera ulike regionar i fylket. Ein har i liten grad lukkast i å få universitet og høgskule engasjert i gruppa. Ein opplever ellers samarbeidet i gruppa som nyttig. Fylkesmannen samarbeider i tillegg med andre brukarorganisasjonar og kompetansesenter som f.eks. ProLar og RVTS ut frå behov.

National overdosestrategi, Sammen om meistring og Bolig for velferd er løfta fram i ei rekkje samanhengar.

Gjennom samarbeidsmøter og dialog med kommunane får me inntrykk av at mellomleiarar og rådgivarar i einssilde kommunanar er usikre på korleis deira kommune har planlagt å bruka rammetilskotet knytt til ny opptrappingsplan for rusfeltet.

Fylkesmannen får signal frå mindre og avsidesliggjande kommunar om utfordringar i tilgang på spesialisthelsetenester for pasientar med rus og psykiske lidningar. Dette er særleg knytt til at ein må bruka tid på lange kjøreturar for å fylgja pasientane til spesialisthelsetenesta. Somme stiller spørsmål ved om dette er formålstenleg bruk av knappe kommunale ressursar. Brukarplan viser likevel til at pasientar med alvorlege ROP - lidningar har tilbod både frå kommune og spesialisthelsetenesta.

13 av 26 kommunar (inkludera eitt interkommunalt samarbeid) har gjennom tilskott tilsett erfaringskonsulentar/

medarbeidarar med brukarerfaring / likemenn. Fylkesmannen ser på utviklinga som svært positiv, men ser samtidig at ei slik satsing kan by på utfordringar knytt til blant anna lønn, rettar, fagleg støtte og arbeidsoppgåver for dei tilsette med brukarerfaring. Fylkesmannen har teke initiativ til ei halvdagssamling for leiarar, rådgivarar og brukartilsette i kommunane. Kommunane gir tilbakemelding om gode erfaringar med satsinga. Fylkesmannen ønskjer å fylgja satsinga tett i tida framover, samt å bidra til at satsinga skal bli nyttig for kommunane.

Gjennom Brukarplan blir det rapportert at fleire kommunar har manglar i forhold til bruk av Individuell plan, arbeid og aktivitet, samt eigna oppfylgingstiltak for ungdom med rusproblematikk. Brukarplan har i år kartlagt kognitiv fungering for ei gruppe brukarar. Rus og psykisk helserådgivar meiner det er positivt å ha fokus på kva som er god hjelp for personar med redusert kognitivt funksjonsnivå.

Fleire kommunar har gripe tak i arbeidet med tidleg intervensjon. Det blir gjennom tilskottsordningane kommunalt rusarbeid og tilbod til personar med langvarige og samansette behov prøvd ut nye tilnæringsmåtar ovanfor unge med rusproblematikk.

I samanheng med ny rettleiar for tvangstiltak ovanfor pasientar med rusproblem blei det arrangert erfaringsseminar for kommunar og spesialisthelseteneste. Gjennom seminaret kom det fram at hastevedtak og frivillig tvang er lite brukte i Rogaland. Det blir problematisert at gjennomføringa av tvang er lagd til ein lukka psykiatrisk post.

Rogaland sitt fyrste oppsøkjande samhandlingsteam har nå eksistert i 10 år. I 2015 har tre nye team vore under etablering. Rogaland har nå 6 ulike ACT/FACT /Samhandlingsteam.

Resultatområde 85 Spesialisthelsetjenesten

Sjå punkta under.

85.1 Abort- og steriliseringsnemndene

Fylkesmannen i Rogaland mottok ein søknad om sterilisering i 2015. Søknaden vart handsama innan ei veke, og søknaden vart innvilga.

Vi har ikkje hatt søknadar om godkjenning av private sjukehus, kirurgiske poliklinikkar eller annan spesialistpraksis utanfor sjukehus til å utføre sterilisering.

Andre aktivitetar:

Rettleiing av søkarar og helsepersonell per telefon

85.2 Lov om transplantasjon

Fylkesmannen i Rogaland har ikkje hatt saker på dette resultatområdet i 2015.

Antall saker

Embeter	Antall
---------	--------

FMRO	0
Sum	0

85.3 Kosmetisk plastikkirurgiske inngrep

Fylkesmannen i Rogaland har ikkje hatt saker på dette resultatområdet i 2015.

Kosmetisk plastikkirurgiske inngrep. Antall saker og gjennomsnittlig saksbehandlingstid

Embeter	Antall saker	Gjennomsnittlig saksbehandlingstid
FMRO	0	0
Sum	0	

85.4 Behandling av klager etter psykisk helsevern

Fylkesmannen har i 2015 utan forsinking vurdert alle mottekne klager på vedtak om tvungen legeundesøking i kommunen etter psykisk helsevernlova § 3-1 og undersøking og behandling utan eige samtykke etter psykisk helsevernlova § 4-4. Vi har vurdert dei formelle og materielle vilkåra og fatta vedtak om stadfesting eller oppheving. Desse sakene vert rapportert særskilt i NESTOR.

Fylkesmannen i Rogaland har ikkje motteke kopiar av kontraktar om eller klagar på kontraktar om privat forpleiing som nemnt i psykisk helsevernforskrifta § 37.

Fylkesmannen i Rogaland har motteke svært få klagar på vedtak om tvungen legeundesøking i kommunen. Vi er bekymra for at pasientane si rettstryggleik kan vere svekka på dette området, fordi vi mottek så få klagar på slike vedtak.

85.5 Øvrige oppgaver knyttet til det psykiske helsevern

Fylkesmannen har i 2015 ein gong gitt innstilling til Helsedirektoratet om godkjenning av institusjonar som skal ha ansvar for tvungent psykisk helsevern. Det gjaldt institusjonar i Helse Stavanger.

Vi handsama åtte søknader om dispensasjon frå forskrift om fagleg ansvarleg for vedtak i det psykiske helsevernet. Årsaka til at det blir søkt om dispensasjon er som oftast at legar ventar på godkjenning som spesialist frå Helsedirektoratet, samt at det er ein generell mangel på spesialistar innan psykisk helsevern. Kopi er sendt til Helsedirektoratet i tråd med oppdraget.

Fylkesmannen har rapportert kvart halvår til HELFO om stillingar ved psykiatriske poliklinikkar og samstundes vurdert om poliklinikkane oppfyller krava til bemanning etter forskrifta.

85.6 Kontrollkommisjonsoppgaver

Fylkesmannen har i 2015:

- Forvalta tilskotsmidlar til dekning av driftsutgifter til kontrollkommisjonane i psykisk helsevern.
- Oppnemnt medlemmer til kontrollkommisjonane i det psykiske helsevernet og sendt kopi av oppnemningane til Helsedirektoratet.
- Innstilt til Helsedirektoratet korleis fordelinga av institusjonar mellom kommisjonane bør vere.
- Hatt faste samarbeidsmøte med leiarane av kontrollkommisjonane og gjennomført felles opplæringsdag for legar med kompetanse til å fatte tvangsvedtak i det psykiske helsevernet. I år var Sivilombodsmannen med på møtet. Møteoversikt og presentasjonar finner du her: [Lenke til fylkesmannens nettside](#)

- Oppretta ei ny informasjonsside for kommisjonane: fylkesmannen.no/kontrollkommisjonen/

- Motteke meldingar der kontrollkommisjonane avdekkjer systematisk svikt i gjennomføring av tvang. Dette er fylgt opp regelmessig.

85.7 Hjemsendelse, hjemhenting og gjennomføring av tvungen psykisk helsevern for pasienter som ikke har bosted i riket

Ansvar for transportering av psykisk sjuke til og frå utlandet er etter regional samarbeidsavtale overlate til Fylkesmannen i Hordaland.

Ressursrapportering

Resultatområde	Kapittel 0525	Fagdep.
82 Tilsyn og klagesaksbeh. etter helsetj. loven	kr 7 453 570,64	kr 1 322 176,05
83 Folkehelsearbeid	kr 267 978,43	kr 0,00
83.1 Folkehelsearbeid generelt	kr 55 139,67	kr 0,00
83.2 Tilsyn etter folkehelseloven	kr 6 200,00	kr 0,00
84 Kommunale helse- og omsorgstjenester	kr 3 124 803,82	kr 3 858 260,96
85 Spesialhelsetjenesten	kr 259,26	kr 2 420,06
76 og 77 Kvalitet og samhandling og Andre oppdrag	kr 2 174 696,56	kr 0,00
Andre oppgaver under HOD	kr 0,00	kr 257 942,02
Sum:	kr 13 082 648,00	kr 5 440 799,00

Justis- og beredskapsdepartementet

Resultatområde 51 Siviladministrasjon og borgerrettigheter

Dette er det gjort nærare greie for nedanfor.

51.2 Vergemålsloven og utlendingsloven kap. 11 A

Oppretting av verjemål samt rekruttering og rettleiing av verjer og representantar

I løpet av 2015 har vi greidd å redusere saksbehandlingstida ved oppretting av verjemål betrakteleg og held oss nå innafør forventa frist. Vi har mellom anna etablert faggrupper på dei ulike saksfeltene. Dette bidrar til å heve spisskompetansen til dei ulike saksbehandlarane i gruppa, slik at vi er mindre sårbare ved feriar og sjukdom. Gruppestorleiken varierer alt etter behov og saksmengd.

Som ledd i arbeidet for likare behandling og auka rettstryggleik for personar med verje, har vi gjennomført individuelle samtalar med og arrangert verjesamlingar for dei faste verjene våre. Rekruttering av verjer held fram kontinuerleg for å sikra at behovet vert dekt ved etterspurnad.

Vi har dessutan hatt fokus på eit felles løft for barn og unge gjennom satsinga *Sjumilssteget for god oppvekst i Rogaland*. Vi har implementert barnekonvensjonen i arbeidet vårt, og dette har viser seg i både saksbehandling og vedtak, der barnet sitt beste blir vurdert i alle saker som involverer barn.

Når det gjeld mindreårige som skal i tilrettelagde avhøyr på Barnehuset, har vi eit eige beredskapskorps med setteverjer som er fleksible og kan stille på kort varsel. Fylkesmannen har hatt møter med politiet, tilsette ved Barnehuset og verjene for å betre samarbeidet og avklare dei ulike rollene, for å sikre at barna sine rettar blir ivarettatt. Fylkesmannen er òg i gang med å utarbeide ein lokal rettleiar for verjene ved tilrettelagde avhøyr.

Hausten har vore mykje prega av stor auke i talet på einslege, mindreårige asylsøkjara (EMA). Dette har kravd auka bemanning på området, og vi har greidd å rekruttere tilstrekkeleg mange representantar, slik at alle EMA-er som kjem får oppnemnt representant. Representantane rettleier vi gjennom individuelle samtalar, kurs og samlingar, og saksbehandlingstida er akseptabel.

Det har i 2015 vore viktig at det har blitt gitt ekstra løyvingar slik at det har vore mogeleg å styrka bemanninga, for å kunne møte utfordringane det har vore med å oppretta verjemål, rekruttering av verjer og representantar.

Det er vidareutvikla og etablert rutinar for oppretting, rekruttering av verjer og representantar. Arbeidet med å redusera risikoen for feil og kvalitet i arbeidet er styrka i 2015.

Økonomi

Verjegodtgjering - Måloppnåelse er innfridd i høve til krav. I 2015 har vi hatt fleire i engasjement som har arbeidet med verjegodtgjering. Det har vore fokus på lik og god behandling av søknad om verjegodtgjering.

Bruk av kapital - Måloppnåelse er innfridd i høve til krav. Det har voret spesielt fokus på lik og god behandling av søknad om bruk av kapital.

Midlar til forvaltning - I 2015 er det blitt utarbeidet en betre rutine for registrering av økonomisk status. Det er oppnådd betre rutinar på å få overført finansielle eigendelar som skal til forvaltning hos Fylkesmannen. Vi meiner at det er ei trygg kapitalforvaltning.

Rekneskap – Måloppnåelse er innfridd i høve til krav. Det har vore stor fokus på lik forståing og vurdering av kontroll av verjerekneskapane. Det har vore regelmessige møter i forbindelse med kontroll, kor ein har drøfta problemstillingar og kvalitetssikra arbeide med rekneskapa.

For nemnde aktivitetar er det no etablert gode rutinar. Risikoen for at det skal gjerast feil eller oppstå manglar blir vurdert som låg.

Overføring av midlar som var forvalta av overformynderia, kontroll og godkjenning av overformynderi rekneskap blei ferdigstilt i Rogaland i 2015. Vi har erfart at det har vore bankkonti som skulle vore under forvaltning i kommunane, som ikkje har blitt overført til ny ordning. Vi vil difor be Statens sivilforvaltning å oppmode bankane til å gjennomgå sine konti og rapportere til Fylkesmannen dersom det ligg føre konti som var tilhørande overformynderiet.

Større disposisjonar

Det er lik og god behandling av søknader av større disposisjonar. Det etablert gode rutinar og det er regelmessige møter kor ein drøftar problemstillingar og kvalitetssikrar større disposisjonar. Risikoen for at det skal gjerast feil eller oppstå manglar blir vurdert som låg.

Saksbehandlingstid

- Gjennomsnittlig saksbehandlingstid for oppretting av verjemål: 37 dagar.
- Gjennomsnittlig saksbehandlingstid for hasteoppnemning av:
 - midlertidig verje (setteverje) for barn (ved f.eks. dommaravhør og barnevernssaker): 4 dagar.
 - midlertidig verje (setteverje) for vaksne: Statistikkgrunnlag manglar for dette området.
 - representantar til einslege mindreårige asylsøkarar: 1 dag.
- Gjennomsnittlig saksbehandlingstid per embete for utbetalingar og godtgjeringar. 15 dagar.
- Gjennomsnittlig saksbehandlingstid for å behandle søknad om Fylkesmannens samtykke: 14 dagar.

Tala viser at ein har arbeid i tråd med målet frå JD om «Økt rettssikkerhet og rettslikhet for vergetrengende» og fokusert på dei lanserte styrings parameterane om saksbehandlingstid for utvalte område. Saksbehandlingstida er i 2015 forbetra på alle område, med eit unntak for einslege mindreårige asylsøkjara, kor ein var på tilsvarande nivå som i 2014, dvs. 1 dag.

Frataking av rettsleg handleevne

I 2015 hadde vi fire saker for retten. Av desse blei ein sak med full frataking av rettslig handleevne på det økonomiske området. To saker blei trekt/heva som forlikt fordi ein kom fram til mindre inngripande ordningar. I det siste tilfellet døyde person under verjemål før hovudforhandlingane.

I tillegg har vi nærare 40 tilfelle vurdert behov for frataking av rettslig handleevne utan at sak har blitt reist. Vi arbeidar med 14 saker kor frataking av rettslig handleevne kan være aktuelt, inklusiv ny vurdering av personer som har blitt «umyndiggjort».

Oppgaver etter vergemålsloven

Embeter	Antall saker	Antall tilsyn
FMRO		
Sum	0	0

51.3 Forliksrådene

Det kom inn 3 klager/tilsynssaker i 2015.

Det er behandla 8 saker om oppnemning av stedfortredar i 2015.

Vidare er det behandla 1 sak om oppnemning av nytt fast medlem.

51.5 Tomtefesteloven

Fylkesmannen har ikkje behandla saker etter tomtefestelova i 2015.

Resultatområde 52 Borgerrettigheter

Dette er det gjort nærare greie for nedanfor.

52.1 Fri rettshjelp

Fylkesmannen behandla i 2015 987 sakar om fritt rettsråd. I tillegg blei det behandla 238 tolkesaker og 235 saker frå kontrollkommisjonen og andre sakar om fri saksførsel.

Fylkesmannen betalte i 2015 ut kr 8.352.531,- i fri rettshjelp, kr 472 232,- til tolk/sakkyndig og kr 1.456.507 til Kontrollkommisjonen og andre sakar om fri saksførsel.

52.3 Navneloven

Fylkesmannen mottok 9 saker i 2015.

3 av desse er behandla i 2015, og vart stadfesta.

I tillegg er det i 2015 behandla 1 sak som innkom i 2013, der ein har avvanta ein dom om foreldreansvar. Denne saka vart stadfesta, etter at fyrste vedtak i saka blei oppheva.

Resultatområde 53 Forebyggende samfunnssikkerhet

Dette er det gjort nærare greie for nedanfor.

53.1 Oversikt over risiko og sårbarhet

FylkesROS Rogaland er frå 2013. Analysen inneheld ein plan for kva som må følgjast opp og kven som ansvar for dette i kvart kapittel. Analysen har vore tema i fylkesberedskapsrådet (fleire gonger) og internt på embetet. Det er ikkje laga ein oppdatert oppfølgingsplan kvart år siden analysen var ny. Dette vart nedprioritert denne hausten grunna flyktningesituasjonen.

53.2 Samfunnssikkerhet i planlegging etter plan – og bygningsloven

Fylkesmannen har rettlege kommunane i sakene, og bidratt til at relevant kunnskap blir tatt omsyn til i planlegginga. Det har ikkje vore kurs eller annan slik opplæring. Vi har gitt uttale til dei fleste kommunane, gjennom telefon, epost og skriftleg uttale. Det er fremma motsegn til arealplanar der det er av vesentleg omsyn for samfunnstryggleiken.

Kommuneplan:

Gjesdal: manglande faresoner for jord/flaumskred

Lund: mangla faresone for snøskred, steinsprang og jord/flaumskred, og manglande oppfølging av skredfare i føresegner.

Tysvær: mangla faresone for jord og flaumskred, havnivå, grunnforhold og flaumfare for Grinde skule/idrettsanlegg.

Sandnes (tileggshøyring): skredfare, arealdisponering

Kommunedelplan Stavanger sentrum: havnivåstigning, mangler oppfølging i bestemmelser, og

Innsigelser:

Reguleringsplan:

Randaberg, Harestadkrysset: manglende vurdering av grunnforhold og overvann/KLima

Rennesøy, Askje: havniåstigning/stormflo

Sandnes, Vagle: mangelfull ROS, (sentralnettet og ras/utglidning)

Sokndal, Hauge i Dalane: flaum/klima, mangelfull ROS

Sola, Risavika, drivstoffterminal: manglende sikkerhetsklasse tek10, mangelfull ROS

Sola, Risavika nord: mangelfull ROS

Sola, Eivindveien: mangelfull ROS og manglande vurdering av grunnforhold.

Tysvær, Småget: manglande ROS

Tysvær, Skjoldastraumen: svak skredvurdering og mangelfull ROSanalyse

53.3 Tilsyn

Vi har gjennomført tilsyn i 5 kommunar i 2015. Vi er i rute med omsyn til at alle skal ha tilsyn min. kvart fjerde år. Alle tilsyna er rapportert inn i Sambas, men endeleg rapport etter tilsyn i den siste kommunen vi førte tilsyn med blei ikkje send ut før jan. 2016 (Lund kommune). Den ble lagt inn i Sambas i jan 2016.

Dei som får avvik må sende inn ein oppfølgingsplan som godkjenning av oss. Vi passer på om kommunane overheld dei fristane som er satt. Dersom ikkje det skjer får dei purring. Alle kommunane har lukka dei avvika

som er gitt, sjølv om nokre har brukt lengre tid enn avtalt og sjølv om vi av og til er usikre på kvaliteten. Dei kommunene som vi er mest usikre på blir prioritert for nytt tilsyn (og gjerne før det har gått 4 år.)

Resultatområde 54 Beredskapsplanlegging

Dette er det gjort nærare greie for nedanfor.

54.1 Fylkesmannens egen beredskapsplanlegging

- a) Dei mest sentrale personane i beredskapseininga har god kompetanse og er trente gjennom store og små hendingar gjennom året. Utfordringa er å klare å holde tilstrekkelig nivå på dei som meir sjeldent blir involverte. Det å kunne handtere ei krise som varer over lang tid. Vi valde å etablere delar av vår beredskapsplan i samband med flykningarbeidet. Det blei ein god trening der vi trakk inn representantar frå utdanningsavdelinga, helse- og sosialavdelinga og verjemåleininga. Dette arbeidet har gjort oss meir robust også i forhold til andre potensielle hendingar
- b) Vår beredskapsplan blei sist revidert i 2014. Revisjonen i 2015 blei utsatt pga. av meirarbeidet med flykningane som kom i 2015.
- c) Vi er operative på nytt gradert samband. Sambandet er ennå ikkje integrert i vår beredskapsplan. Dette vil skje ved neste revisjon.
- d) Vi har kompetanse på SBS, men den kunne nok ha vore betre og spreidd til fleire. Kompetansen er best hos dei som har lengst annisitet. DSB eller JD har ikkje akkurat vore på tilbodsiden med opplæring og kurs dei siste 15 åra.
- e) Vi bruker CIM jamnleg til å loggføre hendingar, varsle kommunar og etatar og lage situasjonsrapportar. Vi har små interne øvingar fleire gonger i året for at alle som er i krisestaben vår ikkje skal gløyme ut basiskunnskapene.
- f) Vi har god nok kompetanse til å rettleie dei fleste kommunane. Dei flinkaste ber vi ta kontakt med One-Voice.
- g) Vi har ikkje øvd eigen krisestab i 2015 pga. meirarbeidet vi fikk i samband med flyknings situasjonen. Da etablerte vi deler av vår kriseorganisasjon og hadde daglege møter i krisestaben for å samordne vår aktivitet. Vi reknar denne hendinga som ein øving i seg sjølv. I tillegg til beredskapseininga deltok embetsleiinga, leiargruppa, representantar frå utdanning, helse- og sosial, dokumentcenter og verjemål. I tillegg var byggesaksjuristane også involvert i samband med klagebehandling i samband med oppretting av mottak. Vår handering av flyknings situasjonen internt vil bli evaluert i 2016. Vi har i tillegg hatt to ekstremvær; Nina i januar og Synne i desember. Evalueringsrapport for Nina foreligger med oppfølgingsplan. Evalueringsrapport for Synne er under arbeid. Erfaringene vil bli tatt inn i neste revisjon av FylkesROS og beredskapsplan.

54.2 Regional beredskapsplanlegging

- a) Fylkesmannen har ikkje øvet fylkesberedskapsrådet i 2015. Dette har ikkje vore med i embetsoppdraget i fire år ennå.
- b) Fylkesmannen har delteke i "Øvelse Landrør 2015". Dette er ei fullskala, regional øving knytt til Statoil/Gassco sitt anlegg på Kårstø og tilhøyrande rørsystem i Tysvær kommune. Øvinga bygg på tilsvarande øvingar i Karmøy 2013 og Tysvær 2011.

Hovudmål: verifisere at alle deltakande einingar utfyller rolla si som ved ei reell hending. Samhandling og kommunikasjon iht. gjeldade planverk og prosedyrar. Tiltak etter øvingane i 2011 og 2013 blei testa.

Scenario: Gasslekkasje på landrør.

Deltakarar var: Gassco, Statoil, Tysvær kommune (kriseleiing, stab, brannvesen og kommunen elles), Haugaland og Sunnhordland politidistrikt, Helse Fonna, nabobrannvesen, Fylkesmannen.

Fylkesmannen deltok i øvinga i eigen rolle. I tillegg deltok fylkesmannen i planlegging og gjennomføring av øvinga (spillstab og øvingsleiing).

Evalueringa syner fleire mindre område med potensiak for forbetring. Ingen område som vil få konsekvenser for fylkesROS. Fleirire forbetruingspunkt knytt til kommunikasjon mellom aktørane. Ei reell hending (Gasslekkasje inne på anlegget hos Statoil på Kårstø. Januar 2016) syner at mange av forbetruingspunktta var tatt hånd om. Det var då god kommunikasjon mellom dei ulike aktørane.

54.3 Kommunal beredskapsplikt og kommunenes samfunnssikkerhetsarbeid

a) Alle kommunar som ber om det får rettleiing. Som førebuing av dei kommunane som skulle ha tilsyn i 2015 hadde vi et rettleiingsmøte med dei (5 kommunar) tidleg på året. Til stades var også to kommunar som hadde tilsyn i 2014 for å dele sine erfaringar. Det same er planen vår i 2016. Nokre kommunar som har hatt tilsyn ber om rettleiing i ettetrid. Det finn normalt stad gjennom telefonsamtalar, ved å svare på epostar eller ved å lese gjennom reviderte planar og analysar som blir sendt oss på høyring. Vi har kvart år ein samling for alle kommunale beredskapskoordinatorar der kommunal beredskapsplikt er hovudtema.

b) I 2015 har vi øvd:

c) Alle kommunar har fått CIM opplæring, men det er ikkje alle som brukar CIM. Vår vurdering av status er: Kommunar som ikkje har teke CIM i bruk: Bjerkreim, Hjelmeland, Finnøy, Lund, Sokndal, Utsira, Vindafjord. 7 har ikkje tatt det i bruk, 8 litt og 11 brukar CIM.

d) Vi gjennomførte ikkje varslingsøvelse for kommunane i 2015 pga. ekstrabelastningen dei hadde med flyktningssituasjonen i slutten av året, men vil gjennomføra dette i starten av 2016. Hvilke kommunar som har egne varslingsøvingar i CIM har me ikkje oversikt over.

Resultatområde 55 Regional og kommunal krisehåndtering

Dette er det gjort nærare greie for nedanfor.

55.1 Håndtering av uønskede hendelser

a) Vi har delt rapportar for små og store hendingar som har vore i 2015 med DSB og for nokon hendingar både med DSB og H-dir.

b) alle hendingar av regional betydning blir evaluerte. I 2015 laga vi ein evaluering med oppfølgingingsplan for ekstremveret Nina. Rpporten blei send DSB. Vi er i gang med ein evaluering av ekstremveret Synne som var i desember 2015. Vi skal ha møte dei involverte 12. februar. Rapport blir laga i etterkant. Vi vil også evaluere korleis Fylkesmannen handterte arbeidet med flykningar i periden september - når arbeidet med Synne er ferdig.

Ressursrapportering

Ang. vergemål gjelder kontorgruppe 5000-5999. Tilsvarende for rettshjelp.

Resultatområde	Kapittel 0525	Fagdep.
51.2 Vergemålsloven	kr 0,00	kr 10 749 845,57
51.9 Annen siviladministrasjon (rest 51)	kr 0,00	kr 0,00
52.1 Fri rettshjelp	kr 1 670 640,84	kr 230 252,89
53 Forebyggende samfunnssikkerhet	kr 1 702 277,39	kr 0,00
54 Beredskapsforberedelser	kr 1 536 486,25	kr 0,00
55 Regional og kommunal krisehåndtering	kr 623 584,87	kr 0,00
Andre oppgaver under JD	kr 15 905,89	kr 0,00
Sum:	kr 5 548 895,00	kr 10 980 098,00

Resultatområde 60 Ledelse, virksomhetsstyring og administrasjon

Sjå nedanfor

60.1 Helhetlig ledelse

I 2015 har Fylkesmannen oppdatert overordna strategidokument - no kalle "Slik tar vi vare på Rogaland", med bakgrunn i embete sin visjon "Vi tar vare på Rogaland". Embetet hadde i 2015 totalgjennomgang av personalplanen. Noko som også ga grunnlag for å innlemme andre styrings- og medbestemmelssedokument i planen. Her er også lagt inn embetet sine konkrete og presise krav til leing/leiarar, med utgangspunkt i leiarplakaten i staten.

Det er ikkje gjort vesentlege organisatoriske endringar i 2015. Vi har fem fagavdelingar og ei administrasjonsavdeling. Kommunikasjonssjef er organisert i stab, med heile embetet som ansvarsområde. Avdelingane skal vere sterke på sektor og fag, men med samordning som eit vesentleg krav i all saksbehandling og kontakt, spesielt med kommunane. Leiarmøtet er embetet sitt viktigaste samordnings- og samhandlingsorgan, og møtest kvar veke. Nestleiarane dannar eiga gruppe, med ansvar for å halde eit særskilt blikk på samordning og samhandling an interne rutinar/økonomi etc. Det er også danna eit økonomiforum for arbeid med budsjett, reknskap og økonomirapportering. Det er etablert nødvendige avdelingsovergripande samordningsgrupper for planarbeid, tilsyn, oppvekst (sjumilssteget), klimaskog. Alt dette er med å sikre god heilskapleg leing og gjennomføring i embetet.

Ovanfor nemnde personalplan inneheld også IA-handlingsplan, med mellom anna mål på sjukefråvær på under 3.5 prosent. Dette målet vart ikkje nådd i 2015, då fråværet var på 4,6 prosent, likevel "berre" 4 prosent siste kvartal. Målet er ambisiøst, men vi vel å behalde det. Fråværet viser relativt store skilnader mellom kvinner og menn, der fråværet blant mennene ligg godt under målsetjinga vår. (Merk her at vi har stor overvekt av kvinner i embetet).

Det er ikkje tilsett nye med nedsett funksjonsevne i 2015.

Kjønnsbalansen i embetet er skeiv i den firstand at det no er tilsett langt fleire kvinner enn menn. I leiargruppa (leiarar og nestleiarar) er balansen likevel sær god. Statistikken viser likevel at gjennomsnittsløna for menn er høgare enn for kvinnene. Dette er tema i lokale lønsforhandlingar (ikkje slike forhandlingar i 2015).

Når det gjeld opplegg for læring mellom f. rks embeta, så nemner vi vestlandssamarbeidet mellom leiarane, som møtes ein gong per år - i 2015 i Sogn- og Fjordane. Det er også etablert ordningar med samarbeidsorgan på fagleg-/saksbehandlarnivå innafor fleire fagområde.

60.2 Likestilling

(forslag frå May: På grunn av stor overvekt av kvinner i embetet og ynskje om ein balansert kjønnsamansetning, legg td. miljøvernadeligna serleg vekt på å rekruttere menn. Dette vert gjort ved å kalle inn fleire menn til intervju)

Tabell 1, Tilstandsrapport - kjønn

År	Kjønnsbalanse		Månadslønn - Total sum lønn pr. heltidsekivalent		Deltid - antall av hvert kjønn		Midlertidig ansettelse - antall av hvert kjønn		Foreldrepermisjon - antall av tattall uttak av permisjon		Legemeldt sykefravær - Menn		Legemeldt sykefravær - Kvinner	
	M	K	M(KR)	K(KR)	M	K	M	K	M	K	Sykedager	Avtalte Arbeidsdager	Sykedager	Avta Arbeidsdager
2015	73	129	46314	42973	4	17	4	13	235	1292	211	15611	1247	26220
2014	75	123	45258	37738	4	15	5	14	409	823	300	16022	1162	25884

Tabell 2, Tilstandsrapport - nivå delt

Kjønnsbalanse	Månadslønn - Månedsfortjeneste pr.
---------------	------------------------------------

	År	M%	K%	Total	M(KR/%)	K(KR/%)
Totalt i virksomheten	2015	36,2	63,8	100	100	89,9
	2014	37,1	62,9	100	100	86
Toppledelse, kategori 1	2015	56	44	100	100	99
Embetsledelse/direktør	2014	56	44	100	100	98
Mellomledelse, kategori 1	2015	62,5	37,5	100	100	97
Seksjonssjef, ass dir	2014	62,4	37,6	100	100	100
Kategori 3	2015	37,3	62,7	100	100	99,5
Saksbehandler 1	2014	47	53	100	100	98
Kategori 4	2015	10,8	89,2	100	100	102,6
Saksbehandler 2	2014	28	72	100	100	91
Kategori 5	2015	0	100	100	100	0
Kontorstillinger	2014	21	79	100	100	106
Kategori 6	2015	0	0	100	100	0
Fagarbeiderstillinger	2014	0	0	100	100	0
Kategori 7	2015	100	0	100	100	0
Unge arbeidstakere, inkl. lærlinger	2014	0	100	100	100	0

Tabell 3, Ansatte

År	Ledere med personalansvar i %			Ledere - lønn i forhold til kjønn		Medarbeidere uten personalansvar			Medarbeidere - lønn i forhold til kjønn	
	M%	K%	Antall Totalt	M%	K/M%	M%	K%	Antall Totalt	M%	K/M%
2015	55,5	44,4	100	100	99,6	34,1	65,9	185	100	92,1
2014	55,5	44,4	100	100	99,6	36,2	63,8	180	100	86

60.3 Informasjonssikkerhet og IKT

Informasjonssikkerhet

Embetet har eit veletablert sikkerhetsutval som består av representantar frå alle avdelingane. Grappa møtest jamnleg for å diskutere eventuelle informasjonssikkerheitsutfordringar og for å evaluere den gjeldande informasjonssikkerhetspolicyen. Grappa jobbar også med å gjere policyen kjent internt i embetet.

2015 skulle vere eit revisjonsår, men på grunn av innfasinga av Risk Manager og ekstraordinært arbeid med flyktningesituasjonen, har vi utsett dette arbeidet til 2016.

Informasjon og status er ikkje framlagt for embetsleiinga i 2015. Dette vil bli gjort i 2016.

Lisensstjling

Embetet gjennomførde teljinga og innrapporterte dette til departementet innan fristen. Dette gjeld både lisensar i forhold til EA avtalen og SQL avtalen.

Embetet har også vore representert i gruppa som har sett på nytt lisenshandteringssystem. Dette er forventa implementert i løpet av 2016.

60.4 Embetsspesifikke oppdrag på IKT-området

Ingen slike in 2015.

Resultatområde 61 Samordning og modernisering

Dette er det gjort nærare greie for nedanfor.

61.1 Kommunerettet samordning

Samordnande samarbeid med KS

Fylkesmannen og KS samarbeider om programmet og arrangerer ein årleg konferanse for ordførarane og rådmennene i fylket. I år var flyktningesituasjonen, kommunereforma og Sjumilsteg for god oppvekst i Rogaland hovudtema for konferansen.

Fylkesmannen har generelt eit godt samarbeid med KS i Rogaland og vi arrangerer fagmøte om KOSTRA og Kommuneøkonomidag i samarbeid med KS og NKK årleg, sjå under pkt 62.2.

Fylkesmannen har og fått koma til styremøter og møter i rådmannsutvalet, for å få ytterlegare innspel i vårt arbeid med kommunereforma og for å betre dialogen med kommunane.

Vi tek også KS med i prosessen når vi vurderer dei kommunale søknadene om

innovasjonstilskot slik at KS sin kommunekjennskap blir nytta i tillegg til vår eigen kommskap om kommunane.

Samordning av tilsyn

Fylkesmannen har etablert intern samordningsgruppe, med ein koordinator. Tilsynskoordinator utviklar saman med representantar for fagavdelingane arbeidet med samordning av tilsyn internt og eksternt. Det er gjommonført samordningsmøter med Mattilsynet, Kartverket, Arbeidstilsynet og Statsarkivet og med kontrollutvalgssekreteriatene i fylke. Tilsynsaktiviteten blir samordna i tid, og vi lagar tilsynskalender som viser den samla tilsynsaktiviteten overfor kommunane så langt det metodisk lar seg gjere.

Møte med leiarane for dei regionale statsetatane

Fylkesmannen har i 2015 halde to møte med leiarane for dei regionale statsetatane, 23. april og 15. oktober 2015. På agendaen har vi hatt:

- Tverretatleg innsats mot kriminalitet i arbeidslivet v/ Gro Ellingsen, Arbeidstilsynet
- Verda i endring også for Innovasjon Norge v/ Marit, Innovasjon Norge
- Kommunereforma – status v/ Anfinn Rosnes, Fylkesmannen i Rogaland
- Stortingsmelding om ny oppgåvefordeling
- Arbeidsløyse-situasjonen i Rogaland. v/ Truls Nordahl, NAV Rogaland.
- Praksisplassar i verksemdene, jfr. eige vedlegg
- Status frå Helse Fonna, v/ Olav Klausen adm.dir. Helse Fonna.
- Status for sjukehusutbygging, v/ Inger Cathrine Bryne adm.dir. Helse Stavanger.

Samordning gjennom planarbeid etter plan og bygningslova

Fylkesmannen i Rogaland har høg leiarinvolvering og sterkt fokus på intern samodning i planuttalar. Vi har ei tverrfagleg plangruppe med saksbehandlarar frå miljø, landbruk og beredskap og med faste kontaktar på avdelingane for helse og utdanning. Me deltar aktivt og er godt internt samordna i regionalt planforum ein gong i månaden. Dei fleste motsegner vert løyste gjennom drøfting på eit lågare nivå. Gjennom mekling der andre statsetatar eller fylkeskommunen har motsegner, skjer det også svært viktig regional samodning i utfordrande saker.

Vi er også med i prosjekt samordning av statlege motsegner. Det er eit krevande og spanande prosjekt som allerede har gitt gode resultat i form av

- meir avklarte ansvarsområde medllom statsetatar med motsegsrett
- meir samordna begrepsbruk i planuttalar
- bevisstgjerjing hos statsetatar på sin eigen motsegsrett
- klargjering av ulike rollar internt i etatane
- eit behov for å få inkludert fylkeskommunen sine ansvarsområder.

Grunna stor utbyggingaktivitet i Rogland er det svært stor saksmengde og reell motstrid mellom ulike nasjonale og regionale viktige hensyn. Dette gjev eit stort arbeidspress der fylkesmannen grunna saksmengde må prioritere ned direkte deltakelse i større planleggingprosjekt som gjeld veg, jernbane osv. Ved å stille oss direkte til disposisjon i slike møter er ein direkte for dei som ber ansvar for å utvikle dei ulike planene – spesielt tid

til dispensasjon i egne møter m.m., direkte for det som har ansvar for å utvikle dei ulike planane, sparar vi tid, får gode avklaringer på våre særlige ansvarsområde og bidrar til å halda rollane som planleggar/tiltakshavar og uttaleinstans betre skilt samla sett i staten.

Samarbeid om kurs innan plan og bygningsrett

Vi samarbeider også internt mellom avdelingane og med fylkeskommunen om kurs for kommunane innan Plan og bygningsrett. I 2015 i form av eit vellukka seminar med god deltakelse om regionale og kommunale planstrategiar med Rogaland Fylkeskommune som hovedarrangør og oss som vesentlig bidragsytar.

I regi av storbyprosjektet har me også ei kursrekke med fleire årlege samlingar. Siste samling vart planlagt i 2015 i lag med foreininga av erfarne byarkitektur; BULL - byutviklingens lange linjer. Det vart svært vellukka med tunge, erfarne foredragshaldarar og gode presentasjonar på eigen storbyhistorie og relevant erfaringsoverføring frå Trondheim og Oslo.

Lokal forvaltning av verneområder

Rogaland har lang 20 års erfaring med kommunar som har overtatt forvaltning av verneområde. Mange av dei tidlegare lokalt/kommunalt forvalta områda er no inne i felles forvaltningstyre for SVR. Me samarbeider svært godt med Fylkesmannen i Aust- og Vest-Agder, vertskommunen vår Suldal og dei andre deltakande Rogalandskommunane om dette. I år har to nye kommunar; Haugesund og Time, overtatt forvaltningsansvaret for mindre verneområder. Me legg stor vekt på å vera rådgjevarar og bidra med ei godt fagnettverk for dei som arbeider med dette i kommunane.

Vatn, avfall og avløp

Gjennom deltaking i avløpsgruppa i arbeidet med vannforureining på Jæren og IVAR (kommunalt IKS) sin påslippsgruppe, bidrar vi til kommunerettet samordning innen avløp. Me har også tett og jamn kontakt med dei interkommunale selskapa innan desse felta.

61.2 Modernisering i kommunene

Fylkesmannen ser på arbeidet med innovasjon og utvikling i kommunane som ei viktig oppgåve. Vi har m.a. egne nettsider for dette temaet (under Fylkesmannen.no/Rogaland/ kommunal styring).

Viktigaste aktiviteten på dette området har vore fordeling av skjønsmidler til ymse omstillingsprosjekt i kommunane og oppfølging av desse. 11 kommunar fekk i alt 5,5 mill. kr til 18 prosjekt. Fleire av desse prosjekta var samarbeidsprosjekt mellom fleire kommunar. Fordelinga ligg på nettsidene våre. Det er også lagt ut rapportar m.v. for gjennomførte prosjekt.

Kommune

Prosjekt

		Tilskot kr
Eigersund	«Heltidskultur i Eigersund kommune»	300 000
Sandnes	«Innovasjonsprosjektet i Sandnes»	500 000
Stavanger	«Styringsinformasjon helse og omsorg»	300 000
	«Frisklivssentralen under lupen»	400 000

	«Levekårsloft på Storhaug»	250 000
	«Gjennomføring, testing og nyttiggjøring av en innovativ offentlig anskaffelsesmetode»	400 000
Haugesund	«Haugesund 2020»	400 000
Klepp	«Å lære frå unge som ikkje fullfører v.g.o.»	500 000
	«Frivillig innsats»	300 000
Gjesdal	«Forbedring, fornying og innovasjon»	210 000
	«Sjumilssteget for god oppvekst»	100 000
Sola	Innovasjonskonferanse	40 000
	«Forenkling, forbedring og fornying i Sola kommune»	400 000
Sauda	«Lean i ledelse i Sauda kommune»	200 000
Rennesøy	«Familiepakke for fleirspråklege»	200 000
Tysvær	Velferdsteknologi-prosjekt i regi av Haugaland Vekst	400 000
Karmøy	Utgreiing av interkommunal legevakt»	400 000
	«Sammen om en nærværskultur»	200 000
Sum		5 500 000

Midlane blir fordelt i tråd med retningslinjene frå departementet, og slik at vi legg vekt på innovasjonspotensialet, først og fremst i «tunge» sektorar, og overføringseffekt. Vi drøftar tildelinga med KS lokalt.

Formidling av erfaringar skjer m.a. gjennom at vi legg ut rapportar og presentasjonar på nettsidene våre. I ein del del tilfelle har vi hatt presentasjonar av prosjekt på seminar o.l. vi arrangerer.

Sola kommune har dei siste tre åra arrangert ein innovasjonskonferanse på vårparten der FM og KS er medarrangørar. Dette arbeidet held fram.

Av prosjekt som har vore særleg vellukka kan nemnast:

Fagsenter for tidleg innsats for barn i Rennesøy kommune. Kommunen meiner at erfaringane m.a. tyder på at fagsenter kan vera eit alternativ til Familiens hus i kommunar som ikkje har kapasitet til dette, samstundes som opplegget er nyttig i mindre kommunar som raskare kan "snu seg".

Stavanger: *Leve HELE LIVET er et omstillingsprosjekt der målet er fornøyde brukere som gjennom forebygging, rehabilitering, teknologi og sosiale nettverk klarer seg selv i stedet for å bli passive mottakere av hjelp og pleie.* Prosjektet har egne nettsider på kommunen sine heimesider og har fått midlar i fleire rundar.

61.3 Samordning av statlig tilsyn

Fylkesmannen sin tilsynskoordinator utviklar saman med representantar for fagavdelingane (tilsynslaget) arbeidet med samordning av tilsyn internt og eksternt.

I 2015 hadde Fylkesmannen mellom anna desse aktivitetane:

- Faste møte i tilsynslaget, omtrent ein gong i månaden. Vi utvekslar erfaringar og informasjon og tar opp utfordringar i desse møta. I tillegg har vi ekstra møte i samband med praktisk samordning, og når me skal planlegge større møte.
- Samordning av den kommuneretta tilsynsaktiviteten internt.
- Samordning av den planlagde kommuneretta tilsynsaktiviteten eksternt. Vi samordnar aktiviteten med

Mattilsynet, Arbeidstilsynet, Statsarkivet og Kartverket. Brev og ein kalender (oversyn) over planlagde tilsyn blei sende til kommunane/fylkeskommunen i januar 2015. Kopi av dette blei sendt til andre tilsynsetatar, kontrollutvalssekretariata og kommunerevisjonane i fylket. Det er også lagt ut på nettsiden vår.

- d) Gjennomført kontaktmøte med Mattilsynet, Arbeidstilsynet, Statsarkivet og Kartverket), kor ein på møtet hai utveksla erfaringar, samordna tilsynsaktiviteten og utvikla samordninga vidare. Statsarkivet er no aktivt med. I tillegg fekk vi ut brev og oversikt over tilsyn i 2016 allereie i desember 2015.
- e) Gjennomført møte med dei tre kontrollutvalssekretariata i fylket kor me samordna vår tilsynsaktivitet med planane om forvaltningskontroll.
- f) Kontinuerleg kontakt med dei andre statlege tilsyna og kontrollutvalssekretariata om endringar, eventuelle større pålegg og informasjon elles per telefon/e-post.
- g) Gjennomført årleg kontaktmøte med Rogaland revisjon som er den største kommunerevisjonen i fylket vårt. Tema var samordning av tilsyn.
- h) Gjennomført to tilsynslunsjar internt, ein vår og ein haust. Målgruppa er alle som arbeider med tilsyn internt hos Fylkesmannen, men også andre som er interesserte i dette var velkomne. Tok opp tema som læring i kommunalt tilsyn, og korleis skal me auke læringseffekten av tilsyn.
- i) Vidareutvikling av nettsidene om tilsyn. Vi har og laga vår eigen tilsynskalendar på nettsida vår.

Kva fungerer/fungerer ikkje?

- a) Tilsynslaget fungerer stadig betre. Vi har fin flyt mellom avdelingane og dialogen er god. Utfordringa er at vi har ulike sentrale statlege signal, noko som gjer det vanskelig å samordne når det gjeld metode og utval. Vi har derfor lagt vekt på at alle som arbeider med tilsyn hos Fylkesmannen skal vite om dei andre tilsyna hos oss, og korleis desse blir gjennomførde. Dei skal vite at det er ulik praksis frå fagområde til fagområde, slik at vi kan svare kommunane dersom det kjem spørsmål om dette. Vi ønskjer meir læring av tilsyna og ser at fleire av tilsyna vi gjennomfører har meir fokus på dette, jamfør fleire spreingstilsyn.
- b) Samordninga internt fungerer og betre. Det er god dialog, tidsfristar blir haldne og alle ønskjer å bidra til å få kalenderen på plass.
- c) Tilsynsamordninga eksternt er og vidareutvikla. Statsarkivet er nå kome med i den praktiske samordninga. Utfordringa er her den same som i den interne samordninga. Det er ikkje samordning av tilsyna sentralt. Dette gjer det vanskeleg å få til ein kalender som og omfattar Arbeidstilsynet. Dei har ein annan syklus når det gjeld planlegging. Vi har løyst dette med å ha meir detaljert informasjon om Arbeidstilsynet sine tilsyn i tilsynsbrevet. Vi har og fått sendt ut oversikt over tilsynsaktiviteten allereie i desember. Dette for at kommunane tidlegast mogleg skal vite kva som skjer neste år. I tillegg gjer dette det mogleg for oss å varsle tilsyn tidlegare på året. Dette har me snakke med kontrollutvalsekretariata om, og dei er sær positive. Vi har og samordna med deira aktivitet før brevet blei sendt.
- d) Vi har laga ein eigen tilsynskalendar på nettsida vår, og vi ønskjer å få meir synleg plassering for tilsyn på nettsidene. No er det tilsyn under kvart tilsynsområde, og samordning av tilsyn har vore fráverande i malen, men vi har laga vårt eige tilsynsområde.
- e) Vi ønskjer å ha meir fokus på læring, og har dette oppe som tema både internt og eksternt. I tillegg vil vi nemne at kommunane gir positive tilbakemeldingar når det gjeld rettleiingssamlingar/hospitering i samband med det felles nasjonale tilsynet «Skulane sitt arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa» som blir gjennomført i perioden 2014-2017. Vi har i 2015 starta med veiladingsmøte i forkant av tilsyna med kommunal beredskapsplikt og dette har også blitt møtt på ein positiv måte av kommunane.

Særlege utfordringar

- a) Det er ei særleg utfordring at dei ulike fagområda ikkje er samordna når det gjeld tilsyn på sentralt hald. Det blir gjort endringar på dei ulike tilsynsområda både når det gjeld forventingar, omfang, utval og metode utan at dette blir samordna med dei andre tilsynsområda.
- b) Fylkesmannen brukar mvkie ressursar på tilsyn og kontroll. Det er lite forskingsmateriale om kva effekt

tilsyn har framfor andre virkemiddel for å fremje statens politikk. Vi etterlyser derfor dette. I tillegg ønskjer vi gode arenaer for diskusjon av omgrepet "læring". Kva ligg i dette, og kor langt kan tilsynet gå i retning av rettleiing?

c) Vi ønskjer framleis at departementet legg til rette for erfaringsutveksling mellom Fylkesmennene og formidling av gode døme på samordningsrutinar og ikkje minst læring av tilsyn.

Resultatområde 62 Kommuneøkonomi

Dette er det gjort nærare greie for nedanfor.

62.1 Kontroll og godkjenning etter økonomibestemmelsene i kommuneloven

Vi går kvart år gjennom kommunale budsjett/økonomiplanar og rekneskap med sikte på å avklara om det er kommunar som skal inn (evt. ut) av ROBEK (Register over kommunar underlagt betinga kontroll). Mellom 2007 og 2010 var ingen kommunar i registeret. Haugesund blei meld inn i 2010 pga. manglande inndekking av underskot. Rekneskapane for 2011-2014 og budsjetta for 2011-2015 har ikkje gitt grunnlag for utmelding. Hjelmeland kommune blei meld inn i 2015 på grunnlag av at vedtatt inndeckingsplan ikkje er følgt. Vi har i 2015 i tråd med dette gjennomført lovlegkontroll av budsjett og økonomiplan for Haugesund og vidare godkjent vedtak om låneopptak. På bakgrunn av at den økonomiske ubalansen i Haugesund snarare har auka enn minka, har vi dei siste par åra auka innsatsen gjennom hyppigare møter og kontakt med kommunen. Vi har m.a. bedt om at opptak av lån blir redusert, noko som også er følgt opp av kommunen.

Kommunale garantivedtak skal sendast til fylkesmannen for godkjenning. Vi behandla i 2015 5 vedtak om å stilla kommunal garanti. Dei fleste gjaldt idrettsbygg/anlegg.

IKS-lova blei endra f.o.m. 1.1.14 slik at lånevedtak nå berre treng godkjenning når ein eller fleire av deltakarkommunane er registrert i ROBEK. Vi har hatt ei slik sak i 2015.

Det har ikkje vore saker om vedtekter for kraft/heimfallsfond i 2015.

Det har heller ikkje vore saker om lovlighetskontroll etter økonomiføresegnene i kommunelova

62.2 Økonomiforvaltning - veiledning

Vi legg hovudvekta av arbeidet på økonomifeltet på informasjon og rettleiing. Vi har hatt få kommunar i ROBEK og har som mål å førebyggja at dei kjem dit.

I samarbeid med KS og NKK lokalt arrangerer vi årleg to samlingar på dette feltet, eit KOSTRA- eller økonomiseminar, i mars/april, og ein kommuneøkonomidag i slutten av mai der hovudtema er kommuneproposisjonen, men der også andre relevante tema blir tatt opp. Vi legg ned mykje arbeid i desse samlingane, men det har vore bra oppmøte, vi får positive tilbakemeldingar og legg også vekt på møteplassfunksjonen desse samlingane har.

Vi prøver å ha ei viss oppfølging av einskildkommunar også om dei ikkje er i ROBEK, hovudsakleg kommunar som kan vera i "faresona". Særleg gjeld dette kommunar som ligg særleg høgt i samla overslag på frie inntekter i høve til KS-modellen.

Økonomistyringa i kommunane synest gjennomgåande å vera god. Den økonomiske situasjonen i kommunane i fylket har samla sett vore noko betre enn landet. Det har vore stor folketilvekst, noko som gir økonomiske utfordringar, m.a. behov for investeringar. Inntektene har ikkje auka like mykje og gjeldsgraden har auka meir enn landet (men ligg endå under landet).

Konjunkturane ser ut til å gjera noko større utslag for kommunane i Rogaland enn landet under eitt, og verknadene av lågare oljepris tek nå til å merkast også i kommunal verksemd.

Kvart år utarbeider vi ein rapport om kommuneøkonomien i fylket basert på rekneskapstal frå KOSTRA frå dei føregåande åra, med presentasjon av statistikk og gjennomgang av status og utviklingstrekk, og formidlar denne til kommunane.

Vi prøver å gjera aktuelt stoff tilgjengeleg via nettsidene i så stor grad som råd, informasjon om kommuneøkonomi, kommuneopplegget (kommuneproposisjonen og statsbudsjettet), lysark frå føredrag, statistikkoversyn for kommunane i fylket, skjønstildeling m.v. 23 artiklar blei lagt ut på sidene for Kommuneøkonomi, KOSTRA og kommunal fornying i 2015.

Vi har også i 2015 prøvt å følgja opp KOSTRA-rapporteringa i kommunane. Slik vi forstår det ligg kommunane i fylket relativt godt an på dette punktet. Vi har som ein viktig strategi for å sikra datakvaliteten å ta data i bruk på flest moglege område. Vi legg ut ein del tabellar med fylkesoversikter, både på grunnlag av førebelse tal og dei endelege, poenget med dei første er m.a. kvalitetssikring ved å gjera tal meir synlege før fristen for retting. Det blir også lagt ut oppslagstabellar for samanlikning av kommunar.

Vi har på økonomisamlinga og via e-post prøvt å setja fokus på ein del område (funksjonar) der det er store variasjonar i tala som det er vanskeleg å finna forklaringar på. Vi legg også vekt på å auka bruken internt, dette er også nyttig for kvalitetssikring.

Vi har i 2015 fordelt resten av skjønnsramma for 2015, 7,1 mill. kr til 7 kommunar for ekstraavgifter i samband med språkdeling, 2,9 mill. kr til ekstraordinære utgifter i 6 kommunar, 2,6 mill. til kommunestruktur (kr 100 000 pr. kommune) og 5,5 mill. kr til innovasjons- og fornyingsprosjekt, jf. punkt 6.1.2. Av ramma for fylket for 2016 på 67,6 mill. kr er 51,6 mill. kr fordelt i samband med statsbudsjettet i haust, medan resten blir fordelt i år.

Hovudomsyna ved fordelinga av skjønstilskot er kompensasjon for omlegging av arbeidsgjevaravgift, kommunar med særleg høge utgifter til ressurskrevjande tenester, kommunar med særleg høge utgifter psykiatri/rus i høve til kommunestorleik, ekstraavgifter pga. språkdeling og skyss helsepersonell. Vi er her også nøye med å ikkje gi signal om bruken av midla i større grad enn det som har dekning i departementets retningslinjer (jf. prosjektskjøn), sidan dette i utgangspunktet er frie midlar og dei nemnde omsyna dermed er meint å utfylla kriteria i inntektssystemet og ikkje innebera former for øyremerking, jf. prinsippa elles.

Resultatområde 63 Kommunalrett, forvaltningsrett, kommuneinndeling og valg

Dette er det gjort nærare greie om nedanfor.

63.1 Kommunalrett

Fylkesmannen arrangerte i juni eit kurs for kommunane om konstituering av kommunestyre og val av faste utval m.v. Her var m.a. kjønnsamansetting eit tema.

Det har vore mange spørsmål knytt til konstitueringa etter kommunestyrevalet og det har vore nødvendig med avklaringar frå departementet.

Fylkesmannen har ikkje mottatt klager etter kommunelova § 60 d fjerde ledd.

Lovlighetskontroll

Embeter	Saker om lovlighetskontroll etter klage som det er truffet vedtak i			Lovlighetskontroll initiert av fylkesmannen			Vedr. habilitet	Vedr. lukking av møter
	Antall saker	Antall opprettholdt	Antall ulovelig	Antall saker	Antall opprettholdt	Antall ulovelig		
FMRO	4	2	2	1	1	0	0	0
Sum	4	2	2	1	1	0		

63.3 Kommuneinndeling

Fylkesmannen hadde i 2015 eit aktivt år i arbeidet med kommunereforma, med mange aktivitetar. Frå november 2014 har alle aktivitetar vore organiserte gjennom prosessrettleiar. Alle kommunar fekk i oppdrag å rapportere

2014 har alle aktiviteter vore organiserte gjennom prosessretter. Alle kommunar fekk i oppdrag å rapportere inn om status i arbeidet innan 1. mars 2015, noko som gav oss høve til målretta innsats mot enkeltkommunar. Det gav også grunnlag ein presentasjon av status på vår nettside, og på prosess-samling den 17. mars der alle kommunar var inviterte. Samlinga som fekk stor oppslutning og hadde særleg fokus på involvering av innbyggjarar og tilsette i prosessen. Vi etablerte i mars ei eiga kartløyising på vår nettside med oppdatert informasjon om prosessen i den enkelte kommune, og har elles nytta nettsida aktivt og strategisk i arbeidet. Alle kommunar som var i prosess blei lova inntil kr 100 000 i skjønmidlar, og etter kvart fekk alle kommunar tildelt slike midlar. Vi arrangerte, saman med fylkeskommunen, den 29/4 ei samling med tema kommunestruktur og kultur. Saman med KS arrangerte vi 27/8 ei samling for kontaktpersonar i kommunane. Den 28/10 hadde vi ei samling med målgruppe nye politikarar, og med fokus på den avsluttande prosess i kommunane. På haustkonferansen til KS den 11/11 orienterte vi om brevet frå statsråden til kommunane, og om kva vi venta av kommunane i slutfasen. Fylkesmannen har saman med KS arrangert tre møte i regional ressursgruppe med deltaking frå regionråda, Distriktssenteret, LO, NHO, Iris, Stavanger og Sandnes kommune. Veka etter kvart møte i ressursgruppa har vi invitert alle ordførarar til eit lunsjmøte, med god deltaking. Vi har elles vore til stades med informasjon i kommunestyre, og mange ulike fora der vi er inviterte. Det har vore krevjande å få alle kommunar til å delta aktivt i reforma slik det er lagt til grunn frå Stortinget, m.a. fordi kommunevalet resulterte i nokon nye ordførarar som tydeleg går ut mot endring i kommunestruktur. Samstundes kunne vi registrere auka aktivitet når det gjeld nabopratar mot slutten av året, og at fleire kommunar starta opp arbeid med intensjonsavtaler. Vi har hatt godt nytte av samarbeid med Distriktssenteret, dialogen med andre fylke og med KMD.

Vi har behandla ei sak om grensejustering mellom Sola og Sandnes kommune.

63.4 Valg

Vi har hatt nokre få avklaringar etter vallova når kommunane har bede om dette. Det meste har gått utanom Fylkesmannen.

63.5 Forvaltningslovens og offentleglovas anvendelse i kommunesektoren

Fylkesmannen har behandla og treft vedtak i 20 klagesakar om manglande dokumentinnsyn. Dette er er ein auke frå 2014.

Resultatområde 66 Planlegging, bolig- og bygningsrett

Dette er det gjort nærare greie om nedanfor.

66.1 Byggesaker

Det kom inn totalt 371 byggesaker etter plan- og bygningslova. Ved utgangen av året var restansen 83 saker.

Det blei behandla 369 saker. 98 av dei påklagde vedtaka blei opphevd eller omgjort. 28 omgjort og 70 opphevet (26%).

Av dei 371 sakene ovanfor kom det inn 11 og blei behandla 15 setjefylkesmannssaker.

Gjennomsnittleg saksbehandlingstid for heile året var 2,7 månader.

322 saker blei behandla innanfor fristen på 12 veker. Av dei resterande hadde 41 saker ei overskriding inntil 4 veker og fleire av desse berre ubetydeleg over fristen. 1 sak ei overskriding mellom 4 og 8 veker og dei resterande 7 sakene hadde til dels betydelege overskridingar mellom 3 månader og eitt år. I fleire av de sistnemnde sakene har det vore vanskeleg å få inn tilstrekkeleg dokumentasjon fra kommunane, sakene har vore behandla etter fleire lovverk (jordlov og plan- og bygningslov). Desse sakene har blitt behandla så snart som mogleg.

Det har vore sendt ut forlengingsmelding i særlege tilfelle i saker. I andre saker med særleg lang saksbehandlingstid kor det har vore nødvendig å innhente opplysningar frå kommunane, har partane blitt underretta ved kopi av av brev til kommunane og på anna vis.

Det har blitt brukt ein del tid på å skrive høyringsfråsegner til endringar i plandelen og endringar i byggjesaksforskriften med rettleiing.

Vi har avholdt kurs for kommunane i nye byggjereglar i samarbeid med DIBK og NKF. Det var 143 deltakare på konferansen. Vi har også hatt møte med brei deltaking frå byggessakshandsamarane i Stavagner kommune.

Fleire personar deltok på landskonferansen i plan- og bygningsrett på Hamar.

Matrikkellova:

Vi har behandla fem saker etter matrikkellova. Samtlege blei stadfesta. Gjennomsnittleg saksbehandlingstid var 3 månader. Det er særleg behov for rettleiing frå departementet når det gjelde fastsetting av oppmålingsgebyr.

66.2 Saker om ekspropriasjon

Det blei behandla følgjande saker:

1 søknad om samtykke til førehandstiltreding avslått.

1 klageavgjerd i ekspropriasjonssak etter pbl . § 16-2 (vedtak opphevet).

1 samtykke etter oreigningslova .

Restanse: 2 klagesaker om ekspropriasjon etter plan- og bygningslova.

Gjennomsnittleg saksbehandlingstid har vore 2 månader

66.3 Klage etter eierseksjonsloven og lov om kommunal forkjøpsrett til leiegårder

Vi har ikkje behandla klagesaker innanfor dette området.

Vi har ei sak i restanse.

Klage etter eierseksjonsloven - antall

Embeter	Antall klager	Tatt til følge	Ikke tatt til følge	lovbestemmelser er vurdert under klagebehandlingen
FMRO	0	0	0	
Sum	0	0		

66.5 Planlegging, byutvikling og geodata

Prosjekt storbyutvikling

Gjennom styrking av planarbeidet innan storbyområda gjennom 4 årig prosjektmidlar frå KMD, har me greidd å bli ein meir aktiv dialogpart for dei 4 kommunane våre innan storbyområdet (Stavanger, Sandnes, Randaberg og Sola). Me gjev no uttale i dei aller fleste planar i storbyområdet og vektlegg oppfølging av nasjonale og regionale føringar innan kollektivtilbod, gå- og sykkelstrategi, oppfølging av regionalplan for byutvikling på NordJæren, klimatilpassing, boligutvikling, grøntstruktur, tett og god utnytting, parkeringsregime, universell utforming og omsyn til barn og unge. To gangar i året har me byutviklingrelaterte samlingar med foredrag for dei som arbeider med planlegging og miljø i bykommunane våre.

Vegvesenet har høgare lønsnivå enn me kan greie å halde, og "tok" den fyrste prosjektleiaren vår til bussway-prosjektet sitt. Me har fått på plass ny prosjektleiar med god planfagleg bakgrunn for resten av prosjektperioden.

Å følgje opp storbyutvikling innan plan er ein del av det faste arbeidet Fylkesmannen bør gjere. KMD bør vurdere å innlemme denne bevilgninga fast til styrking av planrelatert arbeid hos oss. Prosjektperioden går ut om eitt år og bør i det minste forlengast for at me ikkje skal tape byutviklingskompetansen - og kapasiteten - me har bygd opp. Hvis ikkje vil det måtte gå ut over andre område med allereie for knappe ressursar om me ikkje skal falle tilbake til tidlegare nivå på innsats innan dette feltet.

Samordningsprosjekt statlige motsegner

Prosjektet er innarbeidd i vanlege rutinar i pangruppa vår. Fast prosjektleiar er i permisjon i eit år, men me har dekkja opp gjennom røynd planmedarbeidar i landbruksavdelinga og ein vikar med juridisk bakgrunn i miljøvern-avdelinga. Me har gode erfaringar med prosjektet. Rogaland samordnar også *faglege råd*. Det gjev stor informasjons- og effektivitetsverdi for planutviklar og kommune.

Det er ein tydeleg svakheit med prosjektet at fylkeskommunen, med sine nasjonalt delegerte ansvarområde innan kulturminnevern, samferdsel og regional planlegging generelt, ikkje er involvert i prosjektet. Det er særleg utfordrande og mangelfullt at Riksantikvaren sitt ansvar - der det liogg lite regionalpolitisk sjønnsutøving - og det vegfarleg arbeidet som vegvesenet gjer på vegne av fylkeskommunen, ikkje er involvert. Andre områder som er knytte til fylkeskommunen sin rolle som samfunnsutviklar og naturressursforvaltar, td innan friluftsliv og minealressursforvaltning, burde også vore innlemma i motsegnprosjektet, saman med dei statlege regionale instansane. Riksantikvaren, Bergmesteren, Fiskeridirektoratet, Miljødirektoratet og Vegdirektoratet bør vurdere føringar i ansvarlinene sine til fylkeskommunane innan arealressursforvaltninga, som bidrar til å dekke ulempene ved at det er både statleg og fylkeskommunalt regionalt nivå.

Samla sett er me svært nøgde med dei effektane prosjektet har gitt, og at det har avdekka vidare utfordringar og forbedringspotensiale i regional samordning ovafor kommunane. Me ser fram til famhald og vidareføring av prosjektet.

Tal på amordna motsegner i Rogaland 2015

I 2015 var det i Rogaland 11 kommuneplanar, 9 kommunedelplanar og 491 reguleringsplanar på høyring. Fylkesmannen sende 15 samordna statlege uttalelsar til kommune- og kommunedelplanar. Det kom til sammen 26 uttalar frå statlege etatar med tydeliege faglege råd og motsegner, som vart samordna. I desse 26 uttalanane var det 11 motsegner. Fordelinga går fram av eigen rapport til Kommunal-og moderniseringsdepartementet.

I 2015 sende vi ut 28 statlege samordna uttalar til reguleringsplanar. Det kom til saman 42 uttalar med tydelige faglege råd eller motsegner fra statlige etater, som vart samordna i tråd med avtale i prosjektet. Av disse hadde berre 9 motsegner. Fordelinga går fram av eigen rapport til KMD.

Avskjæring vart berre nytta i 1 reguleringsplan.

sjå og faste plan og geodataoppg i neste avsnitt (sidan det var to avsnitt i malen, tolka me den eine som faste oppg og den andre som prosjekt)

66.5 Planlegging, byutvikling og geodata - Faste oppgaver

Klagehandsaming reguleringsplanar

Vi har behandla 52 klager på reguleringsplanar. 48 saker blei stadfesta og 3 oppheva.

Gjennomsnittleg saksbehandlingstid har vore 2,9 månader.

Storbysatsing og Samordning av statlege motsegner og prosjekt storby- sjå forrige kapittel (prosjekt innan resultatområde 66.5)

Deltaking i Regionalplanarbeid i regi av Rogaland Fylkeskommune - og oppfølging av gjeldande regionale planar

Rogaland fylkeskommune er svært aktiv med regionalt planarbeid og har samla over 20 gjeldande tematiske regionalplanar (tidlegare kalla fylkesdelplanar). Fylkesmannen brukar alle desse aktivt når me gjev uttalar til kommunale (og statlege) arealplanar. Me deltar også med Rogland fylkeskommune i prosjektgruppene som reviderer gjeldane planar (td regionalplan for Friluftsliv, Idrett, Naturvern og Kultur, regionalplan for Haugalandet og Ryfylke, regionalplan for handtering av overskotsmineralmassar m.fl.). Dette er svært krevjande og me har ikkje tilstrekkelege personellressursar til å bistå fylkeskommunen i slik grad dei ynskjer. Me må prioritere å gje uttale i tide til konkrete kommunale planar og større samferdselsprosjekt. Det er dessverre ikkje

rom i organisasjonen vår med den planmengde som er under utvikling i Rogaland, å bidra til utvikling av regionalplanarbeidet, med så store ressursar som me gjekk inn med for 10-20 år sidan. Det gjer det nok også meir utfordrande for fylkeskommunen å få framdrift i regionalplanarbeida.

For 2015 vil me nemne særleg samarbeid om ein god konferanse om regionalt og kommunalt planstrategiarbeid, som Fylkeskommunen var hovedarrangør for. Me bidrog sterkt i programmet og gjennom finansiering med KMD-midler.

Me vil også nemne som særleg positivt felles innsats mellom Fylkesmannen og Rogaland fylkeskommune i planforum og i meklingar med kommunane.

Generelt om arbeid med uttalar til varsel og offentleg høyring av kommunale planar

Sjå og eigen rapport til Miljødirektoratet om miljøomsyn i planlegging med kopi til KMD, LMD og DSB.

Plangruppe på tvers av embetet prioriterer å gje godt internt samordna uttalar til varsel og oppstart av kommunalt planarbeid. Nasjonale omsyn og viktige regionale interesser innan våre ansvarsområde vert samla sett godt ivarettatt av kommunane og planane vert i stor grad kvalitetsmessig heva gjennom samla høyring og med våre bidrag. Me har svært god kontakt mellom våre sakshandsamarar og plansakshandsamarane i kommunane. Dei aller fleste utfordringar finn me løysingar på gjennom gode drøftingar. Men det er stor arealknappheit i deler av Rogaland, og særleg knytt til store infrastrukturprosjekt går det tapt både jord og natur av stor regional- og nasjonal verdi.

Plangruppa vår, under koordinering av miljøvernavdelinga, prioriterer høgt å gje rettleiing til kommunar og andre og å vurdere alle saker innan den fristen kommunen har sett. Det går ganske godt, ikkje minst på grunn av eit svært godt samarbeid om saksfordeling, særleg mellom miljøvernavdelinga og landbruksavdelinga. Plangruppa vår er også fagleg og kapasitetsmessig styrka gjennom dei prosjekta innan storby og samordning av statlege motsegner, sjå forrige kapittel 66.5 .

Planar til uttale hos FMRO i 2015:

11 kommuneplanar, 9 kommunedelplanar og 491 reguleringsplanar

(i tillegg 36 saker etter energilova, som i stor grad er unntatt planbehandling gjennom konsesjon og miljø- og tiltaksplan, godkjent av NVE)

Praktisk talt alle motsegner vart løyst og berre ei sak vart send til KMD til avgjerd. Denne saka er mellom anna vurdert frå vår side som ein omkamp, sidan den har vore til avgjerd i MD tidlegare (bustader i bakdynelandskap på Kolnes i Sola kommune)

Det er berre vel 10 % av planane som blir møtte med motsegn, og oftast er det då knytt fleire motsegner til same plan og også fleire grunngjevingar for kvar motsegn. Fordeling av grunnar til motsegner innan våre ansvarsområde er slik i 2015:

32 naturmangfald og strandsone, 23 landskap, 36 friluftsliv herunder 22 med vekt på barn og unge sine interesser, 32 grønstruktur herav 26 med landbruk/jordvern, 4 forureining, 3 støy, 19 BATP og 14 manglande ROS/samfunntryggleik.

Det har vore 8 meklingar, med fylkesmannen sjølv, som gjeld kommuneplan i 2015 og 4 om reguleringsplanar. Alle motsegner som kom så langt vart løyste i mekling, med unntak av ei sak i Sola.

Klage på dispensasjon frå plan

Totalt klagar fylkesmannen på færre vedtak når kommunane har gitt dispensasjon frå plan. Kommunane er blitt flinkare å følgje plan og å grunngje vedtak. Og me sorterer betre på kva saker som har regionale- og statlege interesser. Som normalt i Rogaland er det flest saker isom gjeld landbruk på dette feltet i 2015. 20 slike vart påklaga av oss i 2015. Nokre klager er grunngjeve ut frå flerie forhold. Samla er det 29 klager. Talet på klager med grunngjevingar innan andre forhold er : naturmangfald/strandsone/landskap 11, friluftsliv 2, vatn og vassdrag 1 og forureining 2. Stort sett får me medhald av setjefylkesmann.

Geodata

Embettet har god erfaring med å ha felles Gis-koodinator, plassert i administrasjonsavdelinga. Det har gitt stort utbyte på tverrfagleg samhandling innafor Gisområdet. Etter lang tids utfordringar på dette feltet, har me no ein betre situasjon med stabilt personell og unge dyktige medarbeidarar som i større og større grad handterer Gis-verktøy med støtte frå Gis-koodinator og Gis-ansvarlege i fleire avdelingar.

Frå arbeidet i 2015 kan me nemne:

- mykje Gis-relatert arbeid i Klimaskogprosjektet som landbruk og miljølø samarbeider med to pilotkommunar om
- Temakart Rogaland er overført til ein ny og oppdatert versjon (langvarig samarbeid med kommunane inkl fylkeskommunen og regionale arealorinerte instansar)
- Statistikkportal er på plass i Temakart Rogaland , denne skal me vidareutvikle i 2016
- arbeid med plandata og høyringsbase inn i Temakart er komen godt i gong men krev vidare arbeid, ressursar og samhandling i 2016
- godt samarbeid i 2015 med andre embeter som brukar Adaptive som kartportal inkl kartdatadeling med Fylkesmannen i Nord-Trøndelag.

Giskoordinatoren og andre Gis-kyndige medarbeidarar er aktiv med kurs i Gis generelt og bruk av Temakartportalen spesielt intern og eksternt. Til dømes intokurs til temakartportalen i kommunane Stavanger og Tysvær. Kurs i digitalisering av spreieareal for landbrukskontor. Vidare har me deltatt med presentasjonar på kurs i regi av Smartkommune.

Resultatområde 68 Samepolitiske hensyn

Uaktuelt

Resultatområde 69 Partistøtte

Ressursrapportering

Ang. andre oppgåver under KMD, gjelder arbeid med kommunereform.

Resultatområde	Kapittel 0525	Fagdep.
Ressursbruk knyttet til adm/felles oppg./drift	kr 32 069 196,00	kr 0,00
Embetsspesifikke landsdekkende oppgaver (f.eks. FRI og trippelnett)	kr 0,00	kr 0,00
62 Kommuneøkonomi	kr 702 759,84	kr 0,00
66 Planlegging, bolig- og bygningsrett	kr 7 122 284,44	kr 1 349 338,00
Konsultasjoner mellom statlige myndigheter og Sameting	kr 0,00	kr 0,00
Andre oppgaver under KMD	kr 380 506,31	kr 663 308,84
Sum:	kr 40 274 746,00	kr 2 012 646,00

Kulturdepartementet

Resultatområde 95 Tros- og livssynssamfunn

Årsrapport for 2015

I 2015 var det 65 trussamfunn som søkte om statsstøtte. Av disse fikk 63 samfunn innvilga søknaden. Fylkesmannen utbetalte i 2015 til saman kr 8.952.009,- i statsstøtte.

Det er eit aukande tal personar av utanlandsk opphav som søker om å få registrert trussamfunn. Det fører med seg noko meir råd og rettleiing då nokre av desse personane har vanskar med å lese norsk.

Vi har også i år invitert trussamfunna ved representanter til orienteringsmøte om statstilskotet hvor det også var moleleg å ta opp andre tema dei hadde behov for.

Prest/forstandar for nokre trussamfunn har ikkje alltid gode nok kunskaper og slit med å forstå pliktar ein prest/forstandar har for å kunne søkje om statstilskot, samt ha kontroll på medlemslistene. Vi gjennomfører difor møter med utvalde trussamfunn, for å gje dei veiledning om pliktar og rettar.

Fylkesmannen merke ei aukande interesse for desse sakene frå bl.a. media. Vi har fått nokre spørsmål frå journalistar som ønskjer innsyn i enkeltsaker som gjeld søknad om statstilskot frå ulike trussamfunn.

Resultatområde 96 Gravferdsloven

Vi har motteke 58 søknader om oskespreiing i 2015.

Av desse fekk 6 avslag.

50 vart godkjend.

Ingen saker vart påklaga.

2 er framleis under handsaming eller er avslutta då det manglar opplysningar.

Fylkesmannen har laga eit kart over Rogaland kor alle bygningar, hus, hytter, og turstier er avmerka. Desse punkta kjem fram på kartet med raud sirkel dersom dei ligg mindre enn 500 meter frå staden det er søkt om oskespreiing. Det gjer det lettare å sjå på kartet kor langt det er til næraste bygning eller tursti.

Resultatområde 97 Lov om helligdager og helligdagsfred

I 2015 kom det inn 3 saker om dispensasjon for å ha opent på heilagdaggar i forbindelse med arrangement (Klepp24, Jærdagen og Tour des Fjords). Alle søknadene blei godkjent. Det kom også inn en søknad frå Kiwi på Mosterøy om generell vedvarande dispensasjon frå loven som ble avslått.

Vidare kom det inn en søknad fãa Hå kommune om å vedta forskrift om typisk turiststad for Oгна, som ble avslått.

Vi fikk også spørsmål frå Stortinget om søknader om å vedta forskrift om typisk turiststad i fylket.

Vi gav høyringssvar om endringar i helligdagsfredloven.

Kunnskapsdepartementet

Resultatområde 31 Forvaltningsoppgaver - barnehagen og grunnsopplæringen

Rapportering følger nedanfor:

31.1 Tilsyn

Tilsyn etter opplæringslova

Tilsyn med kommunane etter opplæringslova er gjennomført i samsvar med aktivitetskrava for 2015. Etter vår vurdering er tilsyna er gjennomførte etter gjeldande metodehandbok og instruks, slik at tilsynsobjekta er sikra likebehandling og einsarta tilsynspraksis.

Val av tilsynsobjekt blir gjort med utgangspunkt i systematisk områdeovervaking og risikovurdering. Vi brukar tilgjengeleg statistikk frå GSI, statistikkportalen og elevundersøkinga, oppslag i media, kontakt frå foreldre eller tilsette i kommunane, eiga klagesaksbehandling og elles kjennskap og inntrykk av skolar og kommunar. Vi har registrerer og systematiserer kontakt på telefon og e-post som eit ledd i risikovurderinga vår. Elles blir det endelege valet av tilsynsobjekt gjort etter samordning med dei andre avdelingane i embetet, og det er også tatt eit visst omsyn til andre statlege tilsynsmynde. Samla sett inneber dette at det ikkje alltid er råd å «få» dei kommunane vi meiner har størst risiko på våre felt. Vi er likevel trygge på at utval av tilsynsobjekt er forsvarleg også dette året. Vår vurdering er at tilsynsverksemda i høg grad er basert på systematisk områdeovervaking og risikovurdering.

Fylkesmannen i Rogaland har i 2015 gjennomført felles nasjonalt tilsyn i fire kommunar. Kommunane var valde ut etter risikovurderingar med bakgrunn i resultat frå Elevundersøkinga og kjennskapet vi hadde til kommunane gjennom klagesaksbehandlinga knytt til standpunktarakterar. I samband med tilsyna har tilsynskommunane fått tilbod om rettleiing på førehand, og andre kommunar har fått høve til å hospitere under tilsyna. Dette er ei ordning som har blitt svært godt mottatt i kommunane. Vi vil her også nemne at vi har halde innlegg på Norsk Luthersk Misjonssamband region sørvest sin skulekonferanse der temaet var «Styreansvar i møte med felles nasjonalt tilsyn».

Vi har gjennomført planlagde lokalt initierte tilsyn i fleire kommunar. Kommunane var valde ut med bakgrunn i klagesaker og anna informasjon som gav oss grunn til å vere uroleg for om elevane sine rettar etter opplæringslova blei ivarettatt. I Sola og Kvitsøy var tilsynet knytt til skulane sitt arbeid med elevane sitt psykososiale miljø, og i Tysvær gjennomførte vi tilsyn etter kap.5 (spesialundervisning). Inntrykket vårt er at kommunane og skulane ønskjer å rette dei pålegga Fylkesmannen varslar og eventuelt gir, dei ønskjer å følgje lov og forskrift.

Vi har i 2015 gjennomført hendingsbaserte tilsyn med to kommunar ettar at vi fekk kunnskap om forhold som gav oss grunn til å tru at det foregikk lovbrudd i kommunane. I den eine kommunen førte vi tilsyn med kommunen si forvaltning knytt til spesialundervisning for ei lita elevgruppe, medan vi i den andre kommunen førte tilsyn med bruk av makt og tvang overfor ein elev. I dette tilsynet blei det også ført tilsyn med kommunen si organisering av spesialundervisninga for eleven, og tilsyn med eleven sine rettar etter kap.9a i opplæringslova. Det blei gitt mange varslar om pålegg i begge kommunane. Vi vil legge til at dei hendingsbaserte tilsyna er gjennomførte i tillegg til tilsyna som går fram av aktivitetskravet for 2015. Ut frå risikovurdering er vi glade for at tilsynskravet frå Udir er litt redusert dei seinaste åra, det gir oss større rom for å føre tilsyn der behovet er størst. Dette inneber også at vi planlegg med ei dimensjonering av tilsynsverkesemda i tråd med kravet frå Udir, og så kjem dei hengingsbaserte tilsyna på toppen.

I dei fleste tilsyna knytte til opplæringslova har det vore to medarbeidarar pr. tilsynslag. I nokre få av tilsyna har det vore tre og fire medarbeidarar pr. tilsynslag, sjølv om det er ressurskrevjande. Dette er likevel blitt vurdert som nødvendig av omsyn til kompetanseutvikling på tilsynsfeltet. Vi har hatt særleg merksemd mot felles nasjonalt tilsyn, slik at vi skal kunne klare å nå målet om at minst 60% av kommunane skal få tilsyn her. Det er også ei sikring for å minimere risiko for at tilsyn ikkje skal bli gjennomførte, til dømes på grunn av sjukdom. Fylkesmannen meiner at vi samla sett har forsvarleg måloppnåing på resultatområdet sett i lys av ressursar, kompetanse, metodikk og andre relevante forhold i fylket.

Tilsyn etter barnehagelova

Vi har ført stadleg tilsyn i to kommunar med hovudtema kommunen som barnehagemynde, delt i desse emna:

- kommunen som barnehagemynde, barnehagelova § 8
- kommunen si godkjenning av barnehagar, barnehagelova § 10
- kommunen sitt tilsyn med barnehagane, barnehagelova § 16

Det er vidare ført stadleg tilsyn i to kommunar med tema kommunen si forvaltning av retten til spesialpedagogisk hjelp, opplæringslova § 5-7.

Tilsyna er også i 2015 gjennomførte på bakgrunn av risiko og vesentlegvurdering og i samsvar med metodehandboka frå Udir. Vi har vald kommunar som har hatt lite barnehagefagleg kompetanse på kommunenivå og/eller som har hatt skifte av personale. Dette er også kommunar som ikkje har hatt tilsyn dei siste åra. I tilsynet som blei gjennomført først, la vi til rette for felles hopitering/rettleiing med neste tilsynskommune og to andre nabokommunar. Tilsyna etter opplæringslova § 5-7 er gjennomførte etter vurderingar som er gjorde på bakgrunn av kontakt frå føresette og klagesaker.

Endeleg val av tilsynsobjekt er gjort etter samordning med dei andre avdelingane i embetet, og det er også tatt eit visst omsyn til andre statlege tilsynsmynde.

Det er i endeleg tilsynsrapport varsla pålegg etter barnehagelova i begge kommunane som har hatt tilsyn med hovudtema kommunen som barnehagemynde. I den eine kommunen konkluderer vi med at kommunen fyller rolla og oppgåvene som lokal barnehagemynde og har ei forståing av regelverket som er i samsvar med lovverket. Kommunen har likevel ikkje gode nok rutinar for å sikre at godkjenning av barnehagar etter barnehagelova er gitt for barnehagen opnar. I den andre kommunen er det varsla tre pålegg; eit på kvart lovområde. Fylkesmannen konkluderer med at kommunen ikkje har god nok forståing av barnehagelova til å sikre at rettleiing blir gitt etter regelverket eller at rett lovforståing ligg til grunn for oppgåveløysinga på barnehageområdet. For den første kommunen blei tilsynet avslutta i 2015, den andre kommunen har frist til å rette varsla pålegg innan mars 2016.

I tilsyna etter opplæringslova § 5-7 er det også gitt varsel om pålegg; sakkunnig vurdering skal utarbeidast i tråd med krav i opplæringslova § 5-3 og kommunen skal fatte vedtak om spesialpedagogisk hjelp i samsvar med reglane i opplæringslova kap. 5. I den eine kommunen har Fylkesmannen mellom anna konkludert med at sakkunnige vurderingar og vedtak ikkje gir ei tilstrekkeleg individuell vurdering og grunngjeving av barnet sitt behov og av hjelpa som skal gjevast. Krav til kompetanse, omfang og organisering av hjelpa har ikkje blitt vurdert tilstrekkeleg konkret og individuelt.

I den andre kommunen konkluderte Fylkesmannen mellom anna med at dei sakkunnige vurderingane ikkje er like konkrete som vedtaka når det gjeld omfang og organisering. Det er dermed ikkje er råd å sjå om vedtaket faktisk er i samsvar med vurderinga. I begge tilsyna er skiljet mellom direkte hjelp til barnet og behovet for å nytte tid til rettleiing og møteverksemd problematisert. Dette tilsynet blei også utvida til å omfatte oppl. § 13-10 andre ledd. Etter Fylkesmannen si vurdering sikrar ikkje kommunen sine rutinar krava til vurdering av og oppfølging av eventuelle brot på opplæringslova på området spesialpedagogisk hjelp. Det er varsla pålegg om at kommunen må utarbeide rutinar i tråd med opplæringslova § 13-10 andre ledd.

Fylkesmannen hadde i 2015 eit skriftleg tilsyn med tilskot til ikkje-kommunale barnehagar etter bhl. § 14, jf. Forskrift om likeverdig behandling ved tildeling av offentlege tilskot §§ 2,3,4 og 8. Strand kommune var plukka ut for å få ein halvstor kommune der det hadde vore få klagesaker. Melding og tilsyn var gitt 4.9.2015. Kommunen ba om og fekk utsett frist for innlevering av dokumentasjon til 2.11.2015. Tilsynsystema er både kommunen si utrekning av tilskotssats, og kommunen si behandling og vedtak om driftstilskot. Tilsynsrapport blir utarbeidd tidleg i 2016, men det ser ut som kommunen vil få lovbrott på eit par mindre punkt.

FMRO har med dei gjennomførte tilsyna i 2015 oppnådd 15 poeng av kravet på 16 for barnehageområdet. Vi vurderer det likevel slik at måloppnåinga er god. Samla sett har vi ei måloppnåing når det gjelde omfang for tilsyna på barnehage- og skoleområdet som ligg over krava til avdelinga.

31.2 Klagesaksbehandling

1. Klager etter opplæringslova

Det har vore ein liten auke i talet på klager i 2015 samanlikna med 2014. Hovudsakleg gjeld auken klager på standpunktarakter. I 2015 fekk vi også 10 klager knytte til det fysiske skulemiljøet. På dei andre områda er det berre mindre endringar.

Talet på klager på standpunktkarakterar i fag har halde seg jamt i perioden 2008-2013, medan det var ein liten reduksjon i 2014 til 94, har det i 2015 auka til 105. Tala for alle typar klager på standpunktkarakterar er innafør det som må reknast som normalt for fylket. I 63 % (67 % i 2014) av tilfella oppheva vi karakteren og sende saka tilbake til skolen for ny vurdering, medan 37 % av klagarane fekk avslag.

Fylkesmannen mottok i 2010 berre ei klagesak etter opplæringslova §9a-3. I 2011 mottok vi 7 klager på dette området, i 2012 8 klager, i 2013 21 og i 2014 13 klager. I 2015 har vi behandla 14 klager, og det har i tillegg vore ein auke i klager som er sende direkte til oss. Desse er oversende til skolen/kommunen.

Vi vil spesielt nemne dei klagene vi fekk etter § 9a-2. Ni av desse gjeld klager på same skulen. Fylkesmannen oppheva i 2014 kommunen sine vedtak i desse sakene, og kommunen fatta nye vedtak som så blei påklaga i 2015. Fylkesmannen ga kommunen medhald i sine vedtak i 2015. Dette var svært arbeidskrevjande saker. Vi har samarbeidd med helseavdelinga vår og med arbeidstilsynet, og vi har vore på befaring på skolen. På befaringsa stilte kommunen med representantar frå oppvekst, helse og eigedom, Fylkesmannen stilte med utdanningsavdeling og helseavdeling. Som observatørar på befaringsa stilte klagarane med representantar frå FAU, og i tillegg deltok Arbeidstilsynet.

Utanom desse områda er det flest klagesaker som gjeld skoleplassering og skoleskyss. På begge desse områda har talet på klager halde seg jamnt frå 2014 til 2015.

Fylkesmannen har behandla 9 klager knytte til oppl. § 5-7 i 2015. To av sakene gjaldt mangelfull gjennomføring av vedtak om spesialpedagogisk hjelp, dels på grunn av fråvær og manglande kompetanse hos personalet og dels ved at lang saksbehandlingstid har ført til tap av rett. Andre saker har m.a. handla om uklar tilråding frå PPT, slik at saka ikkje har vore tilstrekkeleg greidd ut før vedtak. Sakene er behandla i løpet av ein månad, med unntak for ei sak der vi ikkje mottok tilstrekkeleg informasjon frå kommunen ved PPT.

Fylkesmannen har behandla 3 klager knytte til Forskrift til oppl. §1-8 om tildeling av framandspråk i 2015. Ingen fekk medhald. Det er vidare behandla 2 klager knytte til fritak frå aktivitetar etter oppl. §2-3a. Sakene gjaldt fritak frå undervisning om homofili og heimeundervisning i faget kroppsøving.

Fylkesmannen har behandla 1 klage knytt til realkompetansevurdering i Barne- og ungdomsarbeiderfaget. Det blei tatt stilling til om realkompetansevurderinga vart gjennomført i samsvar med gjeldande reglar. Klagen fekk ikkje medhald.

I tillegg har Fylkesmannen i 2015 mottatt klager som gjeld minoritetsspråklege elevar sin rett til særskilt språkopplæring, elevpermisjon, bortvising, fremskoten skolestart, inntak til eit 5. år i vidaregåande skole, realkompetansevurdering i vidaregåande opplæring og 13 saker knytt til § 4a-3 rett til vidaregåande for vaksne.

Generelt ser Fylkesmannen at enkelte kommunar har behov for betre forvaltningskompetanse.

Det er ei prioritert oppgåve å behandle klagesakene på utdanningsfeltet så raskt som råd, sidan desse sakene mest alltid gjeld individuelle rettar. Det blir sendt førebels forvaltningsmelding i saker der vi trur saksbehandlingstida kan ta meir enn 1 månad. Fylkesmannen har behandla alle klagesakene, bortsett frå tre, innan tre månader. Lenger saksbehandlingstid skuldast behov for å innhente utfyllande opplysningar eller meir utgreiing. Vi har vore i kontakt med klagarane undervegs i alle dei tre sakene.

Gjennomsnittleg saksbehandlingstid varierer frå omlag ei veke for standpunktkarakterklager til om lag 30-45 dagar for saker knytte til psykososialt miljø, spesialundervisning, skyss og skuleplassering.

Det som kanskje er like interessant, er tida den enkelte saksbehandlar bruker på kvar klage. Dette varierer frå 1-2 timar for standpunktklager til eit snitt på mellom tre til fem dagsverk i saker knytte til psykososialt miljø og spesialundervisning/spesialpedagogisk hjelp. I andre saker er snittet om lag 1 dagsverk pr sak.

I nokre få tilfelle har klagar vend seg til Fylkesmannen på ny etter at skoleeigar ikkje har følgd opp vedtaket frå Fylkesmannen. Desse sakene gjeld spesialundervisning. Fylkesmannen er ikkje på annan måte kjend med saker der vedtaket vårt ikke er følgd opp, til dømes gjennom media.

Dei siste åra har nokre medarbeidarar slutta og nye medarbeidarar er tilsette. Det tar tid å utvikle kompetansen hos nye medarbeidarar. Vi meiner likevel at vi har klart å gjennomføre ei fagleg god saksbehandling av innkomne klagesaker i 2015. Saksbehandlingstida har også vore innafør det forsvarlege heile året, og sakene er i hovudsak behandla innan 3 månader. Vi vurderer såleis måløppninga vår på resultatområdet som god.

2. Klager økonomisk likeverdig behandling

Fylkesmannen har mottatt 5 klager etter Forskrift om likeverdig behandling i 2015; to på våren og tre på hausten. To av klagenes er ferdigbehandla med ei gjennomsnittleg saksbehandlingstid på 65 dagar inkl. ferieavvikling. De tre andre klagenes vert behandla i januar / februar 2016. Tre saker mottatt i 2014 vart behandla på nyåret 2015. Vi har såleis ferdigbehandla 5 saker i 2015. Tema i klagesakene har vore tilskott ved aktivitetsauke etter lokale retningsliner, feil utrekning av pensjon, påstand om ugyldig vedtak, feil handtering av treåringane, deler av barnehage i midlertidige lokale er trekte ut, og endring i barnegruppa på grunn av store aktivitetsendringar. I tre av sakene behandla i 2015 vart vedtaket stadfesta, ei vart delvis oppheva og to heilt oppheva. Det er teikn som tyder på at aktuelt tema framover vert store aktivitetsendringar fordi sektoren no på det nærmaste er utbygd, og fleire og fleire barnehagar kjempar om dei same barna.

Talet på mottekne klagesaker er redusert til 1/3 av året før. Denne utviklinga starta allereie hausten 2014. Vi trur det kan ha samanheng med at reglane er blitt enklare frå 1.1.2015, og at fleire uklare spørsmål etter kvart har blitt avklarte. Det er ikkje teikn som tyder på at talet på klagesaker vil auke i 2016.

Vi meiner at resultatoppnåinga på dette feltet er tilfredsstillande.

Vi har ikkje mottatt klager på andre område der Fylkesmannen er klageinstans etter barnehagelova.

Klage i grunnskolen (opplæringsloven med forskrifter)

Type Klage	Sum	Medhold/Delvis medhold	Ikke medhold	Opphevet	Avvist	Kommentar
Standpunkt i fag	105	0	39	66	0	
Standpunkt i orden og oppførsel	2	0	2	0	0	
Fremskutt skolestart, § 2-1 tredje ledd	2	0	1	1	0	
Særskilt språkopplæring, § 2-8	2	0	2	0	0	
Skyss, § 7-1	26	12	13	1	0	
Skoleplassering, § 8-1	24	9	15	0	0	
Fysisk skolemiljø, § 9a-2	10	0	10	0	0	
Bortvisning, § 2-10	1	0	1	0	0	
Lokalt gitt muntlig eksamen	3	0	3	0	0	
Permisjon fra opplæringen, § 2-11	3	0	1	2	0	
Psykososialt skolemiljø, § 9a-3	11	3	4	4	0	
Spesialundervisning, § 5-1	13	6	4	3	0	
Grunnskoleopplæring for voksne, § 4A-1	1	0	1	0	0	
Sum	203	30	96	77		

Klage i videregående opplæring (opplæringsloven med forskrifter)

Type Klage	Sum	Medhold/Delvis medhold	Ikke medhold	Opphevet	Avvist	Kommentar
Rett til ett/to ekstra år i vgo, § 3-1 femte ledd	1	1	0	0	0	
Spesialundervisning, § 5-1	3	2	1	0	0	

Sentralt gitt skriftlig eksamen	2713	606	2107	0	0
Videregående opplæring for voksne, § 4A-3	13	2	11	0	0
Sum	2730	611	2119	0	0

Klagene for sentralt gitt eksamen i videregående opplæring er tal for heile landet i dei fagkodane som Rogaland har nasjonalt ansvar for.

Klage i private grunnskoler (privatskoleloven med forskrifter)

Type Klage	Sum	Medhold/Delvis medhold	Ikke medhold	Opphevet	Avvist	Kommentar
Psykososialt skolemiljø, § 2-4, jf oppl § 9a-3	3	1	2	0	0	
Spesialundervisning, § 3-6	1	0	1	0	0	
Skyss, § 3-7	2	1	1	0	0	
Sum	6	2	4	0	0	

Klage i private videregående skoler (privatskoleloven med forskrifter)

Type Klage	Sum	Medhold/Delvis medhold	Ikke medhold	Opphevet	Avvist	Kommentar
Bortvisning, § 3-10	1	0	1	0	0	
Inntak, § 3-1	2	0	0	2	0	
Sum	3	0	1	2	0	

Klage i forbindelse med spesialpedagogisk hjelp til barn under opplæringspliktig alder (opplæringsloven)

Type Klage	Sum	Medhold/Delvis medhold	Ikke medhold	Opphevet	Avvist	Kommentar
Spesialpedagogisk hjelp, § 5-7	7	6	1	0	0	
Sum	7	6	1	0	0	

Type Klage	Medhold/delvis medhold	Ikke medhold	Opphevet	Avvist	Sum
Barnehageloven § 10	0	0	0	0	0
Barnehageloven § 16	0	0	0	0	0
Forskrift om familiebarnehager § 7	0	0	0	0	0
Forskrift om foreldrebetaling § 5	0	0	0	0	0
Forskrift om likeverdig behandling av barnehager i forhold til offentlige tilskudd	2	2	1	0	5
Forskrift om midlertidig og varig dispensasjon og unntak frå utdanningskravet for styrer og pedagogisk leder § 4	0	0	0	0	0
Forskrift om pedagogisk bemanning § 3	0	0	0	0	0
Forskrift om regnskapsplikt for godkjente ikke-kommunale barnehager § 6	0	0	0	0	0

31.3 Statistikk og kvalitetsvurdering

BASIL

Årsmelding

Fylkesmannen har kontrollert og godkjent årsmeldingane per 15.12.2014 innan fristen.

Tre saksbehandlarar har kvalitetssikra årsmeldingane. Hovudkontrollen vår baserer seg på logiske bristar i rapporteringa. Innrapporterte data er også sett i forhold til årsmeldingane frå året før. I dei fleste årsmeldingane som blei avviste, var det feil i årsmeldinga punkt 3 *Barnehagens organisering* og punkt 8 *Opplysningar om stillingar og personale*. Vi hadde mykje arbeid med å få punktet «Assistent/fagarbeider med 15 studiepoeng i barnehagefaglig fordypning» fylt ut, då denne kompetansen nesten ikkje var rapportert. Fylkesmannen har gitt fagleg rettleiing til både barnehagenivå og kommunenivå, særleg i forhold til utføring av punkt 3 og 8.

Kommuneskjemaet og dei nye felte i årsmeldingsskjemaet er stort sett godt tekne i mot av kommunane, men det var ein del feilrapportering. Det ser ut til at nokre kommunar lit vel mykje på Fylkesmannen sin kontroll. Vi sende grundig evaluering/innspel av årsmeldingsskjemaet til Utdanningsdirektoratet i februar.

To saksbehandlarar har deltatt på Utdanningsdirektoratet si samling om BASIL. I november arrangerte vi ei samling for dei BASIL-ansvarlege i kommunane, der vi hadde ein gjennomgang av årsmeldingsskjemaet per 15.12.15 og kommuneskjemaet. Vi informerte om UBAS, rapportportalen, nasjonalt barnehageregister og barnehagefakta. Vi ser at dette er ei viktig samling for å informere om endringar i skjema og gi anna relevant informasjon. Vi har framleis ein representant i fagguppa for BASIL og har på denne måten medverka til vidareutvikling av BASIL. Vi har også ein representant i KOSTRA-barnehagar si arbeidsgruppe.

Vi har god kontinuitet og høg kompetanse på dette området. Det er brukt 30 dagsverk til arbeidet i 2015, og vi vurderer både ressursinnsatsen og måloppnåinga som god.

Resultatrekneskap

Kommunane hadde frist til å godkjenne skjema innan 9. oktober. Utdanningsdirektoratet utsette fristen til 14. oktober. Fylkesmannen sende påminning til 9 kommunar som ikkje hadde starta arbeidet med å godkjenne 6. oktober. Ved kontroll 12. oktober hadde dei ikkje-kommunale barnehagane i 13 kommunar levert resultatrekneskap som var godkjende på kommunenivå. Fylkesmannen purra på 6 kommunar. Siste purring frå Fylkesmannen blei sendt 14. oktober. Då hadde dei ikkje-kommunale barnehagane i til saman 15 av 19 kommunar levert resultatrekneskap som var godkjende på kommunenivå. I 4 kommunar var ikkje alt ferdig. 3 av desse kommunane blei ferdige etter fristen. Ved siste kontroll 22. oktober var det ein kommune som hadde ein barnehage under fana «Ikke påbegynte». 7 kommunar hadde berre kommunale barnehagar.

Vi har fått nokre spørsmål om fagleg rettleiing frå kommunane. Desse er sende vidare til SSB.

Det er brukt 2 dagsverk til dette arbeidet, og vi reknar ressursinnsatsen vår som forsvarleg og samla måloppnåing for resultatområdet som god.

Grunnskolen informasjonssystem (GSI)

Vi har følgd opp kommunar og private skolar med rettleiing og tildeling av passord i innsamlingsperioden.

Deretter har vi hatt ein omfattande revisjon av tala, der kvar skole er gjennomgått. Vi har undersøkt tal som har vore tilsynelatande urimelege, men i tillegg hatt særleg fokus på konsistent rapportering. Dette året har skjemaet blitt vesentleg kortare, og fleire av dei fjerna linjene har tidlegare ført til mange feil. Rapportering av lærarkompetanse har vore einaste utviding av skjemaet, og dette har i all hovudsak gått greitt.

Dei siste åra har talet på tilbakemeldingar til kommunane gått ned. Revisjonsrunden førte til 110 tilbakemeldingar til skolane/kommunane, mot 215 i fjor, og 300 året før. Grundig revisjon av tala dei siste åra har truleg ført til høgre bevisstheit knytt til tala, og med det betre tal. Reviderte tal er lagde inn i GSI. Utdanningsdirektoratet og SSB sine revisjonsrundar ga oss få punkt til oppfølging, noko vi tar som ei stadfesting på at revisjonsrunden vår var god.

Vi har medverka til vidareutvikling ved å samarbeide med Sørvestgruppa om utviklinga av GSI. Vi har sendt inn forslag og vurdert arbeidsgruppa sine forslag til endringar og forbetringar. I innsamlingsperioden har vi fortløpande meldt inn feil og forslag til nye kontrollar. I fleire år har vi hatt ønskje om at talet på 9A-3-vedtak skal samlast inn i GSI, men til vår og dei største kommunane sin frustrasjon, har vi ikkje fått gjennomslag for dette i år heller.

I 2015 hadde vi to samlingar med skoleeigarar der vi gjekk gjennom GSI-skjemaet, i tillegg til møte med alle kulturskolerektorane. Dei fleste kommunane og private skolar var representerte, og vi har fått gode tilbakemeldingar på samlingane. Vi vil halde fram med to samlingar for skoleeigarar og private skolar, men ønskjer også å stille opp for enkeltkommunar når dette er etterspurt og det er praktisk mogleg for oss. Trass samlingane har vi hatt stor pågang på telefon og e-post i innsamlingsperioden. Men vi ser at samlingane er særleg viktige for å informere om endringar i skjema. Dei siste åra er det etablert mange nye privatskolar i Rogaland. For dei fleste går rapporteringa greitt, utfordringane er for det meste knytte til internasjonale § 2-12 skular. GSI-skjema samsvarar i liten grad med skolane si verksemd, og dei får ei rekkje feilmeldingar og advarsalar.

Tal og analysar frå GSI er nytta aktivt som grunnlag for tilsynsarbeidet og blir sett i samanheng med talmaterialet som er tilgjengelig i Skoleporten, KOSTRA og i andre informasjonsskjelder. Analysar av GSI-tala ligg til grunn for utveljing av kommunar for tilsyn, val av skolar i tilsynet, og i den kontinuerlege områdeovervakinga. Vi

~~arbeider aktivt med å svare på indikatorar og identifisere risikofeltar. Vi har etablert eit GSI-nettverk i Sørvest~~

arbeidet aktivt med å vurdere indikatorar og identifisere risikofaktorar. Vi har etablert eit GSI-nettverk i Sørvest, noko som bidrar til konsistent rapportering i fylka, og vi møtest årleg for å oppsummere og evaluere innsamlinga. Frå 2016 skal dette nettverket gjerast om til eit statistikknettverk, der også barnehagestatistikk skal inn i same nettverket.

På oppmoding frå Samfunnsavdelinga i embetet kontrollerer vi kommunar som har oppgitt ekstra klassar på grunn av språkdeling, og som Fylkesmannen bereknar skjønnskott for. Det har vore litt støy knytt til dette, då nokre kommunar søkjer om tilskott for fleire grupper enn dei som følgjer av Udir rundskriv 11-2005. Vi har etterspurt grunnlagsdokumentasjon frå skolar kontrollert mot GSI på dette området, men er usikre på kvaliteten.

Vi har følgd opp og hatt oversyn med dei private skolane si rapportering i korreksjonsordninga. Som i tidlegare år brukte vi mye tid på purring på kommunane. Dei private skolane synest å ha betre rutine på denne rapporteringa enn kommunane. Dette er ein kontroll av fødselsnummer og bustadadresser, og vi finn det underleg at vi i skjema blir bedne om å godkjenne tala og bekrefte at data er korrekte. Dette er sjølv sagt ikkje noko Fylkesmannen har oversikt over.

Avdelinga har god statistikk-kompetanse, og det blir arbeidd mykje for å betre kvaliteten på GSI-tala og for å fremje bruken av tala internt i avdelinga og lokalt i kommunane. Kompetansen i kommunane er sårbar på dette feltet, og vi opplever at endringar i organisering og/eller bemanning gjer at rettleiingsoppgåva er krevjande for oss. Vi vurderer jamt nytten av å gjennomføre samling med kommunane opp mot behovet for rettleiing per tlf og e-post, men vi har valt å halde på årlege samlingar. Vi har hatt kontinuitet i kompetansen på dette området, noko som har gjort kvalitetssikringa meir effektiv og langt grundigare. Dette betrar og kvaliteten i informasjonsarbeidet og kontakten med kommunane.

Det er nytta om lag 50 dagsverk til arbeidet med GSI i 2015, noko som vi vurderer som tilstrekkeleg ressursinnsats. Vi meiner at ressursinnsatsen vår både er forsvarleg og effektiv, og at samla måloppnåing for resultatområdet er god.

Skoleporten, Statistikkportalen og UBAS

Vi har gitt brukarstøtte og rettleiing per telefon og e-post. Ved publisering av resultat frå nasjonale prøvar og elevundersøkinga er det stor aktivitet i Skoleporten, og vi har i den perioden større pågang for rettleiing og informasjon.

Data frå Skoleporten, og frå datakjelder direkte, blir brukte systematisk i samband med tilsyn. Vi informerer også om slike data ved førespurnad frå media og andre som vil vite noko om skolemiljø og resultat.

Når nytt talmateriale ligg føre i Skoleporten, blir dette analysert og tatt inn i systemet for områdeovervaking. Analysane blir presenterte og gjort tilgjengelege for alle tilsette i avdelinga og aktuelle tema blir publiserte på nettsidene våre. I tillegg blir tala brukte til embetet sitt verkty "Kommunebilde", og blir på den måten gjort tilgjengelege for embetsleiing og andre tilsette som har kontakt med kommunane.

Vi har deltatt på UDIR si samling om Skoleporten. Det kjem ikkje mange spørsmål om rettleiing til Skoleporten og om utarbeiding av tilstandsrapporten. Inntrykket vårt er at kommunane jamt over brukar både informasjon frå Skoleporten og direkte frå GSI og andre statistikkbasar i arbeidet med tilstandsvurderinga.

Lanseringa av Statistikkportalen har ikkje ført til spørsmål frå sektor. Vi deltok på Udir si superbrukarsamling, og har god kompetanse om portalen. Kommunane har ulik kompetanse på analyse av tal, og vi tenkjer å ha ei eller fleire samlingar der vi presenterer tilgjengelege statistikkjeldar og –verkty.

Vi har fått mange spørsmål knytte til UBAS og brukartilgang. Når det er skolar som ringer, bruker vi å vise til kommunen. Det fører oftast til at kommunen ringer for å be om hjelp. Vi er fleire som kjenner UBAS godt, og er godt rusta til å ta i mot telefonane som kjem når BASIL berre administrerast via UBAS.

Oppgåvene er løyste kompetent og effektivt, men på grunn av utsett lansering av Statistikkportalen har vi ikkje hatt samlingar med kommunane om bruk av tala.

31.4 Informasjon, veiledning og kunnskapsinnhenting

BARNEHAGE

Samlingar og arrangement

Det er gjennomført ei regelverksamling om tilskott og foreldrebetaling for barnehagar, og GLØD- samling om rekruttering og kompetanse i barnehagen. Tema på GLØD-samlinga var m.a. lokale og nasjonale tiltak for rekruttering og kompetanse, kvalitetsutvikling i barnehagen, rettleiing av nyutdanna barnehagelærarar og barnehagen som lærande organisasjon.

Barnehagekonferansen 2015 vart arrangert med temaet *Barnehagens betydning for små barns psykiske helse*. Vi valde dette temaet ut ifrå stadig større fokus på utfordringar knytte til ungdom og psykisk helse. Tidlig innsats frå barnehagealder må løftast fram som avgjerande for å kunne gjere noko med utfordringane. Konferansen er eit årleg arrangement og eit samarbeid mellom Fylkesmannen, UiS og Utdanningsforbundet i Rogaland. Det var ca 600 deltakarar på konferansen, og tilbakemeldingane var svært gode. Målgruppa var barnehagelærarar, og dei fleste var frå barnehagane, men det deltok også tilsette i kommuneadministrasjonen, i PPT og i helsetenesta.

Fylkesmannen har i 2015 hatt jamlege møte med kommunane som barnehagemynde og arrangert regelverksamling for kommunale barnehageeigarar. Fylkesmannen brukar nettsidene aktivt til å spreie informasjon og gi rettleiing. Førespurnader per telefon og epost blir prioriterte for å medverke til at regelverket blir kjend og følgd. Det kjem spørsmål frå så vel foreldregruppa som frå kommunane, og det har også i 2015 vore mykje kontakt direkte frå foreldra.

Nettverk

I Rogaland er kommunane inndelte i tre nettverk på barnehageområdet. Fylkesmannen har deltatt i alle halvdagsmøte i kvart nettverk, og desse møta i nettverka er ein sær viktig kontaktarena mot kommunane. Her informerer vi om nasjonale prioriteringar og om regelverket. Møta har "låg terskel" for å ta opp saker og emne begge vegar, kommunane får rettleiing på eit tidleg stadium om utfordringar dei jobbar med og i høve til regelverket. Samstundes blir Fylkesmannen jamt oppdatert om utfordringar og status på barnehageområdet.

Det er Fylkesmannen si oppfatning at nettverka også er ein sentral arena for kontakt og samhandling kommunane i mellom. Mange av kommunane i Rogaland er små, og det har også i år vore stor utskifting av barnehagefagleg ansvarlege. Nokre av dei barnehagefagleg ansvarlege har dessutan mangelfull systemkompetanse, og nokre kommunar har ikkje barnehagefagleg kompetanse i kommuneleddet i det heile.

Kommunane etablerte i april 2015, i samarbeid med KS og Fylkesmannen, Kommunalt barnehageforum Rogaland (KB-R). Forumet består av barnehagesjefane eller tilsvarande med beslutningsmynde på kommunenivå, representant frå KS og frå Fylkesmannen. Det er etablert tre barnehageregionar i Rogaland: Nord, Midt og Sør, desse erstattar tidlegare nettverksinndeling. Utdanningsdirektøren deltar i dei faste møta til KB-R og i arbeidsutvalet, men trer frå i saker som gjeld arbeidsgivarrolla.

Formålet med samarbeidet i KB-R er å medverke til eit best mogleg barnehagetilbod i Rogaland og til best mogleg organisering av samarbeidet i sektoren, både med utgangspunkt i rolla som mynde og i rolla som eigar.

Vi har ikkje etablert kontakt med dei private aktørane i Rogaland og bør nok involvere desse i større grad i det vidare arbeidet.

Fylkesmannen deltar i dialogmøte med UiS, Høgskolen Stord Haugesund og representantar for kommunane.

Målet er er å få informert om statlege strategiar og å koordinere tiltak innen kvalitets- og kompetanseutvikling i barnehagen.

Finansiering av private barnehagar

Det har vore spørsmål frå kommunane jamnt gjennom året om reglane for tilskot til private barnehagar. Vi har mottatt i alt 25 spørsmål frå 12 kommunar. 18 kommunar i Rogaland har private barnehagar. I november hadde vi samling for 31 deltakarar frå kommunar og dei private barnehagane om nye reglar for tilskot frå 1.1.2016. Tilbakemeldingane var gode.

Det har vore aukande samarbeid i Sør-Vest på dette feltet, og Fylkesmannen i Rogaland har halde innlegg på kurs om dei nye reglane frå 1.1.2016 i Sogn & Fjordane, Hordaland og Aust- og Vest Agder. Vi har også hatt innlegg på samlingar i Sør-Trøndelag og Hordaland i juni, m.a. om forslag til dei nye forskriftene frå 2016. Det har vore god dialog på samlingane med fleire aktuelle spørsmål frå deltakarane. Samarbeidet mellom Fylkesmennene i Sør-Vest gir rom for i stadig større grad å bruke kvarandre sin kompetanse i rettleiing og klagesaksbehandling. Representanten frå Sør-Vest i faggruppa med utdanningsdirektoratet har hatt økonomikompetanse, og embeta ser det som viktig at økonomikompetansen i faggruppa vert oppretthalden, sidan tilskotet framleis skal byggje på rekneskapstal i kommunane.

GRUNNOPPLÆRINGA

Informasjons- og rettleiingsoppdraget utgjør ein stor del av det daglege arbeidet for medarbeidarane i avdelinga. Arbeidet med dette skjer på fleire måtar, dels som rettleiing via e-post og telefon som svar på spørsmål frå sektor og privatpersonar, og dels ved at vi arrangerer ei rekke samlingar for ulike grupper innafor utdanningsfeltet eller blir inviterte til å halde innlegg på samlingar i regi av andre. Talet på førespurnader på e-post og telefon om regelverk og lovforståing frå enkeltpersonar, er høgt. Det er stort spenn i behova til dei som vender seg til oss, frå ønskje om rettleiing og opplysningar i enkeltsaker, til informasjon om regelverk og råd i kompliserte saker som krev arbeid over tid. Vi opplever at representantar frå kommunar og skoleleiarar er svært opne, og at dei har tillit til at vi ønskjer å bidra med hjelp til å løyse saker. Vi har hatt tidvis tett og løpande informasjon til, og rettleiing av kommunar knytt til nasjonale satsingar som dei ulike puljene i *Vurdering for læring*, *Kompetanse for mangfald*, lokale løysingar for organisering av *Symjeopplæring for nykomne språklege minoritetar* og *Læringsmiljøprosjektet*.

Samlingar og arrangement

På bakgrunn av embetsoppdrag og funn frå områdeovervaking og tilsyn, arrangerer vi regelverksamlingar på utvalde lovområde. Avdelinga har i 2015 arrangert samlingar for skoleeigarar, rektorar og andre med ansvar for eksamen og elevvurdering både nord og sør i fylket. Samla deltok omlag 130. Ein god del av desse samlingane er vigde regelverket om vurdering og konkrete eksempel på korleis god vurderingspraksis kan implementerast i skolekvardagen, mellom anna ved bruk av ressursar frå Udir sine heimesider. Informasjon om sentralt og lokalt gitt eksamen i grunnskolen og bruk av ny eksamensteneste var også tema. I år som tidlegare har vi delteke på eksamensmøte i Rogaland fylkeskommune og informert om eksamensgjennomføring, ny eksamensløysing m.m.

I samband med felles nasjonalt tilsyn 2014-17 har vi gjennomført fire større halve informasjonsdagar med tilsynskommunane og kringliggande kommunar som er gitt høve til å hospitere. Desse samlingane har hatt god oppslutning frå skoleeigar og -leiarar, og har blitt svært godt mottekne i kommunane. Frå dei skolane som er direkte involverte i tilsyna, har også alle lærarane vore til stades. Vi har også vore invitert til å retteleie om tema for tilsynet for ei større samling med Norsk Luthersk Misjonssamband sine skolar.

Vi arrangerte ei større samling om særskilt språkopplæring og §§ 2-8 og 3-12 våren 2015, i samarbeid med Johannes læringscenter frå Stavanger kommune. Desse hadde innlegg om det pedagogiske innhaldet i opplæringa, bruk av kartleggingsverktøy o.a. Her deltok omkring 150 personar. Som ei innleiing til arbeidet med satsinga *Kompetanse for mangfald*, hadde vi ein konferanse saman med UiS for deltakarkommunane i 2015-pulja, og for to kommunar som var førehandsutvalde til 2017-pulja, med om lag 70 deltakarar. I embetet sin *Oppvekstkonferanse* knytt til Sjumilssteget hadde avdelinga innlegg om retten til eit trygt psykososialt miljø og Djupedalutvalet sitt arbeid. Utdanningsavdelinga har vidare arrangert to samlingar om GSI hausten 2015, i forkant av kommunane si rapportering. Elles nemner vi at vi i dei fleste samlingane i avdelinga sin regi, også tar føre oss relevante forvaltningsrettslege reglar.

Vi blir også inviterte til å ha innlegg om regelverk og lovforståing i samlingar andre har ansvaret for, t.d. kommunar og Helse Stavanger. I 2015 har dette særleg vore knytt til vurderingsfeltet i samband med FNT 2014-2017, og til spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning. For sistnemnte tema viser vi til resultatområde 31.6, der det blir gitt nærare omtale av ulike tiltak/seminar der vi har halde innlegg.

Som kommunal oppfølging av tilsynsresultata frå tilsyn etter kapittel 9A, blei to medarbeidarar inviterte til å halde innlegg på ein fagdag om reglane på dette området. Vi blei også bedne om å informere om reglane for psykososialt miljø på ei samling i regi av Rogaland fylkeskommune og hovudverneombodet deira. Fylkeskommunen har i tillegg invitert oss til ein halv dag med gjennomgang av reglane for minoritetsspråklege elevar, jf. § 3-12, og vi har halde innlegg om introlova for Fagleg forum for kommunalt flyktningararbeid. Vi har også dette året hatt foredrag om regelverket for grunnopplæringa i UiS sitt vidareutdanningstilbod "Leiing i skolen".

Deltaking i nettverk

Fylkesmannen møter fast i Skoleieigarforum og i Skoleeigarforum sitt arbeidsutval saman med ein representant for KS Rogaland. I tillegg har utdanningsdirektøren månadlege møte med KS sin ansvarlege på barnehage- og utdanningsområdet. Utdanningsdirektøren møter også i ei arbeidsgruppe knytt til rettleiing for nyutdanna saman med m.a. UiS, HSH, kommunane, fylkeskommunen, Utdanningsforbundet og KS.

Vi har hausten 2015 arbeidd for å re-etablere eit vaksenopplæringsråd i Rogaland, og vi sende før årsskiftet invitasjon til kommunane i fylket, RFK, HSH, UiS, NHO, LO, NAV. Alle har no svart ja, og første møtet blir 17.mars.

Så nemner vi sørvestnettverka, eit avtalebasert samarbeid mellom dei fem embeta i sørvest. Her har vi etablert eigne nettverk i tillegg til at direktørane møtest fast. Dei ulike nettverka møtest til vanleg ein gong årleg med ein medarbeidar frå kvart embete:

- Faste nettverk på barnehageområdet: Tilsyn/klagebehandling, kvalitet og kompetanse, finansiering private barnehagar
- Faste nettverk på skoleområdet: GSI, elevvurdering, spesialpedagogisk hjelp/spesialundervisning, kapittel 9A
- Introduksjonslova

Informasjon på nettet

Alle skolefagleg- og barnehagefagleg ansvarlege og rektorane i private skolar abonnerer på nyheiter frå nettstaden vår. Fylkesmannen tar i stadig større grad i bruk heimesida vår for å informere om innhald, mål og prinsipp i den nasjonale utdanningspolitikken. Vi har rutinar for kva som SKAL publiserast på nett, m.a. informasjon om statlege strategiar og satsingar, nasjonale føringar, regelverk og lovtolkningar. I tillegg publiserer vi infoartiklar om diverse emne, og vi har også lage ei rettleiing om reglar for bruk av makt og tvang i skolen. Vi legg vinn på å skrive eit klart, enkelt og godt språk i artiklane våre slik at informasjon frå oss er tydeleg, målretta og effektiv. Fylkesmannen har også ei eiga side på Facebook. Her har innbyggjarane høve til å melde direkte tilbake til oss om korleis nasjonalt regelverk og satsingar blir oppfatta, og vi i avdelinga nyttar denne informasjonskanalen for å kommunisere med publikum og informere om regelverk og aktuelle saker.

Vi etablerte tidleg hausten 2015 ei eiga side for flyktningar og asylsøkjjarar. Her informerer vi om kva rettar asylsøkjjarar har til opplæring, kva pliktar kommunane har og diverse rettleiarar. Informasjonen har vi også omsett til engelsk, og vi delte denne med alle embeta. Elles var flyktningsituasjonen hovudtema på Fylkesmannen og KS sitt årlege møte med alle ordførarar og rådmenn, og her vart det også poengtert kva rettar som gjeld for barn og unge. I tillegg skreiv vi eit lesarinnlegg i Stavanger Aftenblad om å gi asylsøkjjarane og flykningane opplæring snarast råd. Så har vi sjølv sagt deltatt i alle faste telefonmøte med kommunane og med statlege styresmakter om asyl- og flyktningsituasjonen.

Dronning Sonjas skolepris.

Vi hadde i 2015 fire kandidatar til prisen, men ingen av dei nådde opp. Fire tilsette hos Fylkesmannen deltok på jubileumskonferansen i Oslo.

Benjaminprisen

Vi hadde ingen kandidatar til prisen.

Manifest mot mobbing

Vi har i år som tidlegare hatt eiga sak om manifest mot mobbing på nettsidene våre, og vi har ellers informert om betre læringsmiljø og dei nettressursane direktoratet har utvikla på dette feltet

Verkty for kvalitets- og skoleutvikling

Vi har informert jamnt gjennom året på telefon og e-post om dei statlege strategiane for kvalitets- og skoleutvikling, og verktya som er tilgjengelege for dette føremålet. I tillegg har vi hatt eigne nettsaker om desse.

Ulike informasjonsskriv

Vi har utarbeidd informasjonshefte om reviderte reglar knytte til eksamen og klagebehandling på standpunktarakter, med eiga utgåve for minoritetsspråklege ("Til deg på 10. trinn"), og eit hefte om saksbehandling for klager på standpunktarakterar retta mot skoleleiarar og lærarar.

Vi har for tida ingen elevar med samisk som førstespråk i Rogaland, men på førespurnad rettleier og informerer vi både skolar, føresette og elevar om rettane som gjeld opplæring i og på samisk i grunnopplæringa. Elevane som får opplæring i samisk, får denne via fjernundervisning. Vi kontaktar skoleeigarar som rapporterer om samiske elevar i GSI. Desse får tilsendt søknadsskjema om opplæring i og på samisk, og blir informerte om elevane sine rettar og regelverket elles. Vi formidlar kontakt med embetet i Finnmark som har særleg kompetanse på dette området. Vi har informert på nettsida vår om tilskuddsordninga som gjeld for studiepermisjon for vidareutdanning i samisk.

Vi informerer jamleg om nettressursane som følgjer *Betre læringsmiljø*, og om satsinga *Vurdering for læring*.

Vi har mange faste abonnentar og mange treff på nettsidene våre - samanlikna med andre embetet har FMRO eit høgt tal på lesarar. Utdanningsavdelinga er den avdelinga med flest produserte nettsaker i embetet og er ofte på statistikken over dei mest leste sakene på FMRO. Vi har i 2015 brukt nettsidene våre aktivt, og har publisert ei rekke artiklar om tema og spørsmål om lovfortolking som går igjen i klagesakar og i media.

Etterutdanningskurs for lærarar i grunnskole for vaksne

Etterutdanningskurs for norsklærarar og grunnskolelærarar for vaksne vart gjennomført 14.10.2015 i Haugesund med i alt 172 deltakarar. Av desse var 117 norsklærarar, 40 grunnskulelærarar for vaksne, 15 leiarar og andre deltakarar. Det var dermed nokre færre deltakarar enn i 2014, noko som mellom anna kan skuldast at eit av dei store vaksenopplæringsentra ikkje deltok. Som tidlegare år var tilbakemeldingane på tema gode. Fylkesmannen har eit godt samarbeid med representantar frå vaksenopplæringa når det gjeld val av tema og forelesarar. Lærarane får i stor grad dei emna dei treng og ønskjer. I tillegg til dette kurset har vaksenopplæringseiningane gjennomført to kurs som er retta mot grunnskolelærarar. På desse kursa deltok 43 grunnskolelærarar.

Etter avtale med Vox har vi i stor grad nytta dei tildelte midla til norsklærarar etter læreplan i norsk og samfunnskunnskap og grunnskolelærarar for vaksne i samanheng. Vi sikrar heile tida at grunnskolelærarane får tilbud om kurs i tråd med tildelinga, men dei er betydeleg færre enn norsklærarane.

Måloppnåing

Samla sett meiner vi at resultatkrava er innfridde og at måloppnåinga vår er god på dette området.

31.5 Eksamen og prøvefeltet

I 2015 har Fylkesmannen hatt ansvaret for å organisere sensurering av til saman 33515 eksamenssvar i PAS med 406 sensorar engasjerte til sensureringa. I tillegg har vi sett til at 2713 klager på eksamen i vidaregåande blei behandla.

Eksamen

Tre medarbeidarar har delteke på Utdanningsdirektoratet sine ulike eksamens- og prøvemøte. Via telefon og e-post har vi mykje kontakt med sektoren om regelverket og gjennomføringa av alle typar nasjonale prøvar. Mykje av kontakten gjeld eksamen.

Eksamen i grunnskolen

Vi har gjennomført møte om eksamen både sør og nord i fylket. Her deltok til saman 122 skoleleiarar, inklusiv deltakarar frå private grunnskolar. På desse møta fekk vi diskutert og komme til ei felles forståing av eksamensforskrifta. Desse møta er med på å sikre ei god og samordna eksamensgjennomføring for grunnskolane i Rogaland.

Våren 2015 hadde Fylkesmannen ansvaret for sensureringa av grunnskoleeksamen i norsk for begge Agderfylka og Rogaland. 5821 kandidatar hadde eksamen, og 90 sensorar blei engasjerte. I juni blei det i samarbeid med fagansvarleg i Utdanningsdirektoratet gjennomført sensorskolering i norsk for alle sensorane. For nokre sensorar kolliderte skoleringa med lokalt gitt eksamen. Sensorane blei organiserte i tilfeldige grupper og ikkje i sensorgruppene. På denne måten blei tolkningsfellesskapet utvida, og mange sensorar uttalte seg positivt om organiseringa. Fellessensurmøtet for grunnskolen blei gjennomført i juni. PAS fungerte tilfredsstillande denne dagen.

Ordninga med oppmenn, som har gjort unna vurderingsarbeidet sitt dagen før, fungerer særst godt. Både oppmenn, sensorar og Fylkesmannen i Rogaland var svært nøgde med fellessensuren i norsk. Oppmennene hadde med støtte av Fylkesmannen ein solid fagleg gjennomgang før endeleg karaktersetjing tok til. Sensorane tok seg stort sett god tid til å vurdere tvilstilfelle opp mot kompetansemål og rettleiarar. Alle svar med karakteren 1 vart lagde til oppmannsgruppa for gjennomgang. Resultatet viste at heile 28,5 prosent fekk ein høgare karakter, noko det er verd å merkje seg. Sensorane var positive til å gi tilbakemeldingar til skolane dei sensurerer for frå neste år av, ikkje berre om avvik, men konstruktive tilbakemeldingar på elevsvara med tanke på korleis skolane oppfyller kompetansemåla i norsk.

Fylkesmannen har gjennomført eksamensarbeidet i samsvar med embetsoppdraget og fått gode tilbakemeldingar på koordineringa, både frå skoleeigarar, skoleleiarar og sensorar. Vi har løyst problemstillingar som har oppstått fortløpande. Vi har utarbeidd årshjul for eksamensarbeidet.

Eksamen i vidaregåande opplæring

Fylkesmannen har hatt innlegg på eksamensmøte arrangert av fylkeskommunen for å informere og rettleie om gjennomføringa av sentralt gitt eksamen. Dei private vidaregåande skolane deltok også på møtet. Vi får nyttig informasjon frå sektoren, og sikrar eit godt samarbeid med Fylkeskommunen. Vi gav også informasjon og opplæring i Eksamenstjenesten. I kjølvatnet av samlinga får vi ein god del spørsmål og problemstillingar.

Fylkesmannen gjennomførte, i samarbeid med fagansvarleg i Utdanningsdirektoratet, sensorskolering i hovudmål og sidemål i Stavanger.

Våren 2015 hadde vi ansvaret for sensureringa av til saman 27694 eksamenssvar i 18 fagkodar i norsk, matematikk, biologi, fysikk, kjemi og sosialkunnskap. 316 sensorar var engasjerte til sensureringa. Vi fordelte fagkodane over to fellessensurdagar. Både talet på sensorar og papirbaserte svar i realfag gjer at arbeidsbelastninga er størst den eine dagen. PAS fungerte tilfredsstillande begge dagane.

Hausten 2015 hadde vi ansvaret for 8760 eksamenssvar i seks fagkodar i matematikk, praktisk og teoretisk, ein klar nedgang frå i fjor. 4. januar 2015 var 112 sensorane i 1P, 2P og 2PY samla til møte der retningslinjene for sensuren blei gjennomgått av Fylkesmannen. Vidare har dei ulike fagkodane kvart sitt møte der spesielle tilhøve ved eksamensoppgåvene og besvarelser blir tatt opp. Vi fann sjølve fram til gode oppmenn.

Trass ei viss betring, har vi framleis ei utfordring med at nokre sensorar ikkje les informasjonen som blir sendt ut med e-post grundig nok. Vi får difor mange telefonar og brukar ein del tid på å svare på spørsmål om forhold som vi allereie har informert om skriftleg. For å forsøke å endre dette, bad vi dei fagansvarlege i Utdanningsdirektoratet som gjennomfører sensorskolering, om å be sensorane lese informasjonen frå Fylkesmannen grundig. Dette ser ut til å hjelpe sidan vi ser at informasjonen blir betre lesen om våren.

Hausten 2015 tok vi i bruk det nye programmet for administrasjon av eksamen, Eksamenstjenesten. Eksamenstjenesten fungerte veldig bra. Funksjonar som vi sakna, kom på plass då det blei nødvendig. I samband med haustsensuren 2015 var det lasta opp feil delsvar på nokre kandidatar. Dette gjaldt svar med to-delt eksamen. Del1 har blitt levert elektronisk medan del2 blei skanna inn manuelt av eksamenskontoret. Dette medførte feil for fleire av svara. Heldigvis blei desse oppdaga av "vakne" sensorar. Ikkje alle sensorane vart merksame på feillastingane, desse blei varsla av medsensor. Erfaringa frå haustsensuren gjer at vi vurderer det som ein risiko at store privatistkontor skannar store mengder svar for hand. Dersom dei ennå vel denne løysinga, er det viktig at dei blir minte om å ha gode tryggleiksrutinar. Rutinane frå det eine privatistkontoret hadde tydeleg svikta her. Det blei avslørt feil i opplasting, dobbel opplasting, manglande delar av svaret, mogleg forsøk på fusk og mangelfull kandidatmerking. Nokre rektorar frå andre landsdelar hadde ikkje tatt kontakt med Fylkesmannen om feilregistrering av kandidat i Eksamenstjenesten som blei oppdaga etter fellessensuren. Dei tok kontakt direkte med aktuelle sensorar. Dette opplevest ugrent for både Fylkesmannen og sensorar. Fylkesmannen har i sitt oppdrag å sjå til at sensuren skjer på ein korrekt og uhilda måte. Vi meiner det bør vere eit krav at alle embete i landet har eit årleg møte om eksamen med sin fylkeskommune/privatistkontor for å sikre god og lik eksamensgjennomføring.

Tilbakemeldinga vi har fått frå fylkeskommunen, eksamensansvarlege på dei vidaregåande skolane og sensorane, er at gjennomføringa av eksamen og sensurering er godt ivaretatt her i fylket.

Klagesensur

Nasjonalt ansvar for klagesensur i vidaregåande opplæring for 33 fag, har veksla kvart fjerde år mellom Fylkesmannen i Hordaland og Fylkesmannen i Rogaland. Rogaland fekk tilbake klagesensuren dette året. Ein medarbeidar frå Hordaland deltok ved gjennomføringa av hurtigklagesensuren sommaren 2015. Etter avtale med FMHO er frekvensen frå no av treårig. 2713 klager vart behandla i løpet av klagesensuren, og resultata går fram av tabellen om klager. Dei fleste fekk vi tatt under hurtigklagesensuren i byrjinga av juli. På grunn av overgangen til nytt system for administrasjon av eksamen hausten 2015, blei tidsramma for klagebehandlinga innskjerpa. Dette gav ei ekstra effektiv og god klagebehandling. Faget samfunnsøkonomi 2 gav flest utfordringar sidan mange skolar gløymde å sende med dei papirbaserte delane av eksamenssvara. Vi fann løysingar og er godt nøgde med gjennomføringa.

Eksamensgrupper

Frå hausten 2013 har ein medarbeidar deltatt i prosjektgruppa for å utvikle den nye eksamenstenesten. PAS2-gruppa hadde fleire møte i løpet av våren 2014. Hausten 2014 blei det ny prosjektleiing. Gruppa har fungert betre dette året. PAS2-gruppa hadde møte kvar månad i løpet av 2015.

Representanten til Fylkesmannen i Rogaland saknar den andre gruppa som skulle følgje opp arbeidet med eksamensoppdraget. Denne gruppa blei det også referert til frå Udir på eksamensmøtet i haust, men ho er ennå ikkje aktiv.

Rettkjenning av vitnemål

Fylkesmannen i Rogaland har ikkje fått spørsmål om rettkjenning av vitnemål i 2015.

Nasjonale prøver

Vi har få spørsmål om problemstillingar knytte til nasjonale prøver. Det kan synast som om prøvene er godt etablerte og innarbeidde i skolane sine årshjul.

Vi tar rolla som skoleeigar for dei private skolane og sjekkar påmeldinga i PAS. Alle private skolar hadde i år påmelde elevar.

I haust mottok vi brev frå Udir der vi vart bedne om å følgje opp nokre private skolar som ikkje hadde gjennomført prøvene. Dette viste seg å ikkje stemme, og vi måtte beklage overfor dei skolane i ettertid. Dette var uheldig.

Når det gjeld fritak frå prøvene, ligg Rogaland under nasjonalt snitt, og slik har det vore dei siste åra. Vi ser ingen grunn til uro over fritaksprosenten i fylket, men følgjer opp einskilde skolar/skoleeigarar når fritaksprosenten er høg. Vi har ikkje hatt kommunar i år med sær høg fritaksprosent.

Resultat frå prøvane og fritak frå prøvane blir nytta i risikovurderinga vår når det gjeld å velje ut skolar og kommunar for tilsyn. Vi har difor til ei kvar tid godt oversyn over korleis det ligg an i fylket vårt.

Vi har også informert om kartleggingsprøver, læringsstøttande prøver og karakterstøttande prøver. Når det gjeld obligatoriske kartleggingsprøver, finn vi det utfordrande å ha oversyn over om desse blir gjennomførte. Spesielt gjeld dette på dei vidaregåande skolane. Tidlegare fikk vi ein rapport frå UDIR om dette, og det er ønskjeleg at vi framleis får ein slik årleg rapport.

Samla sett vurderer vi ressursbruken vår som effektiv og måloppnåinga vår som god på dette resultatområdet.

Fylkesmannen i Rogaland

Særskild Rapportering	Spesifiser dersom avvik fra landsgjennomsnittet totalt eller på enkeltprøver)	Spesifiser dersom stor variasjon mellom skoleeiere innad i fylket	Vurdering av årsak til avvik	Beskrivelse av tiltak over skoleeiere med høy andel elever med fritak
Hvor stor andel av elevene har fått fritak fra deltakelse på nasjonale prøver	Rogaland ligg under nasjonalt snitt når det gjeld fritak frå alle prøvene. Fritaksprosenten har gått ned dei siste to åra.	Stavanger, Strand og Time kommune har en relativt høg andel fritak i engelsk i forhold til dei andre kommunane. Slik var det ikkje førre år, og vi meiner at dette kan skuldast høve i år som ikkje er representative for den generelle fritaksprosenten. Vi ser også at kommunar som hadde høg fritaksprosent førre år, ikkje har det i år, og omvendt: Kommunar med høg fritaksprosent i år, hadde ikkje høg fritaksprosent i fjor.	Det kan skuldast naturlege variasjonar og i nokre tilfelle at skolane har gløymd å ajourføre PAS.	Vi ser at dei kommunane vi har vore i kontakt med, har endra rutine sine og fått lågare fritaksprosent i år. Elles infomerer vi kvart år om fritaksreglane, og prøver å sjå ev. høg fritaksprosent over tid. Det er ikkje grunn til uro over fritaksprosenten i Rogaland.

51.6 Barn og unge – tidlig innsats, spesialpedagogisk hjelp, tilpasset opplæring og økt gjennomføring

Fylkesmannen skal i arbeidet vårt retta mot utsette barn og unge, sjå sektoroppdraga i samanheng. Dette er eit sentralt tema i prosjektet Sjumilssteget for god oppvekst i Rogaland. Utdanningsavdelinga deltar med 2 medarbeidarar i prosjektgruppa. Hausten 2015 vart det tilsett prosjektleiar i halv stilling, og Fylkesmannen vedtok ein prosjektplan for satsinga. Prosjektplanen gjeld for 2015 – 2017 og har sju steg knytte til barnekonvensjonen. Planen har eit overordna mål og konkretiserer dei sju stega i delmål både for kommunane og internt i embetet. Det er vidare sett opp tiltak knytte til kvart delmål, og det er fastsett ein plan for gjennomføring. Utdanningsavdelinga deltar sjølvstøtt både i arbeidet retta mot kommunane og i arbeidet med å implementere barnekonvensjonen internt i embetet. Vi har m.a. hatt to avdelingsmøte hausten 2015 om artikkel 3 og 12 i barnekonvensjonen med refleksjon over korleis vi sikrar at artiklane blir ivareteke i arbeidet vårt. Vi er i gang med å etablere rutinar for samarbeid mellom avdelingane både generelt og i aktuelle saker, her nemner vi t.d. at utdanningsavdelinga og helse- og sosialavdelinga har gjennomført felles møte der vi har presentert arbeidsområda våre for kvarandre. I tillegg er det etablert tre samarbeidsforum, eitt knytt til barn og unge med ME, eitt til opplæring for barn og unge i institusjonar etter barnevernlova, og eitt knytt til barn som er utsette for vald og overgrep, sjå meir om desse nedanfor. Utdanningsavdelinga har elles gjennomført kurs for tilsette i relevante avdelingar om sentrale rettar etter barnehage- og opplæringslova. Vi har også arrangert eit lunsjmøte for tilsette i embetet og elles i Staten Hus om kva rettar flyktingar og asylsøkjjarar har til barnehageplass og opplæring. Med satsinga i Sjumilssteget for god oppvekst i Rogaland meiner vi at arbeidet på området med utsette barn og unge, no i større grad er organisert på ein slik måte at sektoroppdraga blir sette i samanheng.

Eit av resultatkrava i embetsoppdraget er å ha oversikt over kommunale og fylkeskommunale tiltak og utviklingsarbeid innanfor spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning, inkludert arbeidet knytt til PP-tenesta. Fylkesmannen har ivaretatt dette kravet gjennom dei ulike nettverka vi er med i, t.d. nettverk for styrka barnehage og PP-leiarnettverket. Vi vil særskilt nemne prosjektet "Forsøk med NAV-rettleiar i vidaregåande skole", der Stavanger kommune er ein av pilotkommunane. Fylkesmannen deltar her i styringsgruppa saman med representantar frå Stavanger kommune, dei fire NAV-kontora i Stavanger, NAV fylke og fylkeskommunen. Fylkesmannen er også representert i den nasjonale referansegruppa for dette prosjektet. Vi har også hatt ei samling i Bergen (Statped-FMRO-FMHO-FMSF) og ei Sør-Vestsamling (fylkesmennene) med tema spesialundervisning. Fylkesmannen har ikkje bede kommunane og fylkeskommunen om noko rapportering knytt til tiltak og utviklingsarbeid på dette feltet, sidan Fylkesmannen skal vere varsam med slike krav. Vi kan såleis ikkje seie at vi har full oversikt, men vi meiner likevel at kontakten vår med sektor gir oss forsvarleg grunnlag for arbeidet vårt på dette feltet.

Det er også eit resultatkrav at Fylkesmannen skal ha gjennomført koordinert innsats mot kommunar og fylkeskommunar, særleg der det er avdekka mangelfullt samordna tenestetilbod for utsette barn og unge. Fylkesmannen ser at stadig fleire av sakene vi får innan spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning er kompliserte og ofte krev samarbeid med andre avdelingar, særleg Helse - og sosialavdelinga. Dette har ført til eit tettare samarbeid, særleg med Helse og sosialavdelinga både i enkeltsaker og ved ulike arrangement og møte. Vi har deltatt med foredrag og rettleiing på fleire samlingar med fokus på barn som har særskilte utfordringar. Her kan nemnast møte i samarbeid med med HABU (Østerlide), Lærings- og mestringssenteret SUS, *Handicappede barns forening* og møte med Møllehagen og Hollenderhaugen skolesenter i fylkeskommunen knytt til opplæring for barn i barnevernet. Vi har også hatt innlegg på tverrfagleg konferanse om alvorleg skolefråvær i regi av Haugalandsløftet og innlegg i regi av Helse Stavanger om grensoppgang opplæring/behandling og PPT si rolle. Vi tar også med at vi saman med to medarbeidarar i helse- og sosialavdelinga, hadde ei heildagssamling om reglar knytte til bruk av makt og tvang i skolen i regi Rogaland fylkeskommune. På samlinga deltok vel 300 tilsette frå seks vidaregåande skolar med eigne avdelingar for elevar med omfattande hjelpebehov, og samlinga var ein del av "prosjekt Tizard", fylkeskommunen sitt toårige prosjekt som oppfølging etter eit hendingsbasert tilsyn knytt til ulovleg bruk av tvang i skolen. Vi deltar i styringsgruppa for prosjektet. I samarbeid med helse- og sosialavdelinga har vi arrangert opplæring for tilsette i kommunane om samtalar med barn om vald og seksuelle overgrep i regi av Bufdir (4 samlingar). Dette året var opplæringa særleg retta mot tilsette i barnehage og skole. I 2015 blei det starta opp eit samarbeid mellom Fylkesmannen (helse- og sosialavdelinga og utdanningsavdelinga), SUS, Stavanger kommune og ME- foreninga. Intensjonen med samarbeidet er å få kunnskap om diagnosen, oversikt over omfanget og kva barn og unge som er ramma av ME i Rogaland, og å gi kunnskap om rettane til helsehjelp og rett/plikt til opplæring. Det blei arrangert ein fagdag i november. Utdanningsavdelinga deltar vidare i ei tverrfagleg gruppe saman med helse - og sosialavdelinga, Rogaland fylkeskommune og Bufdir/Bufetat. Denne gruppa har som mål å arrangere ein fagdag for tilsette i barnevernsinstitusjonar knytt til opplæring for barn og unge som bur i institusjon, og å gjere kjent den digitale rettleiaren. Vi nemner også at vi i nokre konkrete saker vi er blitt kjende med ved at t.d. ein tilsett i PPT har kontakta oss, har innkalla alle berørte instansar til møte for å avklare ansvar og oppfølging slik at enkeltbarn kan sikrast eit forsvarleg tenestetilbod og rettstryggleik. Slike saker dette året har involvert ansvarlege både i opplæring, helse og barnevern i kommunen,

På barnehageområdet er det eit mål at Fylkesmannen skal medverke til at lokal barnehagemynd og barnehageeigarar tar i vare målet om tidleg innsats slik at barn og unge med særskilte behov får naudsynt og tidleg hjelp. Fylkesmannen i Rogaland er med i kommunane sitt nettverk "Styrka barnehagetilbod", som gjeld tilrettelegging for barn med særskilde behov. Nettverket har møte 1-2 gonger per semester, og saker knytte til § 5-7 er alltid tema på desse møta. Fylkesmannen gir rettleiing om lov og regelverk i desse møta. I nettverket deltar representantar frå kommunane som fattar enkeltvedtak og som organiserer arbeidet med tilsette som gir hjelpa. Vi meiner at deltaking i dette nettverket er ein tenleg strategi for å medverke til betre forankring av den spesialpedagogiske hjelpa i kvar barnehage. Det er stadig behov for gjennomgang av regelverket og den nye rettleiaren for spesialpedagogisk hjelp. Det er stort skifte i personale som forvaltar rutinar og vedtak innan dette området, og forvaltningskompetansen er ikkje alltid like høg. Fylkesmannen har også gjennomført tilsyn i to kommunar med tema kommunen si forvaltning av retten til spesialpedagogisk hjelp etter opplæringslova § 5-7, jf. 31.1.

Flyktningssituasjonen hausten 2015 førte til at Fylkesmannen brukte mykje tid på informasjon om regelverket knytt til barnehage og opplæring for flyktningane, både internt i embetet og eksternt. Fylkesmannen er også tett på kommunar som tek imot flyktningar for å sikre at barn og unge raskt får oppfylt retten til opplæring. I tillegg er dette fast tema ved ein besøksrunde til alle kommunane i fylket no i januar og februar - heile leiargruppa i embetet deltar her og møter toppleiinga politisk og administrativt i kvar kommune. Også gjennomføring i vidaregåande opplæring er fast tema i desse møta.

Fylkesmannen gjennomførte tre hendingsbaserte tilsyn i 2015. Eit av tilsyna var knytt til barnehageområdet, dei to andre var knytte til elevar med særlege behov og opplæringstilbodet deira i kommunen. Vi har også følgd opp eit hendingsbaserte tilsyn frå 2014 knytt til eit fosterbarn med stort behov for spesialundervisning, der eleven også var innlagt på psykiatrisk avdeling. I dette tilsynet var tre kommunar og fylkeskommunen involverte, og det vart avdekt mange lovbrøt og manglande samarbeid/rutinar for informasjon på tvers av tenesteområda og mellom dei involverte kommunane. Tilsynet er no avslutta. Fylkesmannen har også følgd opp tilsynet med Rogaland fylkeskommune knytt til spesialundervisning frå 2014, dette er enno ikkje avslutta. Vi gjennomførte også eit tilsyn der temaet var spesialundervisning og tilbod om/organisering av alternative opplæringsarenaer i kommunen. Tilsyna er nærare omtalte i 31.1.

Fylkesmannen hadde planlagt å gjennomføre ei samling om spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning hausten 2015, men samlinga måtte utsetjast til februar 2016 for å få med innlegg frå Udir om rettleiarane på dette feltet. I alt var det om lag 260 påmelde til samlinga.

«Inn på tunet» er ei felles satsing som landbruksavdelinga har hovudansvaret for. I 2015 var utdanningsavdelinga med på å arrangere den nasjonale Inn på tunet-konferansen i Stavanger, og vi hadde innlegg her om regelverket knytt til bruk av alternative opplæringsarenaer saman med ein tilsett ved Læringsmiljøsentret.

Fylkesmannen gjennomførte to kartleggingar i 2015, den eine knytt til meldeplikta/opplysningsplikta til barnevernet i kommunane. Resultatet her er ikkje ferdig. Den andre kartlegginga er knytt til kommunen sin bruk av alternativ opplæringsarena. Resultatet her gir oss god oversikt over praksis i kommunane og er med som ein del av risikovurderinga vi gjer med tanke på tilsyn.

Fylkesmannen deltar på samlingar med PP-leiarane, på fagleg forum for PPT og på Nettverkskonferanse SEVU-PPT. Tema på møte med PP-leiarane er ofte om regelverket knytt til vanskelege individsaker. SEVU-PPT er rapportert under 32.2.

Vi meiner vi har gjennomført koordinert innsats mot kommunar og fylkeskommunen, og at resultatkravet knytt til samordna tenestetilbod for utsette barn og unge er innfridd. Vi vil særleg peike på at god risikoanalyse og områdeovervaking gjer at vi raskt kan vurdere kva tiltak som må setjast i verk for å hjelpe utsette barn og unge. Vi opplever også det tverrfaglege samarbeidet med andre avdelingar i embetet som naudsynt og nyttig.

Samla sett har det vore stor aktivitet på resultatområdet også i 2015. Behovet for informasjon om forvaltninga på området er framleis stort. Innhaldet på samlingar har i tillegg til gjennomgang av forvaltningslova og aktuelle reglar i opplæringslova, også hatt gjennomgang av erfaringar og funn gjort i tilsyn på området. Der vi har møtt den enkelte kommune/region, har vi spesielt tatt utgangspunkt i dei utfordringane vi har sett lokalt, og vi er bevisste på å formidle positive funn. PP-tenesta er ei viktig målgruppe for arbeidet vårt innan dette området, og vi opplever at det er sær låg terskel for å ta kontakt med Fylkesmannen. Mange ber om rettleiing i prinsipielle saker, og vi blir invitert til å halde innlegg på ulike samlingar i større omfang enn det vi greier å innfri.

Dei tiltaka som Fylkesmannen særleg vil trekke fram som har gitt resultat på området utsette barn og unge, er tiltak der vi er i direkte kontakt/møte med den/dei som har behov for rettleiing/informasjon om regelverket.

Tiltaka er oftast knytte til tema eller område i opplæringslova og er etter vår vurdering ei god og nødvendig hjelp til føresette/PPT/kommunar i dei konkrete sakene. Vi vil særleg peike på

- God informasjon og tett samarbeid med PP-tenesta - gir hjelp i enkeltsaker og avklaring i forhold til regelverket.
- Nettverket "Styrka barnehagetilbod" - gir hjelp i enkeltsaker og avklaring i forhold til regelverket.
- Hendingsbaserte tilsyn knytt til opplæringstilbodet/barnehagetilbodet for eit enkelt barn/elev/gruppe - sikrar rettane til dei barna/elevane tilsynet gjeld.
- Områdeovervaking og risikoanalyse - gir oversikt og grunnlag for at tilsyn eller tema på møte er aktuelle og til direkte hjelp.
- Innlegg om utvalde tema i opplæringslova for kommunar, organisasjonar/foreldregrupper eller institusjonar - gir konkrete råd for dei som "står i striden".

31.7 Tilskuddsforvaltning

Tilskott til symjing i barnehagar - Kap 231 post 70

Til saman har 1111 barn frå 76 barnehagar fått symjeopplæring i 2015 (660 barn frå 51 kommunale barnehagar og 451 barn frå 25 ikkje-kommunale barnehagar). I gjennomsnitt er det gitt 10 timar med opplæring per barn. Samla er det tildelt kr 1 668 950 til 12 kommunar og 2 organisasjonar. Vi orienterte om tilbodet i lokalradioen NRK Rogaland i juni og sendte ut brev til kommunane og Rogaland svømmekrets 13. juli. For at kommunar og organisasjonar skulle kome i gang tidleg så tidleg som mogleg, blei midla tildelt fortløpande. Det er rapportert frå fleire tilskottsmottakarar at opplæringa har strekt seg over i 2016 fordi opplæringa kom litt seint i gang. Tilskotsordninga er blitt svært godt motteken av både barnehagar, kommunar og symjeklubbar.

Tilskott til tiltak for å betre språkforståinga blant minoritetsspråklege barn - kap 231 post 63

I Rogaland var det 4245 minoritetsspråklege barn i barnehage per 15.12.14, mot 3837 året før. Utdanningsdirektoratet har utbetalt om lag 13,8 mill mot 13,2 mill i 2014. Dette utgjer ein auke på 408 barn og om lag 0,6 mill frå 2014 til 2015.

Vi har utført kontroll av tal på minoritetsspråklege barn i barnehage i mars 15, men fann ikkje avvik, jf. brev frå Udir av 10.03.15. I stikkprøvekontroll av 2 kommunar i november 15 fann vi likevel avvik. Den eine kommunen hadde underrapportert med 5 barn. Barna hadde starta i barnehagen i august, men dei var likevel ikkje ført opp i årsmeldinga punkt 5. Den andre kommunen hadde rapportert eit barn for mykje. Barnet hadde norsk mor og spansk far, og skulle derfor ikkje vore ført opp i årsmeldinga punkt 5. Avvika er så små at fylkesmannen meiner dei ikkje fører til endring av utbetalt tilskott i 2015. Desse to kommunane bruker midlane til føremålet og har valt å tilsetje ekstra personale i barnehage/rettelær på kommunenivå.

Følgje opp bindingstid, investeringstilskott - kap 231 post 61 og tilskott til faste plassar i midlertidige lokale - kap 231 post 64

Tilskotsordningane blei avvikla frå 1. januar 2012. Vi tek årleg ut rapport i BASIL som viser nedlagte barnehagar og følgjer opp. Det er ikkje oppretta saker med krav om tilbakebetaling av investeringstilskott i 2015. Fylkesmannen har ingen saker å følgje opp når det gjeld faste plassar i midlertidige lokale.

Grunnskoleområdet

Tilskott til opplæring til barn og unge som søker opphald i Noreg - Kap 225 post 64

Fylkesmannen har i 2015 utbetalt tilskott til opplæring til 137 barn og unge som søker om opphald i Norge mot 206 i 2014. Elevane i 2015 hadde 511 månader i opplæring mot 727 året før; ein reduksjon på 216 månader eller 29,7 %. Det er i alt utbetalt omlag 4,1 mill kr i tilskott mot 5,7 mill kr året før. Gjennomsnittleg tal på månader i opplæring per elev er auka litt, frå 3,5 i 2014 til 3,7. Vi har ikkje hatt søknader eller utbetaling av tilskott til vidaregåande nivå.

Fylkesmannen har gjort formalia- og rimelegkontroll av søknadene om tilskott frå kommunane. Skolelister frå

UDI er nyttå i kontrollen. Det er ikkje gjennomført stikkprøvekontroll, men grundig kontroll utført i samarbeid med behandling av søknadene førte til fleire korreksjonar. Ingen kommunar har fått avslag.

Leirskole - kap 225 post 66

Det var i alt 4205 elevar på leirskole i 2015 mot 4694 året før. Talet på elevar som reiser på leirskole blei redusert med 489 elevar eller 10,4 %. Elevane var i 2015 organiserte i 250 grupper mot 277 året før. Det blei utbetalt 3,4 mill kr i tilskott i 2015 mot 3,6 mill i 2014. 6,9 % av elevane i Rogaland var på leirskole i 2015 mot 7,8% året før.

Søknadene frå kommunane er gjennomgått, og feil er retta før vedtak om utbetaling av tilskott. Det er henta inn faktura/dokumentasjon frå fleire kommunar på gjennomført leirskoleopphald. Fleire søknader er korrigererte når det gjeld tal på grupper og undervisningstimar. Det er utført ein stikkprøvekontroll og funne eit avvik. Ingen kommunar har fått avslag.

Kontroll av tilskott til landslinjer - 225 post 60

Rogaland har fire landslinjer ved tre vidaregåande skolar. Fylkesmannen har kontrollert at tala i "Oppsummering av elevlistene" frå kvar skole har vore i samsvar med elevlistene. Dokumenta er så blitt sendt til Utdanningsdirektoratet for vidare behandling.

Samisk og finsk i vidaregåande opplæring - 225 post 63 og post 67

Fylkesmannen har kontrollert ein søknad frå Rogaland fylkeskommune om tilskott til samisk, og sendt den vidare til Utdanningsdirektoratet for behandling. Vi har ikkje hatt noko arbeid med finsk.

Tilskott til folkehøgskolar - kap 253 post 70

Fylkesmannen har kontrollert årsoppgjeret for 2014 for dei fire folkehøgskulane i Rogaland. Alle skulane leverte rekneskapen innan fristen. Dei samla inntektene frå folkehøgskolane auka med noko meir enn 4 prosent frå 2013-2014, mot ei auke på om lag 3 % året før. Årsresultatet auka marginalt med i alt kr 239.000, noko meir enn året før. To av folkehøgskolane betra sin økonomi i 2014, medan dei to andre hadde noko dålegare resultat. Konklusjonen er at folkehøgskolane si økonomi i 2014 har vore stabil, og utviklinga frå året før er svakt positiv for alle nøkkeltal.

Tertialrapportering

I motsetnad til i fjor, gjekke det denne gongen greit å få fram tal frå rekneskapen til tertialrapporteringa. Vi har rapportert etter dei fristane direktoratet har lagt opp.

Måloppnåing

Vi meiner at oppdraget er fullført på ein god måte innafor dei ressursane vi har hatt tilgjengelege. Arbeidet er utført av 2 personar med naudsynt kompetanse innafor forvaltning og økonomi. Ein person med økonomikompetanse har hatt ansvaret for tertialrapporteringa. Vi har arbeidd aktivt for å nå dei fristane som var sette. Vi har prøvd å sjå til at reglar og retningsliner for dei ulike tilskotsordningane er følgde, utan at vi kan seie at vi har brukt nokon særskild metodikk. Etter dette konkluderer vi med at måloppnåinga vår er god på dette området.

Resultatområde 32 Oppgaver for økt kvalitet i barnehagen og grunnpplæringen

Rapportering følger nedanfor:

32.2 Kompetanseutvikling og rekruttering

Kompetanseutvikling i barnehagar

Alle dei 26 kommunane i Rogaland har søkt om kompetansemidlar, og tildelinga vart gjort etter søknad med framlagt kompetanseplan for barnehageområdet i kommunen. Midla vart som før tildelte etter ein fordelingsnøkkel (talet på barnehagar og antal barn i barnehagen). Frå innsendte kompetanseplanar ser vi at kommunane prioriterer med utgangspunkt i "Kompetanse for framtidens barnehage". Rapportar og tilbakemeldingar frå nettverka viser at både kommunale og private barnehagar deltar i kompetansehevingstiltaka

Prosjektarbeid i nettverka viser at både kommunane og private barnehagar deltar i kompetansehevingstiltaka, og at dei aller fleste yrkesgruppene har deltatt på tiltaka som kommunen har arrangert.

Det er framleis vår vurdering at kvalitetsmidla er svært viktige for å ivareta pådrivarrolla og initiere utviklingstiltak i barnehagesektoren. I Rogaland er det framleis ei stor utfordring at vi har stor mangel på barnehagelærarar, og det burde etter vårt syn vore retta endå større innsats mot å rekruttere til utdanning og yrke. Vi har såleis også brukt nokre av midla i GLØD Rogaland.

Barnehagekonferansen 2015 vart arrangert med temaet *Barnehagens betydning for små barns psykiske helse*. Det er også gjennomført ei regelverksamling om tilskott og foreldrebetaling for barnehagar og ei GLØD-samling om rekruttering og kompetanse i barnehagen. Vi viser her til rapportering under 31.4.

Tilrettelegging for fagbrev som barne- og ungdomsarbeidarar

Etter drøftingar i nettverka med barnehagefagleg ansvarlege i Rogaland vart det prioritert tiltak for at assistentar skal kunne ta fagbrev i barne- og ungdomsarbeidarfaget. Vi valde å ikkje halde fram med KOMPASS, sidan det over lengre tid har vore vanskeleg å rekruttere studentar til dette studiet.

Førebels tal frå BASIL pr. 15.12.15 viser at andel årsverk med fagbrev er auka frå 13,3 til 15,3 %. Fylkesmannen og kommunane ser på dette tiltaket som eit viktig bidrag til å heve kompetansen og kvaliteten i barnehagane. Deltakarane har vore svært nøgde med utdanninga. 12 kommunar fekk midler til dette tiltaket. Vi ønskjer framover å prioritere støtte til nye kommunar som set i gang tiltak, men ser at det også er rom for å støtte kommunar som startar opp nye klassar.

Barnehagefagleg grunnkompetanse assistentar

Gjennom nettverka blei vi kjende med at fleire barnehagar og kommunar gjennomførde innføringskurs for nye assistentar og vikarar. Alle melde frå om eit behov for kompetanseheving for denne gruppa. Med ei oppmoding om at alle kommunane, både som eigarar og som mynde, må gi alle tilsette utan kompetanse og erfaring frå barnehage ei innføring i barnehagen sitt samfunnsmandat, ansvar og innhald, lyste vi i september ut midlar til barnehagefagleg grunnkompetanse for assistentar. 16 kommunar fikk tildelt midlar til denne satsinga.

Rekruttering og GLØD-arbeid

Fylkesmannen har saman med alle kommunane i Rogaland, UiS og HSH sidan 2013 satsa på rekruttering gjennom eit partnerskap for GLØD Rogaland. Prosjektkoordinator for GLØD blei tilsett hausten 2013, og avslutta engasjementet då prosjektperioden blei avslutta 1. august 2015.

GLØD-koordinatoren har planlagt og prioritert tiltak i tett kontakt med rekrutteringsnettverket (AU). Hovudmåla har vore auka rekruttering til barnehagelæruddanninga og til barnehagane, auka kompetanse for tilsette i barnehagane og auka status for arbeid i barnehagane.

GLØD-koordinator har dette året prioritert møte med barnehagelærarar i fylket og elevar i den vidaregåande skolen. GLØD Rogaland har deltatt i møte med styrarar og barnehagelærarar i kommunane. Tema i desse møta har vore status og omdømmebygging. Partnerane i GLØD var i vår samla til ei to dagers samling der KD, Utdanningsforbundet og KS i ein paneldebatt vart utfordra til å seie kva dei meiner må gjerast for å styrkje kvalitet og kompetanse i framtidens barnehage. Rettleiing av nyutdanna, nasjonale og lokale tiltak for rekruttering og kompetanse var også nokre av emna på samlinga.

Utdanningsdirektør og GLØD-koordinator har vore med i ei referansegruppe ved UiS for nyutdanna lærarar, der rettleiing av nyutdanna lærarar og barnehagelærarar har vore fokusområde.

Glød Rogaland har møtt Rogalandsbenken på Stortinget og informert om dei spesielle rekrutteringsutfordringane vi har i fylket.

Informasjon om utdanning og yrke til ungdom har vore prioritert. Regionen har dei siste åra hatt ein sterk oljesektor med høge lønningar. Skal vi få ungdom til å velje annleis, må vi vere synlege. Saman med UiS har vi vore på samling med YOU-rådgjeverar i den vidaregåande skolen i Rogaland, og også hatt stand ute på vidaregåande skolar. I dialog med barnehagar vidareførte vi "stuntet" frå rekrutteringskampanjen i 2014 «Verdens fineste stilling ledig». Barnehagebarn frå heile fylket besøkte vidaregåande skolar og delte ut avisa «Barnas hverdagsliv» til elevane.

GLØD Rogaland har også deltatt på utdanningsmessa «Ta utdanning». 9000 elevar besøkte messa i løpet av to dagar. Motivasjonsforedrag på karrieredag på UiS ga oss høve til å setje fokus på status og omdømme til studentar på veg ut i yrket.

GLØD-koordinator har hatt ansvar for Facebooksida vår: <https://www.facebook.com/glodrogaland>. Sida har blitt ein viktig kanal for å spreie fagstoff og informasjon både til sektoren sjølve, men og til omverda.

Kompetansesituasjonen i barnehagane i Rogaland (førebels tal frå BASIL 2015).

Andelen årsverk med barnehagelærarutdanning er auka frå 31,9 % til 32,6% frå 2014 til 2015. Andelen årsverk på dispensasjon for styrarar og pedagogisk leiarar har gått ned frå 17% i 2013 til 13,8% i 2014 til 9% 2015. Vi manglar framleis 297 årsverk barnehagelærarar i Rogaland. I 2013 mangla vi 544 årsverk, og i 2014 438 årsverk.

Andelen årsverk med barne og ungdomsarbeidar er auka til 15,3 %, frå 13,3 i 2014.

37 % av årsverka var i 2014 assistentar, i 2015 var andelen årsverk assistentar 34,7%.

Det er ikkje råd å registrere i BASIL kva utdanning assistentar, tospråklege assistentar og det øvrige personalet har. Dette er ønskjeleg både for kommunane og Fylkesmannen for å få eit betre bilde av kompetanseutfordringane i sektoren.

Deltidsutdanningane ved UiS og HSH har fulle klassar, og dei fleste studentane arbeider deltid som assistentar i barnehagar. UiS har årlege opptak og uteksaminerer studentar kvart år. 887 søkte på 147 studieplassar på UiS i 2015. Sjølv om det berre er plass til 110 studentar, valde UiS å ta inn 147 studentar, mot 122 i fjor. Det er eit mål at HSH får opptak til deltidsutdanninga annakvart år. Dei har no hatt kvart fjerde år. HSH er tildelt 30 studieplassar til ABLU frå 2016-2017.

Då stipendordninga til ABLU-studentar kom på plass i april, hadde ingen av studiestadane i Rogaland tilbod om dette. Vi inngjekk då eit samarbeid med Dronning Mauds Minne høgskule i Trondheim, og 21 studentar er no godt i gang med studiet. Første evalueringsmøte syner gode erfaringar frå alle partar. Stipendordninga er eit etterlengta verkemiddel som vi vonar blir vidareført.

Desse tala viser at vi er på rett veg, og vi trur at det fokuset vi har hatt på rekruttering saman med satsinga via GLØD Rogaland har medverka både til fleire barnehagelærarar og fleire studentar til utdanninga. Vi er framleis ikkje i mål, og med fokuset på auka andel pedagogar i barnehagane vil vi forsette arbeidet og prioritere innsatsen for fleire barnehagelærarar og fleire barne- og ungdomsarbeidarar i barnehagane i Rogaland.

Vidareutdanning for lærarar

I Rogaland hadde vi i år rekordstor søking frå lærarar som ville ta vidareutdanning. Dette fann media interessant, og det var fleire oppslag i lokale aviser.

Tal på lærarar i Rogaland på vidareutdanning dei siste åra:

2012: 160

2013: 197

2014: 349

2015: 444

Alle kommunane deltar, og Rogaland fylkeskommune har, etter få søkarar i 2012-13, no fått mange søkarar.

Vi får tilbakemelding om at lærarane er nøgde med tilbodet, og at skoleeigarane administrerer dette godt. Få fell frå, og det er i all hovudsak personlege høve som ligg til grunn når det skjer.

Vi marknadsførte Matte- MOOC godt, og hadde 4 deltakarar med. Dei melder likevel tilbake at studiet er særskjevande, og ein deltakar har slutta.

Dei fleste tar vidareutdanning i dei prioriterte faga. Vidareutdanning i spesialpedagogikk og felirkulturell pedagogikk/andrespråkspedagogikk er mest omsøkt etter dei prioriterte faga.

Om lag ein tredel av deltakarane har valt stipendordning.

Jærkommunane har meldt tilbake at prioriteringa av norsk, matematikk og engelsk kan gå ut over dei estetiske faga, og at rekrutteringa til desse faga kan vere utfordrande for skoleeigarane.

Etter- og vidareutdanning for tilsette i PPT

12 tilsette i PPT tok vidareutdanning, 5 med studietilbodet Organisasjonsutvikling og endringsarbeid, 5 med rådgiving og rettleiing, 1 med fleirkulturell pedagogikk og 1 med anna studietilbod.

To kommunar søkte om midlar til etterutdanning innan områda Fleirspråklegheit og fleirkulturalitet og Organisasjonsutvikling/endringsprosessar. Søknadene blei innvilga.

Dette året hadde vi meir midlar til etterutdanning enn det som blei tildelt. Vi viser til at fleire PP-kontor har meldt at det ikkje er tilfredsstillande at studietilboda er organiserte i andre fylke, og at det ville vore meir aktuelt å delta dersom studietilbodet blir gitt på UiS eller HSH. Dette handlar om reiseveg og fråver på kontoret. Deltakinga er også avhengig av kor vidt det enkelte PP-kontoret har tilstrekkelege ressursar (personale). Dei som deltar i SEVU-PPT, melder om eit nyttig, aktuelt, men travelt studium. Fylkesmannen viser til at midlane i SEVU-PPT er rapporterte i eige brev hausten 2015.

Ungdomstrinn i utvikling

Fylkesmannen har oppsummert og oversendt rapport til UDIR frå pulje 1. Vi har god kontakt med utviklingsrettleiarane, både med å velje ut skolar til siste pulje og å samanfatte rapport frå pulje 2.

Betre læringsmiljø

Informasjon om dei gode nettressursane som finst, blir gitt på nettsidene våre. Også i sluttmøte på tilsyn blir det orientert om dei rettleiarane og nettressursane som finst.

Vi har fast nettsaker med informasjon og kampanjar.

Rettleiarkorps

Vi har analysert tal frå Skoleporten etter utvalde indikatorar og foreslått skoleeigarar som bør vere med dei neste tre åra. Hjelmeland kommune fekk innvilga sin søknad om å forlengje deltaking med eit år. Fylkesmannen følgjer opp denne kommunen og held kontakt.

Fylkesmannen inviterte seg i vår til møte med det politiske utvalet i ein av dei aktuelle kommunane for å fortelje kva vi fann i analysen vår og for å motivere og oppmode kommunen til å søkje om deltaking i rettleiarkorps.

Ellers informerer vi på nett om rom for å søkje om å vere rettleiar.

Rettleiing av nyutdanna lærarar.

Fylkesmannen deltar i ei referansegruppe på UiS, jf. det som er nemnt ovanfor.

RogalandsGNISTen

GNIST-prosjektet er no avslutta. Vi har laga ein [sluttrapport](#) om kva som er GJORT, kva vi har LÆRT og kva som er LURT å vidareføre. Partnarane vil framleis møtast, men no i tilknytning til møta i arbeidsutvalet for Skoleeigarforum Rogaland.

Læringsmiljøprosjektet

Tysvær kommune er med i Læringsmiljøprosjektet i perioden 2015-2016. Erfaringane våre etter første pulja i prosjektet og utfordringane i Tysvær har gjort det naudsynt for oss å prioritere og vere til stades saman med rettleiarane på fleire samlingar i kommunen. Fylkesmannen har også brukt tid på dialog med rettleiarane for at Læringsmiljøprosjektet skal lukkast best mogleg i kommunen. Vi vil her understreke at vi opplever ein særskild god dialog med rettleiarane.

Forholda som er nemnde her, har ført til at vi i mindre grad har kunne nytta ressursar på kommunar/skolar med høge mobbetal over tid, og som ikkje er med i Læringsmiljøprosjektet. Tidlegare har vi samla kommune- og skoleleiinga ved desse skolane til heildagssamlingar med informasjon om regelverket, innlegg om forskning og god praksis m.m. frå Læringsmiljøsenenteret, og deling av erfaringar mtp å redusere krenking/mobbing. Etter den siste samlinga ved årsskiftet i fjor, fekk vi tilbakemeldingar om at det er behov for større grad av «skreddarsaum» overfor desse kommunane, og det var planen å leggje til rette for det dette året. To krevjande hendingsbaserte tilsyn og prioritering av ressursar til oppfølging av flyktningssituasjonen no i haust, gjorde at det ikkje vart rom for å gjennomføre det vi hadde planlagt. To av kommunane med slike skolar har vi no foreslått til neste runde i Læringsmiljøprosjektet, og i løpet av våren vil resten av desse kommunane få tilbod om «individuell» rettleiing.

Utanom dette meiner vi at vi har løyst oppgåvene våre i dette resultatområdet med forsvarleg kvalitet også dette

året, men vi melder altså eitt avvik: Vi har ikkje følgd opp Læringsmiljøprosjektet fullt ut som planlagt.

32.6 Urfolk og nasjonale minoriteter

Rogaland har pt. 6 samiske elavar i grunnskolen og eit par i vidaregåande opplæring. Ingen av våre skolar gir undervisning i samisk. Elevane får opplæring via fjernundervisning og hospitering. Vi informerer om rettane på nettsidene våre eller per telefon ved kontakt om dette spørsmålet.

Fylkesmannen gjennomfører kontroll av søknader om tilskott og melder vidare til UDIR.

Tilsyn med elevane sitt utbyte av opplæringa sikrar at alle elevane får kunnskap og innsikt i samisk historie, kultur og samfunnsliv ved at lokale læreplanar er tema og blir gjennomgått av tilsynet.

Ressursrapportering

Utdanningsavdelinga har hatt om lag same økonomisk ramme i 2015, justert for lønsvekst, som vi hadde i 2014.

Auken frå 2014 til 2015 knytt til kap 0525 post 01 på om lag kr 350 000,- skuldast løns- og prisvekst, og at vi har hatt mindre i refusjonar for syke- og svangerskapspermisjonar.

Resultatområde 31.1 viser ein reduksjon på kr 467 000,- Dette skuldast i hovudsak at vi har effektivisert ressursbruken i tilsyna våre. Vi har i snitt lågare bemanning i kvart tilsyn. Denne gevinsten bruker vi til å løyse dei andre oppdraga våre.

Auken på 31.9 på Fagdep skuldast i hovudsak at vi frå 2015 igjen hadde ansvaret for klagebehandlinga i vidaregåande opplæring.

Resultatområde	Kapittel 0525	Fagdep.
31.1 Tilsyn	kr 2 414 322,09	kr 0,00
31.9 Andre forvaltn.oppg. - barnehagen og grunnopplæring (rest 31)	kr 5 398 025,53	kr 16 776 870,06
Økt kvalitet i barnehage og grunnopplæringen	kr 7 763,33	kr 978 312,40
36 Landsdekkende oppgaver KD	kr 0,00	kr 0,00
Sum:	kr 7 820 110,00	kr 17 755 182,00

Landbruks- og matdepartementet

Resultatområde 21 Matsikkerhet

Sjå nedanfor

21.1 Økt matproduksjon og trygg mat

Sentrale utviklingstrekk og drivkrefter

Soga om Rogaland vil omtale 2015 som *kriseåret*. Oljeindustrien med tilhøyrande leverandørindustri blei råka av låg oljepris. Arbeidsløysa var ved slutten av året nær 5 %, nær enn ei femdobling på 12 månader. Oljenæringa si overrisslingseffekt er spesielt stor i Rogaland. Mange bønder og bondefamiliar har over mange år henta viktige lønsinntekter frå denne industrien – direkte eller indirekte. På lik line med andre, vil også bøndene bli råka av

oljekrisa, ved at dei mister arbeid i eller får færre oppdrag frå oljenæringane. Gitt at krisa varer over fleire år, vil mange bønder i Rogaland kunne stå over meir reelle val enn tidlegare; korleis vil rogalandsbøndene bruke gardane sine ressursar framover? Dei tradisjonelle landbruksproduksjonane er relativt lite konjunkturutsatte. Trongen for investeringar er stor, spesielt innan storfe- og småfeproduksjonane. Kapitaltilgangen er difor ein kritisk faktor. Vi treng meir enn nokon gong, gode statlege investeringsordningar, samstundes som den viktigaste kapitalkjelde – dei regionale bankane, også stiller opp framover.

Rogaland er eit stort landbruksfylke - nasjonalt viktig, men også sårbart. Over mange år har kampen om jordbruksareala vore stor i fylket. Fylket har vel 7 % av det dyrka arealet i Noreg. Med innmarksbeita har vi kring 10 % av det totale jordbruksarealet i landet. Ei repeterande utsegn frå oss er «innmarksbeite, som utgjer kring 46 % av jordbruksarealet i fylket, er ein kritisk faktor for matproduksjonen i Rogaland». Difor står innmarksbeita høgt på vår dagsorden, difor arbeider vi hardt for å oppretthalde og styrkje landbruket i heile fylket, spesielt i distrikta. Jordbruksareal er ein av føresetnadane for å produsera mat, og her er vi sårbare, gitt at presset held fram som dei siste ti åra viser. Men vi er også eit matfylke som er sårbar i høve til import av innsatsfaktorar, spesielt kraftfôr – som både kjem frå utlandet og den norske marknaden. Vidare har vi dei kjende utfordringane spesielt knyta til leigejord med tilhøyrande logistikk-kostnader og miljøbelastninga.

Rogaland er eit *kompakt* matfylke, spesielt på Jæren kor det er korte avstandar mellom gardsbruka og mange logistikkaktivitetar mellom dei. MRSA, fotråte og andre sjukdomar vil truleg bli meir daglegdags i tida som kjem – men næringane må bli flinkare på det førebyggjande. Import av utanlandske bærplanter og frukttrær kjenner vi er meir truande enn motiverande. Likeeins import av utanlandske humlebol.

2015 var året tomatgartnarane i fylket for alvor fekk merke kjedemakta. Situasjonen skapte store frustrasjonar hos dei det gjeld, men er også ein alvorleg tankevekkjar for heile jordbruket. Fylkesmannen i Rogaland har vore tett på situasjonen gjennom eige oppdrag frå departementet. Kva og kven blir dei neste? Tilgang eller ikkje tilgang til butikkhyllene gjennom kjedene si styring av kva for produsentar dei vil ta varer frå, vil vere avgjerande for om det i framtida vil vere produksjon av mat i heile landet/heile fylket.

Rogaland har også ein stor del av kyllingproduksjonen i Noreg. Narasinsaka, auka konsesjonsgrense og auka konkurranse – er kan hende dei tre viktigaste drivarane for både strukturutvikling og marknadstilpassing. I Rogaland er det for tida fleire tome kyllinghus.

Om 2015 har endra tempo og retninga i den strukturutviklingstrenden vi har hatt over mange år, får vi koma tilbake til om nokre år. Vår analyse er likevel den at strukturendingane innan dei tradisjonelle landbruksproduksjonane vil halde fram, men i ei noko lågare tempo. Når det landbruksbasert næringsutvikling i høve til nye næringar, trur vi bestemt at 2015 for fleire vil bli eit merkeår – året då dei for alvor tok til å vurdere kva garden sitt ressursgrunnlag skal nyttast til. Det ligg mange nye moglegheiter i landbruket vårt.

Bidrag for å auke matproduksjonen

Det er viktig for landbruket i Rogaland å vere med å auke den nasjonal matproduksjonen. Det er motiverande for bøndene å vere i ei vekstnæring og viktig for tilhøyrande næringsmiddelindustri å få tilgang til auka volum av kvalitetsråstoff. Auka berekraftig matproduksjon byggjer på nokre klare føresetnadar; at bøndene faktisk vil produsere og at det er tilfredsstillande lønsemd i produksjonane, at landbruket driv meir miljøvennleg og at vi har eit godt vern og rett bruk av arealressursane. Det er viktig med auka profesjonalisering og at bøndene har god tilgang til rettleiing.

Fylkesmannen har initiert og/eller vært involvert i følgjande;

- Konkrete satsingar for auka matproduksjon i fylket (innan storfekjøt, grønnsakdyrking, fruktdyrking, ny bruk av veksthus, betre helse innan sauehaldet).
- Arbeid med regionale og kommunale planar for å verne jordbruksareal.
- FOU-prosjekt knytt til berekraft og økonomi i landbruket (VRI mat, NCE Culinology, mat og helse, dekk& diesel, berekraftig mjølkeproduksjon m.fl.)
- Bygdeutviklingstiltak knyta til auka produksjon av frukt.
- Målretta bruk av RMP midlane.
- Støtte rekrutteringstiltak innan skog, birøkt og matfaget.

- Arrangert fleire møteplassar for både forbrukarar og produsentar (Matsmia, økologi m.fl.)

Tilgangen på tenester frå dyrehelsepersonell i fylket

I 2015 fekk Rogaland tildelt kr 8 069 168 i vakt- og administrasjonstilskot. Rogaland har ikkje stimuleringstilskot.

Rogaland er inndelt i ti veterinærvaktdistrikt. Tilgangen på tenester frå dyrehelsepersonell fungerer bra, og kundane gir uttrykk for at dei er nøgde med tenestetilbodet. I dei distrikta der ein er avhengig av ferje/båt for å nå delar av distriktet, eller distrikta er store, kan likevel responstida bli relativt lang.

Samarbeid med Mattilsynet og regionale aktørar

Fylkesmannen har invitert til møte med Mattilsynet region Sør og Vest i samband med samarbeidsavtalen om utveksling av informasjon i dyrevelferdssaker. Bakgrunnen var at vi såg at rutinane blei praktisert utlikt. Vi er blitt samde om presiseringar om korleis samarbeidsavtalen skal praktiserast og dette er formidla til landbruksforvaltninga i kommunane og til alle nivå i Mattilsynet.

Fylkesmannen har samarbeid med Universitetet i Stavanger, IRIS, NIBIO og Stavanger kommune om et forskningsprosjekt «optimalisering av renseparker». Vi har også samarbeid med UiS om studentoppgåver innan miljøtiltak i jordbruket. Vi samarbeider også tett med NLR- einingane i fylket, og med NIBIO i fleire utviklingsprosjekt.

Elles har vi samarbeid med fylkeskommunen når det gjeld næringsutvikling, RMP, vannforvaltning og plan. Vidare har vi samarbeid med Bondelaget og småbrukerlaget mellom anna i prosjektgruppa og styringsgruppa for RMP.

Resultatområde 22 Landbruk over hele landet

Sjå nedanfor

22.1 Bruk av landbruksarealer

Utfordringar i arbeidet med å ivareta landbrukets interesser i det regionale kartsamarbeidet, og utfordringar knytt til kommunen sitt arbeid med ajourføring av arealressurskart (AR5)

Vi har delteke på møter med kartverket og kommunane om AR5, temakart og om nye geovekstprosjekt. Samarbeidet går bra, og vi har starta 5 geovekstprosjekt (for 7 kommunar + E39-traseen sørover) i Rogaland i 2015. I tillegg har vi fått stønad frå NIBIO til produksjon av historiske ortofoto. Totalt fekk vi 1 278 703 kr for å dekke kartleggingsprosjekt i fylket.

Også i 2015 hadde vi feltkurs i kartlegging av AR5, med kurshaldarar frå NIBIO. Denne gang med hovudfokus på grense innmark/utmarksbeite, og gjengroingsproblematikk.

Kommunane i Rogaland er hovudsakeleg gode til å levere ajourhald av AR5. Det ser likevel ut til at ein del endringar ikkje blir fanga opp tidsnok, særleg i landbruksområde. NIBIO sitt kartverktøy «oppdateringsbehov av ar5» viser areal som er nedbygd ifølge andre kjelder, som SSB. I denne oversikta ser det ut til at særleg landbrukskommunane på Jæren ikkje får fanga opp alle arealendringane på dyrka mark.

Data frå Norge digitalt og Geovekst blir brukt mye i vårt arbeid, til dømes innan arealplan- og byggesaksbehandling, tilskotsforvaltning, beiteforvaltning, verneplanar og miljøtiltak, klimaskog og skogbruk. Mange karttema ligg tilgjengeleg for kommunar og andre i kartløyninga Temakart-Rogaland, som vi drifrar saman med fylkeskommunen. Her har vi også laga til eit opplegg der kommunane digitaliserer godkjent spreieareal, i ein vedvarande prosess. Det er viktig for oss at AR5-data er så oppdatert som mogleg.

Rogaland Sau og Geit starta i 2013 eit tre-årig "Økt bruk av heiabeiter", og Fylkesmannen har gitt støtte på i alt kr. 355.000 i BU-midlar.

Eit av tiltaka i prosjektet har vore utprøving av radiobjeller – bjeller er det siste nye innafor elektronisk utstyr. I 2015 er det nytta 158 radiobjeller fordelt på 22 buskaper. Også dette året har radiobjellene i hovudsak fungert godt. Teknologien gjer det mogleg via satellitt-sporing å følgje sauene på pc-skjermen til ei kvar tid gjennom beitesesongen. Ein kan gå inn og sjå kor sauene er og kor den beveger seg. Viser signalet at sauene er på den same staden fleire dagar på rad, er det opp til fjells for å sjekke.

I heiane er det ei utfordring der det ikkje blir sloppe dyr, dvs. tome område. Næringa har ansvaret for at dyra kjem heim. Prosjektet har sett av noko midlar til sanking i tome område, og dette har fungert godt. Det er nå ein prosess for å få til ei permanent ordning med midlar til sanking i tome område. Det vil bli utarbeidd ein sluttrapport om prosjektet.

Utvikling i beitebruk

I Rogaland er det om lag 100.000 sau/lam med i organisert beitebruk. Det er normalt låge tapstal, og for 2015 er tapa 1,79 % for sau og 3,66 % for lam.

I beitesesongen er det samla sett for Rogaland om lag 470.000 sau og lam på beite derav om lag 285.000 dyr på utmarksbeite. Det er ein del sauebønder med store beiteareal av innmark og utmark heime på garden, og desse har i stor grad dyra på heimebeite. Dette er hovudforklaringa på at berre 22% av sauehaldet i fylket er med i organisert beitebruk.

Beiting i utmark er ein viktig del av forgrunnet og eit viktig bidrag til nasjonal sjølvforsyning. Dei siste åra er satsen for driftstilskotet til beitelaga dobla til kr. 20 pr. heimsanka sau og lam.

Tapsstatistikk sau på utmarksbeite

Embeter	Antall sau sluppet (innen organisert beitebruk)		% tilslutning til org. beitebruk i fylket	Tapsprosent		Total tapsprosent	
	Sau	Lam		Sau	Lam	2015	2014
FMRO	41771	61284	22	1,79	3,66	2,9	3
Sum	41771	61284	22	0	0	0	

22.2 Eiendomspolitikk

Når det gjeld kompetansehevande tiltak overfor kommunane innan eigedomslovgivinga i 2015, har Fylkesmannen arrangert ei arealsamling i november for administrasjonen. Tema var blant anna deling av eigedom etter jordlova. Sidan forslaget om oppheving av priskontrollen ikkje er behandla enno, har vi utsett samling om konsesjonslova. Ved endring i lovverket er planen å halde ei samling for kommunane.

Vidare har vi rettleia kommunane ved andre samlingar (t.d. kommunesamling), telefon og ved e-post. Vi har i tillegg tilbode oss å kunne informere dei nye politikarane om lovverket.

22.3 Forvaltning av inntekts- og velferdspolitiske tiltak og kontroll

Erfaringar og utfordringar knytt til kommunen si forvaltning av økonomiske og juridiske verkemidlar og regelverk

Vår tilbakemelding er basert på erfaringar via forvaltningskontrollane i kommunane og erfaringar frå saksbehandlinga med klagesaker, dispensasjonssøknader og manuelle utbetalingar.

Erfaringa vår er at det er varierende kvalitet på arbeidet til kommunane når det gjeld forvaltninga av økonomiske og juridiske verkemiddel og regelverk. Det skuldast både manglande kompetanse og manglande erfaring hos ein del saksbehandlarar i kommunane. Ein del kommunar har og lite personalressursar avsett til saksbehandling på landbruksområdet, sett i høve til saksmengda dei har. Det resulterer i at saker blir liggjande lenge og er til dels mangelfullt utgreia. Små kommunar med få tilsette i landbruksforvaltninga er særleg sårbare ved personalskifte.

Når det gjelder ordninga med produksjonstilskot, gjer manglande ressursar også at kommunane sitt med å gå inn i tidkrevjande saker, som driftsfellesskapskontrollar. Det gjer og at dei har problem med å følge opp nokre av oppgåvene i tilskotsforvaltninga, som t.d. skriftleg vurdering av avkorting i alle tilfelle med feilopplysningar. Maskinelle avgrensingar gjer avkortingsarbeidet ekstra tidkrevjande for kommunane.

Mange kommunar kvir seg og når det blir snakk om å reagere med større trekk i produksjonstilskotet. Der det er gitt klar rettleiing i rundskriv, ser vi likevel at kommunane lettare går inn med reaksjon. Truleg skuldast det at dei då er sikrere i sin konklusjon, mindre redde for forskjellhandsaming mellom kommunane, og at dei kan vise til klarare reglar som støtte for sin konklusjon.

Tal saker som er vurdert for politimelding og er melda til politiet

Vi har ikkje hatt saker i 2015 som er vurderte for melding til politiet. Dvs. vi vurderer alltid tilskotssaker der det er gitt feilopplysningar, men det er ingen saker i 2015 der vi funnet grunnlag for å gjere nærare utgreiing av med tanke på melding til politiet.

Oversikt over behandling av klager og dispensasjonssøknader 2015 - antall

Klagebehandling

Produksjonstilskudd		Miljøvirkemidler		Andre tilskuddsordninger	
Innvilget	Avslått	Innvilget	Avslått	Innvilget	Avslått
0	7	0	1	0	0

Dispensasjonssøknader

Produksjonstilskudd			Miljøvirkemidler			Andre tilskuddsordninger		
Innvilget	Delvis innvilget	Avslått	Innvilget	Delvis innvilget	Avslått	Innvilget	Delvis innvilget	Avslått
3	0	5	22	0	3	24	0	4

Fylkesmannens kontroll av landbruksvirksomheten i 2015

1. Hvor mye ressurser er avsatt til kontroll?

Årsverk: 0,9
Antall personer: 12

2. Gjennomførte kontroller av kommunenes landbruksforvaltning(forvaltningskontroller)

Kommune:	Bokn kommune
Orninger/omfang:	Sjå Tysvær kommune, felles landbrukskontor
Registrerte avvik:	
Oppfølging av avvik:	

Kommune:	Forsand kommune
Orninger/omfang:	Kontroll i 2014 - PT og tilskot til avløysing ved sjukdom mv.
Registrerte avvik:	Totalt 2 avvik - 1)Sjukdomsavløysing, manglar dokumentasjon på næringsinntekt, 2)RMP, løyvd tilskot til foretak som ligg utanfor område
Oppfølging av avvik:	FM har gjort om Forsand kommune sine vedtak om RMP til foretak i område utanfor definerte område.

Kommune:	Gjesdal kommune
Orninger/omfang:	Kontroll i 2014 - PT, tilskot avløysing ved sjukdom m.v, skogforvaltning (NMSK)
	Totalt 3 avvik, 1)Foryngingsplikta er ikkje

Registrerte avvik:	1)Ølgt opp, 2)P1, endra/redda søknader utan a føre opp årsak i WESPA, 3)ikkje gjort ei skriftleg vurdering av avkorting i alle saker der søkjar har gitt feilopplysningar som kunne ført til meirutbetaling av tilskot
Oppfølging av avvik:	1)K har gjort avtale med annan kommune om kjøp av skogbrukskompetanse for mellom anne å følgje opp foryngingsplikta, 2)K har endra rutinar og skal nytte merknadsfeltet, 3) K har frå jan.2015 vurdert avkorting jf. rundskriv
Kommune:	Haugesund kommune
Orninger/omfang:	Sjå Tysvær kommune, felles landbrukskontor
Registrerte avvik:	
Oppfølging av avvik:	
Kommune:	Lund kommune
Orninger/omfang:	Kontroll i 2014 - PT, SMIL og skogforvaltning
Registrerte avvik:	Totalt 3 avvik - 1)Foryngings-plikta er ikkje følgt opp, 2)Manglar godkjent SMIL-strategi, 3)PT, ikkje vurdert avkorting i alle saker der dyretal eller areal er redusert etter kontroll
Oppfølging av avvik:	1)K vurderer at det ikkje er tenleg å følgje opp desse saker, 2)Arbeid med ny strategi er i gang, 3)K har endra rutinar og vil no vurdere avkorting i tråd med reglane
Kommune:	Rennesøy kommune
Orninger/omfang:	SMIL, RMP og produksjonstilskot
Registrerte avvik:	Rappport ikkje ferdig
Oppfølging av avvik:	
Kommune:	Sola kommune
Orninger/omfang:	RMP - Tilskot til avløyising ved sjukdom og fødsel mv.- Produksjonstilskot
Registrerte avvik:	Totalt 7 avvik - 1)RMP, godkjent tilskot til beiting i utmark til vanleg sau, 2) RMP, godkjent feil oppmåling av tursti og ugjødsla randsoner noko som har ført til feilutbetaling, 3)Avløysartilskot sjukdom, godkjent tilskot i saker der det manglar dokumentasjon av næringsinntekt, 4)PT, endra dyretal eller areal utan å bruke merknadsfeltet, 5)PT, ikkje følgt opp føretak som har nytta amnestiordninga, 6)PT, redusert tal dyr på utmarksbeite utan å vurdere om det var feilopplysning, 7)PT, ikkje vurdert avkorting i alle saker der dyretal eller areal er redusert etter kontroll
Oppfølging av avvik:	1)Kommunen omgjer vedtak og krev tilbakebetaling 2)Kommunen omgjer vedtak og krev tilbakebetaling, 3)K endrar rutinane, 4)K endrar rutinane, 5)K skal vurdere driftsfellesskap og skal konkludere skriftleg, 6)K har endra rutinane, 7)K har endra rutinane
Kommune:	Strand kommune
Orninger/omfang:	Produksjonstilskot - Skogforvaltning - RMP

Registrerte avvik:	Totalt 7 avvik - 1)RMP, sjekkar ikkje Naturbasen , 2)RMP, godkjent turstiar som ikkje er merka på kart, 3) Skog, manglar strategi for NMSK, 4)Skog, følger ikkje opp foryngingsplikta, 5)Skog, utbetalt tilskot og skogfond utan nødvendig dokumentasjon, 6) PT, endra/retta søknader utan å føre opp årsak i WESPA, 7) Ikkje vurdert avkorting etter å ha redusert dyretal eller areal i søknaden
Oppfølging av avvik:	1)K har endra rutiner, 2)K har endra rutiner, 3)Starter arbeid med oppdatering av strategi for NMSK, 4)K endra rutinar for oppfølging, 5)K utarbeidar rutinar for utbetaling, 6)K har endra rutinar og brukar merknadsfeltet, 7)K har endra rutinar og skal følgje opp

Kommune:	Suldal kommune
Orninger/omfang:	SMIL, Skogforvaltning, Produksjonstilskot
Registrerte avvik:	Rapport ikkje ferdig
Oppfølging av avvik:	

Kommune:	Tysvær kommune
Orninger/omfang:	Produksjonstilskot - Tilskot til avløyning ved sjukdom og fødsel mv.
Registrerte avvik:	3 avvik - 1)Endra/retta søknader utan å føre opp årsaka - 2)Har ikkje vurdert avkorting der dyretal eller areal er redusert - 3)Har ikkje vurdert avkorting etter reglane om feilopplysningar i saker der føretak manglar spreieareal
Oppfølging av avvik:	Har ikkje fått tilbakemelding frå kommunen enno

3. Gjennomførte foretakskontroller. Foretakene kan anonymiseres ved A, B, C etc.

Foretak:	A og B
Orninger/omfang:	Produksjonstilskot - driftsfellesskap - Stadleg kontroll
Hjemmel for kontroll:	§ 35 a
Registrerte avvik:	Ingen avvik, ikkje driftsfellesskap
Oppfølging av avvik:	

Foretak:	C
Orninger/omfang:	Produksjonstilskot - vanleg Jordbruksproduksjon/ regelverksbrot, dyrevelferdsloven, Stadleg kontroll
Hjemmel for kontroll:	§ 35 a
Registrerte avvik:	Saka er framleis under behandling
Oppfølging av avvik:	

Foretak:	D
Orninger/omfang:	Produksjonstilskot - vanleg Jordbruksproduksjon - Dokumentkontroll
Hjemmel for kontroll:	§ 35 a

Registrerte avvik:	Saka er framleis under behandling
Oppfølging av avvik:	
Foretak:	E og F
Orninger/omfang:	Produksjonstilskot - driftsfellesskap - Stadleg kontroll
Hjemmel for kontroll:	§ 35 a
Registrerte avvik:	Saka er framleis under behandling
Oppfølging av avvik:	
Foretak:	G m.fl.
Orninger/omfang:	Veterinære reiser ved syke- og inseminasjonsbesøk – forskrift 280 Kontrollert km oppgitt i innsendte søknader. Dokumentkontroll (kart)
Hjemmel for kontroll:	Forskrift om reisetilskudd ved veterinærers syke- og inseminasjonsbesøk og rundskriv 2015-24 kommentarer til forskriften
Registrerte avvik:	På rekvirentbesøk der veterinæren har ført opp for mange km, er søknaden korrigert og tilskotet redusert. Veterinæren får melding om trekket og moglegheit til å klage.
Oppfølging av avvik:	Veterinærene som har fått redusert tilskotet har ikkje klaga på vedtaket.

4. Andre kommentarer/ innspill:

- Totalt i fylket er 18 foretak kontrollerte, derav 15 på slaktegris, 2 kombinert svinehald og 1 foretak med slaktegris og eggproduksjon. - Desse er kontrollerte mot LIB/PT - Det er ikkje innhenta opplysningar for føretaka utover det som er tilgjengeleg i eigne system, bortsett frå eitt foretak med kombinert svinehald der det blei innhenta opplysningar - 42 foretak er følgt opp etter kontroll i 2014 - om lag 20 skal følgjast opp vedr produksjonsgrensa i 2016 - Det er ikkje gjennomført stadleg kontroll i 2015 - Ingen foretak er i 2015 kontrollerte pga mistanke om driftsfellesskap, og ingen er ilagt standardisert erstatning I 2015 har Fylkesmannen i Rogaland behandla mange søknader om erstatning frå foretak med svin etter pålegg om nedslakting og pålegg om saneringstiltak etter påvisning av MRSA. Vi har etter dette måtta redusera noko på kontrollarbeidet på hudyrkonsesjonsområdet i 2015.

22.4 Ei livskraftig reindrift

Uaktuelt for Rogaland.

Resultatområde 23 Økt verdiskaping

Sjå nedanfor

23.1 Næringsutvikling innen jordbruk og bygdenæringer

Bruken av Utrednings- og tilretteleggingsmidlar (UTM) i 2015

Fylkesmannen i Rogaland blei i 2015 tildelt kr. 5 220 000 til UTM. Det blei overført kr. 13 086 frå 2014, og i tillegg blei det inndratt kr. 233 394. Fylkesmannen hadde såleis kr. 5 466 480 til disposisjon i 2015 til utgreiings- og tilretteleggingstiltak. Midlane blei fordelt på 40 saker/løyvingar.

Fylkesmannen brukte 39 % av UTM-midlane til partnerskapsprosjekt (HPN- den regionale partnerskapen sitt Handlingsprogram Næring). I 2014 var den 53% og i åra 2011 – 2013 var den om lag 60%.

Satsing/ tema	Beløp i kr.	% av totalen
Energi skog klima juletre	250 000	5,0 %
Reiseliv	0	0,0 %
Økologisk landbruk	673 000	12,3 %
Miljø, jord og kulturlandskap	361 000	6,6 %
Matproduksjon	1 176 000	21,5 %
Kunnskap, forskning, formidling	1 830 000	33,5 %
Rekruttering	370 000	6,8 %
Arbeidsmiljø LB	15 000	0,3 %
Bygdemobilisering	100 000	1,8 %
Lokalmat	257 500	4,7 %
IPT	200 000	3,7 %
Diverse	232 200	4,0 %
Totalt	5 464 700	100 %

Tabellen viser at Fylkesmannen har prioritert å bruke midlane til prosjekt innan matproduksjon (grovførbaserte produksjonar) og til kompetanse/forskning. Meir enn halvparten av midlane gjekk til tiltak innan desse to områda. Økologisk landbruk aukar frå 8% i 2014 til 12 % i 2015. Skogtiltak ligg på 5%, lokalmat og Inn på tunet ligg på 4,7% og 3,7 %.

Det er nokså god tilgang på prosjekt som er retta mot konvensjonell matproduksjon. Dei aller fleste tiltaka er direkte verknad på produsentleddet, så som Storfeprojektet, Beite til sau og storfe, Kvalitetsutvikling på gras, Økonomi og driftsleiing på utbyggingsbruk i mjølkeproduksjon, Avrenning frå veksthus, Utvikling av kart over jord eigna for grønsaker og Næring av nordiske bier. Norsk landbruksrådgiving, NIBIO, TINE, HLB og Klepp rekneskapslag som alle held til på Landbruksparken på Særheim, kjenner godt til våre midlar og er gode prosjekteigarar.

Men vi skulle gjerne sett at fleire verksemdar og organisasjonar nytta ordninga til å drive både mobilisering og utvikling i næringa si. Rekruttering er saman med arealgrunnlaget dei to mest avgjerande faktorane for å oppretthalde og å auke matproduksjon, i Noreg og i Rogaland. Tal føretak som søker om produksjonstilskot går jamt nedover, så behovet for nye bønder blir og færre. Nedkjøling i oljeindustrien gir håp om at yngre krefter i større grad enn før vel landbruket som sin arbeidsplass. Teknologiutviklinga går sin gang og nye produkt krev etter kvart like mykje datakunnskap som maskinkunnskap. Tilpassingar i produksjonar set krav til utdanningsaktørane og at desse er fagleg oppdaterte og attraktive.

Vinterlandbruksskolen (2 stk.) er eit veldig godt tilbod for dei som er 20+. Tveit vgs. (privat) har relativt mange elevar. Øksnevad vgs. har berre 5 elevar på VG3 Agronom. Vi treng skolar som har betre omdømme og ei landbruksnæringa som i større grad hegnar om og verdset kompetansebygging og skulesystem.

På skogbrukssida arbeider dei godt og klarer å reise prosjekt innan rekruttering, «Vel skog». Det er tyngre å få til eit felles løft på jordbrukssida, men det burde vore eit eige prosjekt for rekruttering innan jordbruk.

Vi ser ein fallande interesse for større prosjekt. Dette kan ha samanheng med for lite ressursar til å drive med informasjon og å vere pådrivar for nye prosjekt. Til dømes har vi ikkje hatt større prosjekt innan lokalmat og reiseliv dei siste åra. Vi er prega av at det er mange aktørar «om beinet» og som har ulike intensjonar, slik at det er utfordrande å bli einige om eit felles større prosjekt både innan lokalmat og reiseliv. Resultatet blir fleire og mindre tiltak som opplevast meir som stunt og med liten slagkraft som resultat.

Grønt

2015 blei prega av uro blant grønt-dyrkarane i fylket som har utspring frå COOP – ICA handelen. Fylkesmannen set i gang ei grøntsatsing i 2014 og forprosjekt bedriftsnettverk blei slutført sommaren 2015. Målet var å gå vidare med minst to tema (nye bedriftsnettverk) og mobilisering, men situasjonen omkring leveringsavtalene tok dessverre mykje tid for dyrkarane.

Frukt

Fruksatsinga som Fylkesmannen starta opp saman med Rogaland fruktdyrkarlag i 2014 held fram, og den har bære gode frukter berre etter det første året. Fem dyrkarar fekk kr. 4 555 000 i tilskot til investering i fruktfelt. Totalt 108,5 daa med nye frukttrær med denne fordeling: 90,8 daa eple, 8,7 daa pærer, 4,5 daa plommer, 4,5 daa morellar, derav 24,4 daa heilt nye fruktfelt. Vi forventar 256,6 tonn meir frukt årleg enn før nydyrkinga. Fem andre dyrkarar har fått utarbeidd investeringsplanar. Norsk landbruksrådgiving i Hardanger har levert ein fabelaktig, fagleg rådgiving til produsentane. Det er gjennomført fleire fruktmøte både i Ryfylke, Haugalandet og Dalane. Nye produsentar er i gang, og tidlegare generasjonsskifte er og eit resultat.

Lokalmat

I Rogaland har vi om lag 100 produsentar som leverer matspesialitetar. Det er vi godt nøgde med, men det kunne vore mange fleire med tanke på produksjonsgrunnlaget og befolkningsmengda. Mange er gode produsentar og seljarar, men det finns produsentar og produkt som må heve kvalitets- og leveringsnivået. Samarbeid mellom aktørar kunne og vore betre for å styrke økonomien i næringa.

Hovudtyngda av produsentane ligg på produksjon og foredling av kjøt og grønt. Nær halvparten av desse held til på Jæren. Nest flest finn vi i Ryfylke. Omsetnad og resultat for produsentane har ingen oversikt over. Vi trur at det er en betydeleg mengde varer som blir omset lokalt (direkte sal, gardsutsal, festivalar osv.), og som ikkje blir registrerte i offentlege rapportar. Vi etterlyser ein meir overordna kartlegging av dette for å bruke det som grunnlagsmateriale til rekruttering og å styrke økonomien til produsentane.

Haugalandet har vore ein region med heller svak representasjon av matspesialitetar tross stor matproduksjon, spesielt i Vindafjord. Inspirasjons- og nettverkssamlinga MatSmiå blei arrangert i Haugesund for andre gang i 2015. Naturleg nok er det flest deltakarar frå denne regionen. Og det gir merkbart effekt, sjølv sagt saman med andre matrelaterte prosjekt. Nye foredlingsbedrifter er på gang og mat er i ferd med å få auka innflyting og ein sterkare strategisk posisjon. Produsentnettverket «Smaken av Vikingland» er ferdig med forprosjektfasen og er klar for større oppgåver. I Dalane-regionen slit vi med å få opp interessa for lokalmat, tross matprosjektet til Magma Geopark.

Spesialitetsmerking gir auka merksemd og lettare tilgang til kjedene. I 2015 fekk Fjellmat frå Suldal kvalitetsmerket for Suldalsskinka. Det same fekk Prima Jæren for fem av sine produkt. Med tanke på mengda produsert vare i Rogaland, så burde det vore langt fleire som søkte om kvalitetsmerking. Det trengs meir ressursar til å følgje opp produsentane.

Brygging av øl, cider og brennevin er i sterk vekst på nasjonalt plan. I Rogaland finn vi berre nokre få som driv med dette på gardsbruk. På grunn av ressursmangel, så har vi ikkje prioritert denne type oppgåve hos oss.

Det blei arrangert ein dagstur til Voss for 6 kjøtprodusentar frå Suldal og Dalane. Temaet var foredling av kjøt. Ein planlagd tre-dagars studietur innan foredling av kjøt og mjølk til Hordaland måtte avlysast på grunn av for dårleg påmelding. Produsentane etterlyser meir kompetanse og møteplassar, men det er ikkje alltid vi treff med våre tilbod. For å målrettevåre tilbod enda betre mot produsentane, blei Draumeløftet arrangert saman med Innovasjon Norge på seinhausten. Målet er å få til ei kraftfull lokalmatsatsing.

I Suldal arbeidast det med å få etablert eit matutsal. Ein kritisk faktor er mengde varer og stabil produksjon, derfor må fokuset i større grad flyttast til produksjon og vekst.

Reiseliv

Det finns vel 30 gardar med servering i fylket. To viktige mål er auka tilgjenge av lokalmat og sunnlegging. Det

Det finns vel 50 gardar med servering i fylket. To viktige mat er auka utgjenge av lokalmat og symegging. Det krev samarbeid mellom aktørar innan mat og reiseliv. Her er det eit potensiale vi ikkje har klart å ta ut. Fylkesmannen har for lite ressursar avsett til koordinering mat – reiseliv.

275 000 besøker Preikestolen kvart år, men det finns ikkje eit eige kultur/lokalmat-utsal der. Kjeragbolten lengre inn i Lysefjorden har om lag 60 000 besøkande. I 2013 hadde Kongeparken 230 000 besøkande. Jærstrendene har ein stad mellom 300 000 og 500 000 besøkande. Folk strøymar til attraksjonane i naturen, så her er eit klart potensiale innan lokalmat og andre landbruksbaserte tenestetilbod.

Dei siste åra er det blitt etablert nye tilbod til dei reisande i Ryfylke; Hagalid galleri, Lysefjorden sjokolade og Outdoorlife Norway (guiding), Landa park og Flørli 4444. I området i og langs med Lysefjorden har Fylkesmannen og Lysefjord Utvikling gjennomført fleire mobiliseringsmøter og kurs (sosiale media, frå ide til marknad) innan reiseliv og det gir ein optimisme i næringa.

Offentlege styresmakter har brukt mykje midlar på attraksjonar langs Nasjonale turistvegar. I vårt fylke er det berre Nasjonal turistveg Ryfylke som viser igjen med installasjonar i Svandalsfossen og Almannajuvet i Sauda og ved Lovra og Høse bru i Suldal.

Nasjonale turistveg Jæren har berre fått vidareutvikla ein attraksjon; Kvasheim fyr. Det er svært få lokasjonar for kultur, servering og aktivitets-tilbod langs denne ruta. Fylkesmannen var for over fem år sidan tidleg ute med invitasjon til kommunane for å få til auka næringsutvikling i gjeldande område, men det var heller dårleg respons. Kommunane slit med å få til avtalar og samarbeid mellom grunneigarar og regionale styresmakter, da mykje av arealet langs strendene har restriksjonar på grunn av naturtypen.

Vi har NCE Tourism – Fjord Norway, men denne samarbeidsløysinga løyser ikkje utfordringar vi har i fylket vårt. Vi oppfattar NCE`en som noko fjern, lite relevant og har liten effekt for våre landbruksbaserte tilbod. Det Rogaland treng er ei samlande mat og reiselivs-satsing der destinasjonsselskapa og andre reiselivsaktørar så som Lysefjorden utvikling er med.

Juletre

Rogaland står for om lag 40% av juletreproduksjonen i Noreg og har såleis ei særleg sterk stilling. Fylkesmannen var med og arrangerte ei nasjonal juletremesse med 80 – 100 deltakarar i 2015 og markvandring. Investeringsaker - juletre har vore prioritert hos Innovasjon Norge i nokre år. Dette har gitt auke både i mengde og kvalitet. To nye juletreprodusentar i Rogaland i 2015. Les meir under skogkapittelet.

Hest som næring

Eit av måla i Regionalplan landbruk er «Auka profesjonalisering blant dei som driv med hest som tilleggsnæring» der mellom anna opparbeiding av ridediar var ein av strategiane. Vi har ikkje prioritert å arbeide med dette i 2015.

Tverrsektorielt samarbeid og resultat i arbeidet med Inn på tunet generelt og Inn på tunet-løftet i kommunane spesielt

Det har i Rogland dei seinare åra vore noko mindre interesse og etterspurnad etter Inn på tunet tenester frå kjøparsida enn vi kunne ønske. Når det gjeld kommunane ser vi ofte at satsinga manglar politisk og administrativ forankring, og framleis i for stor grad er avhengig av eldsjeler. Kommunar som klarar å involvere fleire fagområde og jobbe tverrfagleg lukkast best. Etterspurnaden frå NAV er i dag også noko mindre enn før, etter at «grønt arbeid» er avvikla som eige prosjekt- og satsingsområde. Bufetat derimot har fortsett stort behov for ulike butilbod til barn og ungdom, eit behov som også er aukande grunna den store tilstrøyminga av unge asylsøkarar.

Tal Inn på tunet gardar som er med i godkjenningsordninga til Matmerk er pr. i dag 21, medan nettverksorganisasjonen Inn på tunet – Rogaland tel rundt 40 medlemmer.

Når det gjeld Inn på tunet løftet, har vi berre hatt med 2 kommunar i Rogaland; Karmøy og Hjelmeland. Prosjektet i Karmøy kommune har fokusert på garden som pedagogisk ressurs, der Bøtoppen IPT-gard i «løft»-perioden har vorte vidareutvikla som læringsarena. Resultatet av IPT-løftet i Karmøy kan kort oppsummerast med at kommunen har medverka til å profesjonalisere ein av Inn på tunet gardane i kommunen, men samstundes

har avvikla avtalar med andre tilbydarar. Den same tendensen har vi sett i andre kommunar, at det blir færre men meir spesialiserte og profesjonaliserte Inn på tunet gardar.

Hjelmeland sitt IPT-løft-prosjekt har satsa på generell utvikling av Inn på tunet tilbodet i kommunen, men utan at prosjektet har lukkas med det. Tilskotet til prosjektet i Hjelmeland er trekt tilbake frå Innovasjon Noreg.

Internt hjå Fylkesmannen er det hovudsakeleg landbruksavdelinga som arbeider med Inn på tunet, men representantar frå utdanningsavdelinga og helse- og sosialavdelinga har og vore involvert i arbeidet, både gjennom ein tverrfagleg intern ressursgruppe samt prosjekt «Sjumilssteget for betre oppvekst i Rogaland». I tillegg har vi hatt ein ekstern samarbeidsgruppe der "Inn på tunet – Rogaland", NAV, Bufetat samt KS Rogaland har vore med utanom Fylkesmannen.

I 2015 har Fylkesmannen i Rogaland sitt arbeid med Inn på tunet i Rogaland i stor grad vore knytt opp til arbeidet med å arrangere den nasjonale Inn på tunet konferansen som var i Stavanger 2. -3. november 2015. Inn på tunet – Rogaland deltok også aktivt med å marknadsføre konferansen, som samla rundt 250 deltakarar frå heile landet. Av desse var omlag 50 personar i frå Rogaland.

I 2015 har det også vore arbeidd med ein Handlingsplan for Inn på tunet i Rogaland, men vi kom diverre ikkje i mål innan årsskiftet som planlagt. Arbeidet vil bli fullført primo 2016.

Innovasjon Norge sine IBU-midlar

Innovasjon Norge Rogaland løyvde totalt 41,61 millionar kroner i bedriftsretta tilskot, delt over 80 prosjekt/søknadar. Det blei løyvd 84,05 millionar kroner i rentestøtte delt på 42 prosjekt/søknadar.

Distrikta utanom dei sentrale områda på Jæren har prioritet, og 65 % av tilskotsmidlane blei nytta i distrikta. Av rentestøtteramma fekk distrikta kring 50 %. 87 % av tilskotta og heile 99 % av rentestøtta er nytta til tradisjonelt landbruk. Fylkesmannen i Rogaland meiner Innovasjon Norge Rogaland i 2015 hadde god måloppnåing for bruken av IBU-midlane.

Tiltak som er gjennomført for å styrke kommunane sitt arbeid innanfor landbruks- og matområdet

Fylkesmannen legg stor vekt på å halde kommunane oppdaterte på regelverket for ulike ordningar som kommunane har ansvar for å forvalte. Vi prioriterer kvart år å arrangere kurs/samling for kommunane før kvar søknadsomgang for produksjonstilskot. Då har vi fokus på å oppdatere kommunane om endringar i regelverket og drøfte tilskotstema som vi ser kommunane slit med i si saksbehandling. Vi har og faste dialogmøte med kommunane kvar vår og haust. Tema for dialogmøtet på våren var mellom anna informasjonsutveksling i dyrevelferdssaker og driftsfellesskap ved søknad om produksjonstilskot, og på haustmøtet var tema mellom anna fyllingar og deponering i LNF-område, disp. saker i LNF-område, landbruk i plan og delingsføresegna i jordlova. Det er gjennomført to samlingar for tilsette i kommunal skogforvaltning. Den årlege landbrukskonferansen tek opp politiske tema og her er målgruppa også politisk nivå i kommunar og fylkeskommunen.

Fylkesmannen har ved fleire høve informert om utrednings- og tilretteleggingsmidlene og invitert landbruksforvaltinga i kommunane til samarbeid. I nokre få kommunar får vi respons, men generelt er det lite engasjement frå landbruksforvaltinga i kommunane. Kommunane forklarar det låge engasjementet med manglande ressursar til å drive utviklingsarbeid. Manglande forankring og deltaking frå kommuneleddet svekker omstilling- og nyskappingsarbeidet. Bøndene får ikkje den naudsynte hjelpa dei treng for å finne fram til rett kunnskapsaktør, finansieringsaktør osv. Kommunane har lokalkunnskapen og kan i langt større grad vere proaktiv i utviklingsprosessar enn det Fylkesmannen kan. Vi saknar og etterspør eit betre samarbeid med kommunane.

Prioriteringar og konkret bruk av midlar over kap. 1144 post 77 Regionale og lokale tiltak i landbruket til kommuneretta arbeid, rekneskapsmessig oversikt og vurdering av arbeidet

Rogaland hadde i 2015 kr 160 000,- til regionale og lokale tiltak i landbruket til kommuneretta arbeid. Desse midla blir nytta til ulike kurs og kompetansetiltak retta mot tilsette i kommunal landbruksforvaltning.

Skogsamling mars	2 495
SMIL-samling mai	6 504
Dialogmøte juni	25 296
Kurs i AR5	9 583
Kurs i gjødselplan	8 199
Tilskotssamling august	7 728
Konferanse om vassdirektivet	34 240
Landbrukskonferansen 2015	13 324
Dialogmøte november	21 935
Kurs i registrering av spreieareal i ny temakartportal	2 445
<u>Skogsamling i desember</u>	<u>18 673</u>
	160 000

Oversikt over tal årsverk i landbruksforvaltninga i kommunane og Fylkesmannen si landbruksavdeling i 2015

Landbruksforvaltninga i kommunane:

Status pr. 31.12.2015 er 50,0 årsverk (51,8 årsverk pr. 1.1.2015)

Fylkesmannens landbruksavdeling:

Status pr. 31.12.2015 er **22,85 årsverk finansiert via 052501** og 3,25 årsverk via 052521.

23.2 Skogbruk

Utfordringane på skogområdet og korleis Fylkesmannen sitt arbeid har bidratt til resultat og aktivitet

Hogst

Ny rekordhogst med 141 000 m³. Førstehandsverdien er på 43 mill. kroner.

Hogst siste 5 år:

- 2011→ 97 000 m³
- 2012→ 85 000 m³
- 2013→ 130 000 m³
- 2014→ 136 000 m³
- 2015→ 141 000 m³

Gran utgjer over 80 % av all innrapportert hogst. Gjennomførte kontrollar dei siste 4 åra viser at over 60 % av granhogsten skjer i hogstklasse fire eller yngre. Granskogen i fylket blir framleis kraftig overavverka, jf.

fylkestakst 2005-2009 som viser eit balansekvantum på om lag 60 000 m³ utan tynningsvirke. Eit hogstnivå på det dobbelte av balansekvantum vil få negative konsekvensar for både verdiskaping og CO₂ binding. Dette forsterkast av liten investeringslyst i ny kvalitetsskog.

Fylkesmannen har hatt fokus på å få ut informasjon og rettleiing rundt økonomiske konsekvensar av tidleg hogst til både skogeigarar, næring og forvaltning gjennom ulike kanalar. Brosjyre «Tømmersal for dummies» er eit døme. Brosjyren er gitt ut i samarbeid med Rogaland skognæringsforum.

Juletreffylket Rogaland har hatt ein aktivitet med i alt 43 000 juletre innrapportert til VSOP. Dette er omtrent uendra samanlikna med fjordåret. Underrapportering er framleis ei utfordring. Rogaland som det desidert største juletreffylke burde hatt ein reell aktivitet på mellom 200 000 til 250 000 juletre sjølv med dels store klimaskader hos mange av dei største produsentane for eitt par år sida. Dette utgjer om lag 20-25 % av juletresalet på landsbasis på om lag 1,1 mill..

Skogkultur

Skogkulturinvesteringane er uendra og på 2,1 mill kroner. Vi har hatt ei positiv utvikling på planteaktiviteten frå rekordlåge 700 daa i 2014 til 1800 daa i 2015. Men med svært stor hogstaktivitet betyr dette likevel at etterslepet på planting aukar kraftig.

Estimert hogstareal i 2015 var på 3800 daa. For den siste 5 årsperioden er årleg estimert hogstareal (gran- og furuhogst) på 3200 daa. Til samanlikning gj.snitt. planteaktivitet dei siste 5 åra utgjer 1200 daa. Nedbygging av skogressursane og dei beste skogareala held fram i relativt stort tempo. Etter mange år med underinvesteringar i planting, burde planteaktiviteten vore vesentleg høgare i ein periode.

Fylkesmannen har på fleire vis har prøvd å snu utviklinga, med bl.a. stort fokus på kontroll og eige skriftleg opplegg for oppfølging. Sjølv om det er laga eit eige ferdigsydd opplegg for handheving av foryngingsplikta, er det så godt som ingen kommunar som så langt har teke dette aktivt i bruk. I tillegg har Fylkesmannen hatt fokus på å få opp aktiviteten på skogkultur gjennom prosjektrretta arbeid – aksjon skogkultur. Litt av det løfte vi har fått på planteaktiviteten skuldast aksjonsretta tiltak. Det er ei utfordringa at aksjonsretta innsats blir ei sovepute for enkelte kommunar, og kjem ikkje i tillegg til ansvaret som kommunane har for å følge opp skogkultur

Ei nøktern vurdering av plantebehovet gitt dagens hogstnivå, inkl. etterslep, tilsvarer ei årleg total planteinvestering på over 4000 daa dei første tre til fem åra.

Ungskogpleieinvesteringar er redusert til ein tredjedel frå 2200 dekar (2013) til 700 dekar. Trenden er fallande. Aktiviteten burde vore på minimum 3000 – 4000 daa for å sikre rimeleg kvalitet, produksjon og CO₂-binding, inkludert etterslepet som er bygd opp over mange år.

Dei få kommunane som både har kompetanse og prioriterer arbeidet på skogområdet, viser også svært godt igjen på statistikken. Langs kysten er næringsorganisasjonane svake og driv i liten grad motivering og mobiliseringsarbeid for å få opp investeringane. Det betyr at vi er heilt avhengig av ei førsteline som fungerer for å sikre planter i jorda og oppfølging med skjøtsel i etterkant. Fleire kommunar har kompetanse, men prioriterer ikkje arbeid på skogområdet.

Planting siste 5 år:

- 2011 → 1210 daa
- 2012 → 1170 daa
- 2013 → 1050 daa
- 2014 → 700 daa
- 2015 → 1800 daa

Ungskogpleie siste 5 år:

- 2011 → 700 daa
- 2012 → 1400 daa
- 2013 → 2200 daa
- 2014 → 970 daa
- 2015 → 680 daa

Skogsvegbygging

Vegbyggingsaktiviteten har gått litt ned frå totalt 18 km skogsveg til 12 km ferdigstilt i 2015 (både bil- og traktorveg). Giennomsnittleg vegbyggingskostnaden for nvanlegg skogsbilveg er på 740 kr/meter. Tilsvarande for

tung traktorveg klasse 7 er på 550 kr/meter. Støttenivå til skogsvegar ligg i gjennomsnitt på 50 % av kostnadsgrunnlaget. Fellesprosjekt, anlegg i tråd med hovudplan skogsvegar og for å få gjennomslag for framtidsette vegløyser premierast med ein høgare tilskotssats (50-70 %). I eit fylke der skognæringa er under oppbygging, er det langt att til eit forsvarleg utbygd vegnett, jf. tal frå hovudplanarbeidet.

Manglande rettleiingsapparat/mobiliseringskapasitet og kompetanse innan vegplanlegging er hemmande på investeringslysta, og for framdrifta i ein del prosjekt der det allereie er sett av midlar. Fylkesmannen har fokus på framdrift og mobilisering av vegprosjekt ut mot kommunane jamleg. Dette har ført til at vi har fått ferdigstilt fleire veganlegg.

Vegbygging siste 5 år

- 2011 → 11 km
- 2012 → 9 km
- 2013 → 19 km
- 2014 → 18 km
- 2015 → 12 km

Med mange små skogeigedommar er det ei stor oppgåve å mobilisere og få fram gode fellesvegprosjekt. Vi registrerer at det er liten kapasitet til å ta tak i større vegprosjekt, og mange kommunar dels kvir seg for å ta tak i større arbeidskrevjande fellesvegprosjekt. Dette betyr at vi ikkje alltid får fram dei beste vegløyserne. Samarbeid om vegplanleggjar med Hordaland og Sogn og fjordane gjennom Skogselskapet i Bergen og Hordaland skal bøte litt på manglande mobilisering, men slutføring av hovudplan for skogsvegar har hatt føsteprioritet. Dette prosjektet avsluttast i 2016. Vi ser likevel allereie no effekt av at vi gjennom samarbeidsprosjektet får fram fleire større og gode fellesanlegg på tvers av eigedomsgrenser.

Hovudplan for skogsvegar har også hatt høg prioritet i 2015, der vi m.a. har brukt mykje ressursar på oppfølging og påminningar ut mot kommunane for å sikre framdrift. Men kapasitet, kompetanse og prioritering av arbeidet ute i kommunane er hovudårsaka til at vi ennå ikkje er i mål. Sjølv om Fylkesmannen har kjøpt inn ekstra ressursar og kapasitet for å hjelpe kommunane, har ikkje dette vore tilstrekkeleg for å sikre framdrift. Vi ligg langt etter tidsplanen. I 2015 har vi signalisert at kommunar som ikkje har ferdig hovudplan for skogsvegar innan 2016, vil kunne risikere å stå utan tilskot til skogsvegar frå 2017. Vi håpar dette vil gi effekt.

Taubane og hest

Det er tatt ut 2 200 m³ med taubane i 2015. Totalt er det utbetalt 350 000 kroner i tilskot. Praktisering og utarbeidde lokale retningsliner for taubanetilskot er i tråd med signaler og avklaringar rundt bruk av taubanetilskot frå landbruksdirektoratet.

Taubane siste 5 år

- 2011 → 240 000 kr → 2200 m³
- 2012 → 350 000 kr → 3500 m³
- 2013 → 450 000 kr → 5700 m³
- 2014 → 450 000 kr → 3300 m³
- 2015 → 350 000 kr → 2200 m³

Miljøtiltak i Skog

Det er ikkje utbetalt tilskot til miljøtiltak i 2015.

Skogbruksplanlegging og miljøtiltak i skog

Skogbruksplanlegging og miljøtiltak i skog er rapportert gjennom Landbruksdirektoratet si nettbaserte rapporteringsløsning i ØKS. Skogbruksplanlegginga følger hovudplan for skogbruksplanlegging i fylket frå 1999. Arbeidet med revisjon av hovudplan for skogbruksplanlegging har av ressursmessige årsaker heller ikkje blitt prioritert i 2015.

Andre tiltak i skogbruket

For å bøte på manglande oppfølging frå kommunane har vi hatt fokus på skogkultur og direkte kontakt ut mot skogeigarane. For å løfte aktiviteten har vi oppfordra kommunane til å prøve å hente inn lokale ressurspersonar med skogkompetanse. To av dei største skogkommunane har fått tak i kompetente og flinke folk, der blant anna ein Aktiv skogbruks-instruktørar i kombinasjon som gardbrukarar og ein forstkandidat under utdanning frå Suldal. Erfaringa er at flinke folk med skogkompetanse og lokal forankring er kostnadseffektive/generer mykje aktivitet målt mot ressursbruk. Vi skulle gjerne hatt fleire slike ressurspersonar med god skogkompetanse å spele på.

Kontroll

Kontroll med skogbrukstiltaka skjer m.a. gjennom den godt innarbeida miljø og resultatkontrollen for skogkultur, vegbygging og skogbruksplanlegging.

Resultatkontroll av forynging og miljø

Vi ser ein trend at stadig fleire kommunar let vere å gjennomføre dei lovpålagde kontrolloppgåvene knytt til den ordinære og faste resultatkontrollen av forynging og miljø. Dette er også likt for den ekstraordinære kontrollen.

For den faste og ordinære resultatkontrollen for skogbruk og miljø er 86 % (30 av 35 hogstfelt) av alle kontrollflater kontrollert. For den ekstraordinære kontrollen er 86 % (19 av 22 hogstfelt) følgt opp på ein eller annan måta. I tillegg har vi eit stort etterslep, der mange kommunar etter fleire purringar, ikkje har levert kontrollane for 2014, 2013, 2012 og 2011.

Resultata frå kontrollen har avdekka svært mangelfull forynging av hogstflatene, og stadfestar i stor grad at næringa driv avskoging av den beste skogen på areal med svært gode forhold for skogproduksjon - høg bonitet eller betre. Samanstilt resultat frå den ordinære kontrollen dei siste 4 åra viser også at hovudtyngda av granskogen blir hogd lenge før den er hogstmoden (60 % i hogstklasse 4 eller yngre).

Kommunane sender gjennomgåande lite skriftleg dokumentasjon ut til skogeigarane. Det meste går på munnleg informasjon, og det ser ut til å vere liten vilje til å ta tak i saker der kommunen må bruke lovverket aktivt. Så langt har ingen kommunar brukt skogbrukslova aktivt etter at foryngingsplikta blei innskjerpa. Med så lite skriftleg dokumentasjon blir det og vanskeleg å følgje opp dette i tråd med regelverket; jf. tilrådingane til Landbruksdirektoratet.

Resultatkontroll av skogsvegar med tilskot

Resultatkontrollen på skogsvegar har vore ei oppgåve kommunane stort sett tek på alvor og der Fylkesmannen er ofte ute saman med kommunane på godkjenning av større skogbilveganlegg.

Det er i 2015 funne fleire avvik på skogsveganlegg der godkjent byggjeplan manglar. Dårleg planlegging og manglande kompetanse i kommunane førar til redusert kvalitet på arbeidet og ei stor utfordring når tiltaka skal ferdiggodkjennast. Utan god planlegging og byggjeplan på plass blir det kommer inn av prisar på bygging svært usikkert og ofte i disfavør skogeigar.

Vi har heller ikkje i 2015 hatt kapasitet til å gjennomføre vedlikehaldskontroll av skogsvegar, eller kontroll med oppfylling av hogstvilkår i samband med tilskot til vegbygging.

Hovudutfordringar:

1. **Lite kompetanse og ressursar i kommunane:** Den største flaskehalsen for gjennomføring av nasjonal og regional skogpolitikk er manglande kompetanse og ressursar i kommunane.
2. **Nedbygging av skogressursane:** Store hogstareal blir ikkje lagt til rette med ny skog. Utviklinga vi ser er ikkje berekraftig med tanke på optimal verdiskaping og størst mogleg CO₂- binding, og er i motstrid til miljø- og skogpolitikken .
3. **Manglande infrastruktur – private og offentlege vegar og utskipingsterminalar:** Investeringar i skogsvegar er svært låg. Vi er avhengige av gode vegløysingar for moderne og økonomisk drift av skogareala frå stubbe til industri.

Desse hovudutfordringane er godt forankra gjennom ei rekkje regionale planar, men det manglar i stor grad eit apparat som i praksis kan følgje opp.

Resultatområde 24 Bærekraftig landbruk

Sjå nedanfor

24.1 Samfunns- og arealplanlegging

Hovudtrekk i arealbruksutviklinga og aktivitetane som er iverksett for å sikre at landbruket sine arealressursar og utviklingsmoglegheiter blir ivaretatt i samfunnsplanlegginga

Det blei omdisponert 1519 dekar dyrka jord i Rogaland i 2014, ei auka frå 782 dekar i 2013. I tillegg blei 532 dekar dyrkbar jord omdisponert i Rogaland i 2014. Årleg omdisponering dei siste 10 åra i Rogaland har i snitt vore 1275 dekar dyrka jord. Om lag 2/3 av den totale årlege nedbygginga av matjord i Rogaland skjer på Jæren.

Det er stor planaktivitet og utbyggingspress i Rogaland. Dialog og oppfølging av kommunane sitt arbeid med kommuneplanar, og deltaking i regionalt planarbeid, er høgt prioritert. Eit eige dialogmøte med kommunane, der landbruk og plan sto sentralt, blei arrangert. Aktiv deltaking og tidleg tydeleg formidling av nasjonale og regionale målsettingar for jordvern, kulturlandskap og den samla areal og ressursforvaltninga, har generell høg merksemd i arbeidet vårt. Dette skjer både i møte med kommunane og gjennom media og eigne nettsider.

Her følgjer ein oversikt over pågåande overordna og regionalt planarbeid der representantar frå landbruksavdelinga deltok i 2015:

- Revisjon av Fylkesdelplan for areal og transport på Haugalandet
- Kommuneplan Sandnes medrekna arbeidet med langsiktig utviklingsretning Sandnes Øst,
- Kommunedelplan – Tverrforbindelse Ny Rv505 Jæren – E 39. Sandnes –Time – Klepp – Gjesdal kommune
- Kommunedelplan ny E 39 i Gjesdal og Sandnes, Ålgård – Hove
- Regionanalplan for areal og transport i Ryfylke
- Regionalplan for massehandtering på Jæren
- Silingsrapport og forarbeid for planprogram for dobbeltspor Sandnes-Nærbø
- Kommunedelplan for E134 frå Bakka i Etne til Vindafjord i Ølen

Bruken av motsegn knytt til landbruk i saker etter plan- og bygningslova

Fylkesmannen har i 2015 fremja 53 motsegner knytt til landbruk i saker etter plan- og bygningslova. Disse fordelar seg på 8 kommuneplanar, 2 kommunedelplanar og 7 reguleringsplanar.

Motsegner er dels løyst ved at kommunane har trekt arealforslag, dels ved at Fylkesmannen har trekt motsegner og dels ved at kommunane og Fylkesmannen har kome fram til kompromiss. Ein del av dei aktuelle motsegnene er foreløpig uavklarte ettersom dei er knytt til planar som framleis er under behandling. Det er likevel bare ei motsegn som har blitt send til Kommunal- og Regionaldepartementet til avgjerd.

Aktivitet og status i dialogen med kommunane for å nå dei nasjonale måla om å ivareta jord- og kulturlandskapsressursane

Fylkesmannen sin dialog skjer ved:

- Rettleiing gjennom enkeltplanar, temaretttleiing og fagsamlingar (fleire målgrupper, fagtilsette, lokalpolitikarar, næringa m.m.)
- Generell formidling av nasjonale og regionale forventningar til kommunalt nivå
- Deltaking på oppstartsmøte ved kommuneplanrevisjonar
- Deltaking i Regionalt planforum
- Deltaking i regionalt planarbeid i saman med kommunar og fylkeskommune, Statens Vegvesen, Jernbaneverket m.m.
- Deltaking i samarbeidsgrupper for større samferdsleprosjekt, tidleg i planprosessar
- Høyringsuttaler til kommuneplanar, reguleringsplanar, landbruksplanar og kommunale planstrategiar
- Motsegn og faglege råd i plansaker på høyring
- Mekling og drøftingsmøte i plansaker
- Klager på dispensasjonsvedtak (pbl saker § 19-2) i kommunen når det er nødvendig
- Aktiv kontakt med media og aktiv bruk av Fylkesmannen si nettside
- Gjennom synfaring i krevjande plansaker, og i plansaker med høgt konfliktnivå

Krav om planprogram og konsekvensutgreiing i plan- og bygningslova skal sikre ei betre vurdering og dokumentasjon av landbruksinteresser i samfunnsplanlegginga. Dette blir i varierende grad følgt opp lokalt. I Rogaland er det framleis ein veg å gå når det gjeld kvalitet og innhald av jordvern- og landbruksvurderingar i konsekvensutgreiingar og andre viktige plandokument.

Skog og landskap (NIBIO) har prioritert fullføring av jordsmonnkartlegging på Jæren dei siste åra. Denne kunnskapen er i avgrensa grad nytta av kommunane i konsekvensutgreiing etter plan- og bygningslova, og generelt i saksbehandling av tiltak i LNF-område. Fullføring av kartlegginga på Jæren og meir kartlegging i Rogaland elles, samt eit nasjonalt krav til kommunane om bruk av jordsmonndata i relevante plansaker, vil vere viktige tiltak.

Sentrale utviklingstrekk for jordbruket i fylket, hovudutfordringar i verkemiddelbruk og tiltak knytt til omdisponering av dyrka og dyrkbar jord

Kampen om areala er stor i Rogaland, og det er stort utbyggingspress både gjennom overordna planar og ved einskildsaker etter plan- og bygningslova. Større samferdsleprosjekt er særleg krevjande når det gjeld jordvern og omfang på nedbygging av matjord, både på Jæren og i Nord- Rogaland.

Rogaland har lang erfaring med bruk av Regionalplan (fylkesdelplanar) for byutvikling, areal og transport. Effekten av vedtekne Regionalplanar er avhengig av at Fylkesmannen tar ei aktiv rolle i å sikre gjennomføring av planane. Dette gjelder særleg for LNF-område og kjerneområde landbruk. Rogaland fylkeskommune gir ikkje uttale i dispensasjonssaker i LNF-område etter plan- og bygningslova. Dette er ei «arbeidsdeling» mellom Fylkesmannen og Rogaland fylkeskommune.

Vedtekne Regionalplanar har ikkje endra at Rogaland er det fylket i landet som klårt bygg ned mest matjord (12 000 dekar siste 10 år).

Kommunane på Jæren har detaljvklart langsiktig grense landbruk kring by- og tettstader. Langsiktig grense landbruk, som mangla i aust ved fleire av stasjonsbyane sør på Jæren, er nå etablert.

Arbeid med å trekke langsiktig tettstadgrense/landbruksgrense er ikkje gjennomført elles i Rogaland i arealplaner. Det er eit arbeid Fylkesmannen i lag med Fylkeskommunen må sjå på i arbeid med regionalplanar for andre deler av fylket. Nord-Rogaland/Haugalandet bør prioriterast for dette arbeidet, og delar av Ryfylke. Arbeidet vil skje i tett dialog med kommunane.

Revidert fylkesdelplan for Jæren, no Regionalplan Jæren, blei vedteken oktober 2013. Arealdelen – langsiktig grense landbruk og kjerneområde landbruk, var ikkje gjenstand for revisjon og står fast. Rogaland fylkeskommune har i regional planstrategi 2015-2019 ikkje vedteke revisjon av Regionalplan Jæren, men vedteke at delar av planen skal «oppdaterast».

Fylkesmannen har lagt til grunn at langsiktig grense landbruk ikkje skal justerast, det same gjeld avgrensing av kjerneområde landbruk. Det er avgjerande for det nasjonale jordvernet og andre nasjonale verneinteresser, at langsiktig grense landbruk står fast og er ei varig grense.

Verkemiddelbruk

Bruk av motsegn

Signala frå regjeringa å avgrense bruk av motsegn blir følgt opp i Rogaland. Fylkesmannen har i større grad lagt vekt på søkje kompromiss om arealbruk, og det fører til at grenseoppgangen mot nasjonale interesser blir utfordra. Vi kan registrere ein tendens til at nokre kommunar i større grad kjem med framlegg om arealbruk i strid med nasjonale interesser, medrekna jordvern, enn før.

Rogaland si deltaking i samordningsprosjektet for statlege motsegner gir resultat. Dei uttaler som kjem frå statleg regionale styremakter er meir samordna ovafor kommunane enn før, det skjer ein del læring mellom dei statleg regionale sektorar, og det er betre nivellering av fagleg råd og motsegner enn tidlegare.

Kommune

Faglig kompetanse og kapasitet, og vilje i kommunane til faktisk å prioritere jordvern og landbruksomsyn er avgjerande for gjennomføring av den nasjonale jordvernpolitikken. Den lokale landbruksforvaltninga i Rogaland er under press når det gjeld kapasitet og kompetanse. Fokus på den kommunale forvaltninga er difor viktig.

Fylkesmannen

Nasjonal jordvernpolitikk krev gjennomføringskapasitet hjå Fylkesmannen. Kommunar og andre statlege sektorstyremakter definerer ikkje i same grad eige ansvar for jordvernpolitikken.

Konkrete planer – samferdsleprosjekt – samordning regional stat

Utanom byveksten som truar mange gode jordbruksområde, er store samferdselsprosjekt ei av dei største utfordringane for jordvernet i Rogaland. Det er planlagt fleire større prosjekt i "Kjerneområde landbruk", som er i konflikt med nasjonale jordverninteresser og viktige kulturlandskapsverdiar:

- Utviding og omlegging av ny 4 felts veg for E 39 sørover frå Sandnes til Ålgård
- Ny tverrsamband mellom Jæren og Ålgård/E 39
- Ny fv. 505 nord -sør, Foss-Eikeland til Kverneland, aust for Bybåndet sør

- Transportkorridor vest gjennom Sola, Stavanger og Randaberg kommune
- Utviding av E39 frå 2 til 4 felt gjennom Randaberg og Stavanger nord
- Omkøyringsveg rundt Åkra i Karmøy kommune
- Omlegging av E 39 ved Vikeså i Bjerkreim
- Sykkelstamveg Stavanger – Forus Sandnes
- Omlegging av E 134 i Tysvær og Vindafjord
- Dobbeltspor på Jæren vil krevje areal
- Aukande krav om tosidig tilbod gangveg og sykkelveg og separerte anlegg for gåande og syklende

Statens Vegvesen si vegnorm, utan grundige og differensierte nok interesseavvegingar, er framleis ei utfordring i Rogaland. Vi opplever samstundes ein konstruktiv dialog mellom Fylkesmannen og Statens Vegvesen.

Spreidde tiltak i LNF-område – dispensasjon frå plan

Det er framleis eit vesentleg omfang av dispensasjonar og spreidde tiltak i LNF-område og kjerneområde landbruk i Rogaland.

Talet for dispensasjonar etter plan og bygningslova innanfor LNF-områda (tal for dispensasjonar i strandsona og verna område kjem i tillegg) er noko lågare i 2015 enn i 2014. 176 saker til uttale til Fylkesmannen i 2015, mot 198 saker i 2014.

20 kommunale vedtak blei påklaga av Fylkesmannen i Rogaland i 2015, mot 26 i 2014. Dette er vedtak som er vurdert av oss til å vere tydeleg i konflikt med nasjonale interesser. 11 % av dispensasjonssakene som var til høyring hos Fylkesmannen blei påklaga i 2015. Snittet for perioden 2007-2014 har vore 16 %.

Nokre av desse klagene blir teke til følgje av kommunane, men hovuddelen endar hjå Settefylkesmannen til endeleg avgjerd.

Dispensasjonar i LNF-område etter § 19-2 i plan og bygningslova (utanom strandsona og verneområde) og tal saker der kommunen sitt vedtak om dispensasjon er påklaga etter § 19 i PBL:

- **2015:** 176 saker – 20 påklaga
- **2014:** 198 saker – 26 påklaga
- **2013:** 155 saker – 32 påklaga
- **2012:** 210 saker – 29 påklaga
- **2011:** 193 saker – 37 påklaga
- **2010:** 169 saker – 15 påklaga
- **2009:** 173 saker – 21 påklaga
- **2008:** 178 saker – 42 påklaga
- **2007:** 237 saker – 39 påklaga

Status og erfaringar i arbeidet med verneplaner, energisaker og konsekvensutgreiingar

Det har ikkje vore planarbeid knytt til større vernesaker eller energisaker med landbruksinteresser i Rogaland i 2015. Når det gjeld konsekvensutgreiingar i plansaker generelt ser vi fortsatt ein tendens til at konsekvensane for landbruket ofte er mangelfullt greia ut frå kommunen eller forslagstillars si side.

Status for samfunnssikkerhetsarbeidet på landbruks- og matområdet

Landbruksavdelinga deltek på dei øvingane som Fylkesmannen arrangerer innanfor samfunnssikkerheit. Vi har oppdatert statistikk og kartgrunnlag for å kunne hente ut data dersom det skulle vere aktuelt t.d. i samband med utbrot av alvorlege smittsame husdyrsjukdomar.

Tilsette i landbruksavdelinga har delteke på kurs i atomberedskap arrangert av CERAD, Fylkesmannen i Rogaland og Statens strålevern, og seminar om atomberedskap om radioaktiv forureining i matkjeden arrangert av Mattilsynet.

Det har elles vore auka merksemd på utfordringar knyta til klima, eksempelvis som følge av ekstremflommen i sør-fylket i desember.

Erfaringar og resultat med iverksetting av tiltak for utvalte kulturlandskap i jordbruket

Rogaland sin del av utvalde kulturlandskap ligg i Rennesøy kommune. Dei 3 separate områda på Rennesøy utgjer eit heilskapleg kulturlandskap. 15 grunneigarar har avtalar om skjøtsel som varer til 01.01.20. Avtalene dekkjer målretta skjøtsel av om lag 4600 dekar kystlynghei og 260 dekar anna utmark. 650 dekar innmark må drives ekstensivt for å ivareta sjeldne plantar og anna biologisk mangfald. I eit avgrensa område er det til dømes registrert over 480 ulike planteslag med mange raudlista arter. 5 plantearter finns berre på Rennesøy.

Oppdatering av skjøtelsplanane måtte prioriterast i 2015 då dei er grunnlaget for all skjøtsel framover. Dei fyste skjøtelsplanane blei sett opp etter ein områdeplan frå 1995 og frå 2008. Fornyninga av skjøtelsplanar etter nye feltregistreringar (2013 og 2014) blir utført parallelt med oppdatering av naturbasen. Når naturbasen er oppdatert med arealendringane, har vi eit godt grunnlag for å evaluere effekten av skjøtelsarbeidet som er gjort. Tett dialog med grunneigar er ein føresetnad for å sette opp ein realiserbar skjøtelsplan. Arbeidet blir vidareført i 2016.

Avgrensa ressursar i forvaltninga gjer det naudsynt å hyre inn fagfolk til den faglege oppfølginga av grunneigarane. Grunneigarane melder at dei er godt nøgde med dei innleidde fagfolka. Styrkt beitetrykk er nøkkelen i å styre plantesamansetnaden i ønska retning. Dei viktigaste akutte tiltaka er kampen mot attgroing, ugras, småkratt, einer og frøspreidd gran. Mykje av skjøtelsen må gjerast manuelt, og spesielt i områda med høgast biologisk mangfald som ligg utilgjengelig til i bratte skråningar.

Vêret i 2015 var ugunstig for brenning av kystlynghei til rett tid. Fleire grunneigarar har rydda branngater for å vere godt førebudde til å brenna ved gunstig vêr. For 2016 søker vi difor eit tettare samarbeid med brannvesenet for å få større fleksibilitet til å brenne ved gunstig vêr og når frøbanken i jordbotnen ikkje tek skade av varmen.

Trafikken av turgåarar i dei utvalde kulturlandskapa har auka jamt kvart år. Det er manglande kapasitet på P-plassane. Vedlikehald av turstiane har i fleire år hatt høg prioritet grunna høg slitasje. Forvaltninga har som eit akutt tiltak, vurdert å stenge turstiane i periodar av året. Grunneigarane sine røynsler er at folk uansett, kjem til å gå til utsiktspunkta. Det har vært, og er ei utfordring å gjera turstiane i stand til å takle mange turgåarar året rundt utan at verdiane i det flotte, særeigne og varierte kulturlandskapet blir redusert.

Grunneigarane og kommunen hadde bygdekveld i mars 2015, med god oppslutning. Temaet for kvelden var «*Utvalde kulturlandskap, - en fotovandring frå fortid til nåtid*». For å markere friluftslivets år inviterte ordføraren i Rennesøy kommune til fottur i Utvalde kulturlandskap i mai.

I mai 2015 var grunneigarar i UKL Rennesøy vertsskap for besøk av grunneigarar frå UKL Lista. Temaa for dagen var skjøtelsavtalar, merking av turstiar og informasjon om *Røsslyngen beitelag* sin satsing på næringsutvikling (organisering, marknadsføring, gardsbutikk og omsetnad på varer med opphav i utvalde kulturlandskap).

Næringsutviklinga innanfor området har stabilisert seg omkring 3 aktørar. Framfor å konkurrere med kvarandre, utfyller dei kvarandre på godt vis innanfor sine nisjar.

Manglande ressursar på kommunenivå er ei utfordring for god oppfølging av planlagde tiltak i 2015. Framdrift i satsingar er på kort, og spesielt på lang sikt, avhengig av ein god kommunal forankring. Sjølv om styringsgruppa bidrar i prosessane, har ikkje kommunen prioritert nok ressursar til iverksetjing, oppfølging og kontroll av løyvde midlar til ulike tiltak.

24.2 Klimautfordringene

Aktiviteten knytt til auka bruk av trevirke og satsing på bioenergi, samt status og utfordringar på området

Bioenergi

Fylkesmannen har medverka til ei viss koordinering av arbeidet for auka bruk av tre og bioenergi, men både kompetanse og særleg ressurstilgang set klare grenser. Ein koordinerings-/ pådrivarrolle er etterlyst frå fleire hald. Vi ser det er utfordrande å finna ressursar til denne type aktivitet. Det alt vesentlege av motiveringsarbeid, rettleiing og oppfølging av operative aktørar skjer difor gjennom prosjektretta utviklings- og tilretteleggingsarbeid. Fylkesmannen har gjennomført eit større seminar på bioenergi og ein rekkje mindre kurs for gardsbasert bioenergi i samarbeid med Innovasjon Norge.

Bioenergi i form av flis har framleis stor konkurranse i Rogaland. Dette gjeld kanskje spesielt energikjelder som olje, fossil gass og elektrisitet. I 2015 initierte Fylkesmannen fleire aktivitetar gjennom seminar og studieturar. Det blei løyvd 6,6 millionar kroner frå Innovasjon Norge sitt bioenergiprogram til 7 prosjekt i Rogaland.

Fylkesmannen har gjennom ei årrekke initiert og vore med i ulike pådrivarprosjekt knytt til produksjon og bruk av bioenergi. Vi har i 2015 i liten grad brukt ressursar til å drive mobilisering mot offentlege og private utbyggjarar for bruk av bioenergi. Vi ser gode resultat frå tidelegare mobiliseringsprosjekt på bioenergi. Sandnes kommune, og til dels Karmøy kommune har stått fram som gode forbilde med gjennomføringsevne og nye planer framover.

På skogområdet

Aktivitetar på dette feltet må også for 2015 sjåast i samanheng med anna arbeid på skogområdet. Arbeidet med å sikre tilplanting med kvalitetsskog etter hogst er eit godt klimatiltak og har også i 2015 hatt stort fokus. Fylkesmannen motiverer kommunane både skriftleg og ved møte og kurs for at kommunane i større grad skal vere med å sikre eit meir stabilt klima gjennom eit berekraftig skogbruk.

I 2015 blei Rogaland klimaskogpilot, samen med 2 andre fylke. Klimaskogpiloten, med det formelle namnet *Skogplanting i Rogaland på nye areal som klimatiltak*, er eit 3-årig prosjekt satt i gang med bakgrunn i klimaforliket. Føremålet med prosjektet er å etablere skog på nye areal – på såkalla attgroingsareal med lågt konfliktnivå. Pilotfasen skal bidra til å hauste erfaringar med mellom anna klimaeffekt, miljøkriterier og metode for gjennomføring, før oppskalering og utvida implementering av plantetiltaket.

Tresatsing

Rogaland har få foredlingsbedrifter for skogsvirke basert på lokalt råstoff. Det aller meste av tømmeret blir difor sendt uforedla ut av fylket. Med stadig meir tømmer til eksport gjer at vi mister størstedelen av verdiskapinga som dette skogsvirket kunne gi. I tillegg mister vi klimagevinsten ved bruk av kortreist trelast, og at vi i vesentleg grad kunne vore sjølvforsynt med trelast. Rogaland har ein stor tremekanisk industri (storleiksorden 1500 årsverk) der vi importerer store mengder trelast frå inn- og utland.

Fylkesmannen har for tida svært lite ressursar å setje inn i arbeidet for å auka tresatsinga i fylket. Tredrivarprosjektet blei avslutta 1.september 2015, som betyr at innsatsen på området er svekka. Utvikling og drifting av Rogaland Treforum og vidare utvikling av nettportalen byggitre.no var ei vesentleg del av oppgaveporteføljen til tredrivaren. No er dette overteke av næringsaktørane sjølve. Vi er usikre på vidare framdrift og aktivitet i treforumet utan fast tredrivar. Utfordringa framover blir å byggje vidare på det nettverket som allereie er etablert, og halde eit aktivitetsnivå som møter dei politiske ambisjonane om det «grøne skifte».

Forumet har arrangert uformelle samlingar på ettermiddags- og kveldstid fleire gonger. Arkitektar, ansvarlege for bygdesager, treindustri og byggmeistrar mfl. møter til fagforedrag og felles utfordringar. Dette har bidrege til at interessa for bruk av tre synest aukande.

Utfordringa er framleis å auka lokal foredling av tømmeret. Større del av innsatsen må setjast inn på dette feltet. Eit eksempel på slik satsing er Rogaland Massivtre AS som satsar på bygg innan landbruket. Tøff konkurranse frå profesjonelle aktørar og mangel på bufferkapital gir lågare veksttakt enn forventa.

Hovudutfordringar:

- Storparten av tømmeret frå Rogaland går ut av fylket for vidareforedling. Det er ei utfordring for tresatsinga. Det reduserer interessa både for skogbruk og lokalt trevirke til byggjeri. Samstundes er det stor import til fylket av trelast. Dessutan står betongnæringa svært sterkt i Rogaland, og storparten av byggjeaktiviteten er urban. Prosjektretta innsats har likevel vist at interessa for bruk av tre til byggjeri kan stimulerast. Største utfordringa er for tida finansiering av proaktive pådrivarar som kan vidareføra satsinga.
- Bioenergi har stor konkurranse i energifylket Rogaland, med lett tilgang til olje, fossil gass og billeg konsesjonskraft. Ei svak skognæring slit framleis med å få praktisk gjennomslag for bruk av bioenergi trass i ambisiøse mål i regionale planar. Prosjektretta nettverksarbeid har vist at det kan skapast både interesse og gjerast lønnsame investeringar også i Rogaland. Største utfordringa er for tida finansiering av proaktive pådrivarar som kan vidareføra satsinga. Skognæringa sjølv er enno for svak til å kunna ta på seg eit finansielt ansvar for slik felles innsats.

Oppfølging av arbeidet med biogassanlegg

Om den tradisjonelle olje- og gassnæringa har sine nedturar om dagen, kan det henda vi no står i startgropa for auka verdiskaping innan produksjon av biogass i Rogaland. Vi har svært gode føresetnadar, både i form av ressursar og infrastruktur. Og kundegrunnlaget burde vere godt.

Ressursgrunlaget i Rogaland for produksjon av biogass er svært godt. Truleg finn vi dei største ressursane i husdyrgjødsel, men saman med matavfall, slakteavfall og anna organisk næringsavfall er det berekna potensialet for produksjon av biogass i Rogaland om lag 0,6 TWh. Og det er naturleg å sjå til region Jæren.

På Jæren ligg både gardsbruka og gassrøyra rimeleg tett, noko som gir eit godt utgangspunkt for å transportere rågass i staden for husdyrgjødsel, gjennom etablerte gassrørleidningar. Dette kan vere leidningsnett som i dag nyttast som rågassnett for transport av deponigass, og Lyse sitt nett for transport av naturgass frå Nordsjøen.

På tampen av året starta arbeidet med ein høgrate biogassreaktor på eit gardsbruk i Klepp. Denne reaktoren skal drivast berre på lokalt tilgjengeleg husdyrgjødsel. Og anlegget kan skilje ut våt- og tørrfraksjonane på garden. Den produserte rågassen sendast inn på eit rørleidningsnett og til eit «felles» oppgraderingsanlegg. Etter oppgradering kan gassen fasast inn i naturgassnettet. Oppgraderinga er ein føresetnad for at gassen skal kunne brukast som drivstoff. I Rogaland samarbeidast det om å utnytte biogasspotensialet. Etablerte bedrifter som IVAR (vatn, avløp og renovasjonsselskap) og Lyse Neo AS er allereie inne i gassmarknaden og blir no med som aksjeeigarar i eit biogasselskap som arbeider med pilotanlegget på garden i Klepp og som har vidare vekstplanar. Vidare er også Felleskjøpet Rogaland Agder med på eigarsida og Rogaland fylkeskommune.

24.3 Produksjon av miljøgoder og reduksjon av forurensningar

Måloppnåelse for miljøverkemidla

SMIL

Rogaland fekk tildelt 8 mill. kr. i SMIL-midlar i 2015. Med unytta og inndratte midlar i 2014 hadde Rogaland totalt 11,35 mill. kr. til disposisjon i 2015. Løyvingane til SMIL-tiltak i 2015 var 9,759 mill. kr. Dette blei fordelt på 173 søkjarar.

Rogaland hadde potensial til å løyve ytterligare 1 mill. etter den førebels rapporteringa i 2015. Fylkesmannen meinte likevel at bruken av 1 mill. til berre steingardar var for lite målretta samanlikna med nasjonale utfordringar Rogaland har på miljøområdet. Unytta midlar overført til 2016, var difor på 1,58 millionar.

Kort samandrag på hovudprioriteringar for bruk av SMIL-midlar i 2015

- Tiltak innan ureining og vassforskrifta fekk eit særskilt fokus i Rogaland i 2015. Løyvingar mot ureining i 2015 (29,6%) er tridobla samanlikna med 2014 (9,8%). Målet på minst 25% av midlane til ureiningstiltak for 2015 er nådd.

- Stimulere til samarbeid på tiltak på tvers av grunneigedomar. Kommunane Sandnes, Klepp og Finnøy satsa på overordna samordningstiltak mot ureining i 2015. Bønder innanfor desse planane har søkt/vil søkja på SMIL mot ureining i 2015 og 2016. Målet om å motivere fleire kommunar til aktiv innsats mot ureining er nådd. Andre kommunar på Jæren blei inspirert av satsinga og signaliserer ei innsats på dette området i 2016.
- Tiltak og skjøtsel i område med ekstra fokus etter naturmangfaldlova. Tiltak på skjøtsel av kystlynghei dominerte i 2015 og løyvingane er spreidd over heile fylket. Tiltak for å ivareta åkerriksa blei vidareført i 2015 takket være eit godt spleiselag mellom SMIL- og midlar frå miljødirektoratet. Vi så gjerne ein reduksjon i løyvingar til restaurering av bygningar og ei merkbar auke i løyvingar til biologisk mangfald i 2016.
- Tiltak for å fremja, ivareta, utvikle og synleggjere heilskapen i kulturlandskapet. I 2015 har det vært ein betre balanse på fordelinga av SMIL-midlar innanfor miljøområdet enn i tidlegare år. Det fortsatt løyves for mykje SMIL til restaurering av bygningar.
- Skjøtsel- og vedlikehaldskrav i RMP vil i mange høve sikre at SMIL-investeringar blir ivaretekne og vedlikehalde. Denne «symbiosen» er sær viktig for å gi heilskap i tilskots-ordningane SMIL og RMP. SMIL er en god innfallspurt til positive tiltak for kulturland-skapet, restaurering av habitat for biologisk mangfald, gjennomføre ureiningstiltak eller tilrettelegging for friluftsliv. I dag ligg minst 732 km med kartfesta turstiar på innmark i Rogaland under RMP-ordninga. Den jamne aktiviteten på ordninga med gjerdeklyvarar viser at turstiane over heile fylket er godt brukt.
- I 2015 kom det fram at fleire kommunar må oppdatere sine SMIL-strategiar. Vedtak etter SMIL-forskrifta utan ein politisk godkjend SMIL-strategi er etter SMIL-forskrifta å anse som eit ugyldig vedtak.

Fordelinga av løyvde SMIL-tilskot	2014	2015
Tal søkjarar	233	173
Kulturlandskapstiltak	12 711 000 - 77,2%	6 328 000 - 64,8%
Miljøtiltak	1 619 000 - 9,8%	2 889 000 - 29,6%
Planleggingstiltak	2 139 000 - 13,%	553 000 - 5,7%
Sum	16 470 000	9 759 000

SMIL-tilskot til miljøtiltak: 2,88 millionar (29,6 %)

Aktiviteten på ureiningstiltak tok seg kraftig opp i Rogaland i 2015 samanlikna med tidlegare år (9,8% i 2014). Det ble mellom anna løyvd SMIL-midlar til etablering av 22 reinseparkar/ sedimentasjonsdammar i områder med intensivt husdyrhald på Jæren og i Vindafjord.

Ein konsekvens av dei 3 prosjekt på overordna planlegging av ureiningstiltak i kommunane Klepp, Sandnes og Finnøy er at bønder innanfor desse tiltaksplanane i 2016 (og 2017) vil søkja SMIL på tiltaka kjem fram av planane.

Fram til 2015 har ingen nytta seg av tilbodet om SMIL-støtte til oppsamling og gjenbruk av vatningsvatn frå veksthus i veksthusfylket Rogaland. Fylkesmannen opplyste om dette unytta tilbodet i eit møte med veksthusbransjen i 2015. For fyste gong er det i Rogaland løyvd SMIL-midlar til dette formålet, - eit i Klepp kommune og eit i Finnøy. I 2016 reiknar vi med at fleire vil søkja på SMIL mot ureiningstiltak i veksthusnæringa.

SMIL til planlegging og tilrettelegging: 0,55 millionar (5,7%)

Desse midlande går til planlegging og tilrettelegging av tiltak på tvers av grunneigedomar og som oftast i regi av kommunane. Tilretteleggingstiltak genererer ein meir målretting på bruk av SMIL-midlar da aktive bønder etter ei slik plan, kan søkja SMIL til tiltak på eigen gard. Døme på tiltak er mellom anna overordna skjøtelsesplanar, kart over turstiar, ferdsels- og informasjonstiltak,- og planlegging av samordna tiltak mot ureining over større område.

Iverksetjinga av handlingsplan for vassforvaltning i 2016 medfører krav til auka innsats på tiltak som reduserer avrenning av næring og jordpartiklar til vassdrag frå landbruket sin side. Fylkesmannen og kommunane samarbeida målretta for å gje tiltak mot ureining eit spesielt fokus i 2015. Døme på resultatane av dette samarbeidet er kartlegging og forslag til tiltak:

- mot næringsavrenning og erosjon ved open åker i Klepp kommune
- mot diffus avrenning frå innmark i Finnøy kommune og
- mot næringsavrenning langs Storånavassdraget i Sandnes kommune.

Andre kommunar har fremma ønske overordna tiltaksplanar i nedslagsfelt til vassdrag med dårleg økologisk tilstand på Jæren.

SMIL til kulturlandskapstiltak: 6,32 millionar (65,8%)

3.3 mil gjekk til bygningar og andre kulturminnar (34,8%). Aktiviteten på restaurering på freda/verneverdige bygg har som i tidlegare år, vært høg. Samarbeidet mellom kulturminne-myndigheitar og kommunal landbruksforvaltning gjer at bygningar med høg samfunnsmessig og kulturhistorisk verdi har blivne ivaretekne. Vedlikehald av steingarder har hatt stor oppslutning på Jæren i mange år.

1.6 millionar gjekk til kystlynghei, gamal kulturmark og anna biologisk mangfald (17%). Tiltak på skjøtsel av kystlynghei dominerte i 2015 og løyvingane er spreidd over heile fylket. Eit vilkår for å nytte SMIL-midlar for å ivareta åkerriksa er at miljødirektoratet bidrar med 40% av det samla tilskotet. Bønder i Tysvær fekk brannvesenet med på organisert lyng-brenning i 2015. Dette er eit godt døme på involvering på tvers av fagområder.

1.32 millionar gjekk til tiltak på opplevingar/ferdsel (14%). Gjennom 25 år har bøndene lagt til rette for å styre trafikken av turgåarar slik at det blir minst mogleg ulempe for den daglege gardsdrifta. I dag ligg minst 732 km med kartfesta turstiar på innmark i Rogaland under RMP-ordninga. Turstiane i utmark kjem i tillegg. Turstiane er mykje brukt og det er fortsatt eit behov for nye turstiar i fylket. Døme på SMIL-tiltak i 2015 er rydding langs turstiar, merking av turstiar, tilrettelegging av parkeringar, badeplasser og reparasjon av gamle trebruer.

2015 var friluftslivets år. 10 kommunar fekk løyvd til saman 185 gjerdeklyvarar. Etter søknad frå aktive bønder blir desse gjerdeklyvarane sett ut langs etablerte turstiar på inn- og utmark. 17 einskilde søkjarar fekk i tillegg løyvd til saman 46 gjerdeklyvarar.

Tilskot til drenering

Rogaland si årsramme for dreneringstilskot var på 2 mill. kr. Med unytta midlar overført frå 2014 hadde Rogaland 6,33 mill. til disposisjon i 2015. På lik linje med tidlegare år var oppslutninga om dreneringstilskotet i 2015 dårleg. 90 søkjarar fekk løyvd totalt 1,51 mill. i dreneringstilskot i 2015. Dei mest aktive kommunane var Lund, Bjerkreim, Vindafjord og Hå.

Det kjem klårt fram at trass i aktiv aktivitet på drenering i Rogaland er dreneringstilskotet for lågt til å kunne utløyse interesse for å søkja om tilskot.

Regionalt miljøprogram

Vi opplevde svak auke i tal søknadar i 2015 samanlikna med 2014. Oppslutninga omkring ordningane knytt til miljøvenleg gjødselspreiing og næringsavrenning til vassdrag er aukande, men det er ingen store endringar i fordeling mellom dei ulike målområda i RMP. Vi ønskjer å kunne tilby tilskot til miljøvenleg gjødselspreiing i heile fylket. Av omsyn til økonomisk ramme er det sett geografiske virkeområde for tilskotet. Området blei utvida i 2015.

Oppslutninga har auka, men det tek tid før bøndene endrar maskinlinje. I ordninga er siste gjødslingsdato 10. august. For nokon gir det utfordringar med tanke på lagerkapasitet for husdyrgjødsel. I Skas Heigre som har hatt miljøavtalar i 6 år ser vi ei betring av fosforverdiane i vassmålingane. Problematikken i nedslagsfeltet er

samansett, og vi har ikkje grunnlag til å dra klare konklusjonar. Men truleg har miljøavtalane redusert fosfortilførslane med over 0,5 kg/dekar. Vi ser miljøavtalane som eit viktig virkemiddel for å følgje opp vassforskrifta.

Ordningane i RMP under biologisk mangfald gjeld areal der beiting er viktig for å behalde naturverdiane. Areala har i utgangspunktet låg produksjon, og er såleis mindre interessante areal ved intensiv drift. Vi ser at tilskot til gjerding og beiting er svært viktig for å stimulere til bruk av desse områda.

Når det gjeld ordningane knytt til skjøtsel av kulturlandskapet har vi berre to generelle tilskot. Dei andre er knytt til skjøtsel av bestemte område. Dei generelle tilskota gjeld tilskot til beiting i utmark (som vi gir til dei som har dyr av ekstensiv rase og til dei med ammegeit) og bratt areal. Vi vurderer å fase ut utmarksbeitetilskota. Tilskot til skjøtsel av bratt areal kan med fordel bli løfta opp på nasjonalt nivå og bli ein del av produksjonstilskotet. Det er klare driftsøkonomiske ulemper med skjøtsel av bratt fulldyrka areal og skjøtsel av bratt innmarksbeite.

Tilskot til turstiar er ein viktig del av vår RMP. Tilrettelegging av turstiar gjennom jordbruksareal er nyttig både for bonden (med tanke på å styre trafikken av turgåarar) og for befolkninga. I Rogaland går vegen til utmarka ofte gjennom jordbruksareal. RMP- tilskotet er med på å stimulere til etablering av nye turstiar, og er konfliktdepande.

Vi vil også melde om at søkjarane om RMP- tilskot synes namna på tilskotsordningane er forvirrande. Det fører til mange feilopplysningar med påfølgjande arbeid i forvaltninga med vurdering og avkorting i tilskotet. Tilbakemeldingane frå kommunane er at dette gjeld så mange søkjarar at det ikkje er tilfeldig. Årsaka til feila ligg i at når dei søker elektronisk ser dei berre dei nasjonale namna på ordningane. Dei ser ikkje dei regionale avgrensingane som er å finne i rettleiingsheftet. Det bør vere mogleg å ha regional tilleggsinformasjon i den elektroniske søkerportalen. Det same gjeld når dei skal teikne inn tiltaka på kart. Her ser dei ikkje dei regionale avgrensingane som er satt. Søkjaren må i tillegg ha oppe regional kartportal (temakart-rogaland.no/rmp). Dette gir meirarbeid for søkjar og forvaltning.

Status og behov for oppfølgingstiltak frå forvaltninga si side i miljøplanarbeidet

«Bondens miljøplan» er ikkje lengre i bruk. Elementa i miljøplan er ført vidare gjennom KSL og særforriftene. I Rogaland ser vi større merksemd omkring krava i gjødslingsplan. Både frå landbruksrådgevinga og frå bøndene. Etter Fylkesmannen sin føretakskontroll i 2013 har NLR Rogaland slutta å lage fleirårige planar for dei med intensiv drift. Det er fortsatt behov for å informere bøndene om krava som ligg i gjødslingsplan. Gjødslingsplanen skal vise fordeling av husdyrgjødsel på driftseininga. For forvaltninga er det svært vanskeleg å vurdere faktisk bruk. Fosfortal i jord kan gi indikasjonar på historisk fordeling. Fylkesmannen meiner krav til føring av gjødslingsjournal bør vere obligatorisk som ein del av oppfølginga av gjødslingsplanen. Landbruksrådgevinga utarbeider gjødslingsplanar ut i frå maksimal utnytting av tilgjengeleg spreieareal for husdyrgjødsel. Dette utover plantene sine behov for gjødsel. Vi ser det er nødvendig å sjå nærmare på kva som ligg i forskrifta sine krav om «fagleg forsvarleg» bruk av gjødsel. Kommunane har varierende kunnskap om gjødslingsplan. I 2015 arrangerte vi kurs for landbruksforvaltninga med deltakarar frå dei fleste kommunane.

Vi vil sterkt understreke behovet for nye normtal for næringsinnhald i husdyrgjødsel og volum produsert per dyr. I Danmark blir desse utgitt årleg, og vi ber om at det same blir gjort her. Vi understreker også behovet for nytt verktøy for å berekne behov for lagerkapasitet for husdyrgjødsel. Dei reknearka forvaltninga og Innovasjon Norge har i dag kan ikkje lengre bli brukt pga. utdaterte normtal.

Ny forskrift om plantevernmiddel blei innført i 2015. Her er det krav til at bøndene skal føre journal. Krava er utvida, og det er behov for betre informasjon til bøndene og forvaltning. Nytt krav om oppbevaring av veksthusavfall i minst eitt år i tilfelle bruk av visse typar plantevernmiddel, har også utløyst mange spørsmål i næringa. Her er det også behov for meir informasjon.

Hausten 2015 fekk vi særlege utfordringar med avrenning av silosaft frå plansiloar. Det skuldast ilegging av for våt 2. slått kombinert med lite nedbør tidleg haust (liten fortytning av silosaft i vassdraga). Plansiloane er utfordrande med tanke på utslepp, og då særleg i uttaksfasen. Vi ber om at dei tekniske retningslinjer for utforming av siloanlegg blir oppdatert.

Tilskudd fra regionalt miljøprogram utbetalt 2015 etter søknadsomgang 2014 - kroner utbetalt til hovedområder

Embeter	Kulturlandskap	Biologisk mangfold	Kulturmiljøer og kulturminner	Friluftsliv og tilgjengelighet	Avrenning til vassdrag	Utslipp til luft	Plantevernmiddel	Andre miljøtiltak
---------	----------------	--------------------	-------------------------------	--------------------------------	------------------------	------------------	------------------	-------------------

					og kyst		
FMRO	10654560	6194150	976900	3921020	3437059	6233210	0
Sum	10654560	6194150	976900	3921020	3437059	6233210	

24.4 Økologisk landbruk

Status, utfordringar og resultat knytt til arbeidet med økologisk landbruk, og korleis utvida nasjonalt ansvar for satsinga er ivare tatt

Status

Tal økologisk godkjende gardsbruk har ei negativ utvikling i Rogaland. Største utfordringa er å snu trenden. Tal frå Debio viser at 48 verksemder hadde økologisk primærproduksjon i 2014 (50 i 2013) og 55 verksemder er godkjende for foredling/import og omsetnad (50 i 2014). I 2014 var 6 757 daa landbruksareal godkjent økologisk eller under karens (6 959 daa i 2013). Det er ein reduksjon av økologisk og karens areal på 2,9 % sidan 2013. Den same utviklinga ser vi for hele Norge: her gikk det økologiske og karensarealet tilbake om 3 % frå 2013 til 2012. Økologisk og karensareal samla ligg på 0,7 % av landbruksarealet i Rogaland, medan i Noreg totalt ligg det på 5,1 % av landbruksarealet. For meir detaljar viser vi til statistikk på Debio sin nettside. Tal for 2015 ventes i mars.

Etter prosjektsatsing over fleire år av både Stavanger kommune og Fylkesmannen i Rogaland for auka bruk av økologiske mat i storhushaldning har tal kommunale verksemder auka i 2014 og åra før. Den positive trenden ser ut som å ha snudd i løpet av 2015. Fleire verksemder klaga på økonomiske innstrammingar som førte blant anna til at Gosen ungdomsskole -som fikk som første ungdomsskole i Norge Debio sitt sølv-merket i 2013- har meldt seg ut av Debio for å spare kostnader. Om Gosen klarer å oppretthalde den høge delen økologisk mat er uvis. Bystyret i Stavanger vedtok i juni 2015 å ikkje bruke økonomiske eller personelle ressursar for å auke økologisk mat i kommunale samanheng. Det finns heller ingen talmål for bruk av økologisk mat i kommunale verksemder for Stavanger kommune eller andre kommunar i Rogaland. Rådhuskantina i Stavanger som var opp i over 50 prosent økologiske produkt har i 2015 redusert meir og meir bruk av økologiske råvarer.

Marknadssituasjonen

Det har blitt enklare å få tak i økologiske produkt i kjedebutikkane i de siste årene med unntak kjøt. I Haugesund opna «Økokrambua», ein spesialbutikk for økologisk mat, og det er nå to økologiske daglegvarebutikker i Stavanger, ein på Karmøy og ein i Haugesund.

Omsetnad av økologiske produkt har auka i alle fylker. I Rogaland ligger del økologisk mat på om lag 0,8 % av innkjøpt mat (2014). Oslo ligger i toppen med 2 % følgt av Akershus med 1,4 % og Vestfold på 1,2 %. Totalomsetnad av økologisk mat i Rogaland har auka om med 30 prosent sidan frå 2013 til 2014 og var i 2014 på om lag 140 millionar kroner. Tal på landsbasis frå 1.halvåret i 2015 viser at den positive trenden fortsetter. Veksten skyldas mest prisauke og i mindre grad volumet. Talla tyder på at forbrukarane fortsette å kjøpe økologiske produkt sjølv om økologisk mat har blitt dyrare.

(Figur 29, Produksjon og omsetning av landbruksvarer 2014, Landbruksdirektoratet).

Etterspørselen etter økologiske produkt kunne i mange tilfella ikkje dekkes av norsk produsert vare og importen er aukande. Regionale aktørar er samde om at direkte sal frå garden har auka. Det ser vi spesielt på kjøt, men også på grønnsaker, potet og egg. Verdiskapning for bonden er mykje høgare ved direkte sal og bonden er trygg på at det økologiske kjøtet blir selt som økologisk. Diverre er det ingen statistikk om kor mykje gardane sel rett frå garden, og ei undersøking hadde vore nyttig.

Foredlingsleddet

Ettersom situasjonen i de etablerte foredlingskanalane (som Tine, Nortura, Fatland) har stort sett vært uendra i mange år, ser vi ein trend for økologisk småskala foredling. Det økologiske ysteriet «Stavanger ysteri» tok opp produksjonen i 2015 og ystar mjølk levert frå ein lokal mjølkeprodusent. Distribusjon skjer gjennom alternative salskanalar. Verksemd «Landsbykjøtt» har fått støtte til utbygging av foredlingslokalar for kjøt og reknar med å kunne sel egne produkt i løpet av 2016. Alvens godteri lager godteri av ikkje økologiske, men ikkje lokale råvarer, som rå sjokolade og nøtter, starta opp i 2015. Alvens brukar også bere alternative salskanalar.

Midlar frå Fylkesmannen sine UTM-midlar til økologiske prosjekt

I 2015 fikk 7 prosjekt stønad av UTM-midlar på totalt kr. 673.000. Det utgjer 12,3 prosent av UTM i Rogaland løyvd av Fylkesmannen.

De viktigaste tiltak gjennomført av Fylkesmannen i Rogaland dels i samarbeid med andre:

- Fag- og inspirasjonssamling for økologisk landbruk retta mot bønder, rådgiving og tilsette i landbruksforvaltning på Rennesøy. 2 dagar, 44 deltakarar
- Studietur for produsentar som ønskjer å starte opp med andelslandbruk, dagstur til Skien, 5 deltakarar
- Informasjonsmøte om andelslandbruk i Nord-fylke, om lag 40 deltakarar
- Studietur i Nord-fylke: besøk av økologiske gardar og økologisk dagligvare, 6 deltakarar

Samarbeidspartnarar for nokon av arrangementa var Norsk Landbruksrådgiving, Oikos Rogaland og ikkje minst eit lite men dyktig produsentmiljø.

Rekruttering

Det er framleis mange utfordringar knytt til rekruttering til økologisk landbruk. Den negative holdninga mot økologisk blant konvensjonelle produsentar er lite endra. Likevel ser vi at det skjer ei utvikling i grønsaksproduksjonen. Ein potet- og ein tomatprodusent har hatt bra omsetnad i 2015 og skal auke produksjonen på førespunad av Coop i 2016. Det har starta opp to andelslandbruk på Jæren. Ei av produsentane hadde inga erfaring med produksjon av grønsaker og potet frå før. Begge andelslandbruk kjem til å auke grønsaksarealet i 2016. Ei av andelslandbruk-produsentane er økologisk godkjent, den andre har foreløpig ikkje søkt seg inn. Begge jobbar etter regelverket for økologisk landbruk. Prognosen for 2016 er at det vil kome fleire andelslandbruk i Rogaland samt ein økologisk produsent som kjem til å produsere grønsaker og poteter for det lokale marknaden.

Ressursrapportering

Resultatområde Kapittel 0525 Fagdep.

Oppgaver under LMDkr 13 452 754,07 kr 0,00

Sum: kr 13 452 754,00 kr 0,00

Klima- og miljødepartementet

Resultatområde 01 Naturmangfold

Generelt om resultatområde 01 Naturmangfold

Krevjande med generell ressursmangel og utskifting av seniorpersonell (vilt, vassdrag/kalk, naturvern), men me har lovande nye medarbeidarar. Generelt er det utfordrande for eit fåtal personar å handtere så stor mengde lovfesta enkeltsakshandsaming, og samstundes handlings-, verne- og forvaltningsplanar. Dette er også kombinert med store interne og eksterne forventningar om medverknad på mange av arbeidsområda.

Me har høgt fokus på å bruke Naturmangfaldslova sine prinsipp i eigen saksutgreiing i alle tema innan miljø. Ikkje minst er dette vektlagt i saker som gjeld vatn og sjø på tvers av fagområde i embetet. Dette er også på veg inn i anna sektorforvaltning, inkl landbruk i kommunar og hos oss.

Prioriterte områder i embetsoppdraget for 2015 innan Naturmangfald

Kunnskapsgrunnlaget/kartlegging og overvaking av naturmangfald

Alle verneområde i Rogaland er oppdatert i redigeringsmodul Naturbase. Kapasitetsmangel gjer at berre hovuddatasett for naturtypetema er prioritert for levering, medan mindre datasett har blitt liggande. For sein levering frå konsulentar har også forsinka levering av naturtypedata.

Overgangen til NiN er krevjande og det må setjast inn stor innsats på området for å få eit kunnskapsgrunnlag som dekkar behov i arealplanlegging, naturforvaltning og samfunnsutvikling.

Fylkesmannen treng ekstra ressursar for å sikre at ikkje dokumentasjon frå eldre kartlegging går tapt. Dette inkluderer og oppdatering av viltdata i kommunane.

Miljøomsyn i plan - naturmangfald

Alle motsegner er løyst gjennom drøfting og mekling med unntak av ei som gjeld bustadbygging i bakdyne i Sola kommune. Den har vore inne til behandling i MD før, og er ein omkamp. Me har hatt 11 kommuneplanrulleringar. 9 kommunedelplanar og ca 500 reguleringsplanar til uttale. Så dette er eit svært godt resultat for drøftingar og meklingar. Dei aller fleste motsegner vert løyst på lågt nivå med drøftingsmøter mellom planadministrasjon i kommunane og våre planmedarbeidarar. Sjå og under KMD sitt ansvarsområde og fylkesmannen si generelle melding.

I motsetning til jordvern og samfunnsikkerhet i plan, er det framleis lite forståing og engasjement i Rogaland for å ta vare på regionalt og nasjonalt viktige artar og naturtypar. Det er stort behov for god naturinformasjon ut i den offentlege debatten. Miljøvernavdelinga i Rogaland ville fått til stor effekt på dette området om me hadde ekstraressursar til miljøinformasjon slik som Oslo og Akershus har.

Miljøvernavdelinga i Rogaland er også planansvarleg avdeling i embetet. Vi har som nemnd i innleiinga hatt ein ekstremsituasjon i forhold til skifte av personell innan miljøomsyn i plan. Stort sett har me likevel handtert situasjonen og sakmengda innan planarbeidet. Dette har krevd stor innsats frå plankoordinator og leiartrioen i avdelinga. Stort fokus på barn og unge i planarbeidet er eit resultat av fellessatsinga «sjumilsteget» som er ei vidareføring av pilotprosjekt i Troms. Me har difor relativt mange motsegner innan grønstruktur, lekeområder, trafikktryggleik ol. Desse har også betydning for natur nær bustadar og skule/barnehage.

Motsegn skal berre nyttast når det er regionalt og nasjonalt viktige interesser på spel, ikkje når det er utelukkande lokale omsyn. Uttalane våre fangar difor i mindre grad enn før natur- og friluftsverdiar av lokal verdi. Det er viktig å rettleie kommunane om deira ansvar for lokale miljøverdiar og private om klagerett om dei finn at lokale miljøinteresser ikkje er ivaretekne.

Sjå og eige skjema med oversikt over motsegner

Skogvern

2 område verna (Eikåsen og utvida Tveitaneset), 3 andre i prosess.

Oppdrag 1.50, 1.53: God kontakt med Vestskog/Norskog. Likevel tildels sein framdrift grunna omstendeleg prosessar med kartleggingar og avklaringar med m.a. Mdir.

Andre oppdrag under naturmangfald

Naturoppsyn og samarbeid med SNO

1 melding til politiet der Statens Vegvesen hadde gjort fysiske tiltak knytt til veg i og ved eit verneområde og i myr med avrenning til verna vassdrag utan å søkje om det. Mykje krevjande arbeid med oppfølging i lag med kommunen av denne saka.

Godt samarbeid med lokalt SNO – oppsyn og skjøtsel. Også ad hoc-oppdrag i tillegg til bestillingsdialogen. Oppsyn på Jæren er spesielt krevjande for 1 person (konfliktnivå, mengde og type). Redusert kapasitet i indre

Ryfylke ved tap av 1 stilling. Dette er eit altfor lagt niva på naturoppsynet i eit komplekst område, jamtør nyleg brev frå Fylkesmannen i Hordaland der dei har samrådd med oss og Fylkesmannen Sogn- og fjordane. Store delar av Rogalandskysten er i dag faktisk utan oppsyn.

Bestillingsdialogen: planlagde tiltak som avtalt, midla er disponert/utbetalt, men noko omdisponering mellom tiltaka.

Miljøomsyn i vassdragsreguleringsaker

36 større og mindre saker i 2015. Gir uttalar til nærmast alt, deltar på synfaringar. God kontakt NVE. Fordeling av ansvar mellom oss, Fylkeskommunen og NVE er utfordrande og lite forstått av brukarar og kommunar. I tillegg mykje arbeid med utfordrande sak som er sendt no nett etter årsskiftet, om utviding av regulering i Bjerkreim til vassforsyning på Nord-Jæren.

Forvaltning av anadrom laksefisk

Vårt personell på dette er hardt pressa grunna mange akvakultursaker som ligg til same stilling. Utfordrande oppfølging av kalking fordi 2 seniorar slutta. Nytt personell, som grunna ressursituasjonen ikkje kan bruke så mykje tid på det, er under opplæring.

Vi krev årsrapportering frå alle våre settefiskanlegg.

Viltforvaltning og rovvilt

Ny medarbeidar i opplæring. Me har redusert innsatsen etter at fylkeskommunen si overtok deler av viltforvaltninga, men mykje arbeid med grågås. Enno stort behov for fagleg støtte til kommunar og fylkeskommune i viltsaker. Ansvarsfordeling mellom FM/FK er vanskeleg å forklare for utanforståande. Sekretariatsfunksjon for rovviltneimnda er overført til Sogn og Fjordane. Resterande arbeid med rovvilt går greitt og me legg vekt på jamn og god kontakt med landbruksnæringa. Gode tilbakemeldingar på det siste, seinast frå avgåande leiar i Rogaland Sau og Geit på deira eige nyleg avhaldne årsmøte .

Villrein

Mykje godt samarbeid med SVR om dette sidan det er store og mykje samanfallande areal. Reiselivsnæring, veg og hyttebygging er framleis ein trussel mot reinen sine leveområde i Rogaland. Oppfølging av Regionalplanen går greitt, men omsynet til villreien sine leveområde synes litt svakt integrert i vanlege kommunale planprosessar.

Forvaltning og oppretting av nye vernområd. inkl marint vern

Forvaltningsplan for Lonavatnet og Øksnevadtjørn er godkjent og 2 naturreservat med frivillig vern er vedtatt.

Forvaltningsplaner (jfr EO) krevjande pga anna saksmengde og endra malar (bev.mål/overvaking/NatSat), men mål gjennomføring (Ramsar – til faglig godkjenning).

Ressursmessige vanskar med å vidareføra praktiske skjøtelsprosjekt i mange kulturpåverka verneområde med behov for beiteskjøtsel og fjerning av framande artar.

Interessant utvikling med fleire grunneigarar som tar kontakt fordi dei ynskjer å leggje delar av sine eigedomar til allereie vedtekne verneområder. Det er svært viktig at me har kapasitet til å følgje dette opp og at Miljødirektoratet opnar for private initiativ i alle typar verneområder, ikkje berre innan skogsvern. Me må ikkje la slike initiativ «drukne» i byråkrati. Desse sakene vil også kunne bidra til å byggje ned ytterlegare opplevd – og ofte «oppskrytt» - interessekonflikt mellom landbruk og naturvern i Rogaland .

1.32 bevaringsmål/NatStat - Er gjennomført, men det er krevjande og omstendeleg arbeid.

Avvik: framdriftsplan for nye planar - vi har for tida fokus på eksisterande planarbeid.

1.47: Jærkysten marine verneområde – Vi har samordna høyring og oppsummering og tilråding er sendt til Miljødirektoratet.

Kulturlandskap

1.54: VI har gjennomgått behov for nykartlegging i jordbrukskapte kulturlansskal i Rogaland, men denne er ikkje prioritert på sentralt nivå.

Arbeid med forvaltning av trua artar inkl utvalde naturtypar og prioriterte artar

Svarthalespove er avprioritert og det har ikkje vore mogleg for oss å få til avtalar som gjer at me kunne bruke opp avsette midlar til å følgje opp denne arten.

Me har godt resultat i arbeidet med koordinering av vern om åkerrikse. I 2015 har det vore fleire hekkingar og ei rekkje nye grunneigaravtalar om slått i fleire fylke. Det har vore gode mediaoppslag om dette og godt samarbeid med kommunar.

Arbeid med UN kystlynghei er vidareført i stort omfang gjennom skjøtselsplanar og tilskot (Mdir, RMP og i 2 store landskapsvernområde). Avgrensa oppfølging av skjøtselskvalitet pga manglande kapasitet hos oss. Stor uro for negativ utvikling av gjødslingsverknad (direkte og indirekte), over- og «underbeiting» og framande artar. Godt samarbeid internt hos Fylkesmannen, med NLR (landbruksrettleiinga) og sentrale kommunar. Lite offensivt inforarbeid etter UN-vedtak, som grunneigarkontakt, grunna manglande kapasitet. Me har eit stort potensiale om me hadde hatt meir ressursar til naturinformasjonsarbeid.

Slåttemark: Går vidare i lågt omfang. Avtalar om ei slåttemark med 50% av norsk jærtistelbestand er inne i godt spor. Det viser kor sårbar arten er.

Store eiker: Kartlegging er gjort, men ikkje tilstrekkeleg informasjon til eigarar. Me har levert eit stort datasett til N-base. Det er viktig at Miljødirektoratet følgjer opp med rask import av innsende datasett.

1.60 gjennomført kurs for NLR (landbruksrettleiinga) og kommune

Framande organismar

Omfattande problemstilling, med stor og aukande merksemd i fylket. Fokus dels på å få kartoversikt artar, dels prioriterte tiltak i verna/trua natur. Effektiv tiltak (varig fjerning) krev inngåande prosjektering og oppfølging av kontraktørar/SNO og over fleire år. Me har samarbeid med kommunar og vegvesenet mfl.

Framleis mange søknader om planting av utanlandske treslag, (sitka og diverse artar juletre) inkl. klagesaker. Me vil oppmode Miljødirektoratet og Landbruksdirektoratet å sjå dette meir i samanheng med arbeidet i Klimaskogsatsinga. Slik det er no, blir det gitt løyve til mange plantingar med framande treslag i Rogaland innan vanleg skogbruksdrift samstundes som Klimaskogprosjektet satsar einseitig på norsk gran. Det kunne vore ønskkjeleg at dette blei sett meir i samanheng, for å få ein heilskapleg skogforvaltning i Rogaland. Restaurering av naturskog og nyetablering av lauvskog med akseptable og økonomisk interessante artar bør også stimulerast til å blio ionkludert i vanleg skogsdrift, og gjennom Klimaskogprosjektet. Klimatiltak i Rogalandsskog må sjåast i ein i større heilskap etter globalt velkjend 3 delt strategi: skogsvern, skogsrestaurasjon og plantasjedrift. Påverknad på landskapsbilde og vidare naturalisering av allereie innførte artar er undervurdert.

Resultatområde 03 Friluftsliv

Godt men noko varierende samarbeid med dei fylkesdekkande friluftsråda. Me har trappa ned innsats generelt på friluftsliv, sidan fylkeskommunen fekk ansvaret i 2010. Befolkning og kommunar opplever likevel forvirring om dette. Me deltar på styremøter i Skjærgårdsparken og ivaretek grunneigarrolla (mange nabovarsel).

Ivaretaking av attraktive friluftsområde

Me bidrar til ivaretaking av friluftssyn i plan-uttalar (11 kommuneplanar, 9 kommunedelplanar, ca 500 reguleringsplanar, pluss uttale til mange dispensasjonar frå plan til vurdering i 2015). Vidare har me omfattande samråd om forvaltning i statleg sikra område med kommunar og friluftsråd.

Fylkesmannen som grunneier/rettighetshaver på vegne av staten i statlig sikra friluftsområder

Me mottar ei rekkje del nabovarsel om tiltak i eller ved sikra friluftsområde, som me gjev uttale til. Det er ein god del dårlig kart- og sikringsdokumentasjon på gamle sikringssaker og eit stort behov for kvalitetsikring for friluftsområder i Naturbase. Dette gjev mykje meirarbeid knytt til handtering av nabovarsel, jordskiftesaker m.m.

Forvaltning og drift av dei statleg sikra friluftsområda

Aktive friluftsråd gjer solid jobb, men naturtilpassa skjøtsel og tilrettelegging har noko trange kår.

Tilrettelegging for jakt og fiske

Dette har vore fylkeskommunen sitt ansvar sidan 2010. Det er ikkje prioritert særleg høgt verken hos oss eller i fylkeskommunen, men me gjev sjølvstøtt rettleiing når me får publikums- og grunneigarhenvendingar o.l. om slikt .

Resultatområde 04 Forurensning

Resultatområde 4 Forureining

Oppsummering/generell status for heile resultatområdet

Saksmengda knytt til midlertidig anleggsverksemd og dumping/mudring i sjø har auka grunna store samferdselsprosjekt. Det tar store delar av kapasiteten vår, trass i at me har styrka denne med midlertidig engasjement.

Det er også framleis stor aktivitet på avfallsfronten. Fleire aktørar kjem på marknaden. Me ser at kommunane ikkje klarer å følge opp riving av bygg. Her skjer mykje ulovleg handtering av avfall. Me har fått kontakt med Arbeidstilsynet og får no tips og anna frå dei. Fylkesmannen i Rogaland v/ stort sett eigne krefter i forureiningsseksjonen, hadde i haust ein svært vellukka konferanse med stor deltaking (over 60) for kommunane om byggeavfall.

Me har store utfordringar knytt til å halde tidsfristar innan akvakultursaker.

Gjennom eit offensivt samarbeid med NAV om praksisplass for arbeidslause innan våre fagområde, har me fått stor framgang i arbeidet med avfallsplanar i hamnar. Dette er ei fast ny oppgåve som me burde fått friske midlar til å drive. Me har hatt effektiv innsats på over 4 månadsverk så langt og er omlag 1/3 "i bunken". Dette er arbeid som skal gjentakast kvart 3. år.

Einskilde oppdrag (er berre rapportert der det er merknader/avvik)

4.1 I mål med å pålegge undersøkingar ved dei siste verftslokalitetane i januar 2016. me har sterkt fokus på denne oppgåva, men ting tar tid.

4.2 Pålegge tiltaksplan og pålegge opprydding i forureina grunn. Arbeid i gang, men kom ikkje i mål i 2015.

4.18 – Det ser ut som om vi ikkje har fleire med påverkingsgrad 3 innan grunnforureining.

Arbeid med akutt forureining

Me deltar på øvingar og møter. Det er veldig god tilbakemelding til avdelingsleiing på våre folk sin innsats og rolle i dette. Ikkje minst gjev deira deltaking inspirasjon til å halde fram med øvingar og miljøfokus. Det er behov for vaktordning for å fungere som miljørådgjevarar for kommune, IUA og Kystverket utanom kontortid. Teknisk vakt i kommunar, brannvesen og kystverk, etterlyser vaktordning hos oss. Dette bør organiserast på same måte som for rovvilt.

Avfall og gjenvinning

Det er så mange søknader om endring og nye løyve at vi slit med å følgje opp dei som skal ha vanleg oppfølging frå oss.

4.22 Vi har ikkje vurdert avfallsanlegg etter IED. Det gjer vi når IED er implementert.

4.23 Sidan avfallsforskrifta kap 11 vart endra svært seint i året, er me ikkje komen i gang med dette enno.

Avløp

Ingen avvik.

Luftforureining

Det er eit problem at våre store vegar fører til luftforureining og overskridingar av fastsette normer. No er biogassanlegg «in», og dei er vanskelig å gje utsleppsløyve til slike, på grunn av luftverdiane einskilde stadar.

Støy

Støy er ei vanleg problemstilling i uttale til arealplanar. Me har planlagt og organisert eit nytt støykurs for kommunar og konsulentbransje tidleg i mars 2016, med ekspert Sigurd Solberg, i samarbeid med Tysvær kommune. Etter modell av svært vellukka kurs i fjor i Sola kommune. Ellers har me hatt tett oppfølging i lag med ansvarlige innan beredskap i embetet, av støy og risiko på Offshorebasen i Risavika, Sola kommune.

Resultatområde 05 Klima

Resultatområde 05 klima

Generelt gjer Fylkesmannen i Rogaland for lite i forhold til forventning i oppdraget innan klimafeltet. Me har mange måtar vi kunne bidradd meir med på dette området, særleg i samarbeid med fylkeskommunen. Det er lite verkty i klimaverktøykassen vår. Men med meir ressursar, kunne me lagt særleg vekt på oppfølging av dei relevante regionale planane for energi, vindkraft, og interkommunale planar for varme og energi. Vidare burde me vore meir på kommunane i forhold til plikta til å utarbeide eigen energi- og klimaplan.

Me legg vekt på klimatilpassing og klimautsleppsomsyn så langt me meiner det er rimeleg, i uttalar til plan og i behandling av planrelaterte einskildsaker energiutbygging og forureining

Klimaskog

Etter oppmoding frå Miljødirektoratet, og med sterk intern motivasjon om å styrke skogfagleg miljø i embetet samt betre intern samordning mellom naturvern og skog, vart Fylkesmannen i Rogaland med som pilot i klimaskogprosjektet. Det krevde stor innsats både innan prosjektutvikling og rekruttering for å få dette i gang. Det er no godt i gang og det går relativt bra. Det er likevel behov for å sjå Klimaskogprosjektet betre i samanheng med vanleg skogbruk inkl arbeid med å gje løyve til framande artar. Det er også behov for å utvide perspektivet i klimaskogarbeidet i generelt og Rogaland spesielt med å sjå skogvern, restaurering av naturskog og planting og drift av skogsplantasjar i samanheng.

Sjå og rapportering under landbruk.

Storbysatsing - og planarbeid ellers

Gjennom prosjektmidlar frå KMD har Fylkesmannen i Rogaland ein stilling i plangruppa som arbeider spesielt med å følgje opp planar i storbykommunane våre (Sola, Sandnes, Randaberg og Stavanger) . Me har hatt fleire kurs/møte med desse der klimaspørsmål, td overvasshandtering og "lange linjer i byutviklinga" . Vidare arbeider prosjektleiar med uttalar til planar for bussway (over 20 delplanar) og er kontaktperson for vegvesenet i desse spørsmåla. Fylkesmannen sjølv er observatør i "bymiljøpakke" arbeidet som Vegvesenet, fylkeskommunen og kommunane driv. Prosjektleiar bistår embetsleiinga her.

Me vurderer klimatilpassing og rikspolitiske retninglinjer innan BATP og klima i alle plansaker (i 2015: 11 kommuneplanar, 9 kommunedelplanar og ca 500 reguleringplanar).

Det hjelper jo litt, men det er eit mykje større potensiale og interesse hos Fylkesmannen i Rogaland for å bidra til det "Grøne skiftet" om me hadde hatt ressursar til det.

Resultatområde 00 Tverrgående virkemidler

Tverrgående verkemidler

Planarbeid

Vi vil særlig nemne deltaking i pilotprosjekt om samordning av statlige motsegner, i KMD sin regi, som eit nyttig tverrgående grep. Enno betre samordning mellom Vegvesenet, NVE, Kystverk, Fiskeridirektorat mfl både på sentralt og lokalt nivå er både påkrevd og nyttig for gode prosessar og gode berekraftig løysingar. Me vil også oppmode sentralt nivå og KLD og SD særleg om å vurdere å leggje statleg ansvar hos fylkeskommunane for fornminner og transport inn i samordningsprosjektet. Det er ein tydeleg svakheit at fylkeskommunane sine sektoransvarlege område ikkje er med. Etter Fylkesmannen sitt syn, vil det vera lite konfliktfylt å innlemme dei områda hos fylkeskommunen som er sterkt styrte av statleg lov og forskrift. Dette ville uvilsamt bidradd både til meir effektive planprosessar for infrastruktursaker og til betre samordning og avveging av ulike og til dels motstridande miljøomsyn.

Sjå ellers rapportering på plan under naturmanfold, klima, friluftliv og under KMD sitt resultatområde 66.5.

Tilsyn og konsesjonsbehandling (sjå også rapport under forureining 04)

I utvalg av verksemer legg vert risiko for forureining vektlagt sterkt . Totalt har me gjennomført 85 tilsyn i Rogalandsindustrien i 2015. Det er ikkje tatt i bruk "alvorlige brot" i saksbehandlinga vår. Det vil me først gjere når me ikkje når fram med andre tiltak.

I det følgjande er det berre rapportert på dei tiltak som me har merknader eller avvik til. Alle andre er oppfylt, sjå og rapport på resultatområde 04.

Oppdrag T.8: Vi har ikkje gitt løyver til eventuelt nye bransjar innan IED. For oss gjeld det berre få verksemer som har nye løyve. Vi ventar til IED er implementert.

Kunnskapsgrunnlag og miljøinformasjon (inkl databasen forurensning)

Omlegging til NiN-kartlegging (Natur i Norge) er utfordrande. Godt samarbeid vidare mellom alle nivå er avgjerande.

Det blir jobba godt med databasen Forurensning. Me er stort sett ajour.

Miljøsamarbeid i internasjonale miljøfora

Fylkesmannen deltek på fagsamlingar Skandinavia og Baltikum - vannforskrifta og våtmark. Eit nytt samarbeid med miljø i Polen om framande artar er under etablering. Vellukka besøk frå Scotland i samarbeid med Fylkesmannen i Hordaland i vår, med tema revegetering av naturskog i høglandet i Scotland. Me prøver med ganske avgrensa ressursar, inkl praktikant via NAV, å få til samarbeid mellom oss og GB innan natur- og landskapsforskning.

Ressursrapportering

Miljøvern

Fordeling på ulike resultatområde ser ikkje korrekt ut, men samla ressursar kan stemme. Td er det lite anna arbeid innan forureining enn tilsyn og arbeid med løyver.

Det er ein varig og stadig utfordring at grunnbevilgninga vår til miljøvern ikkje står i stil med lovpålagde oppgåver og forventning i embetsoppdrag/tildelingsbrev. Det er eit stort behov for KLD/KMD og Miljødirektoratet å sjå på nytt på ressurstildeling til miljøvern hos Fylkesmannen i Rogaland ut frå saksmengde, konfliktnivå, behov for samordning internt og eksternt av motstridande interesser innan statleg politikk, arealkonflikt, klagesaksmengde, osv.

Med ein kostnad på over 800 000 i snitt til lønn, hus og drift av kvar stilling, er grunnressursen vår låg i forhold til andre fylke med same saksmengde og konfliktnivå. Stillingar finansiert delvis eller heilt med særmidlar, er ikkje tilgjengelege til anna arbeid enn det som øymerka midlar er gitt til. Det er heller slik at nye prosjekt krev både oppstart og oppfølging undervegs av leing og andre og tappar ressursar frå fast arbeid.

Me arbeider stadig med å tilsetje og utvikle personell som kan arbeide innan fleire av våre ansvarsområde. Dette for å dempe personellsårbarhet, gjere arbeidet her meir interessant og få til effektiv og heilskapelg sakshandsaming.

Planarbeid

Det er ikkje mulig å sortere ut ressursbruk på plan ut over at me brukar ca 9 årsverk samla på det med leiarinnsats inkludert. For 2015 : 3.5 årsverk miljø/særlege planstillingar, 3 på landbruk, 1 på beredskap og ca 05 samla på helse og utdanning + leiarinnsats inkl embetsleiing.

Resultatområde	Kapittel 0525	Fagdep.
Naturmangfold	kr 5 068 825,17	kr 1 325 569,57
4 Forurensing	kr 5 139 380,54	kr 1 965 590,00
Andre oppgaver under KLD	kr 83 934,77	kr 0,00
11 Klima	kr 0,00	kr 0,00
12.2 Tilsyn og konsesjonsbehandling	kr 0,00	kr 0,00
12.3 Kunnskapsgrunnlag og miljøinformasjon	kr 2 318,00	kr 0,00
Sum:	kr 10 294 458,00	kr 3 291 159,00

Samferdselsdepartementet

Resultatområde 91 Oppdrag for samferdselsdepartementet

Sjå nedanfor

91.1 Avkjørselssaker etter vegloven

Fylkesmannen har behandla ein klagesak etter veglova i 2015.

91.2 Konesjon til anlegg og drift av taubaner

Ingen saker i 2015

Statens Helsetilsyn

Resultatområde 41 Tilsyn og klagesaksbehandling etter barnevernloven

Sjå punkta under

41.1 Hendelsesbasert tilsyn

Omfang: Det framgår av NESTOR at vi har påpeika 39 lovbrøt av 92 vurderte og avgjorte saker. Av sakene med lovbrudd er fem retta mot Bufetat, to mot privat institusjon og 32 mot kommunal barnevernteneste.

Utviklingstrekk/Utfordringer: Vi har byrja å få inn saker som er retta mot Bufetat og har opna tilsyn i fleire av desse. Dette gir tilsynet eit meir heilskap bilete av barnevernet. Sakene gjelder i stor grad Bufetats bistandsplikt. Vi har eit samarbeid med fmho og fmsf i normeringa av desse tilsynsakane.

Rogaland har den raskaste aukande barnebefolkninga i landet og eit aktivt barnevern. Fylkesmannen ser av tilsynssakene at barneverntenesta i kommunane er under press og har utfordrande saker. Styrking av det kommunale barnevernet har vært viktig for å auke kapasiteten, men vi ser at talet på saker har auka og at det ennå ikkje er god nok kapasitet i kommunalt barnevern. Det er eit aukande behov for tverrfagleg kompetanse og samarbeid. Styring av barneverntenesta er utfordrande og særskilt viktig. Vi har saman med Sandnes kommune starta et nettverk for barnevernleiarar for å styke leiarrolla.

Vi handsamar ofte saker kor det er forvaltningsmessige utfordringar, som teiepliktforesegn, partsrettar og innsyn, som er generelle utfordringar for kommunene.

Barnevernet vert ofte utfordra i møte med foreldre fordi samarbeidet kan bli konfliktfylt. Mange saker frå foreldre, og i nokre tilfeller frå fosterforeldre, handler om oppleving av å ha blitt dårlig handsama. Våre funn viser mangler i sakshandsaminga i eiskilde saker.

Mange saker er i skillet mellom barnevernlov og barnelov, der det er foreldrekonflikt i bunn.

Barneverntenesta handsamar fleire slike saker, dei har økt kompetanse på området, men sakene er krevjande. Å få ein god relasjon med familien blir ofte ei utfordring fordi partane opplever at barnevernet tar parti med den eine parten.

I 2015 har vi samarbeid med Forandringsfabrikken og Barnevernproffene om utvikling av tilsyn med barneverntenesta i kommunane.

Kommune:Fylkesmannen førte i 2015 tilsyn med kommunanes arbeid med meldingar til barneverntjenesta og tilbakemelding til melder. Tilsynet var ein del av det landsomfattande tilsynet i regi av Helsetilsynet. Tilsynet blei gjennomført i ein kommune. Samstundes har ni kommunar gjort ein eigenvurdering på dette tema. Tilsynet avdekkja manglande dokumentasjon på barnevernfaglege vurderingar og manglar i sakshandsaming av tilbakemelding til melder. Dette gjelder særleg tilbakemelding til privat melder og til offentlege meldarar etter endt undersøking.

Fylkesmannen har fulgt opp ein kommune der avvika frå det landsomfattande tilsynet med barn i kommunale fosterheimar fra 2014, ikkje har blitt lukka.

Sentre for foreldre og barn: Det er ført et tilsyn med Solstrand barnevernsenter, Foreldre og barn avdelingen utan at det blei funnet avvik.

Omsorgsentre:Det er gjennomført et besøk i eit omsorgsenter med plass til 6 barn. Dette Omsorgsenteret er nytt og besøket var eit besøk for å bli kjent.

Barneverninstitusjoner: Det er ført tilsyn med 12 barneverninstitusjonar herunder 34 tiltak/avdlingar. Tilsynet er i hovudsak gjennomført i det omfang som tilynsforskrifta pålegg. Av 67 lovpålagte besøk er det gjennomført 64 besøk. Desse tilsyna er registrert i Nestor.

41.3 Klagesaker

Omfang, resultat og saksbehandlingstid i klagesaker kjem fram av NESTOR.

Barneverninstitusjon:

Vi har avgjort 36 rettighetsklager på tvang i barneverninstitusjon. Av desse har 26 ikkje fått medhald i klage. Ti bebuararar har fått medhald i klagen sin og tre av desse klagane gjaldt fysisk tvang.

Vi får klager frå bebuarar i barneverninstitusjonar som gjelder tvang dei har blitt utsett for. Klagane omhandler i hovudsak begrensningar i bevegelsesfrihet, bruk av elektroniske kommunikasjonsmidlar og fysisk tvang. Vi har og fått klagar på kroppsvisetring og ransaking.Vi har sett at kompetansen i institusjonane på dette området varierer. Vi har sett fleire eksempel på ulovlig tvang.

To av dei stlege institusjonane har gjennomført opplæring i traumebasert omsorg. Fylkesmannen har merka seg at desse institusjonane har redusert tvangsbruken merkbart. Fleire av dei private institusjonane har og lagt om til traumebasert omsorg og gjennomført opplæring av dei tilsette.

Barneverntenesta i kommunane:

Vi får, som tidlegare år, kun få klager etter bvl § 6-5. I 2015 har vi avgjort ni klager. Av desse har vi oppheva og sendt tilbake for ny avgjærd tre saker, vi har endra heilt eller delvis tre saker og stadfesta tre saker.

41.9 Andre oppdrag

Kommunane har registrert 4639 fristskjema i 2015.

Det er ikkje ilagt mulkt til kommunar i 2015. Det har vore oppfølging etter rapportering med seks ulike kommunar. Oppfølginga har i det vesentlige omhandla fristbrot. Det har vore oppfølging av driftsmessige utfordringar på grunn av stor turnover og manglande kompetanse.

Kommunane har i sett inn tiltak og har fått kontroll på fristbrot. I Stavanger kommune har tiltak ført fram og den særlege oppfølginga er avslutta.

Resultatområde 73 Klager på individuelle tjenester etter lov om sosiale tjenester i Nav

Fylkesmannen mottok 292 klagesaker etter lov om sosiale tjenester i Nav i 2015. Dette er ein auke frå 2014, då vi mottok 266. Fylkesmannen behandla 289 klagesaker i 2015 som er ein vesentleg auke frå året før kor vi behandla 230 saker. Av dei sakene vi har behandla i 2015 er 83 % stadfesta, 10 % endra heilt eller delvis og 7 % oppheva.

86 % av sakene blei behandla innan 3 md.

Det er gitt opplæring i sosialtenestelova til nytilsette i Nav.

73.1 Klager på individuelle tjenester etter lov om sosiale tjenester i Nav

Se punkt under

Resultatområde 74 Tilsyn etter lov om sosiale tjenester i Nav

Sjå punkta under. Fylkesmannen i Rogaland fekk i 2015 775 000 ,- til ein prosjektstilling for involvering av pasientar, brukarar og pårørande i tilsyn.

74.1 Hendelsesbasert tilsyn

I 2015 har Fylkesmannen motteke 6 hendelsesbaserte saker, og har handama 3 av desse. Vidare har vi handsama 1 sak frå 2014. To av sakene blei sendt til lokal avklaring og i ei sak blei det påpeika lovbrudd. I den siste saka blei brukar imøtesett av kommunen.

74.2 Planlagt tilsyn

Fylkesmannen gjennomførte i 2015 landsomfattande tilsyn med Sauda kommune med tema: Tenestene opplysning, råd og rettleiing og økonomisk stønad til personar mellom 17 og 23 år. Det blei funne to avvik.

Vidare gjennomførte vi eigenvurderingar med 9 kommunar med same tema. Følgjande kommunar deltok i eigenvurdering: Eigersund, Finnøy, Hjelmeland, Karmøy, Lund, Rennesøy, Stavanger (4 navkontor), Strand og Suldal. Alle kommunane fann avvik/lovbrot.

74.9 Andre oppdrag

Fylkesmannen har i 2015 innhenta og bearbeida statistikk på sosialtenesteområdet i nav-kontora for 2014. Statistikken er presentert i møte med nav-kontora og er ein del av kunnskapsgrunnlaget ved planleggjing av tilsyn og/eller iverksetjing av kompetansetiltak. Dei same tala vil bli innhenta årleg, slik at både vi og nav-kontora kan følgje med på utviklinga.

Vi held også lønande oversikt over nav-tenestene i fylket gjennom systematisk områdeovervaking der hendingar

og erfaringar vert samla til intern drøfting og risikovurdering før tilsyn.

Resultatområde 82 Tilsyn og klagesaksbehandling som gjelder helse- og omsorgstjenester

Fylkesmannen har også i 2015 opplevd ein vidare auke i saksmengda på dette området, og vi handsamer no langt fleire saker enn det som var forsetnaden då krav til mediantid vart sett. Vi har ikkje fått auka ressursar til å hadtere denne saksauken.

Dermed har vi heller ikkje i 2015 klart å halde sakshandsamingsfristar gitt av Statens Helsetilsyn.

Vi har handsama betydeleg fleire saker enn vi fekk inn. Dermed er restansesituasjonen hos oss betre ved inngangen av 2016, enn han var ved førre årsskifte. I 2015 handsama vi tilsaman 236 hendingsbaserte tilsynssaker, og dette gjev ei mediantid på 6,4 månader. Restansane på dette området er ved utgangen av 2015 på 108 saker. Dette inneber at mediantida frå førre år er redusert med 2 månader, medan restansane er reduserte med 42 saker.

Sjå elles rapportering på punkta under og særskilt rapportering til Statens Helsetilsyn i Nestor.

82.1 Hendelsesbasert tilsyn

Handsaming av tilsynssaker

I 2015 handsama Fylkesmannen 236 tilsynssaker frå helse- og omsorgstenesta. Median for sakshandsamingstid var 6,4 månader. Restanse pr. 31.12.2015 var 108 saker.

Varselordning og undersøking i spesialisthelsetenesta

Statens helsetilsyn har rutinemessig teke kontakt med Fylkesmannen for vurdering av varselsaker etter spesialisthelsetenesteloven § 3-3a. Det er meldt 14 slike saker kor desse vart drøfta i telefonmøte. Meldingane gjeld i all hovudsak Helse Stavanger.

Politisaker.

Fylkesmannen fekk i 2015 8 saker frå politiet for tilråding om etterforskning. I alle saken tilrådte Fylkesmannen ikkje vidare etterforskning.

Fylkesmannen har i 2015 ikkje bedt politiet etterforske saker utan at politiet først har teke kontakt om saken.

82.2 Planlagt tilsyn

Sjå eiga rapportering i NESTOR til Helsetilsynet pr 20.01.2015

82.3 Klager på helse- og omsorgstjenester etter pasient- og brukerrettighetsloven m.fl.

I 2015 handsama Fylkesmannen i Rogaland 194 klagesaker etter lov om pasient- og brukerrettar. 69% av sakene vart handsama innan 3 månader.

Saker om bruk av tvang/ makt etter lov om pasient- og brukarrettar kap 4A er ikkje med i dette talet.

82.9 Andre oppdrag

Håndtering av varsel fra helseinstitusjon om innleggelse med hjemmel i helse-og omsorgstjenesteloven § 10-2 og § 10-3.

Fylkesmannen mottok i 2015 18 meldingar på dette saksområdet. Alle var med heimel i § 10-2.

Oppgaver etter lov om alternativ behandling av sykdom mv.

Fylkesmannen har ikkje hatt saker på dette saksområdet i 2015.

Resultatområde 83 Folkehelse

se under

83.2 Planlagt tilsyn

Det vart gjennomført sjølvmeldingstilsyn i 24 kommunar, med fokus på det løypande oversiktsarbeidet. Det vart gjennomført fire fellessamlingar der adle kommunane var til stades med den øvste administrative leiinga. Samlingane blei med annan nytta til faglege innlegg, gje informasjon om lovkrav- og tilsyn, og til erfaringsutveksling mellom kommunane.

I sjølvmeldinga blei kommunane sjølv bedt om å konkludera med om dei var kome i gang med det løypande oversiktsarbeidet eller ikkje. Konklusjonane skulle baserast på kunnskap om lovkrava sett opp mot den praksis som reelt eksisterer i kommunane. Oppsummeringa vår viste at 19 kommunar sjølv konkluderte med at dei er i gang med arbeidet. Fem kommunar har konkluderte med at dei ikkje oppfylte krava i lova.

Ved ei nærmare gjennomgang av sjølvmeldingane til dei 19 kommunane som sjølv meldte at dei er i gang med det løypande oversiktsarbeidet, så fant vi store variasjonar i kommunane sine tilbakemeldingar. Etter vår vurdering var det berre fem av dei 19 kommunane som oppfylt lovkrava. Dei resterande 14 kommunane oppfylte ikkje krava i lova. Gjennomgang av desse sjølvmeldingane viste store variasjonar i status; berre fem kommunar var kome i gong med planlegging, organisering og tilrettelegging, men mangla enkelte organisatoriske grep for å implementere og sikre det løypande oversiktsarbeidet. Dei ni andre kommunane hadde på tilsynspunktet ikkje fanga opp løypande oversiktsarbeid som ei eiga oppgåve, dei skilde ikkje mellom det generelle folkehelsearbeidet og oversiktsarbeidet og/eller dei skilde ikkje mellom det 4-årige oversiktsdokumentet og det løypande oversiktsarbeidet.

I oppfylginga av tilsynet har vi satt som mål at alle kommunane skal vera i gong med det løypande oversiktsarbeidet innan 1. april 2016.

I tillegg til dette tilsynet har vi hatt oppfylging av to kommunar som med hadde systemtilsyn med i 2014. Begge tilsyna er avslutta og kommunane skal vera i gong med oversiktsarbeidet.

83.3 Klagesaker

Vi ferdigbehandlet i 2015 kun en klagesak etter folkehelsesloven kapittel 3.

Utenriksdepartementet

Resultatområde 92 Oppdrag for Utenriksdepartementet

Sjå nedanfor

92.1 Apostiller

Vi har handsama 4236 apostillar i 2015.

92.2 Forberedelse av saker om honorære konsuler

Fylkesmannen har mottatt og behandla 2 saker i 2015.

Andre

Ressursrapportering

Resultatområde	Kapittel 0525 Fagdep.	
Andre faglige oppg. på oppd. for statlige virk.	kr 195 989,25	kr 0,00
Andre faglige oppgaver for ikke-statlige virk.	kr 641,67	kr 0,00
Sum:	kr 196 630,00	kr 0,00